NORVEGIA SACRA

NORVEGIA SACRA

AARBOK
TIL KUNNSKAP OM DEN NORSKE KIRKE
I FORTID OG SAMTID

TYVENDE AARGANG

1940

OSLO 1950

I KOMMISJON HOS JACOB DYBWAD

Utgitt efter tiltak av
den Norske Kirkes biskoper
Redigert av Oluf Kolsrud †

JOHANSEN & NIELSEN BOKTRYKKERI, OSLO 1950

NORVEGIA SACRA

1940

INNHOLD

Side

Kristendom og fritenking i norsk åndsliv 1876—1894. Av dr. theol. *A. Skrondal* (innhaldsliste s. 141) 1

Kirkelig statistikk.

Bispevalget i Stavanger 1940 142

Bispevalget i Hålogaland 1940 144

Bispeordinasjoner i 1940.

Gabriel Skagestad. Ordinert til biskop i Stavanger 28. april 1940. Selvbiografi med portrett 146

Wollert Krohn-Hansen. Ordinert til biskop i Hålogaland 28. juli 1940. Selvbiografi med portrett 148

Beretninger om Den norske kirke i 1939. Avgitt til Det kgl. kirke- og undervisningsdepartement av Den norske kirkes biskoper 150

I. Oslo bispedømme. Av biskop dr. *Eivind Berggrav* 150

II. Hamar bispedømme. Av biskop *H. Hille †* 165

III. Agder bispedømme. Av biskop *J. Maroni* 170

IV. Stavanger bispedømme. Av biskop *J. C. Petersen* 174

V. Bjørgvin bispedøme. Av biskop *Andreas Fleischer* 181

VI. Nidaros bispedømme. Av biskop *J. Støren* 187

VII. Hålogaland bispedømme. Av biskop *Wollert Krohn-Hansen* 197

Den norske sjømannsmisjon i 1939. Ved sokneprest *Fredrik Knudsen* 206

Norsk misjon i 1939. Ved kallskapellan *Lars Johan Danbolt* 214

PORTRETTER

Mot side

Gabriel Skagestad. Biskop i Stavanger. Fotografi 146

Wollert Krohn-Hansen. Biskop i Hålogaland. Fotografi 148

Ved professor Oluf Kolsruds død forelå av manuskript til årgang 20 bare biskopenes Beretninger om Den norske kirke i 1939, videre hadde han avtalt med kallskapellan Lars Johan Danbolt å skrive oversikten over norsk misjon i 1939. I stedet for misjonsprest A. Olsen (død 1. mars 1941) har sokneprest Fredrik Knudsen forfattet beretning om Sjømannsmisjonen for året 1939. Prost dr. theol. A. Skrondals avhandling var innsendt til Oluf Kolsrud, som dog ikke hadde tatt noen bestemmelse før sin død om trykning i årboken.

Cand. theol. Ingolf Kvamen har har i detalj gjennomgått stoffet og sammen med undertegnede lest korrekturen.

Sigurd Kolsrud.

KRISTENDOM OG FRITENKING I NORSK ÅNDSLIV 1876—1894.

AV

A. SKRONDAL

INNLEIING

Striden mellom kristendom og fritenking i Noreg er det uråd å skjøna utan kjennskap til striden mellom stat og kyrkje — «kulturstriden» — ute i Europa føre og etter 1870. Striden i Noreg er i mange måtar berre ei overføring på norsk luthersk grunn og ein veik atterljom av striden mellom den katolske kyrkja og «modernismen» i dei store landa.

Då Vatikan-konsiliet hadde gjort vedtak om at ordet åt paven var feilfritt når han tala *ex cathedra,* kjende riksstyra i alle katolske land seg utrygge. Lydnaden mot paven gjorde lydnaden mot eige riksstyre og eigen riksskipnad problematisk.

I land etter land kom det til open konflikt med Vatikanet. Paven vilde ikkje godkjenna det frie Italia, og sette forbod mot at katolikkar tok del i det politiske livet. Dette førde alle politiske tiltak over på hendene åt dei antiklerikale: geistlege ordenar og teologiske fakultet vart forbodne, presteskulane sette under tilsyn av staten, undervisningsstellet sekularisert og verjeplikta utvida til prestane.

I Austerrike tok staten, trass alle Roms protestar, kontrollen med undervisningsstellet og prestane og skattla klostra.

I Frankrike var pavestolen like uheppen. Her tok han parti for royalistane saman med presteskapet. Verknaden var at harmen mot ultramontanismen voks seg endå sterkare mellom republikanarar og fridomsmenn.

I England opna sjølve Gladstone ein tidskriftkampanje mot romanismen av di han såg den som ein fåre for staten.

Verst og hardast var «kulturkampen» i det protestantiske Preussen; det vart ein strid som sette heile det tyske riket i brand. Her støtte Vatikanet seg til det store *Centrum-partiet.* I dette partiet var det nasjonale underordna det konfesjonelle, og Bismarck, som støtte seg til nasjonalistane, tok til å ottast at kyrkjemakta vilde verta ein fåre

for statsmakta. Gjennom lovgjevinga tok han seg føre å avgrensa kyrkjemakta. Han vilde skapa ein sterk protestantisk stat med høgare daning og kultur. I 1871 dreiv han igjennom Kanzel-paragrafen: fengsel eller festningsarbeid for prestar som frå preikestolen kritiserte rådgjerdene åt riksstyret. Året etter tok staten einrett til å føra oppsyn med undervisningsstellet, og heile riket vart drege inn i striden. I 1872 vart jesuitane stengde ute frå riket. Med «mai-lovene» frå 1873 nådde striden førebels høgmålet: Kyrkja vart fråteken sin utgamle jurisdiksjon, alle kyrkjelege rettssaker vart lagde under statens eigne domstolar, og det vart lettare å melda seg ut or kyrkja. Mot prestar som ikkje bøygde seg, nytta staten alle slag strafferåder, frå pengebøter og embetstap til fengsel og utvising. Jamsides eiden til paven måtte biskopane frå no gjera eid til riksskipnaden. I 1874 gjekk sekulariseringa vidare: dåpstvangen vart avteken og sivilekteskapet innført. I 1875 fylgde «Sperr- und Brotkorbgesetz»: alle statsytingar til bispe- og presteembete vart avtekne, religiøse ordenar og kongregasjonar avskipa; endeleg vart det gjeve ei sivil lov om korleis kyrkjegodset skulde styrast.

I Sveits vart kyrkja løyst frå staten og vedkjenningsplikta avteken. I Holland var den konfesjonelle trudomsopplæringa avteken i 1856. I 1876 gjekk sekulariseringa vidare: ved dei teologiske fakultet vart det innført to slag professorat: «stats»-professorat i eksegese og historie, «kyrkje»-professorat i systematisk og praktisk teologi.

I mest alle store europeiske land freistar staten å konsolidera si makt med å løysa individet frå kyrkja. Frå no kunde menneske i protestantiske land både leva og døy utan å koma i nemnande kontakt med kyrkje og kristendom. I staden for å fylgja sine eigne grunnsetningar måtte kyrkja frå no retta seg etter dei skiftande luner i statens politikk og lovgjeving.

Framståande europeiske politikarar, t. d. Gladstone, Rosebery og Salisbury i England, Wilhelm I, Bismarck og Roon o. fl. på fastlandet, påstod nok at dei let seg leia av kristne motiv. Men deira politikk òg var først og fremst nasjonal makt- og realpolitikk. Løysinga frå dei ytre kyrkjeordningane verka smått om senn til å løysa sjølve folkemedvitet frå kyrkja og hennar bodskap i det heile.

Vitskap og åndsliv stemnde same vegen som statspolitikken. I det store verket On the Origin of Species 1859 gjorde Charles Darwin (1809—82) utviklinga — evolusjonen — til grunnlag for det biologiske livet. Teorien hans om at artene hadde vorte til og vakse fram i kampen for tilværet og om utvalet av «the fittest» spente foten undan den gamle bibelske skapingsførestellinga og den mekaniske inspirasjonsteorien. Medan kristendomen sette fullkominga ved opphavet, sette dei nye teoriane fullendinga som endemålet. Medan kristendomen gjorde endemålet til noko andresidig, gjorde evolusjonsteorien det til noko dennesidig.

Darwin sjølv var ein religiøs natur. Han vilde like lite vera ateist som materialist. Sers stor samhug hadde han med det kristne misjonsarbeidet. Innanfor kulturlivet let han dei etiske omsyn koma fullt til

sin rett. Men teorien hans tillet ei tolking av det biologiske livet som var rakt i strid med vanleg bibeltolking, og den store ålmenta greip denne tolkinga og gjorde henne til livssyn. Jamsides dei ubøyelege naturlovene vart det lite rom for ein allmektig og styrande Gud.

Hadde Darwin gjeve ei biologisk tolking som divergerte frå den vanlege bibelske, gav Karl Marx (1818—83) ei tolking av det *økonomiske* livet som fekk om mogeleg endå større konsekvensar. I systemet hans var det ikkje rom for religion. «Religion er opium for folket.» I det sosialistiske samfundet skulde det ikkje finnast anten Gud eller prest. Partiprogrammet frå 1869 kravde at stat og kyrkje skulde skiljast, og programmet frå 1875 slo fast at religionen var ei privatsak. Den antireligiøse internasjonalen var skapt. Og grunnen var lagd for det materialistiske historiesynet. Den åndelege framvoksteren var berre ein refleks av den materielle, religionen såleis berre ei avspegling av økonomiske faktorar. Dei nye teoriane stelte mennesket heilt på dennesidig grunn og fridde frå alle førestellingar om det andresidige.

Sitt filosofiske livssyn fann samtida uttrykt i *positivismen.* Comte (1789—1857) delte åndslivet i tre stadium: 1. det religiøse, der innbillinga rår grunnen, 2. det metafysiske, der abstrakt tenking rår, og 3. det vitskaplege stadiet, der røynsla og positiv sannkjenning rår. Inkje måtte vitskapleg godtakast som ikkje var empirisk granska. Det høgaste etiske siktemålet var utilitarismen — mest mogeleg timeleg lukke for flest mogeleg. Synet for alle dei vilkår som dette livet rådde over og trua på framsteget kom for mange som ei openberring og skuva tanken på Gud til sides.

Dei nye teoriane gav gode vilkår for *individualismen.* Det var individet som bar i seg alle desse vilkår og evner som vitskapen no hadde oppdaga. Det same åndelege stadiet som dei førande åndsmennene var nådde fram til gjennom rike evner og gode vilkår, skulde mangmannen nå fram til. Men då måtte heil og full frigjering til. Difor vert einmennet, som reiser seg i trass mot samfund og nedervde fordomar, til ein heros i bokheimen åt tida. Utan omsyn til tradisjon, heim og samfund skulde denne eine «være i Sandhed». At fridom til alle sider var einstydande med åndeleg og materiell framgang og vilde løysa ut berre det beste i mannenaturen, var det liten tvil om.

Dei åndelege førarane i den nye tida hadde nok ope syn for dei mange og store hindringane for mennesket på vegen mot det fullkomne. Men hindringane var kvalitativt sett andre enn dei kristendomen peika på. Hindringane var ikkje synda, men det dyriske — the wild beast — som mennesket enno ikkje hadde frigjort seg frå eller vakse seg ut over. Hjelperådene til å fri mennesket frå desse veilene var dei gamalkjende frå rasjonalisttida: opplysning, vitskap, kunst og betre levekår. Vitskap og kunst skulde løysa av religionen. Kunstnaren og vitskapsmannen skulde vera det nye presteskapet. Til alle sider var det nye fylt av stormande framstegstru.

I alle katolske land møtte frigjeringsarbeidet og fridomskravet hindringar og motstand: absolutismen eller i alle høve byråkratismen,

og i nært samband med desse maktene: kyrkja. Mest alle stader tvinga tilhøva fram ein strid med «klerikalismen». Ut frå det nye synet på livet vart religonen å sjå på ikkje berre som ovtru, men som ein sjukdom, som menneske snøggast råd var burde skilja seg med. Ikkje minst i dei protestantiske landa, med si etter måten gode folkeopplysning, vart dei nye ideane gripne og fagna, i alle høve i sine grovaste former. Dei mest radikale ideane var jamt dei mest populære.

Liksom Darwin og Marx skapte ei ny livsorientering i det biologiske og økonomiske, skapte Stuart Mill med verket On the Subjection of the Women revolusjon i synet på kvinna og hennar stode i skaparverket og samfundet. Mill reiste kravet om at kvinna måtte få den same fridomen og dei same menneskerettane som mannen alltid hadde hatt av di han var den sterkaste. Kravet om frigjering og jamstelling for kvinna kom straks i strid med den gjengse forståing av bibelordet om at kvinna skulde vera mannen undergjeven.

Kring 1870 steig det så fram ein kritisk teologisk skule. Med stor intellektuell gløggskap og med klår og konsis tankeføring forma Welhausen om dei gjengse kristne tankane om opphavet til det gamle testamentet og den israelittiske religionen. Med ettervising av fleire lesemåtar i dei gamle tekstene fekk den mekaniske inspirasjonslæra eit grunnskott. Både den materielle og den åndelege framvoksteren kom meir og meir til å venda ryggen til tradisjonell kristendom.

I bokheimen var dei store franskmennene dei rådande: Flaubert, Balzac, brørne Goncourt, Zola etc. Deira grunnsyn var at mennesket var eit produkt av arv og miljø og bunde til ervelovene.

På mange og ulike vegar sprengde dei nye ideane seg fram til vårt land og vart helsa med same entusiasmen og same motviljen og motstandet som i andre land. Hovudverka vart omsette til dansk og nærare kommenterte i blad og tidskriftartiklar.

Studentar og gymnasiastar slo seg saman og tinga utanlandske tidskrifter, t. d. Nyt dansk tidsskrift, som kom med utgreiingar om darwinisme, religionshistorie, opprørske Drachmanndikt, melding av siste boka til Strauss med overskrifta: Den nye og gamle tro. Mykje var her skrive i ein fart og med ein varme som reiv unge hugar med og gjorde ende på alle restar av barnetrua. Når Mathilde Schiøtt om Stuart Mills bok seier[1] at «den gav de indre stemmer sanktion, den vakte de slumrende fordringer, den bragte alle fragmentariske forestillinger og erfaringer i sammenheng, gav oversikt og klarhet i stillingen — —», så høver denne karakteristikken reint ålment på heile den livsorienteringa som det nye gav. På mest alle omkverve laga det seg til opprør mot det tradisjonelle og nedervde.

Det vantrune straumdraget nådde òg den svenske og den danske kyrkja. I midten av 1890-åra tok Förening för Religionsfrihet opp arbeidet i Stockholm, m. a. for å skilja stat og kyrkje, med det argumentet at staten då fekk hand over all kyrkjeeiga. «Förenin-

---

[1] Agerholt, Den norske kvinnebevegelses historie s. 14.

gen» sende ut prenta oppmodingar om å halda seg borte frå nattverden.

Det danske riksstyret gav prestar som opponerte mot liberalismen og den Hørup-Brandeske politikken, avskil. Danske liberale prestar preika beint ut at «man maa ikke vise nogen Høiremand nogen Venlighed, man skal ikke modtage ham i sit Hus, man skal ikke gaa i Kirke hos nogen Høireprest»!

Dei norske kyrkjeleiarane var nok merksame på det uvêret som drog seg opp på himmelen i utheimen. Når dei like vel utan å ansa dette nærare, heldt fram med den indre oppbygging av kyrkjelivet, har vel dette sin grunn i at dei i det lengste vona at «den moderne Vantro» skulde driva over utan å nå til oss.

Då så uvêret likevel braut inn over den norske åndsheimen, stod både leiarane og ålmenta i førstninga mest opprådde. Å gjeva seg av med fritenkjartankar og fritenkjarskrifter vart elles sett på som syndig og ein fåre for det personlege kristenlivet. Dei prøvene ein her hadde på fritenkjarpropaganda, var elles slike at ein kvidde seg for å rota i dei!

Annleis vart det når utanlandsk litteratur, namnfræge utanlandske åndshovdingar, unge norske vitskapsmenn, «forgudede» diktarar og tidskrifter og presse gjekk i brodden for innfallet åt vantrua. Med slike krefter i brodden var det lett å sjå at den straumen som så lenge hadde gått *med* kyrkja, vilde venda og stemna beint imot.

Vilkåra for eit innfall av vantrua låg elles godt til rettes. Var ikkje embetsstandet lenger liv lage som politisk maktfaktor, så var embetsmannskulturen ein lagleg omformar og bodberar for nye idear. Unge renningar av gamle embetsætter braut med ættetradisjonen og gjekk heilhuga inn for det nye.

Presse og folkehøgskule hadde lagt grunnen til eit folkeleg åndsliv utanfor kyrkja. Amerikabreva tok til å bera bod om fridomen i Vesterheimen. Store diktarar vilde i stormande oppgløding gjeva sine landsmenn del i kulturframsteget i dei store landa.

Mange av dei rettkomne krava som den nye stemneleia reiste, gav seg stundom uferdige, ja reint labanaktige utslag. Ingen har så umedvite, men råkande tolka denne sida av det nye som Bjørnson i diktet: Jeg vælger mig April. Dei nye ovringane i åndslivet er just sermerkte ved det uferdige og fumlande. Ingen full sumar, berre eit stormande aprilver med iskalde snøelingar, solgardar og varme vindflager innimellom.

Kyrkja og dei kyrkjelege livsformene var ikkje skottfrie. I mange store embete sat overåringar som ikkje makta å røkta si kallsgjerning eller fylgja med tida. Både altarboka og ritualet frå 1688 stod der med rituelle føreskrifter som var ubrukelege i praksis; kyrkjelydane var mest heilt utestengde frå aktiv deltaking både i gudstenesta og i kyrkjestyringa; dåp og konfirmasjon stod som vilkår for ektevigsle. Alt dette var støytesteinar for den frigjeringa som no reiste hovudet. Endå verre kjendest det at kyrkja — om enn umedvite — gjennom sine ordningar heldt oppe den gamle stands-

skilnaden i samfundet. Skulde ei ny kyrkje reisast, vart utlegga likna ut på skylddalaren liksom andre tyngsler. Såleis kunde storbønder og andre storfolk få rett på stolstader oppe i koret eller fremst i kyrkja, småbønder og leiglendingar lengst nede, i trekken frå døra, husmenn og inderstar oppe på tronge galleri. Ein gløymde — eller vilde ikkje sjå — at slike skipnader ikkje hadde si rot i kristendomen, men i sjølve den samfundsstrukturen som var forma av naturalhushaldet. Betalinga for kyrkjetenester som dåp, brurvigsle og gravferd var lovfest. Av gode og rettkomne grunnar hadde kyrkja i slike høve mått gjera skil på fatige og rike. Attåt den tendensen til rangsjering som ligg i fatigdomen sjølv, vart kyrkja med slike omsyn ein faktor til å halda klasseskilnaden oppe.

Søren Kierkegaard var nok i ikkje liten mon årsak til mykje av den kritikken og det hatet som no vende seg mot kyrkja. I bolken 1855—75 var Kierkegaard på moten i Noreg. «Kierkegaard har præget, forbigaaende eller varig, vore teologer, vore digtere, vore pædagoger, ja, man finder endog spor efter ham hos vore journalister,» seier Gerhard Gran.[2] Gran går jamvel så langt at han hevdar at Kjærlighedens Komedie, Brand, Peer Gynt og Keiser og Galilæer er utenkjelege utan Kierkegaard som bakgrunn. I alle høve gjorde Kierkegaard uvanleg mykje til å skjerpa synet for feil og synder ved kyrkje og presteskap. Den storbåra av hat og ironi som braut inn over kyrkja gjennom Kierkegaards dikting, måtte få sin verknad. Mest beinveges ser ein samanhengen mellom Kielland og Kierkegaard.

I det ytre stod kyrkja lite budd på det stormlaupet som var i vente. Den einaste førebuinga ein kan sjå, er at då professor Rasmus Tønder Nissen i 1875 vart riksråd, tok professor Gisle Johnson over kyrkjesoga og overlet det systematiske faget til Fredrik Petersen. Like eins gjorde fakultetet opptak til å få løyving til eit ekstraordinært professorat for Edvard Munch Myhre, med tanke på at den nye universitetslæraren skulde ta seg serleg av det apologetiske faget.

Stod den norske kyrkja kring 1870 utetter lite budd på stormlaupet, stod ho så mykje sterkare budd innetter. Bibel og kristendom var grunnfest og rotfest i folket. Just no tok Johnson-vekkinga til å syna sine frukter i folkelivet. Johnson sjølv stod enno i si fulle kraft. Enno kunde han i sine kjende bibellesingar tala opptil tri timar og var stundom så trøytt og utsliten at han kurde i dagevis etterpå. Teologi var mest å rekna for motestudium. Med dei mange gåverike og ihuga elevane hans spreidde vekkinga seg over landet. Domstonen var jamt den sterkaste, kan henda sterkare hos elevane enn hos meisteren. Men til sløe og sovande samvit skulde det sterk lut. Ikkje så fåe av prestegenerasjonen ikring 1870 var komne frå haugianske heimar. Evangeliet om synd og nåde, bot og omvending har kan henda ingen gong i den norske kyrkja vore forkynt med slik overtyding som på denne tida.

Den eldre — meir humanistisk innstilte — prestegenerasjonen

[2] Gran, Alex. L. Kielland s. 110.

kjende seg i førstninga noko brydd av den sterke omvendingsihugen hos dei yngre kollegaene, meinte dei var for brå og gjekk for mykje på. Men i lengda kunde dei eldre ikkje stå seg mot eldhugen hos dei yngre og vart vekte til ny og større ansvarskjensle.

Verknaden av ei vekking i folkelivet er alltid vand å ettervisa. Men mange bygder, der grove synder og lastar rådde grunnen, vart som omsnudde når ein johnsonprest hadde verka der i nokre år. Turing og slåsting i store samkomer vart stempla som ageløyse og usømd. Sterkare kristeleg ålvor og større ansvarskjensle er merkande alle stader der vekkinga fekk makt. Men framom alt verka vekkinga til at den gamle folkelege synsmåten, at kristendomen var ei *lære,* veik romet for forståing av at kristendomen var *liv.*

Vekkinga verka elles ikkje berre i folkelivet. Ho verka ikkje mindre mellom dei boklærde. At rørsla hadde sin årestad ved Universitetet, gav henne ikkje berre ein indre konfesjonell støleik, men samstundes ein vyrdnad i det ålmenne omdømet som kristendomen snautt har hatt anten før eller seinare. Kristendomen sette sin stempel både på det ålmenne åndslivet og på folkemeininga. Jamsides Gisle Johnson stod hans kollega Paul Caspari — ein av dei fremste og mest åtgådde teologar i den protestantiske verda i den tida. Rett nok vart hans arbeidsdag mest oppteken av grundtvigianismen, og utanom ein trong krins av faglærde nådde vel granskingane hans lite. Men medvitet om at denne grunnlærde mannen stod attom, gav kristendomen ein posisjon i det ålmenne omdømet som ikkje kan verdsetjast for høgt.

Elles fann kriste livssyn stønad, ikkje berre hos det teologiske fakultetet. Andre vyrde universitetslærarar stod ved deira side: professor i filosofi Jacob Marcus Monrad, professor i medisin Ernst Lochmann, professor i kjemi Peter Waage og fleire. Gjennom alle åra såg desse mennene det som si føreloge å vaka over at tankar og tendensar som gjekk kristendomen imot, vart haldne borte frå Universitetet og det akademiske livet. Gjennom bokmeldingar og dagbladartiklar vart dei jamt avgjerande for meiningane åt den boklærde ålmenta.

Andre åndelege omstende gav rike voner. Trongen til kristeleg verksemd var stor. Den kristne litteraturverksemda fekk sitt sentrum i Lutherstiftelsen. Kolportørar og bibelbod vart sende ut. Misjonstrongen var i sterk vokster og fann utløysing i «Schreudermisjonen», sjømannsmisjonen osb. Den kristne samaritanhugen gav seg utslag i å reisa diakonheim, diakonisseanstalt, kristen studentheim osb.

Kyrkja rådde over ei etter måten god og velstyrd presse. Luthersk Kirketidende vart til 1875 styrt av Gisle Johnson og var årestaden for den lekmannsvenlege ortodoksien. Men då professor J. W. Bugge og Heuch overtok bladet, gjekk det føre seg eit sterkt systemskifte. Bladet vart straks målsmann for eit så høgkyrkjeleg syn at Lutherstiftelsen ikkje vilde ta ansvaret for utgjevinga. Professor Bugge og Heuch gav så frå 1877 ut sitt eige blad, Luthersk Ugeskrift, som reiste motstand mot grundtvigianisme og kyrkjeleg reformarbeid, men

først og fremst mot alt som smaka av liberalisme og moderne vantru. Då Luthersk Kirketidende heldt fram med å venda seg til den kristelege ålmenta utan å leggja seg opp i dagsens aktuelle stridsspørsmål, vart det Luthersk Ugeskrift som gjekk i brodden gjennom heile bolken. Bladet nådde eit teologisk og intellektuelt høgmål som få teologiske fagblad har nått. Det vart med åra møtestaden for yngre teologar med vitskaplege interesser, og her prenta Heuch sine analysar av mest alle aktuelle tidsspørsmål som hadde si rot i fritenking og politisk demokrati.

Jamsides Luthersk Ugeskrift stod frå 1877 Jacob Sverdrups og Ole Vollans Ny luthersk Kirketidende som organ for den vestlandske reformrørsla, for organisering av kyrkja nedanfrå og for kyrkjetukt. Dette bladet la seg lite frami striden mot fritenking og vantru.

Frå 1884 spela Christopher Bruuns For Frisindet Christendom ikkje så lita rolle i striden. Han stod jamsides vestlendingane i kravet om kyrkjelege reformer, men tok ei mykje meir positiv stode til «modernismen» og fann sanningskorn jamvel hos fritenkjarane.

I 1868 hadde forstandar Carl Aubert skipa bladet Fædrelandet, som skulde verka «for en paa christelige Principer grundet Opfattelse af de kirkelige og politiske Samfundsspørgsmaal.» Peter Hærem tok over styringa, men er nemnande aktiv berre i førstninga. Frå 1874 er Klaveness medstyrar. Bladet er målsmann for kyrkjereformer i konservativ lei og for lekmannsforkynninga, og motstandar av grundtvigianismen.

I. VANTRUA STIG FRAM

Då dei store ideane frå utheimen i midten av 1880-åra banka på dørene alle stader i det norske samfundet, gjorde dei ikkje berre krav på rom jamsides med andre idear, men på einvelde, på at åndsliv, politikk og sosiale tilhøve skulde støypast radikalt om heilt frå grunnen. Alle slag motsetningar i åndsliv og samfundsliv samla seg på kvar si side: kristendom, darwinisme, kvinnesak, arbeidarspørsmål, barneoppseding, dikting og kunst. Alt vart diskutert, om alt var det strid, og i alle spørsmål vart det sett skil mellom høgre og vinstre[3]. Men ingen stad var motsetningane så sterke mellom gamalt og nytt som på det religiøse området. Just her openberra striden det som få hadde tenkt over: kor gjennomvove og gjennomsyra samfundet er av kristne idear og synsmåtar.

Den profane sogeskrivinga har til overmål slege fast kor trong og bornert norsk kristensyn på den tid var. Og dette er nok så. Men jamvel den radikale Gerhard Gran må medgjeva i si bok om Kielland: «Det var ikke altid sympatiske former den nye radikalisme her i landet sidst i 70 aarene viste sig i — megen umodenhed og megen uskjønhed fulgte med.» Og det skal vera visst.

Vantrua melde seg i vårt land — stort sett — i heller varsame former, men difor ikkje mindre målmedvite. Målsmennene for vantrua kjende altfor vel den inngrodde vyrdnaden for bibelordet i folket. Dei vende seg då heller ikkje mot Bibelen, men mot forkynninga og aller helst mot forkynnarane, som så ofte. Her kunde vantrua setja opp eit skuldlaust andlet og seia: Skulde ein ikkje ha lov til å kritisera forkynning og forkynnarar? Det gjorde då Luther! I den første tida tek vantrua ikkje sikte på meir enn ei *relativisering* av kristne livsverde. Ho skildra kyrkje og kristendom som hindring for fridom og framgang. Seinare fylgde det påstandet at kristendomen var usemjande med det moderne kulturlivet og framom alt med den moderne vitskapen. Men til vanleg vart desse ankemåla framsette i ei slik filosofisk tilsløra form at mangmannen måtte ha store vanskar med å trengja inn til kjernen.

---

[3] H. Koht, Johan Sverdrup II s. 225—56.

1. JAABÆK—RIDDERVOLDSAKA

Den første store framstøyten mot kyrkje og ortodoks kristendom kom likevel i heilt naken — rasjonalistisk og utilitaristisk form frå den gamle bondeopposisjonen gjennom stortingsmann Søren Pedersson Jaabæk. Sjølv gjev Jaabæk seg skottsmål for å hylla Jesu lære[4], liksom han skal vera den som har skapt det slagordet at Bibelen og grunnlova er augnesteinane åt det norske folket[5]. Men med ideleg sjikane av tru, kyrkje og presteskap gjorde han seg til målsmann for ei nedbryting av alt heilagt. Framom alt skjøna han å nytta ut dei — etter det han meinte — gode økonomiske kår prestane sat i, til å grava grunnen undan deira samhug og autoritet mellom folket. Alt i lang tid hadde Jaabæk hatt eit vondt auga til prestane. Men ein konflikt med sokneprest C. W. Koren i Mandal fekk staupet til å fløda over. Endå Jaabæk hadde vore tingmann frå 1841 og sat med ein tolleg bra gard, freista han — truleg i 1867 — å få kommunen til å forsyta dei gamle verforeldra sine. Denne sparsemda, tykte soknepresten, gjekk reint for vidt, og møtte kravet med protest. Over dette kom Jaabæk i slik harme at han skreiv seg ut or kyrkja. Men ein som var utskriven or kyrkja, kunde den tid ikkje verta vald til tingmann. Då valet nærma seg, skreiv Jaabæk seg like godt inn att utan «synligt Tegn paa Anger eller Selvbebreidelse»[6]. Den konservative pressa fekk tak i hendinga og gav henne att såleis at Jaabæk av si ovnøgd ikkje vilde yta verforeldra sine ⅛ eller ¼ tunne korn, då dei leid naud[7]. Frå 1868 gjer Jaabæk Folkevennen til den reine «Præstepine». Framom alt dreg han fram slikt som kan syna kor langt prestane står frå Kristi evangelium, etterviser korleis prestane gjer avvik og fråvik i det *han* meiner er Kristi bod og Aand, og gjev med dette agitasjonen sin eit kristeleg skin. Dei mange antikverte ordningar i kyrkja var elles ei takksam skive for ein spottar som Jaabæk. Han dreg fram den gamle horrible grunngjevinga for bøna for krigsmakta «tillands og tilvands» i Krigs-Artikelsbrev av 9. mars 1683: «da Krigens Lykke og Velsignelse kommer fra Gud og af ham maa udbedes». Han er oppglødd for ritualfridomen i Sveits. Han harsellerar og rengjer jordfestingsritualet:

> «Af Træl er du kommen.
> Til Træl skal du blive.
> Til Træl skal du igjen opstaa.»

Han harsellerar vidare over bøtene for å vera borte frå gudstenesta: 4 — 8 — 16 skilling for 1., 2. og 3. gongen. «Politibetjenten skal have en trediedel af Bøderne.» Han skyr ikkje å agitera for den sosiale utjamninga med dei aller grellaste argument: «Det Arbeide

---

[4] Folketid. 1871 nr. 27.
[5] Det norske folks liv og historie IX, Oslo 1931, s. 250.
[6] Morgenbl. 1872 nr. 247 A.
[7] Morgenbl. 1868 nr. 65.

at korse den Nyfødte, at meddele Syndernes Forladelse, at sammenbinde Forelskede, at kaste Jord paa de Døde, at pante Skatten, at skjelle Trætte, at dømme Kjeltringer, at befale Høire og Venstre om, at dræbe Mennesker eller gjøre dem helseløse, er ikke nødvendigere eller nytteligere end at dyrke Jorden, vogte Kvæget, trække Sildegarn, feie Gaden, losse Kul, kjøre Gjødsel.»[8] «Det «Kristelige» er gjerne Præstevældet ligegyldigt», berre dei får sin eigne oppspinn fram[9]. Prestenaturen har til alle tider vore «anmassende, tyrannisk, blodtørstig og gjerrig»[10], ja, «Lysets og Sandhedens værste Modstander»[11].

«Naar Kongen og Præsten og Kirken faar sit
at raade,
Jeg siger om Resten: at Intet er mit.
Og Naade
Ej findes kan,
Hos Flaaermand...»[12]

Når ein ser framferda åt prestane, skulde ein mest tru at dei vilde visa verda «at de ere det Modsatte af deres Herre og Mester». Prestane lever berre for «Næringspolitik», gjer seg til tenarar for eit politisk parti, og i preikene deira yr det av politiske sneiord. Det er ikkje å undrast på at slikt vekkjer harme og hat hos lydarane.

Ikkje berre prestane, men òg det kristne læreinnhaldet finn Jaabæk grunn til å hæda. Atterløysing, atterføding, rettferdiggjering og helging er alt saman «en Samling forvirrede Dogmer, som ikke har Rod i Skrifterne». I Folketidende 1870 nr. 42 hermer han det som Pontoppidan, Kaurin og Sverdrup seier om atterfødinga, og slår fast at dogmatikarane er komne i strid med seg sjølve. Difor skal huset deira verta øydt.

Etter dette er det sjølvsagt at Jaabæks program var å skilja stat og kyrkje — i alle høve vil han ha embetsfolk sette på fast løn. Skulen må og verta skild frå kyrkja. Kyrkjeleg styring av skulen held berre folket nede i «Raahed og Faakundighed».

Kongedømet av Guds nåde får same medferda som prestane. «Der er ingen Øvrighed uden af Mennesker.» At Frankrike kvitta seg med kongane, var verdt heile revolusjonen. Sume stader synest han mest ha vore inne på same vegen for Noreg til å verta kongsmakta kvitt.[13] Men framom alt er han på vakt mot å auka kyrkjemakta. Då Gisle Johnson på kyrkjemøtet i Oslo i 1873 hadde sagt at det måtte vera kvar kyrkjeven «magtpaaliggende» å få innført kyrkjetukt, svara Jaabæk: «Enhver sand *Menneskeven* maa være med at sætte en Stopper for Præsternes Herskesyge.» Men om mange mellom prestane er sers

---

8 Folketid. 1870 nr. 25.
9 Folketid. 1869 nr. 28.
10 Folketid. 1872 nr. 5.
11 Folketid. 1869 nr. 43.
12 Folketid. 1870 nr. 28.
13 Folketid. 1872 nr. 42.

fåvituge, skal dette ikkje hindra at me held fast ved Guds ord og kristen tru.

Då Jaabæk frå 1862 sat i gasje- og pensjonskomitéen, fekk han rikt høve til å syna sin uvilje. Innstillinga til pensjonar i 1871 er av «en løs og rosiflengsk Beskaffenhed». Han etterviser at *ein* prest på jamnen har like stor «nådeløn» som 23 folkeskulelærarar til saman. Alle tiltak som sikta på å løysa på dei strame konfesjonelle og rituelle banda i kyrkja, hadde ein ven i Jaabæk. Han hadde difor godhug for kravet om å løysa soknebandet, og tykte sers vel om Chr. Bruuns foredrag i Studentersamfundet i 1870; framom alt likte han Bruuns tanke: at menn utan klassisk daning eller høgare eksamen skulde kunna verta embetsmenn. Han kunde òg tala vel om sine prestekollegaer i tinget, serleg om prost Jensen og seinare biskop Essendrop.

Mange hadde venta at det offentlege hadde etterkome si plikt etter lova til å gripa inn mot den hæding av statens offentlege religion og gudsteneste som i så mange år hadde vore dagsens kost i Folkevennen. Det vart og ymta om dette i pressa. Då det offentlege ingen ting tok seg føre, må den meininga ha breitt seg, at kyrkja sjølv fekk ta saka i si hand og møta Jaabæk med dei middel ho rådde over. Den 23. juni 1872 skulde ein stykson til Jaabæk ha barnet sitt til dåpen i Lyngdalskyrkja med Jaabæk til fadder. Meldinga kom ikkje til sokneprest Lasson før messa hadde teke til, og han vilde difor ikkje gjera bråk. Jaabæk stod fadder saman med hine.

Men soknepresten nytta høvet til å falla attende på N. L. 2-5-5 om «Fadderes Uberygtethed», som elles var sterkt utdjupa i Pontoppidans forklåring, og førde ikkje Jaabæk inn mellom fadrane. Dette vitra han så styksonen om.

Denne låke hendinga kveste striden. Jaabæk vende seg straks til stiftsdireksjonen med klage over at presten hadde forsett seg: Presten stengjer ute den han vil, og dette er ei svært ålvorleg sak.[14] I Lister og Mandals Amtstidende er ein innsendar, truleg Jaabæk sjølv, ute og held fram at det med lovvedtak er naudsynt «at forebygge Misbrug af Præsternes Magt ved Bedømmelse af hvem som er værdig til at være Fadder». Med dette er «Faddersagen i Lyngdal» i full sving. Lasson svarar med at «Hr. Søren Jaabæk har i mange Aar offentligen stillet sig i et saadant Forhold til Kirken og dens Lærdomme, at han hverken kan ansees for en uberygtet Mand eller være med blandt Representanterne for den kristne Menighed.»

Godt og vel tri månader seinare kom Jaabæk ut for ei liknande sak med sokneprest W. Hansen i Mandal. Den 28. september skulde dottersonen til Jaabæk berast til dåpen med bestefaren til fadder. Men soknepresten fylgde føredømet åt kollegaen i Lyngdal og avviste Jaabæk. Foreldra protesterte så med å lata vera å døypa barnet. Noko etter døydde barnet utan dåp. Jaabæk freista no alle råder til å setja presten i knipe. Den 16. oktober 1872 har han eine

[14] Morgenbl. 1872 nr. 212 A.

grannen sin, Ole Jaabæk, som hadde vore prestens medhjelpar i 30 år, til å senda soknepresten Hansen eit skriv, der han seier seg samd med Jaabæks utsegner i Folketidende, og retter så det spørsmålet til presten om han heretter kan vera fadder. Svaret på spørsmålet fekk Ole Jaabæk då soknepresten avviste han som fadder til sitt barnebarn i Mandal kyrkje den 17. oktober s. å.[15]

Striden mellom Jaabæk og dei to prestane var med dette kvest til eit kyrkjeleg prinsippspørsmål: Var kyrkjetukt etter bokstaven lenger til å gjennomføra. For kyrkja stod det så at skulde ho sleppa kyrkjetukta, gav ho dermed frå seg eit av dei sterkaste middel til å oppseda folket og til å halda seg sjølv rein. For dei radikale stod den same tukta som åndstyranni, ovmod og geistleg sjølvtykke. Korkje stiftsdireksjonen eller kyrkjestyret fann difor grunn til å påleggja soknepresta i Lyngdal og Mandal «at antage Hr. Jaabæk som Fadder». Saka vert no ei tid ålment drøft i mest alle blad.

Striden mellom Jaabæk og dei to prestane stilna smått om senn. Men just då alt tok til å roa seg, vart det blåse nytt liv i det heile, og saka vart gjord til ei storsak som enda for Høgsterett. Eit lærarmøte i Sogn hadde stempla jaabækianismen som «en for det kristelege Liv overordentlig farlig Fiende». Elles hadde møtet uttala at Jaabæk «planmæssig søger at undergrave Kristendommen», «at faa «Folketidenden» udryddet vilde være en god Gjerning, som enhver Lærer burde være med paa». Ein innsendar som har lese denne fråsegna frå Sogn, manar straks[16] prestar og lærarar til å ta striden mot Jaabæk opp gjennom soknemøte. Innsendaren i Morgenbladet hadde elles venta at folkehøgskulefolket(!) skulde ha gripe inn mot Jaabæk. Men i staden ser ein at jamvel ein mann som Chr. Bruun steller seg side om side med Søren Jaabæk og har lyst Jaabæk-rørsla i kull og kjønn: «I Sandhed et Fænomen, som just ikke skal tjene til at skaffe Folkehøiskolesagen Tillid eller Sympati hos dem iblandt os, der ingen sand Oplysning kunne tænke sig uden paa kristelig Grund.» Som ein ser, arbeider tanken på ein landsaksjon frå kyrkja og skulen seg fram. Tanken fekk straks medhald av ein innsendar i Adressebladet, eit tilleggsblad til Almuevennen, i ein lang artikkel: «Hvordan stiller Jaabæk sig til Kristendom og Kirke?»[17] Artikkelen var underskriven R—d.

Artikkelen i Adressebladet rekapitulerar Jaabæks utsegner om kyrkja gjennom mange år og viser til den sterke samhug Jaabæk har synt alt som tedde seg fiendsk andsynes kyrkje og kristendom. Forvirra revolusjonsfrasar i «Fram» har Jaabæk gjeve sanksjon. Som døme på kva som har Jaabæks samhug, nemner innsendaren denne fråsegna or «Fram»:[18] «Kan hende lyt han («Fram») verte Jordmor fyr den nye Gudstru, som stend imot den gamle præstelege, som no

---

[15] Folketid. 1872 nr. 48.
[16] Morgenbl. 1872 nr. 95 A.
[17] Adressebl. 1872 nr. 17, 19, 22.
[18] 1871 nr. 23.

rår i skulen. Dæ gudelege trur «Fram» paa, likso fast som dei, men han trur paa den Gud, som skapast ikkje av ein Stand, men av eit friskt Folk, den einaste sanne Gud, som kvar Mann ber i sin Barm.» Liksom «Fram» er og Jaabæk målsmann for ein omstøyt, ikkje berre i det politiske, men og i det gudelege. Når Jaabæk rosar kristendomen, «er dette Ord i hans Mund blot et tomt Navn, en Skal, en udvortes forgylt Skal, der indenfor er fyldt med Løgnens Gift. Jaabæks Frækhed er sandelig stor». Innsendaren sluttar med det påstandet at «Jaabæk søger at nedbryde Christentroen blandt vort Folk og at undergrave dets Agtelse for Kirke og Øvrighed. Og derved arbeider han efter min Mening paa at ryste Statens Grundpiller og paa at sprænge dens Hægn og borttage dens Værn». Så endar artikkelen med å streka under at det no er ei ålvorleg plikt både for prestar og lærarar å draga fram i ljoset kristendomsfiendskapen i Jaabækrørsla.[19]

Med full sanning skreiv Morgenbladet (1872 nr. 247 A): «Den norske Kirke har ikke havt en Bespotter, der har drevet sit Væsen saa langvarigt, saa planmæssigt og for et saa stort Publikum.»

Artiklane i Adressebladet kom snart i serprent og i fleire opplag med titel: «Jaabæks Angreb paa Christendommen.»[20]

For desse artiklane reiste Jaabæk injuriesøksmål mot utgjevaren av Adressebladet, statsrevisor Christian Johnsen. Etter dette namngav pers. kap. Julius Riddervold seg som forfattar, og Jaabæk vende difor søksmålet mot han. Byretten fann ikkje at det kunde seiast at Jaabæk «har søgt, havt til Hensigt at nedbryde Kristendommen». Med dom av Kr.a byrett 13. februar 1875 vart Riddervold for brot på Krl., kap. 17 § 8 ilagd ei bot til statskassa på 20 spdlr. og sakskostnad til Jaabæk med 40 rdlr.[21] Frifinninga gjorde djupt inntrykk og vart sterkt kommentert. Hos dei radikale vekte domen stor glede. No var det med dom fastslege at det ikkje berre var tillate å ha ulike meiningar i det religiøse, det var fritt høve til å driva propaganda for alle slag meiningar, ja, ein kunde attpå driva slik propaganda så skamlaust ein berre vilde.

Kyrkje- og kristenfolket vart slegne med redsle. For deim var det ikkje til å fata at eit slikt ope nedbrytingsarbeid skulde passera strafflaust, og jamvel stå med palmer i hendene. For deim tedde det heile seg slik at den som vilde føra striden mot lygn og spott, ingen stønad lenger måtte rekna med hos domstolane. Dei tykte at når Jaabæk kunde gå med siger ut or denne striden, då kravde lovgjeving og domstolar slike prov, at ein måtte gjeva opp all von om nokon gong å kunna skaffa deim.

Striden med Jaabæk let for ei tid kyrkjemennene gløyma alle dei mindre innbyrdes motsetningane og fylte alle med samme otte. «Vestnæspresten», «Lille Theodor», gjer framlegg om at alle prestane i

---

[19] Adressebl. 1872 nr. 22.
[20] Kra. 1873 8. 16 s.
[21] Folketid. 1875 nr. 11. 12.

landet no bør syna Riddervold sin samhug med å samla seg om ei liknande fråsegn som den Riddervold no var dømd for.[22] Ein annan vil ha Justisdepartementet til å setja Jaabæk under tiltale for «Spot med Statens offentlige Religion».[23] Morgenbladet er ikkje i tvil om at Jaabæk vilde verta dømd, men ottast at aksjonen vil ta seg ut som hemn over den merkelege heppa Jaabæk har hatt i saka mot Riddervold.

Riddervold anka saka inn for Høgsterett, og Jaabæk tok ut kontrastemning. Høgsterett skulde avgjera «om en Række strenge Udtalelser av en Bladredaktør skulde ansees beføiede eller ikke» og vidare «om en Avisredaktør maa antages at have *villet* de Følger av sit Skriveri, som med Rimelighed maatte være dets Virkning». Høgsterett fann det «høist paafaldende» at den som tok til motmæle mot ein slik agitasjon som Jaabæks, skulde koma under straffansvar. Med høgsterettsdom frå 26. januar 1876 vart Riddervold frifunnen. «Byrettens Dom er et beklageligt Misgreb». Jaabæk vart ilagd prosesskostnad til Riddervold både for byrett og Høgsterett med 200 spdlr. Like stor glede som byrettsdomen hadde skapt hjå dei radikale, like stor var gleda over høgsterettsdomen no i konservative krinsar.

Den reint uvanleg intense spaninga, som folk venta utfallet av høgsterettsdomen med, får me ein tanke om når me høyrer at av om lag 300 telegram som vart sende over Kristiania telegrafstasjon denne dagen, galdt 71 domsutfallet. I den radikale pressa verserte elles dei mest forvrengde meldingar om gleda mellom dei konservative, såleis skulde ein hovudstadprest ha oppmoda kyrkjelyden sin til å syngja ei takkesalme. Men dette var nok ikkje rett.[24]

Straks høgsterettsdomen var fallen, reiste sokneprest Lasson sak mot Jaabæk for Mandal sorenskrivar. Dei skuldingane Jaabæk hadde sett fram mot Lasson, vart mortifiserte og Jaabæk dømd enno ein gong: mulkt til statskassa med 50 og sakskostnad med 150 spdlr. Med dette såg det ut til at kyrkja hadde sigra i spørsmålet om kyrkjetukt. Luth. Kirketid. slår fast at ein høgsterettsdom veg over lag mykje i augo åt folket. Folket resonnerar slik at det som verkeleg fortener straff, får straff. Kann ei verksemd i lang tid drivast utan påtale, «da er dette et Vidnesbyrd om dens Uskadelighed eller endog delvise Ret». Men at retten frikjende Riddervold, er i røynda det same som at Jaabæk er domfelt. Men at ein no etter domen skal sjå Jaabæk att i den lovgjevande forsamlinga, «— — det er en Abnormitet», «— — er uretfærdigt indtil det Utaalelige», «dette, at han overhovedet er Medlem af den for Kirken lovgivende Forsamling, er et skrigende Vidnesbyrd om vor nærværende Ordnings Uforsvarlighed paa dette Punkt».[25] Men så sløg Jaabæk er, og så blind ein fylgje-

---

[22] Morgenbl. 1875 nr. 73.
[23] Morgenbl. 1875 nr. 58 A.
[24] Fædrel. 1876 nr. 13.
[25] Luthersk Kirketid. 1876 I. s. 86—93.

skap han har, skal ein ikkje vera heilt viss om at Jaabæk ikkje enno ein gong kjem att.

Andre blad, som Morgenbladet og Bergensposten, kjenner seg visse om at Jaabæk no må vera ferdig som offentleg mann. Men det synte seg snart at ein siger for domstolen ikkje var det same som siger i folkemeininga. Ikkje lenge etter at domen var fallen, sette bladstyrar P. Olsen i Verdens Gang seg i brodden for ei pengeinnsamling mellom bønder, arbeidarar og husmenn for å dekkja saksutlegga for Jaabæk. Det kom inn ikkje mindre enn 1 809 spd.[26] Litt i førevegen hadde Verdens Gang slept laus ein innsendar som reint lyste av gloraudt prestehat: Jaabæks åtak på statskyrkjeprestar er nett det sanne uttrykket for dei meiningar som rår mellom folket. Bergens Tidende meiner, at den som vil arbeida for full religionsfridom no, må arbeida for å få kriminallovvedtaket om straff for gudsspotting avteke. Då pengar frå mange kantar av landet strøymde inn til Jaabæk, skreiv han:[27] «Efter de mange Tusinders Tilkjendegivelse paa lignende Vis tror jeg med Tryghed at kunne sige: Folkeaanden er vaagnet — i Forbindelse med en dyb Agtelse for Ret, Retfærdighed og Sandhed — for Frihed og usminket Dyd og Oprigtighed». Meir enn nokon gong samlar han «Præstehistorier» frå innland og utland i Folketidende.

Sume freista å sjå saka meir objektivt. Såleis ein innsendar i Aftenbladet.[28] Det einaste ein med rette kann gjera ut frå religiøs synsstad, er å døma dei middel Jaabæk har nytta. Men mot den sterke samanblandinga av religion og politikk må ein protestera. Like eins mot at det no med hjelp av Høgsterett vert gjort freistnad på å trumfa i hel jamvel det gode og rettkomne som Jaabæk gjennom Folketidende har gjort seg til målsmann for. Kristendomen er ikkje noko system med opplinjerte rubrikkar for reint relative jordiske livsformer. Var han det, hadde han vore fallen for lenge sidan. Nei, kristendomen syner at han er uendeleg, med å halda seg, og halda seg like sterk og sann medan livsformer og system skifter.

Jaabæk var no domfeld 2 gonger. Det store spørsmålet stod att: Korleis vilde det heretter gå Jaabæk som tillitsmann for folket? Han hadde alt sete som tingmann i 32 år. Eit bondevenmøte i Borgund ved Ålesund drøfte i 1873 — truleg med tanke på kristendomsfiendskapen hans — spørsmålet: «Fortjener Jaabæk at staa som Bondebevægelsens Leder?» På eit møte for tingmenn 14. april 1875 vart Jaabæk oppmoda om å leggja frå seg nokre av dei verste skuldingane. Men Jaabæk gjorde, det ein ser, inkje for å fri seg. Vel kunde det i 1876 sjå ut til at hans eige fylkesting reagerte mot han. Mot sedvane vart han dette året ikkje attvald til oppmann i fylkestinget. Årsaka var like vel ikkje striden med kyrkje og prestar, men at han var imot vegbygginga mellom Grepstad og Arendal.

---

[26] Folketid. 1877 nr. 13.
[27] Folketid. 1877 nr. 32.
[28] 1876 nr. 124.

Då stortingsvalet nærma seg i 1876, nådde spaninga sitt høgaste. Vilde han likevel verta attvald? Valet gav til resultat at Jaabæk vart attvald for 12. gongen. Dermed var den sigeren kyrkja hadde vunne over Jaabæk med hjelp av domstolane, likevel ein Pyrrhussiger. Folket støytte domen om med å gjeva Jaabæk tillitsvotum.

Då Jaabæk i 1879 slutta å gjeva ut Folketidende, kunde han i ein sjølvbiografisk avskilsartikkel med ei viss sjølvkjensle seia: «Min Bladvirksomhed behøves ikke nu — — — Det ene Blad efter det andet staar frem og virker væsentlig i samme Retning, jeg tillader mig at nævne nogle av de mindre Blade: «Verdens Gang», «Norge» og «Østlandske Tidende».» «— — — jeg tror at Theologiens Uholdbarhed erkjendes af mange, at Skolerne bør befries eller væsentlig blive fri for Geistlighedens Herskermagt, indsees vistnok af Mange.»

Jaabæk—Riddervoldsaka var inga lita sak. Dr. Brandes kommenterte saka i Det nittende Aarhundrede, og Garborg la si meining fram i Jaabæk og Prestane (1874).

Striden mellom Jaabæk og kyrkja er opptakten til den lange og beiske striden mellom kyrkja og fritenkjarskapen i 1880-åra.

2. FRITENKINGA OG UNIVERSITETET. ERNST SARS, NYT NORSK TIDSSKRIFT OG NYT TIDSSKRIFT

I april 1874 hadde stortingspresident Johan Sverdrup saman med 9 andre tingmenn gjort framlegg om løn til eit ekstraordinært professorat for Ernst Sars, så han kunde få betre vilkår til å fullføra Udsigt over den norske historie. Tiltaket vekte mothug både hos Monrad og Lochmann. Professor i medisin, Ernst Ferdinand Lochmann (1820—91), la seg mykje frami det offentlege ordskiftet. Alt i 1870 har han eit grunnfest ortodokst syn i teologiske spørsmål. Han hadde sterke ålmenne interesser og var ein av dei første universitetslærarane som nytta dagspressa. Han skreiv skarpt, skjemtande og pointert om alt han la seg frami: positivisme, liberalisme, kvinnesak, religiøse og teologiske emne. Mest i alle nyovringar i åndsliv og politikk vêra han åtak på kristendomen, og gav jamvel ei fråsegn om at likbrenning «staar i nærmeste Forhold til Radikalisme, Semitisme og Fritænkeri». Han godtok darwinismen som vitskapleg faktum, utan å gjera han til livssyn. Det kunstnarlege og estetiske i diktinga i den tida hadde han godhug for, men avviste all tendensdikting, så han jamvel brende Arbeidsfolk av Kielland.

Han hadde funne seg i at Ossian Sars vart tilsett som universitetslærar. Men då evolusjonslæra og positivismen gjennom Ernst Sars skulde til å vinna fotfeste innanfor det historisk-filosofiske fakultetet, vart det for mykje for han. Han rykte ut i namnet åt kristendomen. Den kraft- og heltedyrking som Sars hadde gjeve ord for i det han hadde skrive, vilde vera gift for ungdomen. I sine servota i Det akademiske kollegium og Det historisk-filosofiske fakultetet tok Lochmann striden opp saman med Monrad. Ope og ærleg

grunngjev Lochmann sitt votum med at Sars som vitskapsmann er positivist «for hvilken Historien er en Udvikling væsentlig paa Naturforudsetninger — selv Aandslivet er paavirket og betinget av disse. — Historien er forladt av Gud.»[29] Då Sars likevel vart utnemnd, gjekk dette hardt inn på Lochmann. Den 2. september 1874 heldt så Lochmann den vitgjetne immatrikuleringstalen sin, der han heldt det store oppgjeret med positivismen og dermed Sars.[30] Positivismen løyser opp gudstanken og tek alt ansvar frå mennesket. Vårt land har til no vore spart for denne oppløysingsprosessen. Men den som fylgjer med i åndsovringane, vil merka seg at nye idear er på innsteg «— tildels i vor Dagbladspresse, og muligens naar det lidt høiere op i Samfundet». Så viser han til det intime sambandet mellom dei nye ideane og vinstrepolitikken. Men det nye som no bryt fram, er ikkje anna enn ein sjukdom, ein farang, som alle gode makter må samla seg imot. Positivismen kan sjå bra ut i første augnekastet og positivistane kan personleg vera framifrå menneske. Men ei åndsstemne som vantar alt religiøst og moralsk grunnlag, vil føra folket på avvegar. Framom alt må ei slik åndsstemne ikkje vinna rom ved Universitetet. «Det gaar ikke an at i et av Universitetets Auditorier fortolkes den Hellige Skrift og i et andet høres der et veltalende formfuldendt Foredrag, hvori der er en fin Spot over den kristelige Religion, der tilhører et tilbagelagt Standpunkt af Udvikling og i det høieste passer Almuen og theologiske Kandidater og Pietister.» Det var ingen tvil om kvar Lochmann sikta. Morgenbladet samstemde med han og karakteriserte Sars «som det radikale Partis gave til vort Universitet» og nemnde han i gåsaugo som «Stortingsprofessoren». Lochmanns aksjon var ikkje utan verknad. Kyrkjestyret vende seg til Sars med krav om fråsegn om stoda hans til kristendomen. På dette gav Sars eit vikande svar. Men han har lova «at ville entholde sig fra at gjøre Propaganda fra Kathedret for de Synsmaader, der ere ham paasagte, og at det af Regjeringens Foredrag maa sluttes at der ogsaa vil blive ført Indseende med, at han holder sig dette Løfte efterrettelig».[31]

Sars tøygde seg så langt at den danske positivisten Vilhelm Møller i «Flyvende Blade» var svært misnøgd.[32]

Lochmanns otte for Sars synte seg snart å ha god grunn. Så store fortenester Sars har som sogegranskar og så mykje hans livsverk har hatt å seia for omskiping av det norske samfundet i demokratisk lei, så fell det frå kristen synsstad ein djup skugge over livsverket hans. Etter Garborg er Sars far til den rørsla som nådde sitt høgmål med Hans Jæger.[33] I 1877—78 gav Sars saman med professor Lieblein ut Nyt norsk Tidsskrift, og i 1882—87 Nyt Tidsskrift saman med Olaf Skavlan. Tidskrifta skulde føra dei

---

[29] Ræder, Ernst Sars s. 136.
[30] Han tok utgangspunkt i læra om fengjande sjukdomar og kalla Sars ein smitteberar.
[31] Morgenbl. 18. oktober 1874.
[32] Ræder, Ernst Sars s. 138 f.
[33] Nyt Tidsskrift 1887 s. 570.

moderne europeiske tankestraumane ut til den norske ålmenta, og vart rett snart av dei kristne stempla som «Vantroens Hovedorgan». Rett nok roa Sars lesarane med at bladet på ingen måte vilde bryta ned kristendomen. Men hans næraste ven, Bj. Bjørnson, fann det straks naudsynt som vilkår for sitt medarbeidarskap, å stella det avgjorde kravet: «Intet direkte Angreb paa Kristendommen.» Sars roar straks sin gode ven med at han i dette høvet er ottesam i utrengsmål. Han aktar kristendomen «som et Stykke Historie» som er undergjeven lovene om rørsle og framsteg. Men innanfor kristendomen er det så mange «afsjælede Former», så mykje «Dogmekram» at ei grundig utreinsking trengst. Men å stella seg i beintfram opposisjonshøve, vilde vera å stella seg utanfor den historiske samanhengen. For moderne opplysning og moral er kristendomen det naudsynte vilkåret.[34]

I sine Dagbog-artiklar synte Sars og Nyt norsk Tidsskrift snart sitt rette andlet. Under denne overskrifta kom det ei mengd med artiklar med varsam, men likevel avgjort antikristeleg tendens: Den moderne Vantro, Religionsfriheden og de kirkelige Blades Diskussion, Læren om de evige Straffe. Professor Lieblein kom med ei utgreiing om «Syndflodssagnet», elles melde bladet Rydbergs: Urpatriarkernas Slägttavle i Genesis. Tidskrifta gjekk heilt inn for programmet åt fritenkjarane: fri gransking, avskiping av statskyrkja, innmelding i frikyrkja, truleg ei «friing» til den vestlandske reformrørsla. I denne samanhengen viser han ironisk til at staten no ikkje lenger er å rikka til å driva kjettarjakt. Kyrkjelæra er eit ufullkome uttrykk for den religiøse kjensla, som ikkje lenger kan vera bunden til kyrkjelæra utan å forkomast. Frikyrkja, som legg mindre vekt på det konfesjonelle og meir på den friviljuge, demokratiske samarbeidstanken, må vera idealet. «Tro er en ved eget Arbeide forhvervet Livsanskuelse.» Endeleg viser Nyt norsk Tidsskrift kor lite dei som strider mot vantrua har umaka seg med å setja seg inn i emnet. Serleg her i landet vert materialisme, positivisme, darwinisme og sosialisme «fornøielig nok» slegne saman med vantrua til ei røre.

---

[34] Ræder, Ernst Sars s. 143.

II. KYRKJA REISER SEG MOT VANTRUA

1. JOHAN CHRISTIAN HEUCH

Snautt i nokor onnor landskyrkje møtte fritenkinga så hardsett eit motstand som i den norske. Striden spenner ikkje berre om fritenking og teologi, men og om meir perifere emne i ein slik strid: oppseding og samfundsspørsmål i det heile, og syner så mange fasar at det er mest uråd å samla det til eit heilskapt og oversynleg bilete. Mannen som både for samtid og ettertid stod som den aller fremste vaktmann på Sions murar, var *Johan Christian Heuch*. Så avgjerande stempla Heuch med sitt uvyrdne stridsmot og sin overlegne intelligens denne striden, at tidbolken gjerne kan ha hans namn som overskrift. Johan Christian Heuch (1838—1904) var fødd i Kråkerøy. Foreldra var grosserar Johan Christian Heuch og den fromme og ikkje lite aristokratiske Christine Elisabet Bonnevie. Berre 4 år gamal miste han faren. Så mykje meir omsut synte mora for han, serleg heldt ho han frå gata og «de simple». Men då ho sende guten på skulen i hanskar, brast det for kameratane: han vart skyteskive for spotten deira. Når så attåt dette kom at han av naturen var klossut og i høg grad upraktisk, vanta vågemot og uvyrdenskap i leik og idrott, så gjorde ikkje dette stoda betre. Men ve den som gav seg i disputt med han! På skulen var den kjende grundvigianaren Hans Georg Daniel Bardth styrar. Han var innlevd i og oppglødd for både Grundtvig og Kierkegaard, og vart snart merksam på den gåverike guten og tok seg serleg av han. For Heuch var det sjølvsagt å velja teologi som studium, og alt frå første tid fekk Gisle Johnson avgjerande innverknad på han. Ikkje minst fann Johnsons sterke tale til *samvitet* atterklang i han. Ordet samvit går tidt og ofte att i Heuchs forkynning. Like teken var han av Johnsons evne til å gjera teologisk kunnskap fruktberande for det praktiske kristenlivet. Han fortel sjølv at han stundom kunde vera så teken av Johnsons foredrag at pennen fall han or handa. Liksom for så mange andre ungdomar stod det òg for Heuch kring Johnson «en Ufeilbarlighedens Glorie, hvis Straaler hindrede Disciplernes uøvede Øine fra at se, at ogsaa han kunde feile.» Etter embetsprøva med laud i 1861 for han til Leipzig og Erlangen, der han serleg høyrde den eldre Harnack, men og Delitzsch, Hofmann o. a. Her fekk hans kjærleik til kyrkja nøring og

hans teologiske syn si utdjuping. Frå no såg han i kyrkja eit samfund av dei truande og ei samfundsvoren styring av nådemidla. På ei Romaferd kom han saman med Bjørnson, Rydberg og andre framståande skandinavar, som seinare skulde verta hans stridaste motmenn. Ti års teneste og samvære med diktaren og naturromantikaren Jørgen Moe, som hans personellkapellan, først i Bragernes, seinare i V. Aker, fekk mykje å seia for han. Moe var både ven og far for Heuch. Ikkje minst hjelpte samværet med Moe til at han arbeidde seg ut or det pietistiske trongsynet og over i den gamle prestetradisjon med vyrdnad for kunnskap og daning, vitskap, poesi og venleik. Forkynninga til Jørgen Moe var sermerkt. Kom han retteleg på «høgdene», kunde lydarane merka «bjældeklang og lurlok ved kveld og sus gjennem skjeggede graner». Norsk naturstemning og folkelynne slo ein til møtes. Tankane hans var så vel gjennomtenkte, så menneskelege og endeframme, at dei mest einfelde menneske kunde gripa deim, samstundes med at dei greip dei boklærde. Forkynninga til Moe lyfte stakkaren opp til Gud, gav mot og kraft, gjorde ein glad i kristendomen og gav hug til å verta ein kristen. Visitasferdene hans skal ha likna på triumftog.[1] Jørgen Moe var Heuchs presteideal som han prøvde å forma seg etter, og finare og betre mønster kunde ingen ung prest ha. Elles gjorde han rike røynsler som forkynnar og sjelesyrgjar både i «det bevegede Drammen» og i V. Aker.

No tok ein ny bolk av Heuchs liv til. I åra 1875—80 var han hovudlærar ved Det praktisk-teologiske seminar. Som praktikumslærar åtte han «en Realisme der mødte op med Livets Ægthed, og en Anskuelighed som aldrig svigtede. Det var set med en Digters Fantasi og gjenfremstillet med en Digters Formningsevne.»[2] Det var ikkje dumbe frå bokhylla. «Det var den for Livets konkrete Virkelighed anlagte Sjælesørger, der paa en fengslende Maade anskueliggjorde for os Prestegjerningens hellige Storhed, dens Fristelser og Farer, de forskjelligartede Krav som de mangeartede Menighedsforhold stiller til Presten, de kristelige Dogmers Betydning for det virkelige praktiske Liv — alt grebet lige ud af Virkeligheden og oplyst ved slaaende Eksempler fra hans egen Praksis».[3]

Då Uranienborg i 1880 vart utskild frå V. Aker, vart Heuch første soknepresten der. Her synte Heuch at han var den fødde predikanten. Han samla kring preikestolen sin menneske frå alle samfundslag, daningsgradar og religiøse synsmåtar. Og han ikkje berre samla deim; han synte seg og å ha makt til å halda deim fast. Rettferdiggjering og soning var det sentrale i preika hans. Det dogmatiske og lærevorne trengde han i bakgrunnen. Forkynninga hans var frå livet og for livet. Hans rike røynsle om både omvendt og uomvendt sjeleliv kom han til hjelp. For han var ortodoksien kristendomen. Alt han bar fram, var klårt gjennomtenkt

---

[1] Klaveness, KoK 1913 s. 273 f.
[2] Monrad, Biskop J. C. Heuch s. 16 ff.
[3] Tandberg s. 34.

og vel forma. Han stelte lydaren framfor eit anten — eller. Men det som framfor alt hugtok publikum, var den havsalte friskleiken som stundom kunde ovra seg som den reine uvyrdenskapen. Underleg er det at han som var så imot den moderne realismen, sjølv var så påverka av realismen formelt. Etter innhaldet var forkynninga hans alltid strengt luthersk konfesjonell. Konfesjonelle avvik kjende han seg alltid kalla til å refsa. Prost Jacob Anderssen (1850—1921), som hadde 1 for norsk stil til artium, fekk *non* for dimisspreika, av di ho ikkje var rett-truande nok.[4]

Då kyrkja i 1876 ikkje lenger kunde teia til den djervskapen fritenkinga synte, stod ingen kyrkjemann ferdig eller var sjølvskriven til å ta opp forsvaret. Det skulde elles både tid, kraft og dugleik til å ta striden opp mot ein så brei åndsstraum. Dei nye ideane sjølve var i «Tidens Medfør». Mennene som bar ideane fram, skjøna på ein meisterleg måte både å gripa og nytta ut den gjæringa som dei nye tankane skapte. Gisle Johnson var nok framleies ei åndeleg kraft, men tok til å koma opp i åra. Strid var heller ikkje hans sak. Han var av naturen ein fredsmann. Difor måtte det verta elevane hans som no tok hansken opp. Og med den strenge tamen han hadde gjeve elevane sine i logisk, dialektisk disputerkunst, var det å venta at gode føraremne måtte vera å finna i den yngre teologflokken.

Same året som Heuch vart praktikumslærar, vart han òg styrar for Luthersk Kirketidende. Men striden mot vantrua vart opna med at Heuch saman med professor Bugge skipa Luthersk Ugeskrift i 1877. Alt i programartikkelen seier Heuch at dei kyrkjelege reformspørsmåla ikkje lenger er dei viktigaste.

Bladstyret er oppglødt for den lutherske kyrkja. Den lutherske vedkjenninga er uttrykk for deira kristne overtyding, trivnad og framgang for den evangelisk-lutherske kyrkja er målet for deira ynske. Bladet vil halda trua og læra åt fedrane opp som det merket, som den kristne verksemda bør samla seg om, «som det enende Løsen gjennem alle vor Tids forvirrende Røster, at lade dens Lys skinne gjennem de Taager, som de mangehaande Lærdoms-Veir nu til dags vælte frem.» Inga oppgåve står for bladet større og meir heilag enn denne. Mykje vanta enno på «Indøvelsen af luthersk Kirkelighed» i folket. Fråfallet frå kristendomen aukar for kvart år. Samstundes er dei kristne opptekne med reformspørsmål. Det nye bladet vil vera eit «Centrumsblad» mot all «Yderlighed». Bladet held ikkje såleis på «det Bestaaende» at det ingen reformer vil ha. Det nemner reformer av lov om ekteskap og konfirmasjon og vedkjenningsplikta for embetsmenn. Men ein «Menighedernes Organisation» med «Menighedsraad», som «de vestlandske Reformvenner» brenn for, er bladet imot. På den andre sida vil bladet ikkje vera med på å skilja stat og kyrkje. Heile artikkelen syner at oppgåva for den norske kyrkja ikkje lenger er dei kyrkjelege reformene, men å verna evangelisk luthersk tru.

Heuchs apologetiske metode er langt meir ein analyse av «Van-

[4] G. Wulfsberg, Provst Børre Bomhoff. Norv. Sacra 1922 s. 285.

troens Væsen» enn av kristendomen. Han gjer liten freistnad på å djupa ut det kristne læreinnhaldet med tanke på å verka overtydande. Etter heile si humørfylte og stridsglade innstilling er det naturleg for han å ta offensiven. Så freistar han framom alt å løysa opp påstandet åt motstandaren innanfrå. Det trudjerve og livsfriske verkar uvant. Stilen i dei innlegga der han hentar hjelp frå tyske lærdomsverk, kan vera like tung og innfløkt, som han er lett og pointert når han skriv ut frå meir personleg synsstad. Med å ta stilling imot det nye syner Heuch kor fri og ubunden han står, medan ein sterk opinion alltid tyngjer ein veikare og mindre målmedviten natur. Heuch var glad i striden, mognast og mannast i den. Heuch er den første hos oss som stig fram mot den moderne vantrua. Det var den kristne vitneplikta som dreiv han. Han sette opp paradokset som truprinsipp. Den kristne sanninga samstavar ikkje med mannetanken, men kristendomen *er* sanninga, endå han er imot den ålmenne tankegangen. Frå dette standpunktet er steget berre stutt til å seia at kristendomen er sanninga *av di* han er imot straumen.

Den næraste årsaka til at Heuch no bles til samling om kyrkja og kyrkjetrua, var Jaabæk—Riddervoldsaka. Byrettsdomen i denne saka var uttrykk for at kristen tru og livssyn var utan rettsvern, i alle høve var vernet utrygt. Endeleg kom Jaabæks attval til tingmann og synte at hans negative tilhøve til kristendomen lite eller inkje hadde å seia for veljarane, småbønder og fiskarar på Sørlandet, der ein just hadde grunn til å venta samhug med kristendomen. Jaabæksaka hadde for alle kristne gjort det spørsmålet aktuelt om «det skal staa enhver Spotter frit for at udbrede sin Gift, eller om der her skal være en Grændse, der skal paabyde de frække Tunger Taushed og formaa at holde ialfald aabenbare Forargelser af denne Art borte.» Etter at Riddervold i byretten vart dømd som injurant, av di prova som skulde fella Jaabæk, ikkje var sterke nok, hadde dei kristne «kun lidet Haab om at der kunde paaregnes Beskyttelse og Hjælp i vor Lovgivning for den, der hos os vilde føre Kampen mod Løgn og Spot og søge at værge de Enfoldige mod deres Forførere. Det synes indlysende at vore Loves Fordring paa Bevis, førend de bragte en Religionens Angriber og det Helliges Spotter i Straf, maatte være saa overordentlig, at man maatte mistvivle om nogensinde at se dem anvendte.»[5] Byrettsdomen opna høve til å driva den mest omsynslause propaganda mot statens eigen religion. Høgsterettsdomen gjekk nok Jaabæk imot, men valet gav atter Jaabæk oppreisning. Dette finn Luthersk Kirketidende «uretfærdig indtil det utaalelige.»

I striden mot «vantrua» kom J. C. Heuch i dei næraste åra til å syna seg som fremste målsmannen for kristen tru og kriste livssyn. Han synte i denne striden eit personleg mot, ei open ferd og ein dialektisk dugleik som tvinga jamvel motparten til å syna han den største vyrdnad.

---

[5] Luth. Kirketid. 1876 I nr. 6.

2. HEUCH MOT BJØRNSON OG DAGBLADET

Sars' Dagbog-artiklar og Nyt norsk Tidsskrift var avgrensa til «den lærde republik». Verknaden måtte høyra ei noko fjern framtid til. Ein heilt annan breiddeverknad fekk dei nye tankane om dei fann rom i dagspressa og vart spreidde til mangmannen. Det var dette som gjekk føre seg frå den tid Bjørnson la seg frami striden og spreidde artiklar i den radikale pressa. Med Bjørnsons slagkraft og popularitet fekk fritenkinga i han ein mektig hjelpar. Attåt dette åtte han som ingen annan ungdoms kraft og pågangsmot.

Mellom 1852 og 1872 er kristendomen den sterke understraumen i all Bjørnsons dikting. Øyvinds strid for å verta audmjuk og knekkja den omsynslause ærehugen sin er heilt kristeleg motivert. Og kor djupt kristeleg er ikkje den bøna Bjørnson bed som 30-årig mann då han står på Kölnerbrücke: «Herre samle det gode i mig, saa jeg kan bestaa... gjør mit sind klart, saa det gjenspeiler verdens under, der er din storhed... Gjør mig stor i min længsel, men ydmyg i min gjerning og hold mig sammen om det ene fornødne.» Han prøvde seg jamvel i denne tida på salmedikting. Då Grundtvig var slokna i 1872, hadde han ikkje noko mindre mål for si framtid enn å verta hans ettermann og hovding for veneflokken i alle norrøne land. Ingen hadde heller med slik eld og oppgløding som Bjørnson mana kristenfolket til samling og strid mot vantrua:

> Til Kamp da, o Vænner!
> For Kristendomslivet
> i os og i vore og videre fræm!
>
> — — —
>
> Kamp for at Livet
> kan kristnes fra Grunden af:
> Kampen for Kristus i Aand og i Form
> blusser kun større i Vantroens Storm.

Men etter utanlandsferda i 1875 merkar ein omslaget. Vaken, varnæm, open og mottakeleg som han alltid var, vart han riven med av det nye. Samstundes voks det fram ein skepsis mot det gamle. Frå no er han trylt av den franske romanen og positivismen. Venene Brandes og Sars skuva elles godt på. Då han hadde sendt ut «Kongen» i 1877, skreiv Sars straks og spurde: Når kjem Presten?

Bjørnsons ankemål mot kristendomen er i førstninga ulike klagemåla frå Brandes og Sars. Hans ankemål gjeld ikkje det intellektuelle, men måten kristendomen ovrar seg på mellom dei kristne. Først seinare vender han seg mot kyrkjelæra. I 1875 klagar han i brev frå 15. juli til Dikka Møller over «forkætrelsen herhjæmme, over den mangel paa aand» som møter han, over den dvaske kristendomen, «som tror paa en almægtig Gud», men som likevel trur at det livet som vert levt i hans varetekt fører til undergang.[6] Som den livsnære og alltid dagsaktuelle mannen han er, har Bjørnson bruk for ein livs-

[6] Brytningsår II s. 97—98.

nær, immanent Gud, medan Gud i kyrkja kjendest transcendent og livsfjern. Enno i 1875 syrgjer han djupt og ærleg over den låke striden mellom grundtvigianarar og ortodokse. Denne striden ligg så tungt på han at han vender seg til den ortodokse parten og vil prøva å få striden ut or verda, og det med full kristeleg motivering: Han veit at der mellom venene hans i Oslo (truleg Sars og Lieblein) er dei som går i brodden «for Vantroens Indførelse blandt os og at de vil finde en umaadelig større Sædemark æn I tror».[7] Bjørnson meiner at kristne menneske har langt meir å vera samde enn usamde om.

Med artikkelen Lidt om vor nuværende Religionsforkyndelse og dens Forhold til Folkearbeidet[8] har Bjørnson glide over i den nye tankestraumen både i syn og argumentasjon. Han ankar over at klufta mellom opplysninga og daninga i samtida på eine sida og kyrkja på hi sida, no vert større dag for dag. Einast opplysning og daning kan føra til fridom. Men når forkynninga avviser «Folkeaanden i dens Udvikling af Folkeligheden, i dens Fædrelandskjærlighed, i dens Frihedsarbejde, i dens Folkesuverænitet, idet den lægger alt dette under Djævelen», når den viser darwinismen, positivismen og jamvel kunsten til same staden —, «hvem blir saa den Mægtigste her paa Jorden, Vorherre eller Djævelen? hvem faar de fleste Undersaatter eller det største Rige?» Forkynninga gjer Gud til «en liden Folk- og Land-løs, forjaget Stakkar.» Og no spør han ut frå heilt evolusjonistisk synsstad: «Er Gud ikke i Fremgangen?»

Han viser så til kor heilt annleis positivt den danske grundtvigianismen steller seg både til folkearbeidet og vitskapen. I Danmark har grundtvigianismen teke førarskapen i det politiske fridomsarbeidet, i kyrkja, i skulen, og har gjennom Rasmus Nielsen etablert eit positivt tilhøve til vitskapen. Sorg og ærleg harme over at forkynninga ikkje lenger er sterkaste åndsmakta i landet, slår ein imøte frå artikkelen. Sjølv meiner han enno at han står heilt positivt til kristendomen: «Ikke Ændring i et eneste Led! Vor Tro, som vi har den i vor Daabspagt, var, er og blir i al Tid den ene saliggjørende. Den evige Sandhed er evig.» Ja, så heilt viss er han enno på seg sjølv at han under stykket sitt skriv seg: En Kristen.

Våren 1876 gjekk det elles slag i slag med åtak frå fritenkjarsida. Just som den kristne ålmenta heldt på å missa pusten for skuld Bjørnsons artiklar i Opl. Avis, kom Dagbladet for 13. juni med artikkelen «Kristendom og Kultur». Artikkelen er truleg det første dagbladinnlegget som er skrive ut frå religionshistorisk-relativiserande synsstad. Kristendomen har vorte til i eit folk som både etter sin natur og sin givnad, sine historiske tradisjonar og sine politiske tilhøve hadde ein svært avgrensa synskrins. Dualismen har kristendomen frå sine orientalske føregangarar. Det kristne kravet om å gjeva opp seg sjølv og gjeva seg inn under ein høgare autoritet, knekkjer evna til fridom og kultur i manneånda. Framgangen for

---

[7] Brev til seminarlærar Saxe.
[8] Opl. Avis 1876 nr. 42, 44, 46.

kyrkja fall i alle land saman med den intellektuelle nedgangen. Høgmålet sitt nådde ho samstundes med at Europa sokk ned i det djupaste barbari.

Åtaka på kyrkja og kyrkjelæra vart no så mange og så skamdjerve, at kristenfolket stod andslopne. Det var slike skuldingar og rengingar av kristen tru og tanke, ja, jamvel av historiske fakta — som enno ingen hadde sett maken til. I seks artiklar[9] saumfer Heuch dei to åtaka under eitt. Det kunde tykkjast «saare ubillig», seier Heuch, så mykje meir som Bjørnson faldar hendene over si barnetru, å ta artikkelen hans som uttrykk for vantru. Når Heuch tek til motmæle, er det av di at artiklane gjev eit så sterkt uttrykk for det rettkomne i «den moderne Bevidsthed», som noko som alt — til og med kristendomen — skal bøya seg for. Han medgjev at artiklane ikkje er utan det som blendar, at dei er skrivne i ein mektig indignasjon og ikkje er utan sanning. Attåt dette er Bjørnsons sterke visse om si eiga kristentru vel skikka til å døyva all tvil om hans personlege stode til kristendomen.

Like vel er det ei kjensgjerning at Bjørnson no stemner kristendomen inn for domstolen åt samtida og vil få han dømd og avretta. Heuch har no studert vantrua nærare. Det er to slag vantru: Det eine slaget prøver å smelta kristendom saman med moderne antikristendom. Det andre slaget, som ser kor umogeleg dette er, prøver å rydja ut kristendomen, eller i det minste å jamna vegen for ei slik utrydjing med å hevda at kristendom og kultur er usemjande motsetningar. Kunde ein nå så langt at dei som gjer krav på kultur og daning, ikkje våga å vedkjenna seg kristendomen, av di dei då vilde verta stempla som dumme og udana, var mykje vunne og kristendomen bortvist til avkrokane. Denne siste stemmeleia ser heilt klårt sitt tilhøve til kristendomen. Den andre er så uklår at ho likar å kalla seg kristen. Ho meiner at den gamle kristendomen er for veik til å stå seg mot stormlaupet frå dei moderne ideane i det 19. hundreåret. Så vil dei stiva kristendomen opp med slike stytter som har vore dei sjølve til hjelp. Dei ser ikkje at å vilja yngja kristendomen opp att på denne måten er å forgifta han. Betre enn slik venskap er for kristendomen open fiendskap.

Heuch nektar ikkje at mange som etter sitt stand og si daning gjev tonen i dei store landa, står likesæle, ja, fiendslege til kristendomen. Difor meiner mange at når kristendomen ikkje kan vinna majoriteten for seg slik han er, må han prøva å retta seg etter dei ideane som er dei rådande i samtida.

Så går Heuch over til ein analyse av den politiske liberalismen som kan henda er noko av det mest tankekvasse han har levert i heile striden.

Ein hovudtendens i liberalismen er å løysa opp det gamle og nedervde. Liberalismen flytter autoriteten frå Gud og over til mangmannen. Det er som det ikkje var den ævelege, ubrigdelege Gud som

[9] Den moderne Vantro. Luth. Kirketid. 1876 II s. 23 f.

er opphavet til kristendomen, men som om kristendomen hadde gått ut frå eit veikt riksstyre, som må skunda seg å stella framlegg til brigde som smakar mangmannen, om han ikkje skal verta sturta. Så overfører han den liberale ideologien på Guds tilhøve til menneska. Fridomsheltane synest det er uverdig å bøya seg for nokon guddomleg autoritet. Likevel har dei ein autoritet: talmajesteten. Medan kristendomen krev å stella tida fram for Guds domstol, krev «den frie tankes menn» at Gud skal dømast av samtida. Oppgåva åt den liberale kristendomen er «at omgive Tidens Yndlingsidéer med et gudeligt Skin» (s. 25).

Så drøfter Heuch på skriftgrunnen kva krav ein kan stella til forkynninga. Krev ein at forkynninga skal ta opp i seg «Tidsaandens Dogmer om Mængdens Ret, Kulturens Verdenssalighed og Videnskabens Evne til at afgjøre, hvad der er Sandhed i Himmelen som paa Jorden», så får ein først prova at dette har høyrt med i den kristne læreutforminga frå først av. Er forkynninga på avvegar, får ein gjera som reformatorane: venda attende til kjeldene.

Han tek føre seg evolusjonslæra tilmåta på det kristne læreinnhaldet. Skulde evolusjonsteorien gjelda her, måtte både gudsomgrep og moral, både tru og liv vera noko anna no enn i Luthers tider. Og når ætta atter har vakse i 300, ja kan henda berre i 100 eller 50 år, må kristendomen atter vera ein annan. Å vilja halda fast ved kristendomen og samstundes krevja at han utan nærare prøving skal ta opp i seg det nye, endå om det er dei aller høgaste tidartankane, er svik mot kristendomen, om det i det heile ikkje berre er sjølvmotseiing og vantande klårleik i tanken.

Sidan vender han seg til den skamdjerve Dagbladartikkelen om Kristendom og Kultur.[10] Det er elles denne artikkelen som er nærmaste årsaka til at han stig fram for ålmenta, denne gongen. Artikkelen var nok merkt som innsend, men Heuch meiner at det bladet som tek opp «den utilhyllede Vantros Foster», utan å seia ifrå at det ikkje deler synsmåten åt innsendaren, gjer seg solidarisk med han. Innhaldet i seg sjølv er ikkje sers forvitneleg eller nytt. Det er alt slikt som ein kan lesa seg til i tyske blad og tidskrifter. Men artikkelen kallar likevel på åtgaum: Smussblada fråreknа er det første gongen i norsk presse at ein har sett eit så beinveges åtak på sjølve kristendomen.

I svaret viser Heuch at det som skaper den uforsonlege konflikten mellom kristendomen og liberalismen, er at liberalismen avgrensar frelseomgrepet til noko utvertes: politisk frigjering. Påstandet om at eit folk vinn evna til å veksa i det gode i og med at det vinn politisk fridom, må han protestera imot. Liberalismen overvurderar mennesket. Han går ut frå at mennesket har evne til det gode, berre alle hindringane for den frie viljen vert rudde or vegen. Like eins går liberalismen ut frå at mennesket eig evna til å kjenna sanninga, berre forstandet vert oppøvt. Det opplyste forstandet er i siste

[10] Dagbl. 1876 nr. 136.

instans domaren som avgjer kva som er lygn og kva som er sanning. Det som vitet ikkje kan gripa, er alt dømt. Liberalismen held seg for stor til å gjeva seg inn under ein autoritet som han ikkje sjølv har approbert. Den fridomen liberalismen vil, er ein ytre, den fridomen kristendomen vil, er ein indre. Når Gud og openberringa hans såleis vert innstemnd for domstolen åt menneskeforstandet, held Heuch det rimeleg at det går Gud ille. «Rasjonalismens og Panteismens Gudsbegreb er kun Tidsbevidsthedens egen Skygge.» Så spør han: Korleis skal den levande Gud kunna verta forstått og gjennomreflektert av det syndige, egoistiske mennesket, som er bunde til det timelege? Liberalismen kjenner ingen annan Gud enn mennesket sjølv, og han vil enda i materialisme og ateisme og gudløyse. Mot den sterke lovprisning av opplysninga steller Heuch *viljen*. Det er viljen til det gode det spørst om.

Kva verknad får liberalismen i folkelivet og samfundslivet? Jau, han vil løysa opp alt: jamstella kvinna med mannen i det ytre, løysa opp heimane, ta bort arveretten og eigedomsretten, og kvart menneske vil berre ta sikte på å leva for dagen. Tilhøvet mellom dei som byd og dei som lyder vil verta spolert og samfundet vil verta oppløyst i atom.

Ein kan nok gjera det innkastet, seier Heuch, at ingen har tenkt å draga slike konsekvensar. Til det svarar han: Dei er alt dregne av den sosiale kommunismen, som er det vonde samvitet åt den moderne liberalismen. Den sosiale kommunismen krev gjennomført i livet det som kristendomen sameinar: autoritet og fridom, samfundsorden er seg medviten å vera fødd til å ta arven etter liberalismen. Han hatar kristendomen, som han kjenner som si prinsipielle motsetning, men han ottast òg kristendomen, av di han veit at så lenge som kristendomen med si lære om Guds autoritet og evig liv, om samvitet og ansvaret åt den einskilde og så lenge som fridomen og likskapen enno rår i folket, vil han ikkje sigra. Når liberalismèn får skilt åt det som kristendomen sameinar: autoritet og fridom, somfundsorden og likskap, når den har gjort heile folkelivet utettervendt, så frelsa berre er å finna i ytre råder, då er folket moge for kommunismen, «da er den for Døren for at bære Liberalismens Lig ud» (s. 90). Så viser han til Pariskommunen, liberalismens ektefødde barn, som synte «at Ødelæggelse og Bæstialitet er dens modne Frugt» (s. 91).

Korleis vert så meiningar og synsmåtar til innan liberalismen? Jau, på den måten at den einskilde talentfulle mannen gjer inntrykk på mangmannen, mang ein gong just med å gjera bruk av dei låkaste, mest egoistiske driftene. Til dette sluttar så mangmannen seg som ein ufri, viljelaus jabror og ropar meiningane åt talaren ut som sine. Det suverène folket er så ofte inkje anna enn ei stor samling av nullar, som gjev dei einskilde folkeleiarane makt og verd med å slå lag, «ligesom Enerne altid tiltage i Værdi, jo flere Nuller de faa efter sig» (s. 62).

Så etterviser han den ansvarsløysa liberalismen fører med seg. Den som slår lag med mangmannen, er angerlaus; ansvaret hans

kverv og eimar bort som dropen i havet. Her kjem atter liberalismen i konflikt med kristendomen. For er det noko kristendomen tek lite omsyn til, så er det mengda. Å søkja sitt vern i å vera som hine, er noko kristendomen avdømer på det strengaste. Han lærer at mennesket sjølv skal svara for sine gjerningar.

Til slutt greier Heuch ut om skilnaden på vantrua no og tidlegare. Rasjonalismen braut nok med kristendomen, men umedvite. No er det ei medviten lausseiing frå kristendomen. «Netop dette, at Vantroen ikke længere er uklar med Hensyn til sit eget Væsen, eller søger at dølge sin antikristelige Natur, er Forskjellen mellem vor Tids og tidligere Tiders Vantro — — —» (s. 105). Den åndelege sjølvbergingsdrifta tvingar den moderne vantrua til å slå kristendomen ned. Kristendomen er det vonde samvitet. Så gjev han denne spådomen om kyrkjepolitikken åt liberalismen: Så lenge antikristendomen har von om at kyrkja må gå under, om ikkje staten held henne oppe, så lenge krev han ei fri kyrkje i ein fri stat. Men den som trur at liberalismen vil nytta fridomsprinsippet på kyrkja, kjenner lite til liberalismen i våre dagar. Så spår han at det ventar kyrkja ein storm, som kan henda vil stå på i fleire ættleder. Endeleg etterviser han at det som gjer vitskapen fårleg for kyrkja, er ikkje dei vitskaplege resultata, men det vantrune hatet til kristendomen som fyller så mange vitskapsmenn. Men dette hatet kjem ikkje av vitskapen, «men af den Tids Aand, hvis Børn de ere».

Så krast og uvyrde som Heuch har vel ingen skrive om liberalismen. Alle liberale såg frå no av på han som fremste målsmannen i landet for den svartaste reaksjonen. Men ingen har gjeve ein så inntrengjande analyse av den prinsipielle motsetnaden mellom kristendom og liberalisme. Både vener og motmenn tykte det gjekk reint for vidt med politikken i eit kriste blad som Luthersk Kirketidende, og Heuch hadde sjølv heilt klårt for seg kor lagnadstungt det var for kyrkja å blanda seg i politiske saker og oppgjer, eit prov på kor herleg inkonsekvent han kunde vera. Med dette svaret innleidde Heuch den 18-årige striden mellom kristen tru og fritenking. I førstninga var stridsemna aldri klårt definerte. Snart var det «Modernismen», snart «Liberalismen», snart «Fritænkeriet», snart «den moderne Vantro». Snart svinga striden om religiøs—teologiske, snart om folkeleg—politiske emne. Men brytingane skapte den bløminga i norsk åndsliv som gjerne vert kalla «Gullalderen», og gav åndslivet eit innhald og ei spaning som norsk åndsliv ikkje har nått anten før eller seinare.

3. HEUCH OG LUTHERSK UGESKRIFT MOT NYT NORSK TIDSSKRIFT

Nyt norsk Tidsskrift dulde ikkje at det sikta på ei politisk og religiøs omstøyping. Bladet tok opp artiklar som v. Hartmanns «Kristendommens Selvopløsning» og gav dessutan ei utgreiing om Comtes nye religion. Sidan Heuch frå 1877 hadde sitt eige blad,

kunde han fritt og ubunde ta til motmæle. I fem artiklar[11] lyfter han kyrkjefana mot den nedbryting av kristen tru og lære som Nyt norsk Tidsskrift går i brodden for. I desse artiklane ser han det som si aller første oppgåve å løysa opp og stella i det rette ljos det som vantrua har filtra saman, djupa ut den prinsipielle motsetnaden mellom tru og vantru, og så draga konsekvensane av vantrua.

Med artiklane «Den moderne Vantro» i Luthersk Kirketidende 1876 tok ei kvass, men rik stridstid til i Den norske kyrkja, og for Heuch sjølv ei stridstid som varde resten av hans levedagar, til han døydde i 1904. Fritenkinga i det religiøse vart boren fram av dei menn som gjekk i brodden for den politiske liberalismen — «radikalismen». Det intime samlaget mellom politisk liberalisme og religiøs vantru, gav på den eine sida vantrua eit rettkome politisk grunnlag, men gjorde samstundes den striden kyrkja førde mot vantrua, til eit slag mot alt folkeleg framstegsarbeid. Målsmennene for vantrua hevda støtt at kristendom og politikk inkje hadde med kvarandre å gjera. Målsmennene for ortodoks kristendom hevda på hi sida at religiøs vantru og politisk liberalisme var eitt og det same. Såleis kom målsmennene for ortodoks kristendom berre altfor ofte til å bera våpen på den politiske liberalismen. På denne måten vart ortodoks kristendom stempla som reaksjon. Å skilja mellom fritenking og liberalisme var òg sjølvsagt vandt, når begge rørslene var inkarnerte i dei same mennene og det same partiet. Til orsaking for ortodoks kristendom må òg tena det, at striden arta seg på same måten i andre og større land. Endeleg kunde dei ortodokse ikkje tenkja seg ein liberal *kristen* statsskipnad. Dette kjem sterkt fram i Heuchs artikkelserie: I hvilket Forhold har Europas Kristne... stillet sig til de moderne Samfundsideer?[12] Medan den yngre flokken av ortodokse teologar i striden vann fram til å godkjenna det statsliberale prinsippet, vann Heuch sjølv aldri lenger enn til å godkjenna den liberale statsskikken som noko «forhaandenværende», endå han seinare måtte avgrensa omgrepet «vantru» til dei som nektar Kristi guddom. På hi sida lærde fritenkjarane at det ikkje var så lett å stryka ut verknaden i samfunds- og folkelivet som dei hadde tenkt.

På skuldinga for at motstandarane åt vantrua rører saman likt og ulikt og kallar det vantru, svarar Heuch (277): Alle desse åndsstraumane som Sars har nemnt, er ikkje anna enn ulike slag «av Vantroens mangeartede Sygdom». Vil ein ikkje samla dei under «Vantroens Slægtsbegreb», vilde ein gjera same mistaket som ein lækjar som ikkje vilde setja arsenikk- og alkoholforgiftning under omgrepet forgiftning av di arsenikkforgiftning har andre symptom enn alkoholforgiftning.

Så tek han til å analysera standpunktet åt N. n. Tidsskrift, som avviser openberringa samstundes som bladet pretenderar religiøsitet.[13]

---

[11] Vantroens Angreb. Luth. Ugeskrift 1877.
[12] Luth. Ugeskrift 1886 II s. 123 f.
[13] Luth. Ugeskrift 1887 s. 276 f.

«Vil ikke Kirken selv lidt efter lidt glide ned ad Fornegtelsens Skraaplan, maa den uvægerlig og urokkelig holde fast ved, at over alt, hvor Guds Aabenbaring i Kristo fornegtes..., der er Vantro og slet intet Andet end Vantro...» (s. 278). Når N. n. Tidsskrift avviser kristendomen, men samstundes talar om ein «ideal Livsanskuelse», kva er så dette for eit livssyn? Er det den stoiske resignasjonen, den epikureiske livsnjotinga, Stuart Mills utilitarisme, Comtes altruisme, eller eit anna av dei mange livssyn som presenterar seg? Korleis vil menneska i praksis stella seg til tesen: Tro er en ved eget Arbeide erhvervet Livsanskuelse? Menneska møter ikkje lenger noko objektivt bod. Alt er overlate til den truskap subjektet sjølv eig mot den idéen det hyller. Vil så subjektet nytta refleksjonskunsten så det kan koma vekk frå kravet, krev ingen det til rekneskap. Kan det berre overtyda seg sjølv om at det har levt i samsvar med si eiga ideelle livsåskoding, der det ope har krenkt henne, er det inga makt utanfor mennesket, som kan riva sund sjølvdåringa og tvinga det til å sjå si synd, så som Guds ord gjer.

Kva vilde det føra til om mennesket med «eige arbeid» skulde vinna fram til eit ideelt livssyn? Det vilde føra til eit dana åndsaristokrati og ein udana plebs. Mangmannen vil aldri «ved eget Aandsarbeide» vera i stand til å forma «sin egen Livsanskuelse». Mangmannen vil aldri koma i kontakt med idéen utan at idéen vert gjeven honom i konkret form, så som Gud gjer i sitt ord. Verknaden vilde verta at religionen vart ein føremon for berre åndsmogne menneske. Så spør han om ikkje fritenkjarane kan sjå det store i dette at medan framsteg og daning elles set *skil* mellom menneska, er skilnaden når det gjeld det høgaste heilt avteken.

Kva vil det føra til å ta bort openberringa? Berre til at menneska vil laga seg ein Gud i sitt eige bilete, «at dets Gud intet andet er, end dets egen Aand i forstørret Maalestok». Ei gudsførestelling utan openberring måtte elles skifta med skiftande tider. Og no, når tida har så store tankar om seg sjølv og sin eigen stordom, er så fylt av nye idear som skal skapa ny herlegdom, men ei kraft og ein herlegdom som meir «er til i Frasernes og Løfternes Sprog end i klar Tanketilegnelse og i udvortes Virkelighed», no veit ikkje tida rett korleis ho vil at hennar Gud skal vera; berre det kjenner ho at ho vil ha ein Gud som er større, meir ideell og mektigare enn den nokor onnor tid har hatt. Korleis skulde den Gud verta som gransking og refleksjon komponerte? Måtte han ikkje verta samansett av stumpar og stykke, mest som når ein anatom set saman ein mannelekam av «papmache»; han kan ta lekamen i stykke att og syna auditoriet korleis han er skapt. Ein slik Gud kan ingen som er i naud tru på. Den einaste form for religiøsitet det kan vera tale om hos den som ikkje godkjenner openberringa, er sjølvdyrkinga (s. 304). Så er Heuch så djerv å minna om det dr. Brandes fortel om den engelske diktaren Shelley: at han, då han forlet kona si og gifte seg med ei onnor kvinne, var i fullt samsvar med si eiga morallov og med det rettferdiggjord. Religiøsitet utan den levande Gud, så som fritenkinga vil, kan berre føra til eitt:

at mennesket vert sin eigen Gud, sin eigen lovgjevar, sin eigen domar. Men den som då gjev lovene, er lysta, utpynta med ein meir eller mindre lasen klednad av lappane åt «en ideal Livsanskuelse» (s. 306—07).

Med omsyn til retten til fri gransking, så godkjenner Heuch den, men viser til at granskinga er bunden av vedkjenningstruskapen. Når N. n. T. seier at den kristne som søkjer etter autoritet, må venda seg til den katolske kyrkja, viser Heuch til korleis den protestantiske kyrkja har løyst både fridoms- og autoritetsproblemet: «Som Tro paa *Guds Ord* er Kristendommen en ubetinget Underkastelse under Ordets *Authoritet;* som *Tro* paa dette Ord er den en *frivillig* Underkastelse under denne Authoritet» (s. 322).

Artiklane til Heuch vart ein milestolpe i norsk kyrkjesoge, og vekte åtgaum langt utanom landegrensene. I tankekvass analyse tek han føre seg påstanda åt fritenkjarane og etterviser logisk kva verknad dei vil og må få. Han dreg her fram mangt som fritenkjarane sjølve venteleg lite hadde ansa på, men som utviklinga seinare har gjeve Heuch rett i. Artiklane bar bod om ei innleving både i kristendomen og i fritenkinga som er reint uvanleg. Den eld og glod han legg i forsvaret, er eit vitnemål om kor levande kristendomen er i han. Intelligens og religiøs varme går saman med djupt skjøn på sjelelivet.

Heuch og Luthersk Ugeskrift vart sjølvsagt skulda for den aller verste intoleranse. I ein artikkelserie Troens Intolerance og Tolerance[14] etterviser Heuch at vantrua er minst like intolerant som trua. Til kravet frå vitskapen om å stella seg objektivt og lidenskapslaust også til kristendomen svarar han: «Hvis Kristendommen intet Andet var end en Historien tilhørende, Videnskaben hjemfalden Kjendsgjerning, eller, dersom enhver Vantro intet andet var end et videnskabeligt Abstraktum, en slags Granskermaskine uden Hjerte, Samvittighed, Sympati og Antipati, uden Modtagelighed for noget Indtryk fra det Liv, der pulserer i hans nærmeste Nærhed, da vilde et sligt Forhold være tenkelig.»[15] Så viser han til dei «giftige, raa og hensynsløse Udfald» mot kristendomen i kulturkampen i det prøyssiske deputerkammeret, og tonen i tyske og franske blad når dei drøfter trudomsspørsmål. All von om at striden mellom vantru og tru skal kunna førast like roleg som ein vitskapleg diskusjon, er difor fåfengd. Trua er tolerant på den måten at ho ikkje nyttar andre våpen enn dei som er skikka til å kunna råka vantrua i hennar rot: den vonde viljen.

I artiklane Prædiken og Politik[16] åtvarar han mot den tendensen som no grip meir og meir om seg: å ta fram politiske spørsmål på preikestolen. Konservatisme, liberalisme, absolutisme og radikalisme vil like fåfengt søkja sin sanksjon i skrifta. Når presten stig fram på preikestolen, står han ikkje der i sitt eige namn, men med ord frå Gud. Kyrkjelyden har aldri visst anna enn at det som kjem frå preikestolen, skal mottakast som Guds ord. Han åtvarar òg mot å blanda saman kristendom og politikk. Han viser her til Preussen. For

[14] I-V. Luth. Ugeskrift 1878—79.
[15] Luth. Ugeskrift 1878 I.
[16] Luth. Ugeskrift 1879 I.

mange prestar stod det absolutte kongedømet i den grad som den einaste styreform som Gud vilde ha, at dei såg all liberalisme som oppreist mot Gud. Dette kasta ein kristeleg glans over den konservative politikken, medan dei liberale vart stempla som fråfalne. Såleis har den meininga spreitt seg i Tyskland at kristendomen berre er eit middel i hendene på makthavarane til å halda folket i age. Dette har ikkje minst jamna vegen for vantrua hos mangmannen.

4. HEUCH ANALYSERAR «BRANDESIANISMEN»

«Den frie tankes menn» rådde over tri professorat ved Universitetet, Nyt norsk Tidsskrift, Verdens Gang, Dagbladet etc. Like vel må dei ha kjent oppgåva for svær for seg åleine. Då dei såg seg om etter hjelp utanfrå, fall auga på dr. Georg Brandes som den næraste. Han var kjend som faneberaren for den nye tida, ja, som eldpåsetjaren i det danske åndssamfund. Just på denne tid heldt han på vinna europeisk namn. M. o. t. si livsoppgåve viste han til det at Goethe let Wilhelm Meister verta lækjar, og la til: «Det er intet andet for, vi maa alle bli Læger». Både tida og menneska er sjuke. Religiøse, nasjonale og politiske innsnøringar har skapt svullar, som må tømast ut. Dette arbeidet er det dr. Brandes og hans åndsfrendar no skal gjera.

Brandes er fødd i København i 1842, og er av dansk jødeætt. Han studerte jus, estetikk og filosofi, vart oppglødd for og riven med av den fransk-engelske positivismen, og kom i personleg tilhøve til nokre av dei fremste åndsmennene åt denne stemneleia både i Frankrike og England. Det vart til det at han sa seg laus, ikkje berre frå si fedratru, men frå all religion. Men det urgamle hatet mot kristendomen som rasen hans åtte, heldt han fast ved. I Hovedstrømninger (1872—82) vender han seg mot reaksjonen i Europa. Hans litterære program er striden mot det nordisk nasjonale, mot kristendomen, teologien, det lovbundne ekteskapet og alle slag konveniens, dinest mot politisk og nasjonal ufridom. Han levde for «å sette problemer under debatt».

Som *doktor* ved eit norrønt universitet hadde han etter vanleg akademisk skikk krav på auditorium ved dei andre universiteta i Norderlanda. Etter tilskunding av norske vener og meiningsfrendar[17] vart det i 1876 søkt om løyve for han til å halda førelesingar ved Universitetet i Oslo. Men Det akademiske kollegium gav avslag. Med hjelp frå vener vart så Studentersamfundet opna for han. Der heldt han sine fire vidgjetne foredrag om Søren Kierkegaard.

Ut frå polemisk synsstad var emnet framifrå valt. Meir enn nokon annan i samtida hadde den djupt kristelege og åndfulle tenkjaren lært den norrøne ålmenta å skjøna at kristendom var krossen. Mellom dei norske kyrkjeleiarane var Kierkegaard meir høgvyrd enn nokon annan, og hadde sett djupe merke både på Gisle Johnson, J. C. Heuch, Christopher Bruun og mange fleire.

---

[17] Ernst Sars og Olav Skavlan.

I staden for å finna opphavet til Kierkegaards kristenliv i den skapande verksemda åt Den Heilage Ande, etterviser Brandes korleis indre og ytre tilhøve, klima, vanar i heimen og sjukdom hadde vore avgjerande faktorar for trudomslivet hans. Men hovudårsaka var at han var fødd av gamle foreldre med «tungt Blod». Kierkegaards djupe respekt for Guds ord fann Brandes årsaka til i den vyrdnad faren hadde for kongen, som i si tid hadde gjeve han hosekræmarprivilegium. Framom alt streka Brandes under at Kierkegaards religiøse grunnprinsipp — subjektiviteten er sanninga — heilt naudsynt måtte føra til brot med autoritetsprinsippet. Kierkegaards største innsats er, etter Brandes, striden hans mot statskyrkja — mot autoritet og tradisjon.

Tilstrøyminga til foredraga var stor; det kom folk frå alle stand. Brandes vart helsa med reine ovasjonar når han steig inn. Det var ei klapping som minte om klakkørane ved franske teater. «Den frie tankes» mann vart hyllt av det unge Noreg, som samstundes nytta høvet til ein kraftig protest mot det trongsynte akademiske kollegium.

Etter at Brandes var ferdig med emnet sitt, sa han ope frå at han var fritenkjar. Kristendomen var berre mørker og ovtru. Religiøse menneske hadde no berre valet mellom å kasta seg ut i avgrunnen åt Den katolske kyrkja eller å ta imot ljoset: den frie tenkinga, den frie granskinga, den frie kjærleiken. Fagninga vilde ingen ende ta.

På festen etterpå, som var tilskipa av Sars, Lieblein og Skavlan, enda Brandes talen sin med ei kraftig oppmoding til ungdomen om å reisa striden for åndeleg frigjering. Berre ein slik åndsmognande strid vilde skilja kyrkja frå staten.

Truleg for aller første gong hadde eit norsk publikum fått ein kjend kristen personlegdom tolka ut frå reint naturgjevne føresetnader. Både innbjodinga og tolkinga var for kristne menneske eit vitnemål om den store djervskapen fritenkinga no var nådd fram til. Presseordskiftet etterpå førde drøftingane om «tro» og «viden» utover til mangmannen. For dei mange norske kristne kjendest foredraga eggjande og utbjodande. At ein fråfallen jøde prøvde å bortforklåra den kristne livsgrunnen Kierkegaard stod på, var det frekkaste nokon enno hadde opplevt. Den radikale pressa lyfte Brandes og foredraget hans opp i skyene, så Morgenbladet i harme skreiv at Verdens Gang «er et literært Logishus, der staar de umodneste og mest uefterrettelige Penne aabent».[18]

Dei kristne kunde ikkje teia utan å svika Herren sin. Og atter fall det på Heuch å ta hansken opp.

I artikkelen I Anledning Dr. Brandes's Optræden i Kristiania[19] saumfer Heuch føremålet, taktikken og stilkunsten til Brandes, og drøfter kva verknad ein må venta seg av verksemda hans.

Brandes er ikkje komen til Noreg i namnet åt sin eigen religion. For han har ingen. Nei, reformjøden er komen som ein oppglødd

---

[18] Morgenbl. 1877 nr. 91 A.
[19] Luth. Ugeskrift 1877 I.

apostel for den humanismen som løyser opp og vil avløysa all religion. I alle sine utgreiingar om politikk og kunst, vitskap og litteratur, dreg han fram og strekar under den uoverkomelege motsetnaden mellom kristne og antikristne idear. Vil ein forstå Brandes rett, må ein ikkje sjå han i ljoset frå dei ideane han set fram, men i ljoset frå den rasen han høyrer til. Hatet til Kristus og kristendomen har sameint jødane heilt frå første langfredagen.

Det er ei mest forsliten sanning, seier Heuch, at det antikristelege straumdraget i tida er av jødisk opphav, finn si næring i jødiske kjelder og har sine mest energiske målsmenn mellom jødar. Hatet frå jødane er usløkkjande, av di dei gjev kristendomen skulda for at dei så lenge har vore ein paria mellom folka. Dei er religiøse som inkje anna folk. Dei dyrkar då og sin religiøsitet og sitt hat mot andre religionar med ein intensitet som er ukjend hos andre. Jøden står som jøde utanfor den ariske rasen og kjenner seg som «det sorte får» i hopen, meir heimlaus enn nokon annan. Først når det har lukkast den moderne jøden å rydja ut kristendomen, kan han anda fritt. Då er isolasjonen broten: han kjenner seg jamgod med andre menneske.

Når talen er om Brandes, er det elles ikkje dei estetiske og litterære problema som er det eigenlege. Både estetikk og litteratursoge er i hendene hans leduge og skarpe våpen som han fører mot heile den samfundsorden som kviler på kristen grunn (s. 41).

Men open polemikk mot kristendomen driv han ikkje. Nei, han nemner ikkje eingong kristendomen med namn. Han overlet til lesarane og lydarane sjølve å gjera sine slutningar. Just denne fine taktikken gjer Brandes så fårleg og dårande for alle «ubefestede». Under hans kateter får publikum vantrua inn utan å skjøna det sjølv.

Skriftene åt Brandes viser elles at religionen for han slett ikkje er noko tilhøve til Gud. Heuch viser til den definisjonen av religiøs og irreligiøs som dr. Brandes gjev i «Den romantiske Skole i Tyskland» (s. 295). Som meiningane no er, er dei som er oppglødde for «Tidsaanden» irreligiøse, medan dei som er fylte av «en forbigangen, en afdød Tids Aand eller Tro» både synest vera og vert kalla religiøse. Det motsette er tvert om sanninga, seier Brandes. Religion, sann religion «vil sige Begeistring for den levende nærværende Aand og Ide...». Av dette, seier Heuch må ein draga den konklusjonen at ensyklopedistane: Voltaire, baron Holbach osb. — etter Brandes må vera truande menn, medan menn som Claudius, Lavater og biskop Balle, som er «opfyldte af en forbigangen, en afdød Tids Aand og Tro», er irreligiøse.

Etter at han såleis har analysert det heidne livssynet åt Brandes, etterviser Heuch kor løynd stridsmåten hans er. Han prøver å vekkja det inntrykket at soga sjølv provar kor avleggs kristendomen er, at han er ein attergangar. Men dette løyner han under politiske og estetiske tankeføringar. Ein rein meister er han til å nytta ut fåkunna hos lydarane sine, så han får deim til å tru at motparten står mykje ringare enn han gjer (s. 58).

Like virtuosaktig som Brandes endevender omgrep som religiøs og irreligiøs, like virtuosaktig er *stilen* hans. Når Heuch skal finna den rette karakteristikken for denne på samme tid «fyrværkeriagtig— glimrende og dog saa roligt henglidende, denne saa frække, og dog al Raahed udelukkende» stilen, då er han reint i beit (s. 79). Som døme på denne stilen hermer han skildringa av den gotiske kyrkjearkitekturen etter Emigrantlitteratur s. 245—46: «... Da... Menneskeheden var sunket saa dybt, som det var muligt i Middelalderens rædselsfulde Kloak, da hævede den *gothiske* Kunst sig.» Merkeleg nok gløymer Heuch å etterlysa utviklingstanken her! I denne arkitekturen, seier Brandes, møter auga den lidande Kristus, «der *vrider* sig paa sit Kors, og ... alle de flaaede, sønderrevne, ristede Martyrer. Disse Billeder møder ham i Kirken. De passer ikke i Solens fulde, glade Lys; derfor er hele Kirkens Indre barrikaderet mod Solstraalerne og som Livet selv fuldt af Mørke og Skygger. Lyset falder kun ind gjennem de smaa røde og grønne Ruder som *Draaber* af Blod og som Pletter af Edder. — — Kirkens Korsform er allerede symbolsk; man vanker om i det hule Marterredskab».[20] Ein høyrer tale berre om fridom, framsteg, oppgløding, venleiksliv, sterk kjærleik på den eine sida, og trældom, reaksjon og åndløyse på hi sida, — inga spotting av Kristus, inga redusering av kristendomen til noko absurd. Heuch kjenner andre målsmenn for vantrua som er både djupare og grundigare, men ingen så velskikka som Brandes til å vera målsmann for vantrua mellom gjennomsnitts menneske.

Brandes gav vantrua og den hatige agitasjonen sin skin av vitskap, ja, han let det sjå ut som all vitskap motprova kristendomen. Det var ikkje berre Heuch som såg det innhole i dette. Jamvel den unge Garborg var merksam på fenomenet. Vantrua, seier Garborg, «er en Livsretning, en Personlighedstendens i Tiden». Ho har nok makt over mange vitskapsmenn, men vert ikkje vitskap for det.

Det er klårt at Heuch ser Brandes berre gjennom teologiske briller, som advokaten for heidendomen. Den skjønnlitterære sida, litteraturkunnskapen Brandes gav, har han inkje syn for. For Heuch går den irreligiøse agitatoren for vantrua heilt i eitt med den oppglødde estetikaren. Heile sit syn på Brandes samlar Heuch i denne ironiske satsen: «Brandes er den nye Tids Messias som bringer de sønderknuste Hjerter Helbredelse og de fangne Frihed. Her er jo en Selvfornegtelse og en Kjærlighed større end den Kristendommen kjender.» I sitt forsvar mot den sleipe, kunnskapsrike, veltrena Brandes synte Heuch seg som positivismens djervaste motstandar i Norderlanda, alltid open, alltid ottelaus, ein meister i dialektikken og slagferdig i debatten.

Heuchs modige og opne oppgjer med brandesianismen, vekte åtgaum langt utanfor landegrensene. Artiklane hans kom i serprent i København: Dr. Georg Brandes's Polemik mod Kristendommen. I 1879 kom artiklane jamvel på tysk: Reformjüdische Polemik gegen das Christenthum im Gewande moderner Aesthetik. Kritisch beleuchtet».

[20] Luth. Ugeskrift 1877 I s. 73.

Kor mykje Heuchs skarpe analyse av Brandes har verka med til at han ikkje fekk det ledige professoratet ved Københavns universitet i 1877, veit ein ikkje. Visst er det at Brandes alt same året drog seg ut or striden og for ei tid busette seg i Berlin. Rett nok vitja han atter Noreg i 1880 og heldt foredrag både i Oslo og i Bergen. Denne gongen fekk han festsalen på Universitetet. Men emnet, Den franske poesien i 1830—48, syner at han sjølv har funne det naudsynt å velja noko meir nøytralt å tala om.

Heuchs artiklar syner mykje av Kierkegaards oppgløding for paradokset og av hans dialektiske gløggskap. Like vel er Heuchs sjølvstende heilt uavviseleg. Han har sjølv tenkt problema igjennom og søkt hjelp og rettleiing i framand litteratur. Artiklane gav straks Heuch rom mellom dei fremste målsmenn for kristendomen i Norderlanda. Artiklane vart omtala og refererte. «Helt visst har icke någonsin i de nordiska länderna utgifvits någon teologisk eller kyrklig tidskrift, som i det stora hela stått framom den af Heuch och Bugge under flera år redigerade. Endast mycket få ha kunnet i ett eller annat afseende med den jämföras. Många med mig kunna aldri förgäta åtskilliga bland dem och ännu mindre kunna vi särskilja och redogöra för det inflytande, de haft på oss. När läste vi några tidskriftuppsatser, som utmärkte sig för större tankeklarhet, för käckare mod att i striden ställa sig midt i breschen, för mera slående bevisning?»[21]

---

[21] Biskop Billing i Vårt Land 24. febr. 1904. Etter Luth. Kirketid. 1904 I s. 197.

III. FRITENKINGA I PRESSE OG BOKHEIM

1. PRESSA OG VANTRUA

Då Det akademiske kollegium i 1876 hadde vist dr. Georg Brandes vintervegen, kløyvde denne avgjerda den norske pressa i to stridande fylkingar. Dei konservative med Fædrelandet i brodden gav kollegiet rett. På hi sida stod Dagbladet, Verdens Gang, Fedraheimen, Nyt norsk Tidsskrift med Sars og Lieblein og i nokon mon Opl. Avis. Ole Thommesen arbeidde nett då Verdens Gang fram til eit storblad. Han var flogvitet, stilkunstnaren, kunstelskaren, livskunstnaren. Men han svinga brått, hadde mange meiningar om mange ting, var nådelaus skarp i sin kritikk, jamt sterkt personleg, ei romsam ånd, mykje av ein diktar. Thommesen var tilsett i Verdens Gang alt i 1875. — Berner i Dagbladet nådde nok ikkje så høgt. Men han var ein klok mann, som vart høyrd i dagsens ordskifte. Striden gav den radikale pressa eit uventa og sterkt oppsving. Til sorg og harme for dei kristne freista alle desse presseorgana løynt eller ope å sleppa fritenkinga til. Frå 1879 gjorde jamvel Dagbladet dr. Brandes til eit slag medarbeidar og gav han ein talarstol i Noreg som rakk lenger enn universitetskateteret. I Dagbladet hadde Brandes til oppgåve å melda ny radikal utanlandsk litteratur. I 1879 melder han såleis Hellenbachs bok: Die Vorurtheile der Menschheit.[1] Boka er heilt igjennom merkt av krass materialisme. All samfundsskipnad på kriste grunnlag er tåpeleg og skadeleg. I staden for ekteskap krev Hellenbach fri kjærleik. Den ulækjelege vil han gjeva rett til «af Samfundet at forlange en smertefri Død». Folkeauken vil han regulera såleis at ein tryggjer seg mot for stor tilvokster. Overskotet kunde samfundet skilja seg med, t. d. med å nytta «cyankalium, kloroform, kulde eller hvilkensomhelst gas». Brandes er oppglødd for det «fordomstrodsende» ved dette verket og vil ha det omsett til dansk så det kan verta ålment kjent i alle norrøne land. Truleg er det første gongen eit så kynisk livssyn er kome på prent i norsk presse. Då den unge presten Færden ikkje kunde teia,[2] stelte Verdens Gang seg straks svært sutfullt av di «Yttringsfrihedens hellige Salt» på ein så vyrdlaus måte vart krenkt.

---

[1] Dagbl. 1879 nr. 235.
[2] Til at faa Forstand av. Morgenbl. 1879 nr. 283 A og 285 A.

Då Fædrelandet åtvara mot å tinga Dagbladet, av di det var eit vantrue blad, nekta ikkje Dagbladet si vantru; like vel tykte det at åtvaringa var forfylging.[3] Med vanleg logisk dugleik skreiv Garborg i Fedraheimen om «Censur», og om prestar som set lemmar for vindaugo og spjeld for skorsteinspipa. Dei som seier at sensuren trengst for kristendomen skuld, seier med det same at kristendomen er åndsufridom, og «låkare forsvar kan ikkje fåast». Radikale blad kravde no beintfram monopol på å spreia fritekinga. Med denne artikkelen vann Garborg det at dei kristne stempla han som fritenkjar.[4]

Medan Dagbladet ope og ærleg gled seg over artiklar og innlegg som grev grunnen undan kristen tru og kriste livssyn, er Verdens Gang (frå 1878) — meir varsamt. Kan henda heng dette noko saman med at Dagbladet har sin største lesekrins mellom intelligensen, serleg i Oslo. V. G. derimot, som var arvtakar etter Jaabæks Folketidende og hadde største lesekrinsen ute i bygdene, måtte fara meir varsamt, av di denne lesekrinsen ikkje var så åndeleg frigjord som intelligensen. Thommesen freista i desse åra å lata det sjå ut som V. G. stod på den kristne sida og stridde for ein høgare og reinare kristendom. Bladet prøvde jamvel det knepet å registrera dei kyrkjelege tidskriftene som «Vantroens Forbundsfæller». Til desse «forbundsfæller» høyrde, etter V. G., jamvel den traktat- og oppbyggingslitteraturen «hvormed Kolportører og Dagdrivere fylder Land og Strand». Kor om å gjera er det ikkje for dette bladet at dei kristne fører striden på kristsømeleg måte!

«Er det saaledes «Kristendommen» skal forsvares, [såleis som i den kyrkjelege tidskriftpressa, serleg i Fædrelandet]? Da begynder her virkelig at blive Fare. Uden selv at ville eller vide det, bliver Vantroens Bekjæmpere dens sikreste Forbundsfæller. Det gjælder for de troende Kristne at være paa sin Post. Det er deres Pligt at vaage over, at Kampen for Kristentroen føres saaledes, at den ikke bliver de Kjæmpende til Beskjæmmelse, fremforalt at Sandheden ikke groveligen krænkes.»[5] For V. G. var det gjennom mange år eit hovudføremål å nekta samanhengen mellom kristendom og politikk. «Kristendom og Politik har intet med hinanden at gjøre.» Samstundes med at bladet slik preikar moral for dei kristne, held det seg ikkje sjølv for godt til å gjeva rom for alle slag tarvelege og tvilsame åtak på prestane, som t.d. Breve til Farbror paa Landsbygden.[6] Prestegarden har mange stader mest vorte «en Alfarvei for Bagtalere og Sladderhanke». Pietismen har gjort sjølve kyrkjelyden til «en Hadets og Bagtalelsens Skole», der alle hjarto — etter Kingos herlege ord — «knytted er udi et Sind og et Begjær». Eldste sonen til Johan Sverdrup, Jacob Liv Borch Sverdrup, som ei tid i 1876 hadde styrt V. G., vart skulda for å ha skrive brevet. Men J. B. Halvorsen seier at brevskrivaren er stortingsmann Jørgen Olafsen frå Romsdal.

---

[3] Dagbl. 1879 nr. 93.
[4] Åmund Amlid, Svein og meister s. 134.
[5] Verdens Gang 1879 nr. 126.
[6] Av Truls. V. G. 1877 nr. 32.

For den store ålmenta var kriste grunnsyn uløyseleg samanknytt med eit konservativt syn på samfundet. Dette baud dei radikale eit takksamt åtakspunkt. Dei kunde utan større vanske slå forsvaret for kristen tru saman med høgrepolitikken og alt som var ufolkeleg.

Når Fædrelandet skreiv imot Dagbladet, kunde V. G. straks stempla desse motlegga «som skammelige Angreb paa Borgernes helligste Ret, Sandhedens bedste Vogter, Frihedens Grundvold: Yttringsfriheden»,[7] ja, den eigenlege oppgåva åt Fædrelandet er ikkje å verja dei kristne sanningane, men å koma den frilynde politikken til livs.[8] Når dei kristne etterviser den sterkt ukyrkjelege tendensen hos Dagbladet, kan V. G. frekt svara med framlegg om bladstyrar Berner til tingmann. «For sin Stilling til de kirkelige Spørgsmaal har Hr. Berner gjort fuld Rede, og paa en Maade, der maa tilfredsstille enhver Kristen.»[9] For Verdens Gang er Fædrelandet det einaste bladet som går med bibelord i panna, og V. G. vil tru at mellom eit så politisk skuldlaust og så religiøst folk som vårt, vil dette føra langt. Ein strid med Fædrelandet er ikkje mindre enn ein strid med sjølve kristendomen. Harmen mot Fædrelandet har vel ikkje minst sin grunn i det at bladet hadde rådt lesarane til å seia opp V. G., om det sistnemnde bladet ikkje stogga agitasjonen mot kristendomen. For denne striden mot dei kyrkjelege blada let så V. G. seg skamrosa av innsendarar. «Gaar denne prædikestolspolitik til ulykke for menighed og kristendom fremad,» då skal V. G. av dei som skriv soga om samtida «mindes med tak og agtelse for, hvad det forsøgte at gjøre mod dette misbrug».[10]

Meldingar om kristendomsfiendslege skrifter var kjære godbetar i denne pressa. I V. G. finn ein såleis eit langt utdrag av Ingersolls Ghosts and other Lectures.[11] Prestar er etter Ingersoll reint uskikka til å drøfta ei sak på ein fri og human måte. Dei held seg ikkje til fornuftgrunnar og kjensgjerningar, men til bibelord. « — — — hvad man har kaldt Religion, [er] kun en Organisation af det dyriske (the wild Beast) hos Mennesket. Anmasselsens duftende Blomst er Himlen. Helvede er Fuldendelsen af Hevnen.» Til overmål gjer bladet lesarane kjende med at Ingersoll er ein kyrkjefiende av di lærdomane åt kyrkja er avstyggjande: Ho audmykjer og set ned kvinna, lærer ei evig fordøming, lærer at mannenaturen er reint spolert, held på det absurde, umogelege og fornuftstridige, fêr med lygn og slarv, tillet mennesket å synda på kreditt, skræmer det frå å tru på seg sjølv og ofrar den verda me har for ei verd me ikkje kjenner. Det er ikkje underleg at Fædrelandet legg til: «Men en slig Avis er en daarlig Gjæst.»

V. G. flyt i desse åra på ein understraum av vantru. Bladet karakteriserar seg sjølv med å ta inn dette poemet til Luthers årmålsdag den 10. november 1883:

---

[7] V. G. 1879 nr. 109.
[8] V. G. 1879 nr. 127.
[9] V. G. 1879 nr. 109.
[10] Fædrelandet 1881 nr. 8.
[11] V. G. 1880 nr. 128.

De Hyrder Herre, som Du sendte
Opæder dine arme Faar.
Af Had og Magtbegjær optendte
Din Hjord med Kjeppe haardt de slaar.
Imod Din egen Aand De stamper
Og tramper paa din Kjærlighed.
I Tvilens Nat de staar med Lamper
Der lyser os til Satan ned.

Det kom i 1883 til injuriesak mellom Garborg som styrar for Fedraheimen og Fædrelandet om eit usedeleg kjellarstykke i Dagbladet. Fædrelandet hadde skulda Fedraheimen for å «ile Dagbladet til Hjælp og yde det samme Natmands-Tjeneste» som V. G. — og for at Fedrah. stod fram som «Usedelighedens Forsvarer».[12] Fedrah. vart frikjend.

Bladstyrarane i Nyt norsk Tidsskrift representerte kvar på sin måte det nye. Sars var den dugande sogemannen, Lieblein var både sogegranskar og religionshistorikar. Alt i «Et forord» stig tidskrifta fram som organ for den nye samfunds- og bibelkritikken. Mange, seier N. n. T., har hyst den vona at det ein kallar «den moderne vantro» ikkje skulde nå oss. Men dette vil syna seg å vera eit vonbrot. Spørsmålet er berre korleis rørsla skal nå oss, «om den skal overvælde os med en kjendsgjernings brutale magt», eller om me skal eigna til oss det nye på ein fri og sjølvstendig måte. Strevet åt prestane med å knyta kyrkjelyden nærare til vedkjenninga, er alt i førevegen dømt til å mislukkast. Livet vil her like lite som andre stader «kunne bringes til at voxe efter formularer og reglementer.» Samstundes minner bladet om det prinsippet for fri gransking av dei religiøse lærdomane som den protestantiske kyrkja alltid har hevda. Skal ikkje kyrkja «blive siddende i et uføre af selvmodsigelser og halve sandheder, hvori ingen religiøs følelse vil kunne trives», må kyrkja halda fast på dette prinsippet. For N. n. T. er det elles like meiningslaust å tala om «en kristelig stat» som å tala om «en kristelig bank» eller «et kristelig bomuldspinderi». Rett nok er staten ikkje lenger å rikka til å rydja ut kjettarskap med bål og brand. Men han set framleies opp premiar for «skinhellighed og vanekristendom». Bladet kan elles opplysa at det finst to slag vantru. Det eine slaget har si rot i latskap, livstrøyttleik og materialistisk egoisme. (Et forord.) Vantruande folk av dette slaget plagar korkje seg sjølve eller andre med livsens store problem. Dei held seg til det gamle beintfram av di det valdar minst bry. «Det er denne sidste sort skeptisisme, der i fredelige tider saa ofte kommer til at gjælde som tro, egte religiøsitet, sund solid konservatisme etc.»

Det andre slag vantru er ei stemnelei «der vel har vraget al theologi, men derfor ikke al religion». Denne vantrua spring just fram or religiøs trong. Men ho meiner at trua ikkje er «en formular, der kan «indøves», men en ideal livsanskuelse, som enhver ved eget aandsarbejde maa danne sig».[13] I omtalen av dr. Brandes's Hovedstrømninger forsømde Nyt norsk Tidsskrift sjølvsagt ikkje å få med

[12] Fædrel. 1881 nr. 84 (26/10). [13] Nyt norsk Tidsskrift 1877 II s. 72—88.

denne vonfulle tiraden: «De, mine tilhørere, vide... at vi som leve i Charles Darwins tidsalder, ikke mere antage muligheden af en oprindelig paradisisk tilstand og fald. Darwins lære vil slaa den orthodoxe moral til jorden, ganske som Copernicus's lære slog den orthodoxe dogmatik til jorden.»[14] Bladet gjer endeleg merksam på at «enhver art af obskurantisme, ethvert forsøg paa at drage de gamle gabestokke frem for at holde fred og orden», «ethvert forsøg paa at intimidere eller forfølge eller paa at omgaa og forvrænge stridsspørgsmaalene» vil verka mot føremålet. Både etter opphav og art er kristendomen eit historisk produkt, like menneskeleg, like lite guddomleg som alle andre religionar. Framom alt var det uråd å finna noko rom for underet i dette lovbundne systemet.

Nyt Tidsskrift (frå 1882) tala så ope at det fekk ros jamvel av Luthersk Ugeskrift. Då Lars Oftedal i 1884 røysta imot diktarløn til Kielland og grunngav det med at han ikkje vilde gjeva Brandes rett — han som hadde sagt at det norske vinstre hadde fritenkinga i ryggen —, vart han teken i skule av N. T. Den sanninga at vinstre har og har hatt fritenkinga i ryggen, vil ikkje Oftedal kunna gjera noko til å få avliva. «Fremskridtsaanden paa det politiske omraade udgaar for en væsentlig del fra, hvad man kalder «fritænkeri» d. v. s. den ærlige, aldrig hvilende søgen efter sandheden paa det religiøse, moralske og filosofiske omraade. Venstrepartiet hos os kan for saavidt siges at være skabt af fritænkeriet, uden hvilket selve pastor Oftedals politiske standpunkt ikke vilde være muligt eller tænkeligt».[15]

I Nyt Tidsskrift 1887 (h. 1—2) gav Sars ei utgreiing: Udviklingslærens Kritik over Kristendommen. — Kristendomen motverkar framvoksteren «af de nobleste Følelser og Instincter...», ser bort frå pliktene mot «Stat og Fædreland», oppsedar til «den serviileste Underkastelse under en tyrannisk Øvrighed», legg meir vekt på å halda seg fri frå «Syndens Urenhed» enn på dygd og dåd. Den kristne moralen er passiv og negativ.

Om den djupe skepsis som breidde seg mellom den boklærde ungdomen, finn ein vitnemål i Fedraheimen for 1. november 1879: «Dette som Presten og Preikebøkerne rørde om, var noko tull. Det var ingen slik gamal Sinnatagg til Vor Herre som sat og lurde om han skulde faa kaste os i Helvite. Liva skulde me her og byggja Jordi og vera glade, ikkje liggje og tumle og fumle med Devlar og Gravrædsle».

Trass i alle freistnader på å tåkeleggja dei reelle føremåla, kjende ålmenta like vel i kva lei verdraget stod, både i den radikale pressa og i Nyt norsk Tidsskrift. Ein truskuldig innsendar skriv «Om Tidsaandi» i Fedraheimen: «Her i Landet er Framstigsarbeidet au uppe. Den europæiske Tankjen, som liksom hev brotet av Brui millom seg og Kjyrkja og vil byggja med Mannatankjen, hev ein sterk og god liten Fylking. Det er vel dei, som nærast samlar seg um Dagbladet og Nyt norsk Tidsskrift».[16]

---

[14] N. n. T. 1877 I s. 317. [15] N. T. 1885 s. 336.
[16] Hermt etter Opl. Avis 1879 nr. 3.

Mot den veldige flaumen av fritenkjar-innlegg var motlegga frå kyrkjeleg side som ein drope i havet. I 7 artiklar i Luthersk Ugeskrift tek Heuch føre seg Pressen og Vantroen.[17] Ingen kan lenger klaga over at landet ligg utanfor den europeiske kulturstraumen. «Med samme Nøiagtighed, hvormed Handelsbarometret viser hver opeller nedadgaaende Bevægelse i de udenlandske Konjunkturer, med samme Nøiagtighed sørger en Del af vor Presse for at holde Aandslivet i vort Land i Overensstemmelse med de ideelle Strømninger i de saakaldte Kulturlande ...» Dette nye lærdomsvêret drys ned over oss som visne blad om hausten, «— en Syndens Mangfoldighed af nye religiøse og politiske, moralske og sociale Theorier og Hypotheser, den ene mere moderne og derfor ogsaa mere yderligtgaaende end den anden. Alt faar Kredit. Alt honoreres. Selv de mest forfløine Theorier, de mest forlorne Hypotheser, de mest ormstukne Frugter af en gudløs Videnskabs hule og raadne Kundskabstræ, tages for god Vare af vore moderne Kultursvindlere, der har falleret i sin religiøse og moralske Existens ...»

Heuch minner om Chr. Bruuns ord i 1879, at landet hadde to store løyndomar: fritenkinga og republikanismen. Såleis er det ikkje lenger no. Men Heuch klagar ikkje over, at vantrua har vorte openberr. Det han klagar over, er at vantrua har fått ei slik makt i landet «at den tør kaste Sløret og træde utilhyllet frem i Dagen i den offentlege Diskussion og i Dagbladspressen» (s. 255). Pressa har no i den grad gjort seg til tolk for vantrua at ho siktar på å avgrensa kyrkja berre til sakristiet. Men desse nye «Tidernes Tegn» greier ikkje folk å tyda enno. For denne pressa prøver på beste måten å løyna at det er det kristne verdssynet, den kristne trua og den kristne moralen striden står om. Stridsmåten åt den radikale pressa er alt anna enn open og ærleg. Ho prøver å grava grunnen undan kristendomen utan å nemna han med namn. «Derfor ser vi Vantroens Repræsentanter i Pressen træde op i Kristendommens Navn, paatagende sig Kristendomsforsvarerens Rolle, endogsaa *da,* og helst da, naar de retter deres Angreb mod Kristendommens Lære og Moral» (s. 270—71). Eit skjermbrett som den radikale pressa stendig opererar bak, er dette at kristendom og politikk inkje har med kvarandre å gjera. «Sagen er, at Politiken er en verdslig og praktisk Interesse, medens Religionen er en aandelig og evig; blandes nu Religionen ind i Politiken, saa nedværdiges uvilkaarligt det aandelige og evige til at blive et Middel for det praktiske og jordiske, og hvis noget kan frembringe 'Kristendomsforkjølelse', saa er det dette.»[18] Bjørnson hadde i artikkelen Lidt om vor nuværende Religionsforkyndelse just klaga kristendomen for det motsette. Med tanke på Dagbladet spør Heuch kva rom kristendomen får og kva tilvære han kjem til å føra når han skal haldast utanfor «det praktiske og jordiske».

---

[17] Luthersk Ugeskrift 1881 II s. 254 ff.
[18] Dagbl. 1881 nr. 231.

Med stor sorg er det Heuch ser at to rørsler, som begge gjer krav på å vera religiøse: pietismen og grundtvigianismen, har slege lag med dei radikale. «Sammenbundne som Samsons Ræve farer nu disse indbyrdes stridende Retningers Organer med Agitationens brændende Blus ved Halen omkring over Landet og tænder Mistænksomhedens, Misnøiens, Partiaandens og Partifanatismens Ild i de fortørkede Filisterhjerter» (s. 285). Både dei vestlandske reformvenene og grundtvigianarane «trække i Aag med de Vantro».

Heuch nektar ikkje at ein i politikken har rett til å nytta personar som har forlate den kristne trua. Noko heilt anna er det å velja menn som har teke «Kristendomsbekjæmpelsen» opp på programmet sitt, så som t. d. Jaabæk. «Det er dog at strække den religiøse Tolerance temmelig vidt, naar Kirkens Venner selv skal hjælpe Kirkens uforsonligste Fiender ind i den Stilling, hvorfra de med mest Virkning kan rette sine Angreb paa den bestaaende Kirke og de bestaaende kristelige Institutioner» (s. 300). Svært misnøgd er òg Heuch med den måten serleg Dagbladet refererar framande bøker og historiske fakta på: relativiseringa av moralen, masse- og hovdingdyrkinga. Endeleg nemner han som prov på det moralske lågmålet i den radikale pressa føljetongane: Napoleon III.s Hof og Juchsu, En Skuespillers Liv i Dagbladet. Det er ikkje republikanismen i og for seg, heller ikkje demokratiet i og for seg Heuch stemplar som ukristeleg. Men det er *det* demokratiet «der ikke anerkjender de guddommelige Morallove som Samfundets evige og uforanderlige Grundlov». Heller ikkje protesterar han i kristendomens namn mot folkeviljen i og for seg, «men det er *enhver* Suverænitet, hvad enten den indehaves af Mange eller af En, der ikke bøier sig for *Guds* absolute uindskrænkede Suverænitet» (s. 346). Mange, såleis Luthersk Kirketidende, tykte at artiklane i Luthersk Ugeskrift gjekk lenger i politisk lei enn det høvde seg for eit kriste blad. L. K. ottast, at tek ein polemikken på den måten, vil lesarane ikkje ta innlegga som ein bibelsk kritikk, men «som et Indlæg i pastoral Stil i Dagens brændende politiske Spørgsmaal». I 1883 gav Heuch foredraga ut i bokform.

Medan denne striden stod på, kasta Chr. Bruun fram tanken om eit kriste vinstreblad. Han var ikkje samd med Heuch i det politiske, men hadde same synet på den ånd og tone som no ovra seg i den radikale pressa. «Folk holder det for den rene Luxus at spørge efter christen Tone i et politisk Blad.»[19] Men Bruun møtte blank avvising hos Arvesen og kom opp i strid med Bjørnson om dette.

Einaste vinstrebladet som tala kristendomens sak var Vestlandsposten. Bruun gled seg over den framgangen dette bladet har, endå han i mykje er usamd. «De andre Bondeblade *tvinges* ved den raske Udbredning dette Blad i den sidste Tid har faat, til at tage paa Christendommen med Ærbødighed, enten de saa vil det eller ei». Meir enn nokon annan har Oftedal gjort når det galdt å byggja bru mellom frilynd politikk og kristendom. Bladet er no det andre bondebladet i landet. Det bør verta det første.

[19] Opl. Avis 1881 nr. 115.

2. BJØRNSONS «MODERNE BIBELKRITIKK»

Heuchs spådom, at liberalismen vilde løysa opp kyrkjelæra, gjekk i oppfylling snøggare enn nokon hadde venta, serleg sidan Bjørnson gjorde seg til eksponent for radikalismen. I juli 1877 heldt han på Sagatun sitt vidgjetne foredrag om Helvede og en personlig Djævel. Han fekk ikkje læra om dei evige straffene til å rima med evolusjonslæra. Offentleg referat av foredraget vart ikkje gjeve. Så fekk gysjene venger. Bjørnson vart offentleg beden om å gjera greie for seg, utan at dette førde til noko positivt svar. I oktober same året heldt han det førnemnde foredraget Vær i Sandhed! Heile den moderne realismen fossa gjennom dette foredraget, den moderne europeiske ånd fylte det, og det vart eit krigsbod med lange lurtonar mot heile det livssynet som rådde i den norske samtida, men som for lenge sidan var slokna i utheimen. Foredraget skapte stort oppstyr både i den danske og i den norske pressa. Då Bjørnson heldt fram i same lei, slo dei danske grundtvigianarane fast at Bjørnson hadde stelt seg utanfor kyrkjelyden og at venene hans ikkje lenger kunde ha omgang med han som kristen.[20]

Bjørnsons norske grundtvigvener prøvde enno ei tid å halda fast ved han. Dei vilde ikkje sjå han som ein fråfallen, men som «den sterkt Fristede, af mange og uprøvede Tanker omtumlede, ja, mer som en af Vantroen beleiret end som en Angriber af Troen».[21] Like vel må og Wexelsen medgjeva at klufta mellom Bjørnson og grundtvigianarane no er større enn dei tenkte.

Våren 1879 kom Bjørnson med endå sterkare og meir nærgåande åtak. Han hadde vitja verdsutstellinga i Paris og skreiv med vanleg oppgløding i Opl. Avis om alt det store han hadde sett. Av utstellinga hadde han først og fremst lært at dei norrøne folka var i «Sinkeklassen». Hindringane og hemjingane for desse folka var «taagede Drømmerier, gamle afbrudte Idealer».

Slike heilt umogelege dogme kan nok høva for nokre få drøymarar, men mangmannen gjer dei berre til fuskarar. «Det har engang passet, men passer ikke os.» På denne tid var Bjørnson sterkt oppteken med å granska Viktor Rydbergs bok: Bibelns lära om Kristus. For Rydberg er Kristus idealmennesket, preeksistent, og såleis Guds aller første idé, ja, avbiletet som i seg samanfatar heile idéverda. Meir inntrengjande detaljgransking var nok ikkje Rydbergs sak. Han var den intuitive sjåaren med det vide perspektivet. Men boka synte Bjørnson Kristus frå ei heilt ny side og hugtok han såleis at ho førde han endå lenger bort frå hans kristne venesamfund.

Då ein innsendar i Østl. Tidende på denne tid hadde skrive ei grundtvigiansk utgreiing om tru-ordet, skreiv Bjørnson i eit privatbrev til bladstyrar Sørensen at grundtvigianarane ikkje lenger burde leggja meir i tru-ordet enn det professor Caspari vilde gå med på.

---

[20] Dansk Folketid. 1878 nr. 44.
[21] Brev frå Wexelsen 31. mars 1878.

I same brevet hadde han etter Rydberg late falla nokre ord om at trua på Kristus som guddom først vart godkjend i det 2. hundreåret etter lang strid. «Det er alene en grenseløs Feighed som holder saadant tilbage.» Mot Bjørnsons vilje og vitende vart så brevet prenta.

Stridsglad og stridsbudd som vanleg, venta ikkje Heuch med å ta hansken opp. Før han gav svar, synest han elles ha vendt seg til Bjørnson i brev. I brevet til Heuch snur Bjørnson den aller venesælaste sida til: «Nei, vænt nu lidt, stridslystne Mænneske, til vi kommer med det gamle Testamentes Mosebøger i ny, korrekt Oversættelse, ledsaget af den Kommentar som den indiske, persiske, fønikiske, ægyptiske og græske Mytologi og den paa samme eller fra samme udledede filosofiske Tenkning sætter os istand til.» Brevet er fylt av all Bjørnsons sjarm. Han bed jamvel Heuch til Gausdal som sin gjest. «Kjære Ven, jeg holder saa af Dem, ti for det første er De et Menneske og ikke et Bedehus eller en Samarie. Men lig i Græsset her og forsvar Statskirken, medens Fuglene synger og gjør pære Nar af Dem for al Deres frygtelige Doktrinarisme, for Fuglene elsker den fri Forkyndelse.» Bjørnson vil gjerne møta på Veslehamar med hest og vogn, så disputten kan ta til straks! I Gausdal har Bjørnson elles mykje å syna fram av det statskyrkjelege utsædet. Men før brevet nådde fram, offentleggjorde Heuch artikkelen *Bjørnstjerne Bjørnson som Theolog*.[22] I første delen skildrar Heuch skifteverknaden mellom diktaren og samtida. I åndsverka får tida att sine eigne tankar «skjønnere, fyldigere end den selv har kunnet tænke dem» (s. 294). I andre delen skildrar Heuch innslaget frå kristendomen i Bjørnsons ungdomsdikting. Men etter at han ope hadde proklamert vantrua i artikkelen: Lidt om vor nuværende Religionsforkyndelse etc., «har ikke alene Alt, hvad han har talt og skrevet om religiøse Emner, men ogsaa hele hans Digtning baaret Vidnesbyrd om, hvilke rivende Fremskridt Vantroens Sygdom har gjort i hans Sjel; hver ny Udtalelse har vidnet om et dybere Frafald, hver ny Digtning om en mere intens Besnærelse af Tidsaandens gudløse Tanker.» Den lærdomen ein kan draga av dette, er, at går ein berre på akkord med vantrua, slepper ho ikkje taket før ho har soge kvar rest av kristentrua ut or hjarta (s. 313).

Så går Heuch over til å drøfta dei ymse standpunkt Bjørnson har hatt i denne saka. I 1876 krev han at forkynninga skal tilmåtast etter «Tidsaanden», men hevdar samstundes med stor styrke at grunnlaget for trua er evig og ubrigdeleg. Alt då har han stelt opp prinsippet for vantrua, men utan å fylgja det enno. På dette steget kunde han ikkje verta ståande. Seinare har han meir og meir levert tendensarbeid etter «Tidens Bestillinger». Han overser «at der gives Kræfter, hvis Gjæring stivner i ubrydelig Forhærdelse — en evig Fortabelse, hvori ethvert Haab gaar til Grunde» (339). Når ein kjenner Bjørnson, seier Heuch, må ein med stor visse kunna seia at han mykje heller skil

---

[22] Luthersk Ugeskrift 1879 I.

seg av med læresetningar som gjer opprør mot kjensla (helvetslæra), enn med setningar som gjer opprør mot tanken.

Elles er Bjørnsons artikkel inkje anna enn «— — et Opkog af den gamle Rationalisme —; man studser ved at høre disse gamle Gjengangere, — Akkomodationsteorien, en Oversættelsesmaner à lå Bahrdts, en Fortolkningskunst som faar Bibelens Mening at vide alle andre Steder fra end fra dens egne Ord — —» (s. 339).

Med oppropet Til de frisindede og norske i vort Folk[23] skuldar Bjørnson prestane for at dei ikkje vil ha open tale om religionen. Dei ser ikkje «Vanegjengeriet, Sløvheden og Uvidenheden». Men det er ingen stønad i det som berre har fåkunna å lita på. Prestane har først vorte lysredde og så fridomsredde og folkeredde. Dei vaknande sjølvstendetankar i folket er «Fristelser af den Onde».

Men enno held Bjørnson fram at han trur paa Gud: «Jeg tror paa Gjenskin af ham i Forkyndelsen, i det daglige Livs Offerlyst og Venlighed, og i de sjeldne store Øieblikke».

Heuch etterviser at Bjørnson har henta sitt tilfang frå Viktor Rydbergs bok: Bibelns lära om Kristus, og syner dette i detalj. Heuch held det og rimeleg at Bjørnson ikkje har hatt tid og kraft til å granska dei mange teologiske detaljspørsmål på mindre enn tri år, jamsides ein kravstor litterær produksjon. Det var ikkje å venta at Bjørnson skulde ha sett seg såleis inn i alt dette «at han nu, ikke som Andres Eftersnakker, men som den, der ved, hvad han siger, fordi han selv har lært at haandtere den videnskabelige Kritiks slebne Vaaben,» kan staa fram og proklamera at kyrkjelæra er uvitskapleg. På knappe tri år skulde den store diktaren ha vunne ei innsikt som velter det som ein Caspari med si gransking i eit langt liv har vunne fram til (s. 352). Alle som har Bjørnson kjær, gjer det hjarteleg vondt å sjå at han stig fram i namnet åt vitskapen. Men harmeleg og argeleg vert dette, når han set fram dei nye tankane som ufeilande vitskaplege resultat (s. 355). Heile Bjørnsons etterrøking avgrensar seg til det at han har slukt den første den beste «af Vantroens Fostre, som Omstendighederne gir ham i Hænderne», Rydbergs bok. Kva skal ein seia om ein som på andre hand set fram postulat i slike saker? Jau, at han i det store og heile ikkje er betre faren enn det umyndige folket han skriv for. For Heuch er det høgaste graden av «Dumdristighed» å stå fram som lærar i emne, der ein må vita med seg sjølv at ein treng sitja som elev i «Sinkelektien» (s. 357). Den som vil rana trua frå folket, må ikkje sjølv vera lettruande nok til å gå med på alt. «De, der lover os Videnskabens «nye og store Oplysninger», spise os ikke af med et Kontentum af Viktor Rydbergs Bog» (s. 357). Bjørnson vert driven fram av «de stort gjærende Magter i Tiden». Trylt som den bergtekne er han i hendene paa desse maktene. Like vel trur han seg fri og sjølvstendig når han i namnet åt den nye vitskapen forkynner «Vantroens Sætninger i den aandløse Rationalismes Form, som var paa Moden, før han blev født» (s. 358).

---

[23] Opl. Avis 1879 nr. 33.

Så lenge Bjørnson samla åtaket sitt kring forkynninga, tok han føre seg eit emne som både han sjølv og lesarane hans kunde døma om. Men frå midten av året 1879 vende han ankemåla mot sjølve evangeliet og kom meir inn på teologiske detaljspørsmål. Serleg drog han fram usemja mellom Matteus og Lukas når det galdt Jesu ættetavle, og viste til at der var interpolasjonar. Her synte det seg snart at han gav seg av med emne som var svært fårlege for han. Heuch medgjev i artiklane «Bjørnstjerne Bjørnsons sidste Angreb paa vore Evangeliers Beretning om vor Herres og Frelsers Fødsel»[24] at gjennomsnittsmennesket som er ukjent med vitskapleg arbeid, kan verta både imponert og forundra «ved Hr. Bjørnsons mangehaande lærdklingende Tale» (s. 170). Når han no frå Rydbergs bok og andre rasjonalistskrifter vil ettervisa språklege og eksegetiske mistak i sjølve evangeliet, vert dette for den ukunnige å møta for sakkunna sin domstol. Når Heuch atter og atter har nytta ordet «Usandhed» om det Bjørnson skriv, så meiner han på ingen måte at dette for Bjørnson er medviten usanning.

Av samtidige brev frå Bjørnson ser me kor heilt han har gått opp i denne striden med Heuch.[25] I brev til Brandes 8. august 1879 klagar han over at Heuch har møtt han med «Haan og Forkjætring». Han fortel at han har kalla Heuchs standpunkt humbug, «saasom Teologien er Samtidens gedigneste Humbug». Så «kylede jeg ham i Hovedet de to Stam-Registre — og nu agter jeg at blive ved».

Bjørnson har planar om å halda fram med striden gjennom bokmeldingar i Dagbladet, framom alt vil han gjera det av med myten om eit utvalt folk, og han har jamvel planar om å skriva eit lyst teologisk verk.[26] Men av brev til Dagbladet ikr. 20. august ser me kor harm han er over at bladet ikkje sender han dei bøkene han skal melda. «I forholder mig mine Vaaben. Og I siger mig ikke engang hvorfor. Telegrafer æfter dem. Æller telegrafer til mig, at I ikke vil. Et af to!»

Av eit brev til Hedlund i oktober 1879 ser me òg kor oppteken han er med dei aller nyaste teologiske tyske vitskapsverka. Han bed Hedlund skaffa honom Welhausen: Geschichte Israels, Julius Popper: Der Ursprung des Monotheismus.[27] Han har no store planar om å skriva «den jødiske Mythologi og Historie lige til Jesus», serleg slik at åndsstraumane stig fram. I brev frå 2. oktober s. å. til Hedlund gled han seg over dei mange brev han har fått frå personar han minst hadde venta det av, med takk for «min Optræden mod Teologien — som om jeg havde befriet Norge».

Men enno i Aftenbladet for 21. august 1879 vissar Bjørnson ålmenta om at det ikkje er kristendomen han vil til livs, men «Usandheden i Theologien». I Dagbladet for 27. august skriv han: «Theologien har opnaaet at forarge mig, ja, i den Grad, at jeg sørger og hader i

---

[24] Luth. Ugeskrift 1879.
[25] Kamp-Liv I s. 68.
[26] Kamp-Liv I s. 76.
[27] Kamp-Liv I s. 81. Bøkene melde i Dagbl. 1880 nr. 41 og 47.

vexlende Stemning og blir aldrig ferdig dermed.» Enno ein gong[28] tek han opp att den skuldinga at teologien er humbug. Han endar med at det er ei skam for vitskapen her i landet at ingen har lagt fram for den kristne ålmenta i Noreg det kjempearbeidet som er gjort i utlandet — serleg på gamaltestamentleg og systematisk omkverve. Karakteristisk for Bjørnsons naive syn på seg sjølv i denne striden er det at han i Dagbladet bed Luthersk Ugeskrift om spalterom til ein «Irettelæggelse». Heuch svarar[29] at til dette rår L. U. over for lite spalterom. Karakteristisk for Bjørnson er det òg at han enno meiner å gjera ei religiøs gjerning. Den 14. oktober skriv han til Kielland: «Vor Slægts Digtere maa ikke fjase —, de maa revse Sederne, idet de rænsker dem fra Indflydelsen af Fusket og de hedenske Forestillinger, de maa atter indføre Gud blandt den vantro Slægt.» Det er såleis ikkje noko mindre enn ein religiøs reformasjon han no har i tankar. I 1877 kom det to verk av Bjørnson: Kongen og Magnhild. Kongen hadde beintfram opprørstendensar og vart skulda for å ha kongelege personar av huset Bernadotte som modellar for hovudpersonen. Nest kongedømet vil han råka statskyrkja. Framom andre vart kristenfolket harme over dette verket.

Eit drastisk uttrykk for den harmen som meir og meir fylte dei kristne krinsane mot Bjørnson, finn ein i dette diktet til han i Fædrelandet i 1881:

«Da skjænded Du frekt Din Faders Stand
Og haaned Din Moders Tro.
Da Du lod raabe til Krig mod Kristus,
Du vied Dig til Din Død:
Og af at haane hans Kirkeskare
Du smurte Dit Levebrød.»

Dei siste beinveges slaga Bjørnson rette mot kristentrua, var skrifta: Hvorfra stammer Miraklerne i det ny Testamente? Skrifta er mest heilt etter 3. utgåva av Charles B. Waite's History of Christian Religion to the Year 200. Dagbladet peikar på kor fortenstfullt eit arbeid dette er, sidan det her til lands har vore mest uråd å verta kjend med dei resultata bibelkritikken har kome til. Men uventa fekk Bjørnson denne gongen motlegg frå ei side han minst hadde venta det. Både grundtvigianaren og den klassiske filologen vakna hos Ullmann. Serleg hadde Ullmann fest seg ved at Waite hadde rengt utsegner frå kyrkjefedrane. Med Et Tilsvar til B. Bjørnson kom Ullmann med eit motlegg som måtte ta pusten frå motmannen. Ullmann kritiserar nok Waite, men meiner Bjørnson. «Kristendommen staar der, om det end skulde vise sig, at de Skrifter, som kom frem under dens Levnedsløb, er forfattede af andre end de Mænd, man hidtil har vært vante til at betragte som Forfattere til dem. Den kristelige Salighedstro har Guds Menighed alligevel, den ene Tro, den ene Daab, den ene Gud og alles Fader.

---

[28] Dagbl. 1879 nr. 148.
[29] Dagbl. 1879 nr. 152.

Kristendommen faar derfor ikke Bjørnson rokket et Hanefjed med sin Bog.»

Så etterviser Ullmann kor lettvint Waite har teke det heile og kor han rengjer utsegner av kyrkjefedrane. Til slutt slær Ullmann fast: «Jeg har altsaa paavist at Waite's Hypotese om vore Evangeliers Forfattelsestid er lige saa ubevist og ubeviselig som alle andre Hypoteser fra de negative Kritikeres side. Det staar lige fast som før at den kristne Menighedsoverlevering om hine Skrifter er mere at stole paa end «videnskabelige» Drømmerier fra vore Dage.» Ullmanns skrift vitnar om framifrå kjennskap til gresk mål, mykje teologisk studium og tankearbeid. Så høgt som Bjørnson og andre hadde ropa om vitskapen, hadde dei lita ære av dette.

Endå verre gjekk det Bjørnson året etter. Som eit siste oppgjer med «Heuch & Co» gav han ut Ingersolls stridsskrift «Tænk selv» med ein føretale «som er det bedste av min Ævne».[30] Men i eit brev til Kielland melder han at han fåfengt har leita etter forleggjar i alle Norderlanda, «— man finder det syndigt at skiple andres Tro». Så måtte han sjølv ta på seg utgjevinga. Men i brevet klagar han over at han ikkje har råd til utlegg på 12—1500 kroner, og spør om ikkje Kielland kjenner ein ven som kan hjelpa han med desse pengane. Smått om senn må Bjørnson sjølv ha vorte overtydd om at striden var fåfengd.

Så lenge Bjørnson enno gjorde åtak på den kristne forkynninga, hadde han mange bak seg — serleg grundtvigianarane, men og andre religiøse. Men då han slo over til beinveges åtak på evangeliet, vart det for mykje, jamvel for radikale meiningsfrendar som Ullmann. Dei høyrde nok på dei politiske, men reserverte seg mot dei religiøse meiningane hans.

Det er lett å sjå at det måtte få mange skeive fylgjer at det var ein ikkje-teolog, landsens største og mest folkekjære diktar, som førde bibelkritikken inn i norsk åndsliv. Diktaren makta nok å gjeva kritikken ei populær form og ein lesekrins som ingen fagteolog vilde ha fått. Men det er og lett å sjå at den journalistiske og skjønnlitterære introduksjonen gav kritikken ei laus og lett ikleing som gjorde både kyrkja og kritikken den største skade. Som autodidakt kjende Bjørnson mest inkje til dei tronge grensene for vitskapen. Han åtte i si naive tru på vitskapen liten tanke for at vitskapen kan ta i miss. Så sterk ei makt hadde elles kristendomen over han, at han liksom aldri vart heilt ferdig med han, at den «tilbagetrengt har ført hans Pen».

3. DIKTINGA I TENESTE HOS FRITENKINGA

> Vor Tids Digtere maa være som Israels Profeter.
> (B. Bjørnson til Kielland 1879.)

Det omstendet som meir enn noko anna fremja fritenkinga, var omslaget frå romantikk til realisme og seinare til naturalisme i bok-

[30] Kamp-Liv II s. 30.

heimen. Med si sterke tru på at det gode skulde sigra, med å løysa opp alle konflikttilhøve i soning og samspel, hadde romantikken sterk samanheng med kristen tenkjemåte og kjensle. Like vel var det ved realismen mange sider som samstava vel så godt med kriste grunnsyn. Liksom kristendomen prøvde realismen å koma tilværet inn på livet, syna livet i si nakne sanning. «Sandheden, Sandheden om den saa skal føre til Helvede!» seier Arne Garborg i denne tida. Liksom kristendomen — frå ei side sett — skapte pessimisme, gjorde og realismen det.

Når det like vel i mest alle spørsmål om livssyn kom til strid mellom realistisk og kriste grunnsyn, har dette ymse grunnar: Realismen fann sanninga, ikkje i den openberra gudsviljen, men i mannetanken sjølv og i frigjering av tanke og livsføring. Liksom den politiske liberalismen fann og realismen frelsa i noko ytre og dennesidig. Og medan kristendomen vende søkjeljoset mot synda reint ålment, vende den realistiske diktinga ljoset mot kyrkja, kyrkjelæra og kristensamfundet reint spesielt. Samfundsvore botna konflikten i den skrikande motsetnad mellom det teologiske, pedagogiske og politiske grunnsynet som samfundet var bygt på og det livssynet som «de fremskredne Aander» hadde gjort til sitt.

Ingen tidbolk i norsk bokheim er difor så oppteken med kyrkja, kyrkjelæra og presteskapet som den realistiske diktinga i 1880-åra — ein lekk i den store kulturstriden mellom humanistisk—kristeleg kultur og naturalistisk heidendom. Alt vert vege på gullvekta åt den frie tanken og funne for lett. Utan den ringaste teologiske føresetnad kasta «den frie tankes menn» seg over dei aller vandaste teologiske spørsmål, og gav løysingar som rett nok blenda samtida i augneblinken, men som sjeldan var anna enn frisk importvare frå utlandet, og som Ibsen sa, sjeldan vart meir enn 20 år gamle. I førelesingane sine over naturalismen i England hadde dr. Brandes sett opp den lova, at den diktaren som vilde vera liv lage, måtte vekkja avstygging og verka umoralsk i det minste på si eiga samtid, var så han ikkje skulde kjennast avleggs alt for den næraste etterslekta. Harmen hos publikum var, etter Brandes, just provet for at tendensen var den rette og eit brot med det gamle.

Når diktinga — etter sitt program — skulde vera umoralsk, kven skulde ho så venda seg mot utan kyrkja, kyrkjelæra og den måten kristendomen ovra seg på mellom kristenfolk og serleg prestar? Sidan diktinga må kle sine idear i kjøt og blod, kom den realistiske diktinga i denne bolken til å skapa ei rad med presteportrett som målsmenn for det utlevde og avleggse kristne livs- og moralsynet. Her var prestar og teologar eit mest utømeleg figurgalleri som kunde varierast i det endelause. Prestane vert karrikerte både til den eine og til den andre sida. Jamnast dreg diktaren fram det store fråstandet mellom det pretensiøse kallet som Kristi etterfylgjar og personen som lid av alle slag moralske brestar. Er presten — mot regelen — ihuga og samvitsfull, er han ein maktsjuk pave, eller han tenkjer berre på løn og offer. Jamt er prestane maktsjuke, pengehækne skrymtarar utan nokor

brennande tru, indolente undermåls-menn i mest alt utan i det eine: å søkja nye og betre prestekall tidt og ofte. Er han godlynd, tolerant og hjelpsam, får han straks eit drag av tosken saueskap over seg. Dei presteportrett, som tydeleg let oss kjenna samhug frå diktaren, er om mogeleg endå meir karrikerte til hi sida: dei er gigantar som sprengjer både seg sjølve og andre, dei vil storma både himmel og jord, og det heile endar — som med Brand og Sang — i katastrofe. Di meir ein analyserar prestane i denne bokheimen, di meir kjenner ein seg overtydd om at presten er slik som diktaren hadde bruk for han og ikkje slik som han i røynda var. Mange presteportrett er rengde framstellingar av levande modellar i by og bygd. Såleis har Heuch vore modell til Sang i Over Ævne, Christopher Bruun eller Lammers til Brand, Lars Oftedal til Morten Kruse; prosten Sparre og kapellan Hirsch har og hatt sine levande modellar. Så dugande som mange av desse presteportretta var teikna, har dei vore ein avgjerande faktor til å forma synet på kyrkje og prestar både i samtid og ettertid, serleg hjå intellektuelle nordmenn.

For dei kristne var det som denne bokheimen og desse bokmennene stod med foten ferdig til å forlata den kristne livsgrunnen, i uviss fumling etter kniven ved alle kristne livsrøter. I staden for at prestar og kyrkje både på scenen og i litteraturen før hadde møtt vyrdnad, hagla det no med lått og hæding over presten i bokheimen, eller han var ein støytestein. Først kom bøkene sjølve. Så kom bokmeldingane og djupa ut og streka under spotten. Så kom framsyninga på scenen med nye bylgjer av lått, og endeleg teaterkritikken. Mange av prestane prøvde å ta til seg og nytta dei tilrettevisingane som bokheimen gav. Men stort sett gjorde denne bokheimen dei kristne hugsåre og verka såleis at skjønnlitteraturen i desse krinsane vart sett på indeks av di dei kristne framfor andre kjende kor usanne desse portretta var.

Lettast er det å tolka all denne spotten som frekk gudløyse. Det var då og domen frå den kristne samtida. Men at denne tolkinga ikkje i alle høve er rett, er lett å ettervisa. Bak låtteleggjeringa låg — i alle høve hos sume av desse diktarane — ein djup og ærleg vilje til å retta på det alltid ufullkomne kristne kvardagslivet, venda hugane frå form og skikk til det indre og levande, peika på fråstandet mellom det kristne idealet og det røynlege livet. Sume av desse diktarane, såleis Bjørnson, kjende arbeidet sitt som eit kall, som eit arbeid i tenesta åt ei høgare makt: «En dikters kall profetens er ...»

Einskildvis står dei norske diktarane i 80-åra svært ulikt til kristendomen. Medan Kielland og Ibsen står i eit kaldt, upersonleg, resonnerande tilhøve, er kristendomen for Garborg og Bjørnson det djupaste og viktigaste av alle livsspørsmål, som dei begge slit med i årrekkjer før dei kjem utor det. Einast Jonas Lie var «forholdsløs» i denne striden. At spørsmålet om kristendomen vart så dominerande i Bjørnsons og Garborgs dikting, heng vel saman med at dei begge kom frå kristne heimar, Bjørnson frå ein presteheim, Garborg frå ein «lesar»-heim. Dei hadde kriste grunnsyn og kristen moral i heimanfylgje.

Arne Garborg (1851—1924) kom frå ein heim der den aller trong-

aste form for kristendom rådde. Faren var tunglynd, øsen, snøggsint, og gjekk og gruvla for seg sjølv. Han fylgde bibelordet bokstavleg og såg t. d. all moro som synd. Beste boteråda mot «Øienslyst, Kjødslyst og hofferdig Levned» var arbeid, bøn og lesnad. Ei tung, kjøvande helvetsredsle la seg over heimen. Såleis har Garborg sjølv skildra heimen sin i «Fred». Borna vantreivst og lengta ut. «Den paulinsk-lutherske pontoppidanske kristendomen hans far sprengde meir og meir huset.» Så kom samanbrotet: faren enda sine dagar for eiga hand.

På ein gløgg, men tagal drøymar som Garborg alt då var, måtte slike hende setja djupe merke. Religiøs gruvling og helvetsredsle fylte hugen hans. I førstninga av si litterære verksemd ser han nok presten som ein hjelpesmann i folkeopplysningsarbeidet. I ei melding av «Samfundets Støtter» (1877) går han sterkt i rette med Ibsen av di Ibsen er så negativ. Han finn ut at Ibsen gjev menneska uhug til livet. Dei vert leie og innsjuke av slik skriving. I striden omkring dr. Brandes steller han seg heilt saman med kyrkjemennene. Han «var Brandesredd og heldt med gamlekarane». I Kirkens Kamp greier han i 1876 ut om bibelkritikk og naturvitskap, om den motsetnaden som no var komen opp mellom kristendom og heidendom, og manar prestane til å ta striden opp. Endå meir avgjord er han i artikkelen Kondenseret Kristendom, der han set fram det fulle og heile kristendomskravet. Han *vilde* tru. Kristendomen hadde fast tak på han gjennom kjensla, og han var så redd vantrua, seier han, som han var redd den vonde sjølv. Men frå den tid Nyt norsk Tidsskrift såg dagsens ljos (1877), vart det verre og verre å stå fast for Garborg. Til slutt såg han ikkje anna for seg enn å lata den frie gransking, «den uhildede Undersøgelse», verta rettesnor, jamvel i det religiøse. Men kva alt dette kosta han av årelang strid og liding, kan ingen gjera seg nokor meining om, seier han. Enno då han starta Fedraheimen (1877), skulde kristendomen vera fredlyst. Men bladet fekk snart det ordet på seg at det var eit radikalt fritenkjarblad. Og då Bjørnson den 31. oktober 1877 heiste si stormande fane: «Vær i Sandhed!», kom Garborg for ålvor inn i krisa. «Sandheden, Sandheden, selv om den skal føre til Helvede.»[31] Med artikkelen Taalsemd i Tru og Meiningar[32] bryt han med all autoritetstru. Ingen kan tru anna enn det han sjølv har funne meining i. I artikkelen Eit og annat om Kristendomsstriden vaar (1878) seier han: «Det er uraad aa stengja tankar ute.» Med Ein Fritenkjar, som tok til å koma som kjellar i Fedraheimen frå 7. desember 1878, brotna alle bruer, endå så vondt det var for han personleg. «Ein mann som ikkje har rette trua, dreg alt samfundets hat, ilske, fordøming og inkvisition inn i si eiga stue.» Då han i 1881 heldt foredraget om Den religiøse Erkjendelses Princip i Studentersamfundet, var det si eiga åndelege utvikling han gav. Han hadde no vunne over alle religiøse hemjingar og hyller den frie tanken og den

[31] Thesen, Arne Garborg I s. 202.
[32] Fedrah. 1878 nr. 40, 42, 43.

frie granskinga heilt ut. Meir enn nokor onnor livssoge frå 1880-åra er Garborgs det aller sterkaste vitnemål om den reint uimotståelege makt fritenkinga hadde over den åndsvakne ungdomen. Ikkje eingong den aller sterkaste viljen kunde stå imot.

Ein heilt annan type er *Alexander Kielland* (1849—1906). Han var frå yngda skygg og atterhalden. Skulegonga på latinskulen i Stavanger hadde vore ei ørkenferd for han, og han såg seinare på den lærde skulen som ein fortidsleivning til utklekking av pedanter og byråkratar. Som student hadde han sterke litterære og filosofiske interesser. Som eigar av Malde teglverk frå 1872 las han mykje. Darwins Arternes Oprindelse i J. P. Jacobsens omsetjing, Brandes' Hovedstrømninger og Stuart Mills bøker fengsla han mest, ikkje minst nyttefilosofien hos den siste. Han kom i strid med faren, som var ein ærleg luthersk kristen og syrgde djupt over den samhugen sonen fekk for modernismen.

Alt som korrespondent for Dagbladet sender han i 1878 heim frå Paris eit veldig åtak på prestane. Han vil vera kvitt statskyrkja. Tilskunda både av Bjørnson og Brandes bur han seg på å skriva ein stor roman «om Fædre og Sønner, og Præster, gamle og mætte, unge og ivrige.» Boka skal heita De misfornøiede. Då boka kom, var titelen Garman & Worse. Om føremålet med verket skriv Kielland til Brandes: «... thi det var just Tanken: at rydde tilside lidt af alt dette forbandede lavstammede Krat, som det officielle Hykleri lader gro op om os — på det at Menneskene kunde faa se den store Skov — de høitstammede ædle frie Tanker, der hvælver sig over Slægten.» Her skuldar han prestane for å nytta religionen i teneste for makthavarane. Prosten Sparre er skildra som diplomaten, han er liksom nytt filt på eit gamalt piano. Jamvel det mest menneskelege, huslivet åt presten, gjer Kielland til skive for spotten.

Kapellan Martens[33] vart enkjemann for to år sidan. «Det vilde ha vært paafaldende — menigheden vilde ikke engang ha likt det — om en saa ung enkemand forblev ugift længere end nødvendig ifølge reglerne for anstand. Nu visste kapellanen like saa godt som nogen anden, at der var en egen charme ved en ugift prest — for en tid. Men han var ogsaa fuldstendig enig med provsten Sparre, der for en tid siden hadde sagt: «Skal menigheden faa den lune, beroligende følelse av sjælesørgeren, bør den ha et stille husliv for øie, en venlig prestekone og helst et talrigt avkom.»

Kor framifrå sleipt og fint skildrar ikkje Kielland korleis pengehækna maskerar seg bak julepreika til presten? «Han talte med sand begeistring» «I hans smukke stemme dirret hele en offerdags spændende forventning.» «Ti her hersket endnu «den fromme og kristtækkelige skik» — som Martens sa — at menigheden personlig frembar sit offer for sjælehyrden. Og pastor Martens tænkte paa de store flade konvolutter, i hvilke der ikke kunde være andet end sedler, men ogsaa paa de beskedne tutter med sølvpenger; ti han foragtet end ikke enkens skjerv

[33] I «Garmann & Worse» 1883 og i «Else» 1881.

— selv det usle kobber faar en velsignet klang, naar det nedlegges i ydmyghed paa Herrens bord.» «Menigheden følte sig saa usigelig vel, saa barneglad, saa juleglad.» «Enhver følte sig saa tryg paa sig selv, saa overstrømmende kjærlig og barnlig from. Og tanken dvælet ved den lange rekke av festdager og glade selskaber som nu stod for døren. Man var netop i humør til at ta fat, til at gaa sig en lang tur i den friske vintersol, og vende hjem med god appetit for at møde lugten av rypesteg i gangen.»

I samværet med presten får handelsmannen eit heilt nytt syn på presteverkemda: Presten er næringsdrivande liksom handelsmannen. Han preikar, gjev lovord til og åtvarar mot framande og fårlege varer, og held offerskaren kring seg med lovnader og trugsmål.

Rett nok kan Kielland syna samhug med religiøse menneske. Omvendinga til Fennefoss er såleis skildra utan spott og ironi, liksom haugianarane i det heile er skildra med samhug. Men det er snautt av di dei er kristne, meir av di dei er ein minoritet. I soknepresten Daniel Jürgens («Sne») har Kielland skildra ein av dei eklaste, ovmodigaste og mest sjølvrettferdige pavetypar. Den einaste presten Kielland har skildra med samhug, er presten i «I Prestegaarden» (1880).

Men ingen har med så giftige fargar skildra prestar, deira maktgir og hyklarskap. Alt med Arbeidsfolk og Else nådde han fram mellom dei ultraradikale i landet. Professor Lochmann vilde at det skulde setjast giftmerke på Arbeidsfolk, og presten Chr. Aug. Bugge registrerte offentleg Kielland mellom «Usædelighedens Apostler», og stempla diktinga hans som «Skamløshedens Poesi», ja, som «en Driftens Apotheose». «Sandelig, der bør ikke ties om dette, men raabes høit, at dette er Toppunktet af usædelig Litteratur.»

Kor fin teft Kielland har, syner seg i det at han let banksjefen venta at eit eller anna skal koma opp om Morten, «enten om Penge eller Fruentimmer». I St. Hans Fest er det den maktsjuke, gledelause, tyngjande pietismen og den lågkyrkjelege klerikalismen som får svi. Ingen samtiding var i tvil om at Lars Oftedal var den levande modellen for presten Morten Kruse i denne boka, — og «Kaninene», dvs. oftedølene, eit motstykke til haugianarane. «Jeg kunde ikke tænke paa andet, ikke se andet for mig end Oftedal.»[34] Presten frå St. Hans Fest møter oss alt i Gift og Fortuna. Medan han i Fortuna enno ikkje hadde så mykje å seia, var han i St. Hans Fest vorten ein tyrannisk leiar for sjelene. I Sne, og om mogeleg endå meir i Mennesker og Dyr, les han misjonsfolket teksta.

Ein av dei som meir vake enn nokon annan fylgde tendensen i Kiellands dikting, var den unge presten Chr. Aug. Bugge. I eit stort tal med bokmeldingar drøfter han slike emne som Kiellands Digtning og det christelige Samfund[35], Alexander L. Kiellands Digtnings

---

[34] Gran, Alex. L. Kielland s. 302.
[35] Stav. Amtstid. 1881 nr. 89—92.

sædelige Verd eller Uverd,[36] Om Faren for den moderne Vantros Indflydelse i vort offentlige Liv og de Konservatives Opgave.[37]

Bjørnsons strid med dogme og læresetningar forstod Kielland ingen ting av. «De kan ikke tænke Dem, hvor besynderlig det ser ud for mig, naar De slaar Deres store, stærke dommedagsslag mod porte og hængsler, der synes mig sprængte og nedrevne for lenge siden.»[38] I same brevet til Bjørnson talar han om «dette hvepsebøle af dogmatik og djævelskab». — Kristi soning er berre kjerringsnakk, som fører menneske på avvegar.

Korleis *Henrik Ibsen* (1828—1908) stod til kristendomen, har vore drøft både av samtid og ettertid, utan at noko sikkert resultat er vunne. Ei mengd utsegner, som ein har grunn til å tru gjev uttrykk for Ibsens eigne tankar, går kristendomen rakt imot. I Gjengangere granskar han ekteskapet. Pastor Manders er målsmannen for det gamle synet. Men trass i at han fører seg pastoralt vyrdeleg, er han det store barnet som korkje skjønar hyklarskapen ikring seg eller ser dei ålvorstunge problema. Åtferd, samtalar, provføring avslørar han som eit barn utan skjønsemd. Samstundes er han bunden av folkemeining og menneskeotte når han sjølv har eit anna syn. Idear frå ei framfaren tid kan nok elda opp ein person som Brand. Men for mangmannen er alt berre «Gjengangere». Dette får Ibsen fram i det svaret fru Alving gjev Manders: «Men jeg tror næsten vi er Gjengangere alle sammen, Pastor Manders. Det er ikke bare det vi har arvet fra Far og Mor som gaar igjen i os. Det er alle slags gamle avdøde Meninger, alskens afdød Tro og sligt noget. Det er ikke levende i os ... og vi kan ikke blive det kvit. Bare jeg tar en Avis og læser i, er det ligesom jeg ser Gjengangere smyge mellem Linjerne. Der maa leve Gjengangere hele Landet udover. Der maa være saa tykt af dem som Sand, synes jeg. Og saa er de saa gudsjammerlig lysredde alle sammen.»

I Kjærlighedens Komedie er presteyrket skildra som komediespel. Ibsen let presten sjølv karakterisera sitt åndlause og idélause liv i desse verslinene:

> Der tærskes skal
> og i Komposten klores,
> man spør om mig i Stallen og i Kveen,
> naar faar jeg Tid at leve for Ideen?

Brand er Ibsens eigen talsmann mot det Per Smygske i ætta, halvskapen, feigskapen, reknekunsten — som ikkje minst kristendomen har sin store del i. I slutten av dramaet let han prosten setja Brands livssyn i relieff. Like vekkjande som Brand er i sin stormande stordom, like liten er prosten i sin elegdom.

Kor fint satiriserar ikkje Ibsen kyrkja i Peer Gynt:

> Ja, Kirken er dog den rette Trøster.
> Jeg har ikke skattet den synderlig før.

---

[36] Stav. Amtstid. 1881 nr. 105 f., 108, 110.
[37] Stav. Amtstid. 1883 nr. 234 f.
[38] Gran, A. Kielland s. 188.

Nu kjender jeg dog hvor godt det gjør
at høre forsikret av kyndige Røster:
Slik som du saar du engang høster.

I Rosmersholm er presten derimot skildra som ein ljos, sympatisk og ideell person. Han er den milde, ærlege, finttenkjande mannen med den flekkfrie åtferda og den fine tankegangen. Men han har mist barnetrua si. I dette verket synest Ibsen kort og fyndig å ha gjeve sitt syn på kristendomen i denne tanken: Endå kristendomen ikkje lenger er til, eller om han er til i namnet, er han eit makkete skal kring den reaksjonære politikken. Den skuldkjensla som skriv seg frå kristendomen, snik seg enno omkring som ein fengjande spolesjukdom mellom frigjorde menneske. Det heile endar i orakelordet: Gud er Deus caritatis.

Ervesyndproblemet har Ibsen teke fram med si vanlege tåkelegging:

Naar begynder Ansvarsvægten
af ens Arvelod fra Slægten?
Hvilken Tingdag, hvilken Dommer,
naar det store Forhør kommer!
Hvem skal prøve, hvem skal vidne
hvor enhver er Delinkvent;
hvem tør legge frem sit skidne
transporterte Dokument?
Tages da forgodt det svar:
Gjælden skriver sig fra far —?

Ibsens store framtidsdraum var «det tredje Rige». — Heidendomen er første riket, kristendomen det andre. Det tridje har begge til vilkår og føresetnad. Der er keisarguden einveldig. Ei nærare utgreiing om dette riket, gjev Ibsen i eit brev til Brandes i 1871: «Staten maa væk! Den Revolution skal jeg være med paa — — —. Det vil falde større Ting end den; al Religion maa falde. Hverken Moralbegreber eller Kunstformer har nogen Evighed i sig.» Den kyrkjelege ettertida har vore usamd om Ibsens dikting, om ho verka oppløysande eller byggjande på samfunds- og personmoralen. Bredo Morgenstierne[39] og Olaf Holm,[40] som har hevda den første synsmåten, meiner begge at Ibsen graviterar mot moralsk oppløysing. Klaveness[41] derimot hevdar, både når det gjeld Ibsen og hine diktarane i 80-åra, eit motsett grunnsyn. «Det er ikke den sande og egte moral som kriticeres og angribes; det er moralens karikatur... Han har tegnet en mængde typer, som viser de forskjellige slags karikaturer vor almindelige samfundsmoral skaber. Han har derved øvet en kritik af denne moral, hvis betydning ikke maa underkjendes.» Til sist har ein den kjensla at verknaden rettar seg etter den stoda lesaren sjølv tek til moralen. For den reine er alt reint.

Jamsides pressestriden tok Bjørnson fatt på kyrkja og kyrkjelæra

---

[39] Ibsen og Moralen. KoK 1906 s. 422.
[40] Ibsens Verdensanskuelse. KoK 1906 s. 477.
[41] Henrik Ibsen. KoK 1906 s. 323.

i sine diktverk. I Magnhild (1877) sermerkte andletet åt presten seg med det «at det hadde saa lite af Næse og Hake, og saa lite af Øine, men ellers meget af alt sammen.» Presten har teke ein uheldig eksamen. Ihuge har han synt berre i det eine: å søkja nye prestekall. Nye tankar kjem han ikkje ved. «Der færdedes ikke Tanker der i Bygden, kom de utenfra, saa var det i alle fald ikke længer æn til Kontoret. Præsten meddelte sig ikke.» I Leonarda (1879) er Bjørnson komen så langt at han let biskopen medgjeva at den fråskilde, vantrune Leonarda med si tvilsame fortid lever etter ein høgare moral enn han, biskopen. Då ein ven kritiserte bispetypen hans, svara Bjørnson at han kjende ei mengd med protestantiske bispar. Han veit at dei fleste av deim ser ut som denne: Det humane veg litt meir enn det fordomsfulle hos deim. Deira beste side er menneskekunnskap, som dei nyttar svært omsynsfullt. «Nøiagtig slig er denne min biskop. Du skulle set ham spille a la v. d. Lippe.» V. d. Lippe var Peder Bjørnsons siste biskop, som hadde mykje strev med å få den gamle kjempa til å søkja avskil.

I arbeidet med Leonarda vart Bjørnson driven inn i «et Studium av vore Sædelighedsbegrebers Historie og Virkninger» som var det mest interessante han nokon gong hadde gjort.[42] Dette studiet hans fall delvis saman med studiet av religionssoga, og det overtydde han om at sedelæra åt kristendomen var overspent og unaturleg — ja, i røynda over evne, og ho hadde skulda for den sedelege karakterveikskapen og lygna som rådde mellom kristne menneske. I eit brev til Amalie Skram profeterar han at problemet om den frie kjærleiken vil verta brennande i ein ny ættled. Til slutt vil det verta kvinna sjølv som tek opp dette kravet. «Vi kan ikke begynne med dette; der maa slægter gaa hen.» I andre brev drøfter han oppsedingsspørsmål og krev full naturvitskapleg, full moralsk og full historisk opplysning.

Frå denne tida merkar ein eit sterkt omslag i skuldingane hans mot kyrkja. Ho lærer og praktiserar ein dobbel moral. Han let ein artikkel i Luthersk Ugeskrift verta årsaka til at den arme frk. Lunde gjev etter for faren og gifter seg med løytnant Fürst med den tvilsame fortida. Konsulen, hr. Lunde, har vore så heppen å kunna senda dottera eit utklipp av denne artikkelen, der ein høgvyrd prest har analysert det påstandet at kvinna har rett til å krevja same sedskap av mannen som mannen av kvinna. Resultatet av analysen var at det strenge sedskapskravet til kvinna var ukristeleg. «Hvad er saa i Vejen?» spør konsulen.

I Over Ævne byggjer Bjørnson kristendomen på underet. Sang er ein strålande type på ein heilhuga kristen. Men då han så i den avgjerande timen skal kalla fram underet med bøn, sviktar tiltaket for han. I artikkelen Statskirken[43] seier Bjørnson: «Det som harmer *mig* dypest, er at samtidig gir det norske Kristenfolk sig ud forat tro paa Mirakler, ja, lægger hele Læren paa Mirakler.»

---

[42] Brev frå Bj. Bjørnson 10. april 1879.
[43] Verdens Gang 1886 nr. 39.

I si melding av Over Ævne rår Dagbladet alle teologar til å lesa boka. Bladet kjenner seg heilt viss om at ho vil ta frå deim all hug til å verta prestar. Kor intimt dei ymse prestane i diktinga står til modellane sine, ser ein av det Bjørnson skriv til Anna Charlotte Edgreen 9. september 1884, då det var på tale å syna fram Over Ævne i Stockholm: «... at ikke mit kjære Prestekor skal virke komisk fra Begyndelsen af, men være en Samling af kænte Figurer, bra Mænd, vederheftige. Gamle Blank maa der skinne Ærlighed af. Brej (med Hornbriller og knapt, lidt forbidt Ansigt) er en ærlig Pietist, men en saa indtørket mirakeltroende, at han ikke længer skiller Virkelighed og Mirakel. Og Falch kænner ingen, som ikke har set og hørt Heuch i Kristiania (Slotspræst, Dronningens Skriftefar).»

Elles er Dagbladet svært misnøgt med at teologane har synt boka så liten åtgaum.[44] Før når det kom ei bok av Bjørnson, har det då vore skikk «at der fra mange Kanter har reist sig vrede Theologer». Bladet veit ikkje rett korleis det skal ta togna åt teologane denne gongen. Er ho eit teikn på at «den rent videnskabelige Kritik (!) paa de theologiske Felter ikke ubetinget skal fordømmes», så er dette eit framsteg i toleranse som bladet helsar med stor glede.

Som målsmann for fritenkjarskapen hadde elles Bjørnson — merkeleg nok — den låke lagnaden at jamvel hans næraste åndsfrendar, såleis dr. Brandes og Alexander Kielland, ikkje hadde full tiltru til han. Kielland skreiv i 1879 til Brandes: «Hvis han (Bj.) f. eks. fik en Rygmarvshistorie à là Heine, saa kunde han med alle sine store Ord ligge overende i Præsternes Arme, før vi ved Ordet af det.» Og nokre år seinare skreiv Brandes: «Bjørnson er Præstesøn og Hanget til Prædiken er nedarvet i ham. Han er den fødte Missionær. Hans Pathos som hans brede Skikkelse bærer altid hvidt Halsbaand.»[45]

Jonas Lie står i ei serstode mellom dei fire store. Då Christopher Bruun i 1885 hadde sagt at Lie var den einaste av dei meir kjende norske diktarane som hadde vore og var kristendomen tru, avviste Lie sjølv Bruuns påstand i Dagbladet for 22. februar s. å:[46] «Jeg har imidlertid til dato havt saare nok med min egen Søken, det er netop det Ansvar jeg i min Digtning har villet undgaa.» Både samtida og kritikken fann diktinga til Lie «forholdsløs». På den andre sida strålar det ut eit sterkt og varmt hjartelag frå personane hos Lie. Heilt visst har Garborg rett når han meiner at Lie høyrde til ætta frå 1830-åra: religion var moralsk daning og humanitet, han heldt seg sjølv for å vera ein kristen, men var ferdig med alt som smaka av «legender». Den 28. februar 1875 skriv Lie til Bjørnson: «Du er to Mennesker, et som bygger op, og et andet, som vil rive over Ende, et ydmygt, dybt opfattende (og det gjemmer alle dine Gevinster i Livet) og et andet stolt... Det sidste Menneske skuffer Dig, min Ven, skaber

---

[44] Dagbl. 18. jan. 1883.
[45] Dr. Brandes i Politiken 1887; hermt etter Fædrelandet.
[46] Garborg, Jonas Lie, En utviklingshistorie, 1893, s. 129.

Afgrunden under dit Hjem.» Jamsides med rasjonalisten budde det i Lie noko av mystikaren, som gjorde han mottakeleg for romantisk grundtvigiansk pietistisk påverknad. I brev til Bjørnson 12. juli 1881 hermer Lie noko av den krisa han hadde gjennomgått for 10 år attende: «Noget af det første der forbauset mig ved dig var, at *du* kunde tro paa Kristendommen — — jeg var opdraget i at Kristendommen var noget som laa under et aandelig tobent Menneskes Værdighed; — man trodde paa «et alvist Forsyn og en barmhjertig Gud», men tala aldri om religion «for ikke at forarge de Lavere og Folket — ». Treschow (som a priori udtalte alt hvad Darwin senere har videnskabelig oplyst) var min Religion... men saa suste der stadig noget indeni mig, det var Aanden som vilde mere, meget mere, ... og det høieste der har hendt av Aand, Livets største Drama, var Jesu Historie. Han var, saa misbrugt hans Navn er blit, Jordens frieste Mand, og — Tilværelsens Sammenheng. Og den dag for ti Aar siden, jeg fik Øie for det, var mit Livs lykkeligste. Fra den Dag fandt jeg Sammenheng hvor der før var Kaos.»

I Rom hadde Lie mykje omgang med Grundtvigs vener, bilethoggar Borch og den danske presten Gunni Busch. Han er oppglødd for Borchs David som slær Goliat. Han les på denne tid Grundtvigs Søndagsbog og likar serleg tanken på at «Kirken den er et gammelt hus», noko han finn stadfest mellom katakombane i Rom: «— her har de en større Historie, og ikke i Begyndelsen af denne, men midt i den blev Kristus født og led Martyrerne.» I Rom var Lie skrøpeleg og sjuk og klaga jamt over dette i breva sine.[47] Elles tangerar han det same i eit brev til Kielland 25. mai 1881: «... klem De paa! ... Men vær ganske rolig for at Livet forstaar at tage Dem i Nakken! — det er slig indrettet —, og altid faar man det akkurat der hvor man netop mindst vilde havt det.»

Han skriv til Bjørnson om En Fallit: «Jeg glæder mig til at se dit stykke En Fallit. — vi er det jo alle sammen; det er Jordens mest typiske Sujet, Dørtærskelen til Kristendommen; og den som endnu ikke har fundet den ydmygende Sandhed inde i sig selv, har ikke levet dybt nok —». Om Magnhild skriv Lie til Bjørnson 16. november 1877: «Boken har som sagt baade glædet og skrækket mig ... hvad det er som gjør mig lidt forskrækket, min Ven: det er som der undertiden begynder at ta Blaalys i dem (Personerne) — og det er fordi hele Emnet er en moralsk sumpig Grund. Der skal næsten «fødte Europæere» til at grave i de Grøfter og saa se Dig staa med Hovedet bukket og grave nede i dem!» Endå i 1877 kunde Lie i Studentersamfundet halda foredrag om Materialisme og Idealisme. Han las òg med glede det Heuch skreiv til forsvar for kristendomen. Men dei fråsegner han seinare gav med tilføre av Jægers bok Fra Kristiania-Bohemen, viser at jamvel han heldt på å verta «forholdsløs».

Ei kristen ettertid kunde nok med ein viss byrgskap visa til at kristne livs- og samfundsproblem stendig var hovudtema i gullalderen

[47] Jonas Lie, Breve. Utg. av Carl Nærup 1915.

åt den norske bokheimen. Den kristne samtida kunde ikkje kjenna det så. Ho såg smått om senn den verdslege bokavlen som eit einaste åtak på dei mest heilage, dyre verde i livet. Med det føremålet å gjera kristendom og kyrkje usmakeleg for folket vart alle middel nytta: den rolege utgreiinga og analysen, den fine intime skildringa, den skarpe flengjande kritikken, den djupaste tragikken, den mest rivnande komikken eller spottande ironien. Og alle stader møtte bokheimen med ein aldri sviktande kjærleik til sanninga. Lukka i det å leva var striden mot alt som smaka av ufridom.

Ei fortenestfull side ved denne bokheimen såg motparten òg: han reiv nådelaust maska av den ikkje alltid medvitne religiøse hyklarskapen. Men med sine mange og store kunstverde var denne bokheimen i mange høve den reine forgifting for ung og urøynd ungdom. Han løyste ungdomen, ikkje berre frå det som var skeivt i meiningar og livsformer, men og i stor mon frå den kristne moralen, og gjorde det som før hadde vore fast, til noko tøyeleg, ja, rennande. Dei aller fleste kristne sette difor denne bokheimen på indeks. Så heit som striden var, var det berre å venta at eit fåtal mellom dei kristne kunde sjå nokolunde objektivt. Ein av dei få kristne som prøvde på dette, var Chr. Bruun. Difor verka det så roande å lesa hans tankar og innlegg. Med heil hug og ærleg vilje prøver han å sjå og draga fram det rettkomne på begge sider. Over Ævne er for Bruun «aabenbart tænkt at skulle være et Angreb paa Christendommen», og det ikkje berre på den skrøpelege vanevorne, men og på den ekte og ærlege. «Enten er Christendommen i Grunden Ingenting eller saa er den Sygdom; dette er Bogens Tanke.» Bruun meiner at motivet til Sang har Bjørnson delvis funne i misjonær Børresen, denne store, einfelde, truande barnesjela, som synest ha opplevt så mykje av underet.

Sang er dessutan «bare, bare god». Bruun hevdar her at Bjørnson tek i miss. Kjernen i kristentrua er ikkje evna til å gjera under. Det vilde vera å gjera kristendomen til noko utvertes. Å vera god berre og berre sjå det gode hos andre, samstavar heller ikkje med Jesus frå Nasaret. Han såg det vonde, jamvel der ingen annan såg det, og han kledde det vonde nake.[48] Då høgremannen statsråd Nils Hertzberg i 1885 hadde halde foredrag i Sarpsborg, og ettervist dei fårane som truga den kristne skulen i landet frå fritenkinga og vart overdengd med åtak frå radikal side, forsvara Bruun Hertzberg og gav han rett i det at det krydde av «tilhyllede og utilhyllede» åtak på kristendomen i blad og bøker. Han provar dette med å visa til at Bjørnson har gjeve ut Ingersolls bok. «Vil man kanske negte at Ingersoll er en Fiende af Christendommen? — Det er *Daarskab* at lukke sine Øine for at disse Ting som Hertzberg peger paa, virkelig indeslutter alvorlige Farer for vort Folk.»[49].

I artikkelen Lidt om vore Digtere[50] må han til stor sorg slå fast

---

[48] For Frisindet Christendom 1884 s. 25 ff.
[49] F. F. Chr. 1885 s. 125.
[50] F. F. Chr. 1885 s. 29 f.

at Bjørnson, Ibsen og Kielland har sagt seg lause frå kristendomen. Bruun hadde ikkje opplevt så usæl dag i vårt offentlege liv som den dagen Bjørnson sa seg laus, ikkje berre frå dette eller hitt stykket i kristenlæra, men frå sjølve kristendomen. Han vil ikkje frikjenna anten Bjørnson eller andre stormenn for skuld i dette. Men kristne menneske må tenkja på *si* medskuld. En Hanske er etter Bruuns dom ei bok som kvar kristen kunde ha vore stolt av å ha skrive. Og endå det går ein understraum av fritenking gjennom Bondestudentar, så har det ingen stad vorte sagt så klårt ifrå som der, at dovenskapen er ei folkesynd i Noreg. Fortuna er ei grei og endefram preike — ei botspreike «om den dannede Maade at stjæle paa». «Gift» er eit slag mot heile det daude formstellet i opplæringa, mot latin- og Pontoppidanpugget. Tendensen fell heilt saman med pedagogikken i folkehøgskulen. Endeleg rosar han Bjørnson for det mektige innlegget han har kome med i sedskapsstriden med En Hanske og Det flager. Men eitt lyte, meiner Bruun, går gjennom heile denne bokheimen: Diktarane talar berre om syndene åt dei rike og «de dannede», medan dei let bønder og småfolk gå frie. At brodden vert vend mot «Samfundets Støtter», er naturleg. Men det er ikkje rett å lata denne samfundsklassen stå åleine med skamma og ansvaret. Her har høgrepartiet god grunn til ankemål.

Fram til 1880 hadde Heuch stått åleine i striden. Frå den tid kjem Luthersk Kirketidende meir med ved Heuchs side. Bladet minner om at det einfelde kristne vitnemålet er ei stor makt. Men som tida og tilhøva er, må vitnemålet i nokon mon leggjast om. Korleis det religiøse livet vert skapt og veks fram, har til no vore kjernen i forkynninga hos både lek og lærd. Men di meir fritenkinga breier seg, di meir naudsynt er det at dei sentrale fakta i kristendomen vert aksentuerte. Men vilkåret for dette er at lærdomane åt fritenkinga vert dregne fram or det tvitydige sløret dei no sveiper seg i.

Heuch synest berre ein einaste gong å ha teke kvast til motmæle mot vantrua i diktinga. Det var då Dagbladet kalla Det ny System ei botspreike og jamvel tok eit profetord til tekst. «Avlægger Løgn og taler Sandhed, hver med sin Næste.»[51] Meldinga rosar Bjørnsons bok av di ho driv menneske inn i sjølvprøving og «fører Krig mod uværdig Skinvæsen», og titulerar Bjørnson som Noregs «største nu levende Bodsprædikant». Heuch minner om dei mange både mellom lek og lærd som just forkynner det same. Kan ein lasta kyrkja for mangt, kan ein ikkje lasta henne for at ho ikkje tek til ords mot skinet i det kristelege. Det som etter Heuchs meining gjev Bjørnson så høg ein rang mellom dei vantruande, er noko heilt anna. Det ligg ikkje i «Paavisningen af Usandhedens Fare, men i Paavisningen af Helbredelsesmidlet ligger den himmelvide Forskjel mellem Bjørnson og Kirkens Prædikanter.»[52] For Bjørnson er det inga objektiv sanning.

---

[51] Dagbl. 15. april 1880.
[52] Luth. Ugeskrift 1880 I s. 284.

For han er det nok å leva i samsvar med si eiga overtyding, «og da for Øieblikket hans egen Overbevisning er aldeles vantro, gjør han alt for at bibringe andre den.» Til slutt skuldar så Dagbladet dei kristne for å kveikja kjettarbål under Bjørnson! Då gjer Heuch profetorda til sine: «Avlægger Løgn og taler Sandhed, enhver med sin Næste!».

IV. „HVORLEDES BØR KIRKEN MØDE NUTIDENS VANTRO?"

1. DEN POLITISKE LIBERALISMEN KLØYVER PRESTESTANDET

Politikken er bleven vort Folks Lidenskab.
(Luthersk Kirketidende mars 1882.)

Det «åndens stempel», den høgd og vigsel som Chr. Bruun tykte det låg over Sverdrups politikk, verka sterkt på fleire enn han mellom teologane. Mange unge, gåverike prestar, helst slike som stod Grundtvigs synsmåtar nær og gjennom han hadde vunne tru på folkeevna, vart snart rivne med av den politiske liberalismen. Fram til 1882 hadde striden mellom kristendom og fritenking vore avgrensa til bokheim og presse. Frå no tok striden fårlegare former: han slo over i politikken. Trass i alle sterke oppmodingar til prestane om å slå ring om den konservative politikken, vart valet i 1882 ein katastrofe for høgre. Høgre kom att med berre 31 mandat, vinstre auka til 83.

Eit like stort trugsmål som dei mange vinstre-mandata var det at vinstrefylkingen åtte så mange unge, dugande menn. Den vestlandske reformrørsla møtte med sine to fremste menn: sokneprestane Jacob Sverdrup og Lars Oftedal. Grundtvigianarane stod for første gong mannsterke i tingsalen: sokneprestane V. A. Wexelsen og Sæmund Vik, høgskulestyrarane Viggo Ullmann, cand. jur. N. Sørensen, Lars Bentsen, K. Foosnæs, Daniel Sæter og ei rad med lærarar, mange som seinare vann namn i norsk rikssoge. Trøndelag sende 8 representantar; av dei var 3 folkehøgskulelærarar og 2 folkeskulelærarar; berre 1 var bonde.

Jacob Liv Sverdrup var son til H. U. Sverdrup og tok som tingmann opp arven etter faren. Han var òg ein svært interessert og dugande skulemann og hadde vore folkehøgskulestyrar i 6 år. Han var fødd i Oslo 27. mars 1845 og voks opp i Balestrand, der faren, H. U. Sverdrup, bror til Johan Sverdrup var prest og tingmann. Jacob vart student i 1869. Alt som student tok han til å halda liberalpolitiske foredrag for bøndene i Sogn. Han var halden for ein litande ortodoks mann, og fekk alt same året han tok embetseksamen eit kongeleg ferdastipendium for å granska høgskulerørsla i Danmark. Resultatet av ferda samla han i artikkelen: Grundtvig og de danske

Folkehøiskoler.[1] Sverdrup høgvyrde Grundtvigs arbeid for å driva rasjonalismen ut or kyrkja. Han har og klårt syn for det verdfulle i Grundtvigs folkelege arbeid. «Den kirkelige Anskuelse» kunde han som god ortodoks mann ikkje med, men han er heller ikkje nøgd med den voksterleia det religiøse livet har teke heime, og serleg misnøgd er han med at den norske vekkingskristendomen har så lite syn for det folkelege og det nasjonale. «Det er Daarskab i Friheden at ville se en Emancipation fra Kristendommen.» Men han er heller ikkje nøgd med alt i den grundtvigianske oppsedingsmåten, framom alt ikkje med den sterke bruken Grundtvig gjer av mytologien. « — den mytologiske Tid er Folkets Barndom, fuld af barnlige Tanker, og barnlige Former for Tankerne.» Men i kravet om større rom for det notidige og livsnære er han heilt med. Grundtvigs ankemål, at skulen forsømer hjartelivet og det karakterskapande, er han heilt med på.

I 6 år styrde Sverdrup Sogndals folkehøgskule. Meir og meir kom han med i politikken og fekk så mykje å stå i at han ikkje kom elevane så nær som han sjølv ynskte. Jacob Sverdrup gjorde seg tidleg til målsmann for den lågkyrkjelege vestlandske reformrørsla, som han elles og ervde etter faren. I 1876 skipa han saman med klokkar cand. theol. Ole Vollan Ny luthersk Kirketidende, som gjekk heilt inn for dette programmet. Då farbroren Johan Sverdrup skipa det første norske vinstreministeriet 26. juni 1884, vart Jacob med i statsrådavdelinga i Stockholm. Men alt i juli 1885 vart han sett til sjef for Kyrkjedepartementet i Oslo.

Presten *Lars Oftedal* hadde alt som stiftskapellan frå 1868 teke til med eit slag geistleg emissærverksemd og gjort «Hurtigtog» inn i kyrkjelydane åt andre. Som stiftskapellan gjorde han teneste i ei rad med bygder: Karmøy, Sokndal, Hå, Lye og Hægebostad. Frå Hægebostad vart han valmann for vinstre i 1873. Mest alle stader der Oftedal verka, fylgde vekking. Han var ein varm og dugande, om enn noko mørk predikant. Songboka hans, Basunrøster og Harpetoner, vart spreidd og kom i ei mengd med opplag.

Etter ei Amerikaferd i 1875 tykte venene hans at han ikkje var den same. Han var mindre noggrann både i ord og ferd. I bladet sitt, Bibelbudet, kom han med sterkt nedsetjande domar om dei norskamerikanske prestane, så den norskamerikanske professor Rasmussen såg seg nøydd til å ta til motmæle. Frå 1875 stod Oftedal oppe i stor og stendig aukande kristeleg—filantropisk verksemd i og ikring Stavanger. Det yngla av tiltak ikring han: Bethania Vaisenhus, Magdaleneheimen, barneheim, prenteverk, Vaisenhus nr. 2, Herberge for Embedsmænds Barn, Guttehjem nr. 3, Redningshjem for Barn. I 1879 skipa han dessutan Vestlandsposten, som ei tid sagdest ha 10 000 tingarar og vart lesen av det mangedoble talet. Bethaniakvartalet og avisa representerte i 1881 eit samla verde på kr. 200 000. Alt dette til saman gav Oftedal ei makt og ein posisjon som truleg berre få har hatt. For den politiske agitasjonen åt vinstre var Oftedals heilrende og

[1] Folkevennen 1870.

avgjorde kristne personlegdom eit aktivum som vinstrepressa forstod å nytta vel ut. Oftedal var det aller beste provet for at høgreskuldingane om at vinstre vilde kyrkje og kristendom til livs, var det reine nonsens. Samstundes prova han at det ikkje var noko til hinder for at vinstre kunde nytta avgjorde kristne i si teneste. Få tingmenn kunde i førstninga av 80-åra gleda seg over ei så avgjort god presse som han. Så ofte høvet baud seg, heldt han fram med sine emissærreiser i bygd og by. Men då han vart tingmann, tok prestar og bispar til å sjå meir etter han, og tok jamvel til å leggja hindringar i vegen for hans «Venstregudstjenester», som høgre kalla dei. Visst er det at få tingmenn på denne tid gjorde partiet sitt så store tenester som Oftedal. «Det var med øiensynlig Glæde og Velbehag, at Pastoren fremstillede Helvedesstraffens Evighed og udmalede den Rige Mands Angst og Pine i Helvede...

Hans Nærværelse her har altsaa gjort den Nytte, at den har rokket og for en stor Del tilintetgjort den Tro, som Kristendomsopraaberne og Højrebladene har bibragt en hel Del enfoldige Mennesker, at en Venstremand ikke kan være rettroende. Naar man har hørt Pastor Oftedal, maa man blive inderlig overbevist om det modsatte.»[2] Prestar og bispar vart sjølvsagt meir og meir oppsette på å bremsa på denne verksemda hans.

Då han skulde fara til tings i 1884, hadde han planlagt å reisa i god tid frå Stavanger og halda bibellesingar aust og vest for Kristiansand. Men dette hadde biskop Tandberg fått nyss om og gav Oftedal pålegg om å ikkje forlata embetet sitt før det var heilt naudsynt for å nå til Oslo i rett tid.[3] Verknaden av dei vanskane som vart gjorde, var berre den at vinstrepressa gjorde Oftedal til martyr og samanlikna han med Hauge.[4] Serleg i 1882—83 må Oftedal ha vore i stor aktivitet: Hamarborgarar har jamvel søkt bispen om løyve for han til å preika i Hamar domkyrkje; men dei fekk avslag.

Styret for Hausmannsgatens bedehus i Oslo drøfte i 1883 om det kunde gjeva Oftedal høve til å halda bibellesingar der ein gong for vika. Men serleg sekretæren for Opraabskomitéen sette seg avgjort imot.[5] Denne sekretæren er nok den seinare klokkar H. G. Heggtveit. Han prøvde å få Jacob Sverdrup til å ta talarstolen i bruk.

Den 26. april 1883 gjorde verkeleg styret for Hausmannsgatens bedehus med 6 mot 2 røyster vedtak om at pastor Oftedal «ikke skulde tilstedes Adgang til at tale paa Bedehuset». — I Ålesund prøvde ein danselærar Wedøe å agera Oftedal i teatret; men han vart utpipen og måtte fara frå byen.[6]

Sokneprest *Vilhelm Andreas Wexelsen* vart i 1879 vald til 1. varamann for N. Trondhjems amt, møtte på tinget 1. mai 1882 og seinare

---

[2] Korrespondanse frå Svelvik i Dagbl. Hermt etter Fædrel. 1885 nr. 68.
[3] Vestlandsp. 5. februar 1884.
[4] Morgenbl. 1883 nr. 284.
[5] Vestlandsp. 1883 nr. 30.
[6] Aalesunds Blad 7. mars 1883.

på kvart storting frå 1883 til 1891. Saman med Ole S. Welde, A. Qvam, L. M. Bentsen og L. Soelberg hadde Wexelsen i 1882 sendt ut eit valopprop til veljarane i N. Trondhjems amt. I oppropet var det sagt, at kunde ikkje kongsmakta og unionen gjeva opp påstandet om absolutt veto, med alt det som høyrer til, så fekk nordmennene gjeva opp kongsmakta og unionen. Oppropet tok fram punkt for punkt i høgreprogrammet. Biskop Grimelund kjende seg ille ved av di ein av prestane hans såleis kasta seg ut i politikken, og sende 3. oktober Wexelsen ein «admonition»: «Man kan ikke tage en Avis i Haanden uden at støde paa en Strøm af forbitrede Anklager og Beskyldninger, Ordforvrængninger og Sigtelser for Løgn... Vi kjende alle til hvad Frugt denne stygge Udsæd har baaret.» Aldri har folket vore så opprive av trette og kløyving som no.

Om oppropet som Wexelsen har vore med på, seier biskopen: «Et saa fanatisk Partiopraab, en saa fripostig Forvrængning af Kjendsgjerninger, en saa tirrende Udslyngning af Beskyldninger og forargelig Omgang med Sandheden, har jeg endnu ikke seet i noget Skrift af alvorlige og navngivne Mænd i dette Land. Og dette Manifest har Pastor Wexelsen underskrevet, dertil har en Mand, der er kaldet af Gud til at vidne mod Kjødets Gjerninger, laant sit Navn.» Først då han fekk bispebrevet gjennom departementet, svara Wexelsen. Han viser til at oppropet refererar høgreprogrammet og peikar på dei fårane han meiner trugar fridomen og sjølvstyret frå byråkratiet. «Jeg ved at jeg blir miskjendt og dømt af Kolleger, dadlet af Overordnede, umulig for det gode Selskab, men det faar ikke hjelpe: jeg er i min Samvittighed overbevist om, at jeg har valgt ret, det er mig en Glæde og en Lykke at faa Lov til at være med blandt dem, der arbeider for Bevarelsen af vore dyrebareste Rettigheder».

I 1883 søkte Wexelsen Stod soknekall. Prost Skauge gav han vitnemål for trott og arbeidstrong. Biskopen må «anke» over at «jeg endnu alt formeget savner hos ham den Aandens Modenhed og det Alvor som jeg maa fordre hos en Ordets Tjener i Kirken.»[7] Då høgrepressa i Trondheim hadde skulda Wexelsen for å forsøma embetet sitt, sende Wexelsen biskopen eit utdrag av dagregisteret og bad om eit vitnemål til å slå skuldingane ned med. Men biskopen svara at det tilsende utdraget ikkje var godt nok grunnlag for eit slikt vitnemål.

Alle slag vanskar melde seg for vinstre-teologane. Stiftskapellan Baardtvedt freista seg med ei katekismeforklåring på nynorsk mål, skreiv til biskopen på same målet og tok vinstrepolitikken i forsvar. Biskop Grimelund er reint frå seg og manar Baardtvedt til å lata politikken fara og samla all si kraft om å forkynna Kristus.

Viggo Ullmann tok filologisk embetseksamen i 1872, og studerte så høgskulerørsla i Danmark. Saman med cand. theol. Jon Lange skipa han høgskule i Øystre Moland 1873, flytte i 1880 til Telemark og heldt høgskule der i ymse bygder til bøndene i 1884 kjøpte Utgarden i Seljord. Heilt frå 1880 var Ullmann ein svært flittig foredragshaldar.

[7] Trondheims biskop, kopibok 25. sept. 1883.

Han var reint uvanleg godt rusta både med talegåver, kunnskap og arbeidskraft. Det er mest uråd å få oversyn over alt han har skrive. Det var som riste han artiklar og innlegg ut or frakkeerma. Både som publisist og som tingmann er han alltid å finna på ytste radikale vengen. Med sin rike givnad har han sett djupe merke etter seg både i skule og i kyrkjeleg lovgjeving.

Lars Martinius Bentsen var seminarist frå Holt og reserveoffiser, og skipa saman med Foosnæs høgskule i Stjørdal 1868 og vart tingmann i 1877.

Daniel Sæter var Klæbu-seminarist og styrde frå 1876 ein ambulerande høgskule i Sør-Trøndelag. Han var tingmann frå 1883.

Hans Konrad Foosnæs, Bentsens ven og medlærar, vart like eins tingmann i 1883, seinare statsråd.

Nikolai Julius Sørensen, cand. jur., skipa 1878 Alvheim folkehøgskule. Han var ein uvanleg produktiv journalist og gav ut Østlandske Tidende og Heimdal, Norsk Høiskoletidende 1879, vart vald til tingmann 1883, og skipa 1886 fråhaldsgruppa i tinget.

Dette var ei rad med dugande menn, som rett nok hadde lite politisk trening, men som hadde dei aller beste vilkår for å gjera seg gjeldande på stutt tid. Dei kom frå folket og kjende trongen hjå folket. På den motsette sida stod dei ortodokse teologane i tinget: Heuch, professor Bugge o. fl. Dei var minst like dugande. Men dei åtte ikkje «Tidens Medfør», som Verdens Gang tala om.

Ikkje minst var det spørsmålet om kongens absolutte veto som kløyvde teologane. Dei ortodokse oppmoda venene sine om å be for både konge og veto. Vestlandsposten oppmoda sine vener om å gjera det motsette: «Maatte enhver Kristen være flittig til at bede, at Gud maatte faa bøie Kongens og hans Raads Hjærte saa de ikke maatte nedkalde Guds Vrede over Folk og Land.»[8] I Haugesund let ein høgremann barnet sitt døypa Christian August Selmer; same dagen vart det i Avaldsnes døypt ein gut med namnet Johan Sverdrup![9] På begge sider rådde illkynd uvilje og det mest makelause skarpsyn for feil og mistak hos motparten. Dei mest skuldlause hendingar eller ovringar vart dregne fram og med hatefull tolking rengde såleis at dei sulka motparten til.

Den radikale majoriteten var like vel ikkje så sterk og homogen som han såg ut til å vera. Kvar for seg var dei tri flokkane i vinstre: vestlandske reformvener, grundtvigianarar og «europearar» for veike til å få sine serføremål igjennom. Men stod dei saman, kunde dei makta mest alt. Lenge kunde dei vantrune påstå at dei på det kyrkjelege omkvervet ikkje hadde andre synsmåtar enn dei «som Troens freidigste Bekjendere, Kirkens alvorligste Mænd dele med dem.»[10]

I sann mothug mot at embetsbrør og kristne menn rette slike

---

[8] Vestlandsp., hermt etter Luth. Ugeskrift 7. mars 1882.
[9] Opl. Avis 1883 nr. 114.
[10] De yderligt gaaende Reformvenner og Vantroen. Luth. Ugeskrift 1878 I s. 37.

skuldingar mot kvarandre, greip Chr. Bruun den idéen å prøva reisa eit kriste vinstreblad. Han fann stønad for tanken sin hos Lars Bentsen. Men hos Bjørnson og Arvesen møtte han motstand. Ja, Bjørnson for jamvel opp og skulda Bruun for å forfylgja fritenkjarblada. Han hermer Stuart Mills ord: «Hvis de kristne vil lære de vantro at være retfærdige mod Kristendommen, skal de selv være retfærdige mod Vantroen.»[11] På si side finn Bruun at det no er kome så langt at det er luksus å spørja etter kristen tone i eit politisk blad.[12] Striden berre auka i uhugnad. Chr. Bruun og Luthersk Kirketidende, som tala for soning, vart ikkje høyrde så heit som striden no var.

Korleis politiske motstandarar såg på kvarandre, får me ein tokke av i denne skildringa i Bergens Tidende frå 1883: Morgenbladet har med stort ålvor tala om «Forbindelsen mellem Antikrist og den politiske Radikalisme». Morgenbladet meiner at alle vinstreførarane «forbereder Antikristens komme og baner Veien for ham i vort Fædreland». Bergens Tidende finn ut at kristendomsiveren åt Morgenbladet er heilt mellomaldersk og merkt av den ånda «som tændte Kjetterbaalene og opfandt Inkvisitionens Pinsler ... Hvis Morgenbladet, Professor Bugge og Luthersk Ugeskrift fik raade ene og uhindret her tillands, vilde vi snart faa se Inkvisitionstribunaler og Kjætterbaal indførte paany, ikke at tale om Censurtvungen Kirkegang.»

2. ROM FOR FRIDOMS- OG KULTURTANKANE I DET KYRKJELEGE LIVSSYNET. FR. PETERSEN

Så mange og så djupe spørsmål som fritenkjarane hadde sett fram til drøftings, og så heilt annleis dei såg på religion, manneliv og samfundsliv enn dei kristne, måtte det ta tid før kyrkja vann å orientera seg og endå lenger før ho kunde gjeva svar, om det i det heile var råd å svara. Fritenkinga gav difor kyrkja arbeidsoppgåver for lange tider frametter.

Heuchs metode var nok heilt skriftvoren: med logisk analyse freista han å løysa opp postulatet åt vantrua innanfrå, og så med ortodoks skrifttolking brått å avvisa alt i hop. Metoden var òg svært glimrande. Like vel førde dette på ingen måte fram. Metoden bygde på den sjølvsagde føresetnaden at motparten bøygde seg for skriftautoriteten. Men det var nett det fritenkinga ikkje gjorde. Ho såg på Bibelen som på ei onnor bok. Og i alle høve kjende ho seg viss om å eiga eit skjøn på skrifta som var like godt fastankra i Guds vilje som det ortodokse. Ut frå så ulike synsmåtar kunde Heuchs metode ikkje føra til anna enn endelaus strid.

Heuchs apologetiske metode leid òg av ein annan synberr veikskap.

---

[11] Chr. Bruun og L. M. Bentsens Forfølgelse af fritenkerske Venstreblade. Opl. Avis 1881 nr. 112.
[12] Venstrepolitikken og Theologene.

Han åtte lite eller inkje syn for kyrkjesyndene, og gav sers ugjerne motstandaren det minste skin av rett.

Like vel har Heuch store fortenester av den norske kyrkja. Han reiste striden. Det var langt ifrå at han vann løysa alle problema som fritenkinga hadde drege fram. Men det er hans store forteneste at han tok si kristne vitneplikt så ålvorleg at han gav den norske kyrkja den aller første og grunnleggjande orientering om sjølve grunnideane åt vantrua. I denne striden stod Heuch dei fire første åra så å seia heilt åleine. I lengda kunde nok kyrkja ikkje stå berre som passiv åskodar. Men først framimot 1890-åra fekk lekfolket syn for det storverket Heuch hadde gjort. Det var såleis heilt naturleg for Heuch å sjå si eiga stode i biletet «Mod Strømmen».

Kyrkja fann uttrykk for den krisa ho no var komen opp i, i spørsmålet: Hvorledes bør Kirken møte Nutidens Vantro? Men i den forma spørsmålet her fekk, skal ein snautt sjå nokon kritikk av Heuchs arbeidsmåte. Spørsmålet fortel at kyrkja i denne saka enno står leitande og fumlande, og at det òg kan finnast andre måtar å møta vantrua på enn den som Heuch hadde nytta.

Med professor Fredrik Petersen og Christoper Bruun slær i alle høve norsk apologi inn på vegar som vik monaleg av frå Heuchs. Petersen representerar overgangsstadiet mellom ortodoks og liberal teologi. Liksom Heuch set og Petersen alle tidarspørsmål inn under ljoset frå skrifta, men med den skilnaden at han under den grumsute overflata finn varande verde og ljosglyttar, jamvel hos vantrua. Christopher Bruun går endå lenger i same lei og hevdar elles folkekyrkjetanken i motsetnad til statskyrkja.

Frå den rike kjøpmannsheimen i Stavanger hadde Petersen arva syn og sans for dei sanne verde i ånds- og kulturlivet. Gjennom to utanlandsopphald, serleg det i Berlin 1866—68, hadde han hatt rikt høve til å bu seg til si framtidige livsoppgåve. I sine unge år var han oppglødd for Kierkegaard, og skreiv ei lang avhandling om meisteren. Men før utgreiinga var ferdig, var Petersen ferdig både med meisteren og med paradokset. Som på andre meir framtøke teologar hadde det verka etisk vekkjande på han å studera Kierkegaard. Denne vekkinga fekk han utdjupa som ung prest i Skien, der han samstundes vann seg eit rom og ei tiltru mellom dei kristne som bøtte mykje på den mistrua han seinare drog på seg frå stivt ortodoks side.

Petersen såg den moderne vantrua som ein overbygning over den moderne naturvitskapen. Difor let ikkje vantrua seg visa av med bibelske skriftprov. Petersen er realist nok til å skjøna at det å dedusera dei kristne sanningane frå ein einskild kristen hovudidé, ikkje fører fram. Han slær difor inn på ein heilt annan veg enn Heuch. Han krev at kyrkja skal «indarbeide Nutidens Friheds- og Kulturtanker i sit Livssyn». Med foredraget : «Hvorledes bør Kirken møte Nutidens Vantro?» på stiftsmøtet i Oslo i 1880 dreg han så opp grunnlinene for det apologetiske arbeidet i framtida: «Baandene som binder det gamle bør løses. Skal Kristendommen kunne øve nogen vesentlig Indflydelse paa Kulturarbeidet, saa maa vort religiøse Liv

ikke blot frigjøre sig fra sit pietistiske Drag, men ogsaa fra det gamle teologiske System.» Meir ope og beintfram kunde det ikkje seiast at kyrkja og teologien sjølve var medverkande årsak til det uføret som no rådde i tilhøvet til kulturlivet. Han åtvarar mot den sterke tendensen som syner seg innan visse kristne krinsar til å nytta politiske middel i striden: «Der kan intet være Vantroen kjærere end, at de Christne selv give den Anledning til at opfatte Christendommen som en politisk Anskuelse, at Kirkens Mænd selv give Kirken bestemte politiske Interesser. Dermed er Christendom og Kirke draget ned fra sin guddommelige Høide.»[13]

Både i foredraget og seinare i «Redegjørelse» steller Petersen desse grunnkrava til dei kristne: Dei må ikkje syna seg ljosredde, dei «maa med ufordulgt og uskrømtet Sympati overalt støtte Oplysningens Sag, ikke blot, hvor den optræder med Ærbødighed for Kirken og Kristendommen.» Dinest må kyrkja «tilegne sig og indarbeide i sin kristelige Tankegang de Resultater Forskningen har bragt for Dagen» og såleis prova at kristendomen på ingen måte er imot framsteg og fridom. Så må kyrkja ikkje, som ho før har gjort, stø seg til staten, men «hvile paa sin egen indre Kraft». Endeleg må kyrkja ikkje tapa or syne at det einaste provet for kristendomen, er det *etiske*. «Vidne vort Liv paa den Maade — da fører vi et Vaaben, som formaar at overvinde det onde Hjerte. Fører vi ikke dette Vaaben, da er det kun liden Kraft i de andre.»

Som no det er, held vantrua på å riva åt seg utviklings- og framstegsarbeidet og stella seg i brodden i strevet for fridom og opplysning. Her må kyrkja med si kristelege sannkjenning gjennomarbeida all den kunnskapen tida eig. Friskt og djervt skal den kristne vera med i kulturarbeidet. Ikkje så at han skal springa til og arbeida for alt det som gjev seg sjølv namnet framsteg, men såleis at han sjølv kan døma om kva som er moralsk forfall og kva som har si grunngjeving i mannenaturen og i utviklingsidéen. Vil prestane gripa tida, må det merkast at deira forkynning verkeleg ber frelsa med seg, og livet deira må openberra den kraft som dei forkynner. Dei må leva med i notidslivet. Men både forkynning og ungdomsopplæring er for mykje merkte av gamal overlevering. Difor har ordet så liten verknad. Kyrkjene tykkjest for mange vera «Forgangenhedens Indretninger», som luter mot grava; både liv og lære verkar som «tør Prestelære og sneverhjertet Tvangsfromhed». Og dette i ei tid som er sjuk og rådvill av kraftløyse og sedeleg avmakt.

Både mellom kyrkjefolk og fritenkjarar vekte foredraget større åtgaum enn nokor onnor kyrkjeleg hending på mange år. Det var uventa frå den sida, og det kom brått. På ortodoks side kjende dei det svært leitt. Foredraget vart jamvel skulda for rasjonalisme eller for rasjonaliserande uklårleik, og det hadde gått Petersen ille om han ikkje hadde hatt så sterk stønad i pietistiske krinsar, serleg på Skienskanten, som han hadde.

---

[13] Etter Bull og Paasche, Norsk Litt.hist. V s. 24.

Det må ha vore ei stor overvinning for Petersen å stiga fram med dette kravet, både til kyrkja og til det gamle teologiske systemet. Heller ikkje kan han ha vore blind for den vågnaden dette førde med seg. Så langt som han gjekk i å godkjenna verdfulle moment i kulturrørsla, var det å venta at han vart teken til inntekt for motparten.

Med artikkelen Christendom og Fremskridt[14] syner professor Monrad sin sterke mothug og tek sin unge universitetskollega grundig i skule. Det syner seg på det teologiske omkvervet synsmåtar, som rett nok ikkje vil gjeva opp kristentrua, men som «synes stemte i den nye Tids Tone» og i ferd med å koma vantrua til møtes. Den rette måten å møta vantrua på, seier Monrad, er då vel ikkje å «imøtekomme», men å «imøtegå». Det første, seier han, er «at gjøre sig yndig for Tiden», «den sletteste av al Teologi». Frå vitskapen «i dens modne Selvbegrensning» har kristendomen inkje å ottast. Kyrkja må ikkje lata seg bluffa «af den Sværm af videnskabelig Pøbel, der uden selv at tage Del i Forskningens Møie — blot er ferdig til at udbasunere Videnskabens nyeste tilsyneladende Udbytte, — forsaavidt de gaa i Vantro Retning og deraf drage de mest fjerntrækkende Slutninger, som Videnskaben ikke vedkjender sig.»

Luthersk Ugeskrift finn at domen som Petersen har felt, er svært einsidig og merkt av «ubillig Strenghed» når det gjeld kyrkja, men skjønsemd og orsaking når det gjeld vantrua.

Petersen braut såleis med den gjengse avvising av det kulturelle, naturvitskaplege og politiske fridomsarbeidet. For ungdomen — serleg for dei teologiske studentane — fekk han mykje å seia.

Utigjennom 80-åra gav han ut skrift etter skrift: Om Skabelsen, Opholdelsen og Styrelsen, 2 band, 1883 og 1885 (seinare gav han same verket ut i omarbeidd form med titelen Forskningen og den kristelige Tro), Hvorfor jeg tror paa Jesus Kristus (1884), Moderne Moral og kristen Moral (1889), Religion og Videnskap (1893). For vår fatige teologiske litteratur var dette ei stor oppriking. For dei kristne som hadde vanskar med vitskapen, var han til stor stønad, og for vitskapsdyrkarane var arbeidet hans ei innbeding frå kyrkja.

På ein måte likjest Petersen på Heuch. Han syner si største kraft i det å visa vantrua av. Å forma ut sjølve det kristne læreinnhaldet fell han tyngre. Når ein har lese problemdrøftingane åt Petersen, sit ein elles att med kjensla av at mysteriet i kristendomen dreg seg undan og vitskapen rykkjer fram.

Ei kjelde til stor sorg for Petersen var det at Heuchs åtak på all friare teologi også råka han og arbeidet hans, utan at Heuch nokon stad nemner Petersen på namn.

Fasitten av apologien sin formar Petersen i Moderne Moral og kristelig Moral såleis: Provet for trusanningane er den verknaden sanninga har på vår personlegdom, på vårt samfund — at livet vårt lyser av helg og reinleik, av dei evig unge kreftene i kjærleiken og audmykta. Gjer ein det vitskaplege til hovudsak, har ein tapt. Tvil-

[14] Morgenbl. 1880.

laust hadde Petersen her funne den aller beste måten å møta vantrua på til alle tider. Hovudemnet i Petersens arbeid er tilhøvet mellom kristendom og naturvitskap. Største åtgaumen vigde han skapingssoga. Han er streng empirikar, vågar seg naudleg ut om røynsla. — Dette gjer at arbeidet hans er sterkt merkt av både det kritisk—provande og det tillitvekkjande.

3. FOR APOSTOLISK KRISTENDOM — MOT BÅDE TEOLOGAR OG FRITENKJARAR. CHRISTOPHER BRUUN

> I Kamp med Fritænkere og Theologer, det kunde gjerne være som en Overskrift over dette Blad og over mit Liv i det Hele. (For Frisindet Christendom 1886 s. 320.)

Eit monaleg steg lenger, i same lei som Petersen, gjekk Christopher Bruun. Bruun var òg ortodoks i sitt grunnsyn, om han enn tvilte på om det var rettkome, sumt i den lutherske læra.[15] Liksom Grundtvig meinte han at Guds verdsstyring ikkje berre var noko fortidig. Han såg Guds vilje med folk og land i tidartankane og tidarhendingane. Han åtte Grundtvigs sterke tru på folket og folkeevna. Difor stod han meir positivt til mannenaturen enn ortodoksi og pietisme. Hans kristendomsideal var det apostoliske—kierkegaardske. Som den ekte norske realisten han var, hevda han alltid eit «anten—eller» utan all pruting.

Alt i ungdomsåra hadde han gjort seg ålvorlege tankar om kristendom og kultur. Han vona at ein kristen folkehøgskule skulde verta den åndelege og liberalismen den politiske lyftestonga til å berga folket ut or den sumpen som den halvrotne kulturen hadde ført det opp i. Difor slutta han seg så varmt til Johan Sverdrups politiske grunnsyn. Det som framom alt drog i denne lei, var «det Aandens Stempel paa hans Politik». Det var den stempelen som gjorde det så mykje meir lokkande for Bruun å strida under Sverdrup enn under motmennene. Lenge meinte han at det i Sverdrups program var noko Gud vilde ha fram i folket vårt.

Men vonbrota hans når det galdt liberalismen, var mange. Alt i 1873 nøyddest han til å reisa ankemål mot at dei positivistiske ideane fekk stendig større rom i vinstrepressa.[16] Sers vondt for han var det at han måtte halda Sverdrup for republikanar, ihuga monarkist som han sjølv var alle sine dagar. Bruun vilde eit kriste vinstreparti. Han stod såleis i opposisjon til sitt eige politiske parti. Enno på lærarkurset i Seljord i 1882 stod Bruun og Ullmann saman. Men frå den tid gleid dei meir og meir frå kvarandre, både i det politiske, folkelege og kyrkjelege.[17]

---

[15] Morgenbl. 1878 nr. 340 A.
[16] Opl. Avis 1873 nr. 49 f.
[17] Arctander, Viggo Ullmann.

Ikkje betre var tilhøvet hans til kyrkje og teologar. Bruuns draum var at ikkje berre den einskilde, men heile samfundet skulde realisera apostolisk kristendom — framom alt det apostoliske fatigdoms- og likskapsidealet. Då Morgenbladet i 1878 hadde stempla han som «en af Tidens ikke faa nedbrydende Kræfter»[18] svara Bruun: «Jeg hylder ikke Kristendom med Modifikationer. Men vel tror jeg paa Muligheden af den Modifikation i vore Dagers Kristendom, at der kan fremstaa en kristelig Aandsretning, som har lidt mere af virkelig Kristendom og lidt mindre af kristelig Mine end de Retninger som nu om Dagen føre det store Ord.»[19] Liksom Petersen førde teologien inn i eit nytt far, førde Bruun her den kristeleg-sosiale ansvarskjensla inn i kyrkja. Medan ortodoksien nøgde seg med å driva den einskilde til bot og omvending, vilde Bruun driva heile kyrkja inn i bot og omvending. Han ser synda, ikkje berre som einskildmanns synd, men som synda åt heile samfundet. Han ser som si oppgåve å greia ut gudstanken, ikkje berre i framfarne tider, men i dagsens politiske røre og rasande strid. Difor legg han imot påstandet frå høgre og dei ortodokse om at liberalismen er Satans eige verk. Men han fyllest og med otte over kor brei fritenkjarskapen gjer seg i vinstre. I stridsljomen vart han berre altfor ofte røysta som ropa i øydemarka. Like vel vart orda hans både lesne og lagde merke til. At Bruun korkje var embetsmann eller politikar, men fri og ubunden styrar på ein fri folkehøgskule, var ein grunn meir til at han vart høyrd.

Det som reint utvertes gav støyten til at Bruun la seg frami striden, var Petersens foredrag. Den 11. november 1880 heldt Bruun sitt vidgjetne foredrag Om Christen-Samfundets Synder, først i Studentersamfundet, seinare i Kra. Arbeidersamfund. Etter Bruuns meining hadde Petersen ikkje gått djupt nok i sin analyse av problemet, «— det var Synden som ikke var dybt nok erkjent». Medan Heuch hadde analysert vantrua og alt i henne som bryt ned, analyserar Bruun kyrkja og alt det i kyrkja som øyder vyrdnaden for henne og gjer henne maktlaus i folkelivet. Kyrkja klagar over vantru, sedløyse og lovløyse, samstundes som ho pukkar på si reine lære. «Som om vor egen Sunkenhed ikke er det dybeste og visseste Udtryk for Tidens.» Framom alt er fatigdoms- og likskapsidealet kome bort frå kyrkja. Er det ikkje som eit eventyr for oss i våre kår at evangelieforkynnarane ein gong gjekk ut utan gull, sølv eller kopar i beltet, at kyrkjelydforstandarane ein gong fann seg i å leva på like fot med det vanlege folket. «Man tænke sig en norsk Statskirkeprest under slige Vilkaar. Hvor vilde han ikke føle sig fornedret ved den blotte Tanke?»

Vantrua i tida kan kyrkja best møta med å gjera bot for sine eigne synder. I kyrkja rår tvang av alle slag: dåpstvang, konfirmasjonstvang, tvang til å nyta nattverden føre ektevigsla, vedkjenningstvang for embetsfolk. Alt dette har drege moralen åt kyrkja ned til «en borgerlig Skikkelighed». Kyrkja må verta merksam på skavankane,

---

[18] Morgenbl. 1878 nr. 289, 296, 303.
[19] Morgenbl. 1878 nr. 335 f., 340.

ikkje berre hjå vantrua. Ho må akta seg, så det ikkje vert vantrua som først kjem til å peika på hennar mange veiler.

Atter og atter kjem Bruun inn på ufridomen i kyrkja. Det er fridom til å verta katolikk, metodist, baptist, frikyrkjemann, jamvel til å verta eller vera jøde. Men her er ingen fridom til å verta fritenkjar. Fritenkjarane er etter lova utestengde frå alle embete. Men nett fritenkjarar er det så mange mellom embetsfolket har trong til å vera. Teoretisk stengjer vedkjenningsplikta alle fritenkjarar ute frå embeta. Men kva fører dette til? Slett ikkje til det som er målet. Ein ikkje liten del av embetsfolket vårt *er* fritenkjarar. Så minner han om den harde striden kyrkja har ført for sin fridom mot den gamle heidendomen. «Er det saa ikke en Skam, naar den ikke vil indrømme Hedenskabet i vore Dage de samme Rettigheder som den tidligere har gjort Paastand paa for sig selv?» Å lida urett kan kyrkja godt tola, men å gjera urett toler ho ikkje. Spørsmålet er ikkje om samfundet skal ha fritenkjarar; for det har det. Spørsmålet er om det skal ha fritenkjarar med eller utan tilhykla kristeleg vedkjenning. Det er kristendomen uverdig å nekta sine motmenn jamgod rett for dei borgarlege lovene. Ein annan graverande skamflekk på kyrkja er den gamaldagse og forelda lønsskipnaden: betaling for å døypa born, for å vigsla ektefolk, for å kasta jord på dei døde. Så vent som det er å gjeva presten ei gåve, «saa ille stemmer det med al Følelse for det hellige at kreve 16 Skilling for at meddele et Barn Daabens Naade».

Er skipnaden med betaling usømeleg når det gjeld dåp, er han endå verre når det gjeld jordfesting. Betaling i slike høve «paatrykker i end høiere Mon det hellige Ord Stemplet af at være Handelsvare». Men høgmålet av all usømd er det at det ingen fast takst er for slike tenester. Presten må sjølv i kvart einskilt høve setja taksten. I slike høve vik gjerne meiningane åt prest og sokneborn av frå kvarandre. Så har ein fått desse syrgjelege tilburdane, at ein mann står over liket til far sin og prutar med presten om «Forretningen» skal kosta 3 dalar eller 5! Gudsordet, som skulde gjeva vår sorg og vår glede si vigsle, har vorte ei handelsvare som det vert drive «Optrækkeri» med.

Tridje og siste ankemålet Bruun reiser mot kyrkja, er at ho syner seg så veik og handfallen når det gjeld syndene åt dei mektige i samfundet. I attande hundreåret gjekk kongane i brodden for ei aukande forderving både med sin ryggjelause livnad og sin låke styringsmåte, ja, dei sedelege vildringane i dette hundreåret gjekk just ut frå hovet. I Frankrike t. d. hadde kyrkja fløkt seg så inn i dei kongelege syndene, at ho gjekk under saman med kongedømet.

For det folket har synda mot kongane, har kyrkja derimot aldri vanta syn. Når ein i eit så lovlydig folk som det norske kan tala om «Lovløshedens Aand», kva skal ein så seia om livet og styringa åt ein Ludvig XVI, ein Christian VII? Om berre ein brøkdel av den ihugen som prestane viser mot vinstresyndene, var vend mot dei styrande, vilde prestane verkeleg ha fortent ros. Så minner Bruun om at me òg har hatt ein konge «som fyldte hele Landet med Gjenlyden af sit uterlige Liv.» Han minner om dei ferdene Carl XV gjorde

gjennom landet, samstundes med at han var øvste bispen i riket. «Taushed og Undfaldenhed» er ei av dei store syndene åt kyrkja.

Alt dette han har peika på, seier Bruun, er slikt som kvar ærleg heidning forstår seg på. «Men der gives et teologisk Mørke, som intet forstaar, — — et Mørke dobbelt saa stort som vor Sjæls medfødte Blindhed,» og til kvar ærleg prest seier han: «Tag dig ivare for dette Mørke.» Alle dei openberre syndene er det som gjer arbeidet åt kyrkja så verknadlaust i folket. Det berande i kyrkja andsynes samfundet skulde vera likskap, samvits- og åndsfridom. Men prinsippet med statsreligion har alltid ført tvang med seg. Såleis var det både i jødedomen og i heidendomen. Den som ikkje trudde på Jahve, skulde steinast. Sokrates bøtte med livet av di han ikkje trudde på statsgudane. «Lesarane» i Noreg var først ein liten forfylgd flokk. Men etter at dei vann fram til rett og makt, har dei gjeve seg til å forfylgja andre.

Bruuns opne, mannslege tale sette støkk jamvel i Studentersamfundet. Ingen fritenkjar, ingen som ikkje sjølv kjende og elska kyrkja, kunde ha kome med slike klagemål.[20] I åhøyrarflokken sat professorane Petersen, Monrad, Aubert og Lochmann, prestane Storjohann og Sven Brun. Ei lang og trykkjande togn fylgde foredraget. Endeleg reiste Lochmann seg og protesterte.

Dei ortodokse visste ikkje først rett korleis dei skulde ta dette åtaket. Her var ikkje tåkute, filosofiske påstand. Alt var røynlege og handfaste ting. Mot den tyngd det var i Bruuns ankemål, vart alle motlegg og innkast så lette. Ankemåla hans fekk elles større vekt, av di ingen kunde reisa tvil om hans etiske ålvor eller reidelege vilje.

Den kyrkjelege pressa kom dels med orsakingar, dels med borttolkingar av foredraget. Luthersk Kirketidende har von om at foredraget vil setja større fart i det kyrkjelege reformarbeidet. Luthersk Ugeskrift skildrar foredragshaldaren som «en uforferdet, Intet, selv ikke de Dødes Fred skaanende Nidkjærhed.» Endå Bruun ikkje med ei staving hadde nemnt trudomsspørsmål, slaar L. U. han straks saman med dei vantruande. Bruun er just mannen som vantrua treng. Han gjev vantrua det ho sjølv vantar: tiltru mellom folket. Om den vantrune pressa seier at prestane er avleggse og kyrkja på villspor, så trur ikkje mangmannen dette. Men når Bruun, ålvorsmannen, med ein ærlegdom som ingen kan tvila på, seier det same, må vantrua like vel ha rett. Utan at han sjølv skjønar eller vil det, slær foredraget hans bru over djupet mellom kristendom og vantru. Skulde prestane frå preikestolen ta til å nemna syndarane på namn, så som Bruun vil, kva vilde verknaden verta? Jau, at kyrkja vart sentrum for skandalen, slarvesykja og alle vonde lidenskapar. Når det gjeld ankemålet mot kongane, så styrer kongen gjennom rådet sitt, «saa at Kongens moralske Personlighed har saare lidet at sige»(!). Elles finn L. U. at

---

[20] Gleditsch sa om Chr. Bruun «at han satte gammelprofetisk ild til grundtvigsk menneskelighet».

Bruun minner om den heilage Antonius, einbuaren, som frå øydemarka drog inn i den utskjemde hovudstaden.

Alt i januar 1881 står Heuch i Studentersamfundet med sitt motforedrag: Med all sin urett og alle sine overdrivingar, «med al sin fængelige Gemytter saa let indtagende Lyrik», er Bruun just mannen som vantrua no treng. Just i det som var veikskapen hos Heuch, hadde Bruun sin styrke: å gjeva motstandaren rett når han hadde rett. Og når Bruun atter svarar, dreg han jamvel Heuchs apologetiske dugleik i tvil: «Det er vor Hovedstads Ideforladte, juridiske Tænkemaade som tager formal Logik for et afgjørende Vidnesbyrd om stor theologisk Dygtighed.»

I 1884 tek Bruun opp att sine ankemål i For Frisindet Christendom: Åndsmakta i kyrkja har veikna både i tanke og ferd. Åndsverksemda åt kyrkja kan heilt visst vera lærd, men er matt. Difor ovrar gudlaus tenking og samvitslaus ferd seg som dei gjer. Den makta som skulde halda att, er for veik. Det kyrkja no må gjera, er i anger og bot å venda sin eigen høge etikk mot seg sjølv.

Underleg er det å sjå kor lite Bruun vart forstått. Vedkjømeleg og sjølvironisk skriv ein gamal prest:[21] «— vi læse, arbeide, tro, bede, prædike, ile til Hjælp, bistaa med Raad og Daad, løfte i Fattigvæsenet, løfte i Skolevæsenet, forløfte os i vor Usselhed, løbe feil, angre, stride, lide, læse, søge at holde os à jour og bliver dog fremstillede paa Scenen i Straamand og i Presten i «Kongen», passere Revue med vore Eiendommeligheder for det mest oplyste Publikum i Hovedstadens Theater. Digtere løbe an paa os, Politikere mishandle os, Uvidenheden misforstaar os ...

> Ja, jeg er grisk og dum og sløv tillige!
> Men jeg er grisk for dem, som Gud mig gav,
> og jeg fordummedes i Trængsels Krige,
> og jeg blev sløv paa Ensomhedens Hav.»

Til slutt spør den gamle presten: «Hvor fik Storthinget sine Præsidenter fra i disse 70 Aar?» Den unge presten O. Olafsen viste til at mykje av det stellet som Bruun hadde klaga så sterkt over, slett ikkje var skapt av kyrkja, men av lovgjevingsmaktene gjennom tidene, og spør Bruun om han trur det er med glede at prestane er korn-, smør- og ostehandlarar?[22]

Med sin skarpe kritikk til begge sider vart Bruun gjennom desse åra ein einsleg mann. Frå 1884 gjev han ut For Frisindet Christendom og skriv friskt og ope mot ortodoksien og vantrua i samtida. Ingen har reist så praktiske og livsnære krav som han. Han var overtydd om at vinstrepolitikken var i pakt med kristendomen. Samstundes kritiserte han fritenkjarskapen og dei republikanske tendensane i partiet. Han var samd i at ministeriet Selmer vart dømt. Men han

---

[21] Morgenbl. 1881 nr. 313 A.
[22] Ope brev i Luth. Ugeskrift 11. des. 1881.

var ikkje samd i at den krenkte parten sjølv nemnde opp fleirtalet av domarane. Like overtydd var han om at kristendomen var livsens berande grunnmakt. Men han såg og kor lite av kristendomen både ortodoksien og pietismen hadde makta å realisera.

4. «TIL CHRISTENDOMMENS VENNER I VORT LAND»

> Den kristne, det mener jeg, kan ikke forsvare, at overlade det borgerlige Samfundslivs Omraade til Christendommens Fiender. (Gisle Johnson, 1882.)

Pietismen med sin strenge dualisme hadde — i alle høve hjå folk flest — skapt den førestellinga at det kristelege og det borgarlege livet var uforsonlege motsetningar. Å vera med i politikken var for ein kristen helst å skjemma seg ut. På dette pietistiske grunnsynet bygde vinstre sitt slagord: Kristendom og politikk har inkje med kvarandre å gjera. Føremålet med slagordet var heilt visst å gjera dei kristne endå meir likesæle for politiske spørsmål enn dei hadde vore før. Ikring 1880 tok teologane — ikkje minst Heuch — til å tenkja meir over dette påstandet. Han hadde merkt seg Proudhons ord: «Er det ikkje underleg at vi på botnen av alle ting finn att teologien?» Ikkje minst hadde Heuchs førelesingar på Universitetet i 1881 ein skarp analyse av Vantroens Væsen, og av det nedslaget religionen gjev seg i samfundsstrukturen. Samstundes la dei kristne i 80-åra merke til at radikal politikk og presse ikkje sikta på noko mindre enn å trengja kristendomen ut or samfundslivet. Og medan dei vanlege vinstreblada kvar dag hamra den nemnde satsen inn i lesarane, kunde dei kristne lesa sanninga i Nyt Tidsskrift: «Fremskridtsaanden paa det politiske Omraade udgaar for en væsentlig Del fra hvad man kalder «Fritænkeri», d.v.s. den ærlige, aldrig hvilende Søgen efter Sandheden paa det religiøse, moralske og filosofiske Omraade.»

Ikkje minst hadde professor Sars, som historikaren og den politiske teoretikaren åt liberalismen, greidt ut om kor lite kristendomen høvde for den liberale statsskipnaden. Serleg drøfte han *autoritetsspørsmålet*. Sars held fram at det er i primitive og barbariske tider at autoritetstilhøvet veks fram. Det primitive mennesket kan ikkje ha den rette respekt for nokon «i hvilken det tør se et Kreatur af sin egen Vilkaarlighed.» Då mennesket frå evolusjonistisk synsstad tek til med å vera eit dyr, må det disiplinerast med pisken og ha autoriteten over seg som ein utvertes tvang. Så etterviser han korleis autoriteten ovanfrå stendig har mått vika romet for autoriteten nedanfrå i all politisk utvikling i Europa. Kvar ny ætt har den oppgåva å gå stendig lenger på denne vegen. Både evolusjonslæra og den europeiske samfundsvoksteren steller det absolutte demokratiet opp som ideal og siste endemål. Og no er ein komen til det store vegskilet: anten autoritet eller fridom. Inkje av dei to prinsippa kan vera det andre under- eller side-

ordna.[23] «Frihedsprincippets styrke, legitimitet, seirende magt søges ikke længer deri, at det er det oprindelige, men netop omvendt deri, at det hører udviklingen til.»[24] For kristendomen er det no ikkje anna å gjera enn å vedgå «at den ikke blot ikke har opstillet noget politisk System, men ikke engang noget fuldstendig moralsk System.» Ein krev reint for mykje av kristendomen når ein ikkje berre vil at han skal vera dominerande prinsipp i det politiske, men og norm for moralen. «Kristelig Politik er Ingenting, kristelig Moral er i det ringeste ikke en altomfattende, den maa suppleres med en Moral, som i al Fald ifølge sin Oprindelse ikke er kristelig.»

Til dessa hadde dei ortodokse avgrensa seg til å åtvara mot radikale blad og å hindra politisk utgliding frå sitt eige læger. Luthersk Ugeskrift hadde serleg åtvara prestane mot radikale tendensar.[25] Om så er at prestane ser roleg på at liberale blad og liberale politikarar gjev fritenkinga framgang, «da svigter de sit Kald som Kirkens Tjenere. Politiken vinder da en sørgelig Seir over Presten.»

Den vokster i radikalisme som presse og agitasjon bar bod om, hadde no fått sitt handfaste prov i stortingsvalet. Vinstre kom no med «riksrettsfleirtal». Spådde den sterke vinstreflokken ille reint talvore, var det endå verre at dei kyrkjelege minoritetane møtte så sterkt representerte. Vinstrepressa let ikkje det gode høvet gå unytta til å slå politisk mynt på valet, serleg når det galdt Oftedal. Med stor glede viste denne pressa til at ein av dei største byane med å velja Oftedal hadde synt at vinstrepartiet «gjerne tager i sin Tjeneste en Mand med udpræget kristelig Holdning.»[26] Om mogeleg endå tyngre fall det dei ortodokse å sjå ein så fyllug representasjon av ny-grundtvigianarar: sokneprestane V. A. Wexelsen, Sæmund Vik, høgskulestyrarane Viggo Ullmann, Lars Bentsen, Daniel Sæter og fleire lærarar frå folkeskulen som høyrde til denne stemneleia. Attåt alt dette frettest det at kandidatar som ikkje var radikale nok, var falne igjennom i valet.

Heuch tok no hardare i enn nokon gong. «Hvad enten den moderne Vantro kommer i Pergament og kalder sig Politik, eller den kommer i Avispapir og kalder sig Journalistik, eller den kommer i Guldsnit og Chagrin og kalder sig Skjønliteratur, saa kommer det ud paa Et, saa sandt det er gudløse og kristendomsfiendtlige Principer den søger at smugle ind i Folket. Den maa lære et andet Feldtraab og et andet Løsen end «Folkevilje» og «Folkesuverenitet» om Kirkens Vogtere skal lade den frit passere ind i Kirkens Leir.»[27]

Endeleg hausten 1882 vart verknaden av «Kampen mod Vantroen» meir synberr.

Og no hender det utenkte. På stiftsmøtet for Oslo bispedøme

---

[23] Nyt Tidsskrift 1884 s. 64.
[24] Nyt Tidsskrift 1884 s. 326.
[25] L. U. 1879 s. 131 f.
[26] Dagbl. 1882 nr. 271 (31. okt.).
[27] Luth. Ugeskrift.

hausten 1882 kasta Gisle Johnson med foredraget Kristendom og Politik, kyrkja ut i den politiske striden og tok parti for høgre og kongsmakta mot vetoet og parlamentarismen. Rett nok medgjev Johnson at skrifta ikkje set opp nokor viss «Form af borgerlig Samfundsorden som en eneberettiget specifik eller udelukkende kristelig.» Men foredraget feller dom over «enhver Betragtning af en Stat, der sætter Menneskeviljen, en enkelt Herskers eller det hele Folks, istedetfor Guds vilje som Samfundets høieste Lov ... enhver Betragtning af Øvrigheden, hvorefter denne ikke er Guds Tjener, altsaa ikke indsat af Gud, men enten af sig selv eller ogsaa af Folket.»[28] Og no retter han appellen til alle kristne om å gå aktivt inn i politikken. «Den Kristne, det mener jeg, kan ikke forsvare at overlade det borgerlige Samfundslivs Omraade til Christendommens Fiender.» Så heilhuga som Johnson til dessar hadde ofra seg for religiøse og kyrkjelege oppgåver, hadde ingen drøymt om å få sjå den varsame og fredsæle mannen i brodden for ein landsfemnande politisk aksjon.

Av Bjørnsons svar til Johnson ser ein kor endelaust langt ifrå kvarandre dei to grunnsyn på samfundet ligg. Bjørnson kan ikkje skjøna at det kan vera noko i vegen for å halda folkesuvereniteten for øvste autoritet, like godt som kongsviljen i den absolutistiske staten. I denne artikkelen gav Bjørnson det politiske kravet åt liberalismen denne reint klassiske utforminga: «Folkeviljen lovlig udtrykt har en Autoritet som ingen anden jordisk Myndighed, idet den nemlig er Landsarvens Haandtagere i Beslutning over sin Arv, Landets Eiere fra gammelt i Raadslagning og Valg.» Ein kan, seier Bjørnson, stridast om folkeviljen, om det er mogeleg for oss å gjennomføra han som øvste lov, «men om at den i et selvbevidst Samfund byder den bedste Garanti for Authoritet, derom kan der ikke mere strides. Hvorfor saa ikke tro, at ogsaa den er Udtryk for Guds Vilje?»

Den samfundsutvikling som har Sars, Bjørnson o. a. til sine hævaste målsmenn, meiner Luthersk Ugeskrift at det er tri religiøse flokkar som garanterar for: grundtvigianarane med «den modnede Folkevilje» (Wexelsen), dei bergenske reformvenene med sitt «Folkemening, Folkeønske» (Jacob Sverdrup), og dei vestlandske pietistane med sin «efter Valg paa Valg prøvede og med stigende Majoritet udtalte Folkevilje» (Oftedal).

Dei ortodokse hevdar at vinstre med sitt slagord om at kristendom og politikk ikkje har noko med kvarandre å gjera, hadde ført veljarane bak lyset. Spørsmålet vart difor kva som kunde gjerast til å auka den politiske opplysninga. Alt på stiftsmøtet var dette spørsmålet drøft uoffisielt, og drøftingane samla seg til slutt i eit opprop til alle kristne i landet.

Med oppropet «*Til Christendommens Venner i vort Land*» i januar 1883, vender dei ortodokse seg til alle som «ønske Christendommen bevaret for vort Folk», og peikar straks på den fåren som no trugar kristendomen «fra den politiske Radikalismes Side». Oppropet vender

[28] Fædrel. 1882 nr. 89.

seg ikkje mot den framstegspolitikken som byggjer på den historisk gjevne grunnvollen. Oppropet vender seg mot den politikken som ikkje kan nå målet sitt utan «Omstyrtning eller Opløsning af den bestaaende Samfundsorden og Tab af Samfundsgoder, som maa være hellige og dyrebare for ethvert Folk.» Oppropparane er heilt overtydde om at både siktemålet for og verknaden av den radikale politikken er «Christendommens Fortrængelse fra den Stilling den hidtil har indehavt i vort Folk.»

Heller ikkje kan nokon vera blind for den demoraliserande verknaden denne politikken har hatt. Meir og meir har det synt seg at radikal politikk, fritenking og vantru går saman. Ja, i den radikale pressa rår det ei ånd som beintfram held på å forgifta folkelivet. Folket sjølv ser ikkje at denne antikristelege forføraren har til motto: Eg ottast ikkje Gud og har ikkje age for noko menneske (Luk. 18,4). Oppgåva er no å opplysa folket om det tilhøvet radikalismen står i til kristendomen. Denne oppgåva vil oppropsmennene løysa gjennom ei rad med småskrifter. Men det munnlege ordet vil òg verta nytta. Elles har det i denne saka så lenge vore tagt, at det er naudsynt «at enhver i sin Kreds i Ord og Gjerning aflægger sit Vidnesbyrd», og det ikkje berre mot vantrua, men òg mot den politiske rørsla som er skapt av vantrua. Oppropet er dagsett: Kristiania i januar 1883, og underskrive av Gisle Johnson, J. G. Blom, S. Brun, J. Jensen (verkseigar), H. Mohn, N. Nickelsen (skulestyrar), P. Rogge (ekspedisjonssjef) og parafert av H. G. Heggtveit. Oppropet samla straks om lag halvtridje hundre underskrifter, mellom dei bispane, dei teologiske professorane og om lag eit halvt hundre prestar og andre framståande personar. Underskrivarane er frå nær sagt alle lag i samfundet. Men undantak av det historisk-filosofiske er alle fakultet ved Universitetet representerte: det teologiske ved Johnson og Caspari, det juridiske ved Ingstad, det naturvitskaplege ved H. Mohn, det medisinske ved Lochmann. Men ser ein bort frå P. Rogge, finn ein ingen frå den høgare administrasjonen, heller ikkje frå Høgsterett. Ingen av dei nyvalde høgretingmennene er med. Likevel vanta det ikkje på personar med sosial posisjon mellom underskrivarane: Ikkje mindre enn 8 er millionærar med frå 1 til 4 millionar i midel. Difor kunde Dagbladet straks slå fast at kyrkja no hadde alliert seg med pengemakta.

Endå oppropet på det sterkaste strekar under at det ikkje er meininga å driva politikk, var oppropet ei open partitaking i striden om samfundsmakta. Oppropparane oversåg at det var borgarlege saker som kløyvde land og folk, og ikkje religiøse. Oppropet identifiserte vinstre med fritenkjarane, noko som straks var ei stor veiking. Dei ortodokse hadde knytt sin utvertes lagnad til eit einskilt politisk parti, stødde seg til pengar og utvertes makt, og garanterte samstundes for at samfundet såleis som det var, var noko gudgjeve. Aldri før hadde ein kristen flokk så ope teke parti mot det som folket heldt for si dyraste tarv. Oppropet var politisk teke lagnadstungt. Både vest-

landskristne og grundtvigianarar var vinstrefolk, og kjende med rette på at oppropet stempla deim som vantruande.

Nokre prestar, såleis Wexelsen og Ebbesen, nekta å skriva under oppropet. Ebbesen sende jamvel Johnson eit ope brev,[29] og skriv at oppropet har gjort mykje større skade for kyrkja enn alle åtak frå dei vantruande til saman.

Få av «det nasjonale gjennembrudds» menn har skrive så vakkert om kristendomen som Erik Vullum: «Skjønnere har ingen Bølge løftet sig af Tidernes Strøm, dybere har ingen Aand grebet Sindene. Den Frihed vi elsker, er kommen til os gjennem Kristendommens Lære.»[30] Men Vullum og reagerte mot oppropet.

Det kravet dei ortodokse reiste, var ikkje noko mindre enn at dei kristne maatte halda seg vinstrepolitikken frå livet, sidan partiet hadde gjort samlag med fritenking og vantru. Vestlandsposten svara at dette kravet var like tåpeleg som å vilja krevja at kristne høgrefolk skulde skilja lag med sitt parti av di det fanst fritenkjarar der òg. For å veikja Opraabet kom Vestlandsposten med sitt opprop.[31]

Ein av dei første verknader oppropet fekk, var at dei ortodokse freista leggja vanskar i vegen for den «frie» verksemda til Lars Oftedal. I april 1883 hadde Fredrikstad Tivoli lova han hus til eit foredrag. Men i siste liten tok styret lovnaden attende med den grunngjeving at etablissementet elles ottast at det miste øl- og dansesalretten sin! General Wergeland som hadde skrive under oppropet, nekta i 1883 Oftedal å halda «bibellesing» i gymnastikksalen på festninga i Kristiansand.

Var ålmenta uviss om anten oppropet var politisk eller ikkje, tok dei mange småskriftene som fylgde oppropet, all tvil bort. I desse småskriftene vart dagsens mest brennande emne drøfte — ikkje berre kyrkje- og skulespørsmål. Klaveness gav anonymt ut Politik og Christendom; presten Karl Roll skreiv om Den politiske Situation og de Kristne. Etter Roll er det no kome så langt at ein prest «knapt kan gjentage sin Herres Ord: Giver Keiseren hvad Keiserens er etc. og tale om Christnes Skyldighed «at være al menneskelig Orden underdanig for Herrens Skyld», uden at han mistænkes for at bringe Politik op paa Prædikestolen.» Skulde ein ta omsyn til skriket frå vinstre, seier Roll, måtte ein beintfram stryka 4. bodordet i katekisma. Men då Roll gav dei ministrane som hadde gått av, vitnemål for å vera dugande og heiderlege menn, meinte vinstre at det burde talast minst mogeleg om dugleiken, og minner om korleis ministeriet hadde fare fram mot Løberg, Sørensen og Hol, om korleis Hjort vart avsett, om åtferda mot «gamle Prahl» og om Jens Holmboes freistnad på å reisa sak, først mot Oftedal, seinare mot Thommesen.

I sine to anonyme skrifter: Det radikale Parti og Rigsretten, og Mere om det radikale Parti og Rigsretten, peika Hartvig Lassen på

---

[29] Luth. Ugeskrift 1883 I s. 12.
[30] Bull og Paasche, Norsk litt.hist. V s. 9.
[31] Vestlandsp. 1883 nr. 27.

« — at de fornemste Ledere inden Vantroens Leir, er for det meste ogsaa politiske Ledere inden Partiet.»

Oppropparane nøgde seg elles ikkje berre med utgreiingar om tilhøvet mellom kristendom og radikal politikk. Med den opplysningsaksjonen dei ortodokse no sette i gang, greip dei langt utom grensa for det kyrkjelege og kristelege. Skrifter som Det radikale Parti og Myrmandsvesenet, Det radikale Parti og Bevilgningsnægtelserne, Det radikale Parti og det absolute Veto, syner at aksjonen skaut langt over målet, var pastoralteologiske partsinnlegg som sakna heimel i Guds ord. Alt i alt gav oppropparane ut 9 slike småskrifter.

I den kyrkjelege situasjonen med dei mange radikale utfall mot kristendommen kunde dei ortodokse i desse småskriftene hatt eit våpen med ikkje lita slagkraft. Men ei så grotesk utnytting vekte mistanke. Oppropet vart ingen båredøyvar, tvert imot. Det vart signalet til å gjera striden meir systematisk og endå beiskare enn før. Med ikkje liten rett kunde vinstre halda fram at utferdarane no nytta kristendomen for å koma sine politiske motstandarar til livs.

Den første verknaden oppropet fekk, var at Bjørnson skreiv gravsongen over både ortodoksien og johnsonianismen.[32] Bjørnson kallar oppropet «Kristendommens Falliterklæring undertegnet av halvtredje Hundrede høist agtværdige Præster, Professorer og Menige — det rareste Syn man har set paa lange Tider.» Med store tydelege ord, seier Bjørnson, fortel oppropet at «siden der kom Bevægelse i Sindene herhjemme», makta ikkje ortodoksien å halda taket, «— og vi ser halvtredje hundrede Ærværdigheder ligge over ende med Gisle Johnson i Spidsen, Hatten og Brillerne langt borte —.» Så hermer Bjørnson orda i oppropet om at kristendomen har «paatrykt vort borgerlige Samfund, dets Love og Indretninger sit eiendommelige Preg». Men kva slag samfund er dette som oppropet steller seg som garant for? Jau, det er det samfundet som held oppe prostitusjonen, drikkeriet og krigsmakta, det samfundet som held oppe tukthus så låke, at den som går inn med anger, kjem ut att som kjeltring, den same staten som har gjeve trua eit serskilt departement. Så seier Bjørnson til slutt: «I dette umandige Jammerrop gir den [Johnson-vekkinga] Magten fra sig —. Hermed har den mægtige Gisle Johnson sagt sit Oldingeord til den evig unge Folkekraft.»[33]

Oppropet skapte ei mengd meir eller mindre talentfulle innlegg frå vinstre, såleis av Jacob Sverdrup, cand. theol. A. M. St. Arctander, overrettssakførar Lindboe, Erik Vullum, professor Sars, og elles ei mengd med anonyme innlegg.

I bygder der presten hadde skrive under oppropet og vinstre sat med bygdestyringa, kunde det verta reine uhugnaden. Såleis i Ullensvang, der Julius Riddervold var sokneprest og høgskulestyrar Johs. Helleland ordførar. Ordføraren, med mange andre gode bygdefolk

---

[32] Verdens Gang 1883 nr. 22.
[33] Artikler og Taler II.

bak seg, vende seg til presten og sa som si meining at det oppropet presten deira hadde vore med på, var skikka til å bryta ned all vyrdnad for kristendomen.

Så omsynslause var dei politiske motsetnadene at biskop Essendrop i sitt Hyrdebrev 1883 fann seg kalla til å minna om v. Oosterze's ord: «Den Prædikant, der stiller sit Ord til et politisk Partis Tjeneste, gjør langt mere Skade end Gavn. Uden Nødvendighed fjerner han Tilhørere fra sig, hvem hans Ord ellers kunde været til Velsignelse, og den borgerlige Tvedragts og Partiaands Ild brænder saa meget sterkere, jo mere der pustes til den fra Prædikestolen.»

Appellen om at kvar kristen krins måtte gå aktivt inn i striden, var ikkje utan verknad. I alle høve verka appellen til å kvessa den ortodokse preika berre endå meir i politisk lei. Frå mange bygder kjem det meldingar om at preikestolen no vert nytta til politisk agitasjon.

Dette var ein grunn meir til at prestane fekk lastord i vinstrepressa. Men Ny luthersk Kirketidende svara at har fritenkjarane trong og rett til å strida mot kristendomen i offentleg skrift og tale, må dei kristne ha same retten, ja, det må vera ei samvitssak for alle truande å motarbeida vantrua både i skrift og tale. «Selvfølgelig har Presterne Ret til i sine Prædikener at bekjæmpe de Lærdomme» som no vert spreidde over landet, — både rett og plikt. Men prestane bør ikkje nemna namn.[34]

Eit av dei innlegga i denne striden som merkjer seg ut i den store bunken, er Christopher Bruuns: Venstre-Politiken og Theologerne. Etter Bruuns meining har Johnson gjort rett i å appellera til dei kristne om å vera meir aktivt med i politikken. Men Bruun reiser eit avgjort krav om tolsemd. Om eit menneske i det politiske etter vårt syn tek i miss, kan same mennesket like vel vera ein betre kristen enn me er. Bruun for sin del er heilt viss om at teologane gjer urett når dei i flokk og fylgje seier seg samde med høgrepolitikken. Han er overtydd om at denne tilknytinga vil føra til den største ulukke for kyrkja, «hvis ikke i Gud i Himlen havde sin høiere Mening med den theologiske Daarskab.» Bruuns grunnkrav er at ein ikkje skal døma eller fordøma kvarandre for politiske meiningar skuld. Når ein møter ein god tanke eller idé, så spør ein då ikkje først og fremst kven som har kome på denne tanken eller idéen. Nye fruktberande idear er så ofte først borne fram av fritenkjande teologar. Seinare har truande teologar reinska fritenkinga ut, skilt det ekte frå slagget etter det gamle bodet: Prøv alt og hald fast ved det gode. Så nemner Bruun Tübingenskulen. Finst det ein rettruande teolog, som gjer krav på å vera vitskapsmann, som vilde kunna vera forutan dei opplysningane som denne skulen har kome med? «Og overhoved alt hvad vi kalder historisk Forstaaelse af Bibelen, hvilken Sum af fritenkerske Opdagelser og fritenkersk Arbeide er der ikke nedlagt i den?» Kvar vilde dei rettruande av utan dei

---

[34] Om preken og politik. Sjå Færdens foredrag i Drammen og Kongsberg provsties forening. Luth. Ugeskrift 1882 II s. 284.

oppdagingane som er gjorde av fritenkjarar, i filosofi, filologi, soge og naturgransking? Så spør Bruun kvar det er mest fritenkjarskap, til høgre eller til vinstre. Den store mengda av folket ser på kristendomen med stor vyrdnad. Men dei maktar ikkje å gjeva vinstrepolitikken ein kristeleg karakter. «Derimot er den haandfuld dannede Fritænkere som har sluttet sig til, fuldkommen tilstrækkelig til at give den hele Bevægelse et fritenkersk, ja, et antichristeligt Stempel.» Med tanke på slagordet åt vinstre: kristendom og politikk har inkje med kvarandre å gjera, medgjev Bruun at dette tilhøvet er svært uklårt for mange. Det kristne Alvor i den Skikkelse hvori vort Folk bedst har kjendt det, har saa længe holdt sig borte fra al Deltagelse i det politiske Liv, at man ikke kan vente andet end at der endnu maa raade megen Uklarhed over Forholdet dem i mellem.» Til slutt minner Bruun teologane om den gamle sanninga: «Det har altid hørt til Presternes Fristelse dette, uden videre at slaa sin egen Sag sammen med Guds.»

Dei sterke motsetningane gjorde at den kiliastiske stemninga for ei tid loga opp over landet. «Guds Ord taler om Tider da Satan løses, ligesom det taler om Tider da han igjen bindes.» Guds ord talar om tider då det «som holder tilbage» vert rudt til sides. I tider då alt skal gjevast fritt og vilkåra gjerast like for lygn som for sanning, for heidendom som for kristendom, då vert enden at Antikristen «sætter sig selv i Guds Tempel som Gud og udgiver sig forat være Gud» (2 Tess. 2, 4). Framom alt vart Johannes' openberring for ei tid aktuell og mykje granska, ikkje berre av vanlege kristne, men og av teologar.[35] Mange mellom dei fremste meinte at antikrist-tida var komen, såleis professor Bugge. I verket sitt Apostelen Paulus's Breve seier han: «Med vore Tiders Erfaring for Øie synes det ikke urimeligt, at det nærmest vil blive den revolutionære Radikalisme paa det sociale og politiske Omraade, der ud af sig vil føde Endetidens virkelige Antikrist.» Dagbladet skriv i ei melding: Antikristens Komme at representanten Bugge på tinget må ha til oppgåve «intet mindre end at udhale Antikristens Komme . . .»[36]

I 1880 heldt Heuch ei rad med apologetiske foredrag på Universitetet og seinare, etter innbeding, i Drammen og Stavanger. I 1883 vart desse foredraga utgjevne under tittelen: Vantroens Væsen. Populære polemiske Foredrag. Denne skrifta vekte stor åtgaum og vart meld og drøft i både dagspressa og utan- og innanlandske tidskrifter. Kor kvass striden var, syner ei anonym melding i Flekkefjords Budstikke. Meldaren vart klaga for gudsspotting og frådømd sine stillingar. Skrifta kom elles i tysk omsetjing i Leipzig 1886 og vart meld både i Zeitschrift für Pastoraltheologie og i Theologische Litteratur-Zeitung. I 1887 heldt Heuch apologetiske foredrag i Göteborg og i 1888 i København etter innbeding. Til foredraga i Göteborg var det stor

---

[35] Færden i Luth. Ugeskrift 1884 I s. 301.
[36] Dagbl. 1883 nr. 48.

tilstrøyming av kristne med ulike vedkjenningar, slike som sjeldan eller aldri hadde råkast.[37]

Sterkaste vitnemålet mot vantrua bar like vel Heuch fram med si forkynning. Formelt hadde han alt no (ikring 1880) lært å fri seg ut or det tyske hylsteret og tala reint ut. Det djerve og trufriske ved Heuch, stakk så sterkt av mot den gamle skulen. Truleg var han ein av dei fremste forkynnarane den norske kyrkja hadde i det 19. hundreåret, og i det heile har hatt.

Heuch skreiv aldri preikene sine.[38] Heller ikkje budde han seg på *kvar einskild* preike. Ein times meditasjon laurdag ettermiddag eller sumtid sundag morgon var nok. At han like vel ikkje preika ubudd, men at preika hans attåt si levande og originale form hadde eit tungt og godt gjennomarbeidt sanningsinnhald, det vitnar alle kunnige lydarar om. Løyndomen med dette var vel den at Heuch *alltid* budde seg på preika og difor inga serleg førebuing trong. Han var alltid innstilt på å forkynna evangeliet, av di han stendig bar Kristi evangelium i hjarta sitt. På ein serleg måte hadde evangeliet vorte friskt og flødande i han. Difor var han alltid så levande og sermerkt.

I serleg meining var Heuchs preiker levande tale, ja, preika vart til medan han stod og tala. Han slapp då ikkje alltid undan den freistinga som så lett råkar slike preikarar: han hadde vanskar med å slutta. Det at preika vart til medan han tala, var vel grunnen til den løyndomsfulle korrespondansen med lydarane.

Dei preikene som er att etter han, kom ikkje som stenografiske referat. Vidnesbyrd om Kristus (1883—93) er dei munnlege preikene hans i heilt omarbeidd form, ja, mange av deim er heilt nye preiker. Den lange utgjevingstida hadde sin grunn i at Heuch — merkeleg nok — arbeidde tungt med pennen, og i at innhaldet vart så sterkt omarbeidt. Endå han var konservativ over all måte, var han samstundes ein svært aktuell forkynnar.

I «Vidnesbyrd» samlar alt seg om Kristus. Like vel er det ikkje Heuchs sterke side å måla Kristus. Stilen hans er brei, klår og livfull. Ofte nyttar han bilete, endå oftare eksemplet til å gjera preika praktisk og fengslande. Ikkje sjeldan fører han inn talande personar som set fram tankar, spørsmål og innkast. Så får lydaren inntrykk av at predikanten strider med deim og at han sjølv har «svare og farlige Ting at kjæmpe imod og evige og salige Ting at kjæmpe for». Gamle, velkjende sanningar sette han fram i så skarpt ljos, at det var som lydaren ikkje før hadde vore merksam på deim. Samanlikningane var slåande, bileta mang ein gong drastiske. Han kunde drøfta perifere emne utan å gløyma det sentrale. «Han nyttjar icke släggan, men desto bättre förstår han at bruka borret. Man kommer ei undan, det går ei at slingra sig bort med ursäkter.»[39]

---

[37] Albin Holm i Luth. Kirketid. 1906 I s. 205.
[38] Gustav Jensen, Biskop Heuchs Prædikener. Luth. Kirketid. 1894 nr. 1.
[39] Biskop Billing i Vårt Land 1904. Etter Luth. Kirketid. 1904 I s. 198.

Heuch stod heilt på høgd med sine motmenn i givnad, stridshug og ordhegd. I kraft stod han over deim.

Heuch var i aller høgaste grad ein avgjord mann — «manden» som ikkje berre hadde ei sterk overtyding, men som og var fast i sitt syn og streng i sin dom over det som låg utanfor hans eigen ring. Mei dei mange morosame episodane som vert fortalde om han, syner at han åtte både hjartelaget og den sjølvironien som la ein dåm av forsoning og kjærleik jamvel over hans polemiske livs bane.

Som biskop i Kristiansand (1894—1904) vart han ein folkekjær mann. Han kom att frå sine visitasferder strålande over dei mange og rike røynsler han hadde gjort om kristeleg liv og verksemd. Serleg glad vart han over at det vestlandske lekfolket sette så stor pris på å ha han hos seg. Det hadde han ikkje venta. Han kom difor med liv og sjel til å slå lag med lekfolket, var med deim i møte og samkomer, tala, bad og styrde møta liksom dei, hadde deim hos seg, vitja dei sjuke.

Kompromiss og akkordering er framande omgrep for Heuch. Den unge presten J. J. Jansen hadde i 1882 halde foredrag i Borgesyssel pastoralforening om Kristendom og Videnskab. Av det som er tilgjengeleg for gransking, meinte Jansen at teologien hadde plikt til å ta opp dei røynlege vitskaplege resultata, endå om dei både stod i strid med det ein før hadde halde for openberring og gjorde brigde i teorien om Bibelen.[40] Jansen hevda i foredraget at det «ingen væsentlig Strid» er mellom det som den empiriske vitskapen klårt har kome til og det røynlege trudomsinnhaldet i kristendomen. Men i heile 5 artiklar held Heuch det naudsynt å gjera opp med Jensens realistiske grunnsyn.[41]

5. «HVEM ER ØVRIGHED I BIBELSK FORSTAND?» — RIKSRETTEN

> Dagens Strid, hvad er den Andet end Folkets Strid mod Folkets Tjenere om Folkets Ret til selv at bestemme sit Styre? (Lagtingspresident Quam. Luthersk Ugeskrift 1884 I s. 146.)
>
> Staten bliver stillet paa Hovedet. (Luthersk Ugeskrift 1882.)

Striden i presse og bokheim var berre eit førespel for den striden om sjølve samfundsmakta som *måtte* koma. Dei teoretiske drøftingane hadde synt at ulike meiningar om religion og moral skapte ulike syn på stat og samfund. For ortodoksien var «det Bestaaende» noko «Gudvillet». Statsidealet var kongedømet «av Guds Naade». Dette var ikkje berre eit statsrettsleg omgrep, men nær på eit religiøst dogme. Statskyrkjeprinsippet hadde ført med seg at kongen var øvste bispen i riket. Kongen, hans person og åtferd, hadde fått si serlege hegn i

---

[40] Luth. Ugeskrift 1883 I s. 205 f.
[41] Luth. Ugeskrift 1883 II s. 248 f.

lov om majestetsbrot. Frå hans person og maktstode emanerte makt og autoritet til alle hans tenarar. Ei sterk kongsmakt vilde difor seia ei sterk embetsmakt, og det var det same som eit velstyrt og velskipa samfund. All avgrensing av kongsmakta vilde difor skipla den orden som Gud sjølv hadde fastsett i det 4. bodordet. Folkestyre i staden for kongs- og embetsstyre, kva anna var det enn «at Staten bliver sat paa Hovedet.»

Injurierande utsegner og injuriesøksmål var det mange av. Overrettssakførar Nicolai Sørensen vart saksøkt av di han hadde skrive hædande om kongedømet. Opl. Avis vil ynskja og vona at den presten [Færden] som har skrive diktet «Til mit Folk», må verta dregen til ansvar av di han bryt ned vyrdnaden for Stortinget.[42].

Det er mot dette samfundssynet den unge radikalismen lyfter fana i 1880-åra, og i tale og song manar folket fram til strid. Diktarkallet er no framom alt å gå inn for å fri ut det bundne folket og den bundne folkeevna.

«Han river Kongekaaben af
og breder den om Folkets Skuldre.
— — —
Saa det skal være selv sin Majestet
i eget Kald og Aandeætt
— — —
i store Mænd af egen Lænd.»
(Bj. Bjørnson, En Sangers Kald.)

Til vala i 1882 hadde Bjørnson skrive sin glødande kampsong:

«Til Valg
saa Folkeviljens Ord blir sagt
til Fald for Ondt, til seir for Godt
til Lov for Land og Drot.
Det Land er vort, dets Lov er «vi»
saa føler alle fri.»

Men òg i prosa hadde Bjørnson støypt kuler som råka i blinken. «Flertallets Villie er Landets øverste Lov — Magtkilden. Det gaar ikke at holde et Stykke Papir op imod et Folks levende Liv og Tanke. Folket selv er Landets levende Grundlov.»[43] Med raske steg gjekk statslivet i ei lei dei konservative ikkje ynskte. I 1882 vart predikatet «naadigste Konge» avteke og stutt tid seinare vart det gjort framlegg om å avskipa lova om majestetsbrot.

I sin polemikk mot den nye statsskikken ytte Luthersk Ugeskrift nokre av sine beste artiklar, artiklar som i kvass analyse og strålande logikk leitar etter maken, jamvel i dei politiske fagblada. Etter den nye statsskikken vert det veljaren som vert «den absolute, uindskrænkede, selv over Rigets Grundlove ophøiede Suveren.» Majestetsbrot kan det berre verta tale om når nokon set til sides «den skyldige Ærbødighed mod Folket eller Folkerepresentationen.» «Statens tid-

[42] Opl. Avis 1880 nr. 125.
[43] Hermt etter Fædrel. 1882 nr. 31.

ligere Hoved og al anden Øvrighed skal nu være det suverene Folks underdanige Tjenere. Staten bliver stillet paa Hovedet.»[44] Til dette kunde Verdens Gang svara: «Den af Gud anordnede Øvrighed, det er den Øvrighed, der udøver de Love, som er Udtryk for Folkets Mening og Overbevisning. Saaledes maa Guds Ord opfattes.»[45] At vinstre skar bort alle kongelege prerogativ, var for dei konservative mest det same som blasfemi. Kva vederlag har ein å by folket for den gudgjevne autoriteten? Så lenge ein har den over seg, er det lett å bøya seg både av omsyn til straffa og av omsyn til samvitet. «Men hvo kan føle sig forpligtet i sin Samvittighed under en Orden, hvori man alene ser Udslag af menneskelig Vilkaarlighed?» Dei konservative er nok merksame på «Vilkaarligheden ovenfra». Med dette slaget er så mykje mindre fårleg, som det er ein opplyst og ansvarleg «Vilkaarlighed».

Utetter hausten 1882 auka spaninga i det politiske livet, serleg i hovudstaden. Bjørnsons stridsdikt, Hoels «Giv Agt» og «Rifleringen» heta opp hugane. Det vart tala både om statskup og oppreist. «Det er besynderlig hvor Folks Tanke begynder at blive fortrolig med Barikader og Gadekamper.» Ingen samla stemninga i ein einaste blenk såleis som Bjørnson. «Det skal ikke længer være med Øiet løftet mod *den Mægtige over os,* at Øvrigheden skal handle, men med Øiet vendt mod *den Mægtige bag dem*» — og «i Aar skal denne Mægtige spørges om sin Villie, sin Dom».[46] For dei konservative var kongsmakta «en af de Magter som endnu hos os danner et Værn mod Frafaldets og Nedbrydelsens Antichristelige Kræfter». Dei kjenner det som «Folkesuvereniteten» held på å stiga fram som guddom.

Den politiske striden sette merke, ikkje berre i den kyrkjelege pressa, men jamvel på dei kyrkjelege møta og drøftingane der, såleis på det 8. friviljuge stiftmøtet i Oslo 1882. «Om man end aldrig saa gjerne vilde holde Politiken ude af Forhandlingerne i de kirkelige Organer og paa de kirkelige Møder, den lader sig ikke holde ude.»[47] Det synte seg klårare etter kvart at den politiske usemja viste attende til ein fundamental skilnad i det etisk—politiske. I tri artiklar: Det kristelige Øvrighedsbegreb og den naturalistiske Stat (1882) slår Luthersk Ugeskrift fast at kongedømet av Guds naade er usemjande med prinsippet om folkesuvereniteten. Folkesuvereniteten spør ikkje soga, appellerar ikkje til domane åt forsynet, «den er selv suveren ligeoverfor enhver Magt, baade i Himmel og paa Jord». Til kristendom og moral står det nye systemet som ja til nei. Kristendomen seier at styremakta er av Gud. Men det nye systemet seier at ho berre er tenar for folket og «udleder sin Myndighed fra dets Samtykke.»

---

[44] Luth. Ugeskrift 1882 I s. 86.
[45] Hermt etter Luth. Ugeskrift 1882 II s. 109.
[46] Hermt etter Luth. Ugeskrift 1882 II s. 109.
[47] Luth. Ugeskrift 1882.

Eit prov for den sterke øsinga i visse krinsar er ikkje minst professor Monrads artikkel «I Anledning Valgene»,[48] seinare kalla «Statskupartikkelen». Artikkelen er eit ope vink til kongsmakta om å gripa inn mot Stortinget. «Naar Trykket bliver ret føleligt, naar altfor store Interesser staa paa Spil, og den almindelige Uvilje naar et Toppunkt, vil en dristig Regjering ikke risikere meget, men vil meget mere have Landets bedste Kræfter med sig, om den, beraabende sig paa Nødværgets Ret — Gud afvende Varslet — vover et Statskup, hvorved Storthingets Beslutninger aabenbart tilsidesættes.» Det var ikkje å undrast på at serleg oslofolk tok til å gjera seg fortrulege med barrikadar og gatestrid.

Monrad fekk ei tilsvarande medferd i vinstrepressa. På eit møte i Haugesund skulda bergkandidat P. Mortenson Monrad for å vera landssvikar, og sa at slike personar skulde vore sette på slaveriet. Men Morgenbladet stadfester at Monrad har sagt berre det som «turde være temmelig uangribelig.»[49] Monrad klaga i skriv frå 21. april 1884 til Kyrkjedepartementet over den medferda han fekk i vinstrepressa, serleg frå Mortenson, og bad om påbod om å reisa sak. Men departementet (N. Hertzberg) svara at det såg Mortensons ord som «et raat Udbrud af en ustyrlig og fanatisk Person».

Ein flokk artillerioffiserar gav overkommandoen og kongen ei tillitsfråsegn.

Då tinget 23. april 1883 reiste sak mot ministeriet Selmer, spurde Luthersk Ugeskrift: «Skal Kristendommens eller Naturalismens Moral gjelde i vort offentlige Liv?»[50] Artikkelen skal etter J. B. Halvorsen, Norsk Forfatterlexikon, vera skriven av den unge presten J. M. Færden. Forfattaren ser det så at den naturalistiske staten no er proklamert. Men artikkelen vender ikkje anken så mykje mot Johan Sverdrup som mot stortingsmajoriteten. Men serleg vert anken vend mot prestane på tinget, som «med sin geistlige Værdigheds Kaabe» i dette høvet har dekt partiet. Dei har stelt seg som personlege garantar for at det naturalistisk—heidne synet på stat og styremakt er i fullt samsvar med læra og moralen åt kristendomen. Forfattaren er viss om at det aldri vilde ha kome så langt som det no er kome, om ikkje menn med kristeleg namn og vyrdnad hadde gått god for at aksjonen let seg sameina med kristendomen. Trass i alt har radikalismen vore nøydd til å finna garantar andsynes kristenfolket i denne saka. «Men Rigsretsedens Lanterne staar der som et lysende Øie i Mørket.» Striden står ikkje om noko mindre enn «Menneskeviljens Indsettelse paa Guds Throne» (s. 279). Å gjennomføra folkesuvereniteten vilde vera «Afsettelsen, Tilintetgjørelsen af Kristendommen som Samfundslivets moralske Prinsip» (s. 281). Like vel vonar forfattaren enno på at dei som sit med avgjersla, vil hevda rettferda og den kristne moralen, og

---

[48] Morgenbl. 1882 nr. 277 A, 280 A, 287 A, 289 A. Jf. 298 A.
[49] Morgenbl. 12. november 1882.
[50] L. U. 28. april 1883.

minner om den eiden riksrettsdomarane skal gjera på «alene at have Gud og Retfærdighed for Øie» (s. 284).

Då ministeriet Selmer like vel i mars 1884 var dømt, gjekk det eit sjokk gjennom dei konservative. «Det utrolige er hendt,» skriv Luthersk Ugeskrift i artikkelen Hvor er vi? og hvorledes skal det ende?[51] Sjefen for riksstyret, «Kongemagtens nærmeste konstitutionelle Representant», er i dag dømd som brotsmann. Men dette er revolusjon! Å gjera ein slik tilstand permanent, det er å proklamera den permanente revolusjonen. Alle må no sjå at «Uretferdighedens Hemmelighed» (2 Tess. 2, 7) er laus. Og kor er ikkje alt snutt opp ned for Morgenbladet! «Grundloven er givet for at *forebygge* Selvstyre; dette er dens Hensigt.»[52] Men vinstrepressa med Arne Garborg i brodden er høgt over alle blånar. Kor opplyft er ikkje no landet over alle hindringar og hemjingar. I juli 1884 skriv Garborg i Fedraheimen: «Fred er komen. Fridomen er grunnfest i Noreg. Det utrulege hev hendt. Me kan ikkje Gud fuldtakke, Noreg hev vunne att sin Heider frå gamle Dagar, ikkje med blodige Sverd, men med Sannings og Rets gjeve Vaapen. Fremst skrid no Noreg millom Nordlandi; no er me kanskje dei friaste i Verdi. No vert her sælt i gamle Noreg, no skal me byggja paa heimleg Tuft. Lat oss visa oss som Fridoms verdige Søner. Striden er endt. Arbeidet skal taka til. Fred og Sæla skal byggja i Dal og ved Fjord.» Det var ikkje å undrast at Bergens Tidende vilde ha det nye riksstyret til å gjera statsrevisor Garborg til professor — om naudsynt såleis at han fekk 1 à 2 år til å bu seg.[53]

Straks etter at Johan Sverdrup har teke over, skriv Heuch artiklane Vanvidets Dage med motto frå Matt. 26, 3 og spør: «Er det ikke Vanvid dette at et Folk arbeider som om det gjaldt Befrielse fra Despotismens Trældom, forat omstøbe en Forfatning, hvis Evne til at værne om dets Frihed og Fremgang det har erfaret i 70 lykkelige Aar? Er det ikke som en Galskab dette at et Folk, som aldrig har kjendt andet end Velsignelse af Magtens organiske Fordeling mellem Konge og Folk, fremtvinger en Tid, da Kongedømmet skrumper ind som en Skygge, og efter Johan Sverdrups Ord gaar over til at blive «en Republik under Hs. Majestæts kongelige Præsidium?» Og er det ikke unaturligt som en Sindsforvirring, at Kongemagten frivillig har søgt Bistand hos den Mand, der mere end nogen anden har arbeidet for at svække den og berøve den den Indflydelse, uden hvilken den bliver en hul Form, som kun minder om, at dens Magtfylde er udtømt? Sandelig, Vanvidets Dage er komne.»[54]

For dei konservative var alt i samfundet no snutt opp ned. Og for kyrkja melde det seg eit nytt og ålvorleg spørsmål: Hvem er Øvrighed i bibelsk Forstand?[55] Forfattaren kan ikkje skjøna at det

---

[51] L. U. 1884 I s. 129.
[52] Morgenbl. mai 1883.
[53] Berg. Tid. 1884.
[54] Luth. Ugeskrift 1884 II s. 7.
[55] Luth. Ugeskrift 1884 I s. 145.

vert rom for nokon Gud eller noko gudgjeve i eit system der styremakta er tilsett av folkefleirtalet. Men det spørsmålet som skygde over alle hine, var dette: Skulde det lukkast «den naturalistiske Anskuelses Talsmænd at afføre vort Folk dets kristelige Karakter og iføre det Revolutionens blodige af Vantroens Aand og Moral forgiftede Klædebon?» Heller enn «Øvrighed» må ein kalla eit slikt styre for «Nedrighed». Skal ein i det heile lenger tala om undersåttar, må kongen vera den einaste undersått. Han er den einaste i heile staten som ikkje har røysterett når det gjeld brigde i riksens grunnlov. Det er for denne teorien 9. juni-vedtaket er det konstitusjonelle og riksretten det rettslege uttrykket. Og liksom radikalismen gjer det underste lag i folket einrådig og «trælbinder det øvrige Folk under den laveste Almues Brutalitet», såleis gjev den kyrkjelege radikalismen seg ut for å hevda det sanne, ålmenne prestedømet. Men det som denne radikalismen i røynda gjer, er å gjera lemene i den politiske kommunen einveldige i kyrkjesaker. Begge talar vene ord, den eine om folket, den andre om kyrkjelyden. Men i staden for folket kjem mangmannen og i staden for kyrkjelyden kjem kommunen.

Harmen hos dei kyrkjelege vender seg no eit bel mot Jakob Sverdrup, den nye kyrkjeriksråden. Dei finn inkje prov for at han er meir dugande enn andre. Heile si prestetid har han verka i ein avkrok i Bjørgvin bispedøme, røynsla hans i skulevegen er avgrensa til ein folkehøgskule. I den kyrkjelege litteraturen er han kjend for å ha gjeve ut eit blad «der efter faa Aar hentæredes» av di det ikkje fekk til meir enn tri—fire reformvenlege tonar. Så minner artikkelen om Sverdrups kjæraste reformsaker: å ta ifrå presten formannsyrket i skulestyret, føra inn borgarleg brudvigsle, «Samfundsorganismens Forvandling til en uorganisk Masse», «Ombytning af det ethiske Prinsip med det arithmetiske.» I det politiske har det synt seg korleis det går med konservatismen åt den norske bonden, når han kjem i hendene på dei rette bondefangarane. Men på det kyrkjelege området vonar forfattaren at det skal lukkast å gjennomskoda radikalismen og verna om fedraarven.[56]

Heile det statssystem som riksretten har tvinga fram, er utslag av fornekting og vantru. Prinsipielt kan kyrkja ikkje godkjenna fleirtalsstyret. Eit anna spørsmål er kor langt ein kristen kan tøya seg i å godkjenna «de konkrete Former, hvori et saadant Samfundsprinsip maatte træde ham i møde».[57]

Til slutt manar artikkelen dei kristne til å reisa ein kyrkjeleg opinion over heile landet, med møte i stiftsbyane, og helst eit landsmøte til hausten.

Med artiklane Vanvidets Dage tirra Heuch den radikale pressa opp til gloraudt raseri. Radikale blad, frå den minste lappen ute i bygdene til storblada i Oslo, kasta seg over han. Vestlandsposten, som var regjeringsorgan og stod Jacob Sverdrup serleg nær, gjekk i brod-

[56] Luth. Ugeskrift 1884 II s. 9.
[57] Luth. Ugeskrift 1884 I s. 168.

den, og skulda han for å skapa oppreist mellom prestane og for å draga deim inn i «hemmelige Sammenrottelser og Møder for at styrte Statsraad Jacob Sverdrup og med ham det hele Ministerium». Men artiklane i Vestlandsposten gav berre Heuch høve til å koma med ein endå meir flengjande kritikk, og no galdt det Sverdrups person og andre menn i regjeringspartiet.[58]

Den opprivande og oppslitande striden Heuch no var komen opp i, dreiv han inn i ei lang og grundig etterrøking av tilhøvet mellom kristendom og liberalisme i andre europeiske land. Resultatet av desse granskingane kom i artiklane: I hvilket Forhold har Europas Kristne i det Store taget stillet sig til de moderne Samfundsidéer?[59] Han gjer Alexander Vinets ord til sine: «Præsteskabet repræsenterer ... Evangeliets Suverænitet, Regjeringen derimod repræsenterer Mængdens Suverænitet, Almagt og Guddommelighed. Det er to Dogmer, to Religioner, som mødes og tørner sammen (s. 180).

Dei konservative rådde over både bokhandel og forlagsverksemd og synte så stor varsemd at dei radikale kjende det som om norsk åndsliv var undergjeve geistleg sensur. Då Olaf Huseby og Olaf Norli den 10. desember 1883 opna bokhandel og forlag i Karl Johansgata, vart det ein snunad i dette. Forlaget nytta prenteverket til Nikolai Olsen, som var bror til Olaf Norli. Hos han vart snart all vinstrelitteratur prenta, alle røystesetlar, blad og opprop, Arne Dybfests «Blandt Anarkister», like eins Tyrihans og ei tid Fedraheimen. Men så kvass og ilter var stemninga at professor Bredo Morgenstierne ein dag kom inn i bokhandelen i Karl Johansgata «fløitende sint» og skulda radikalismen i bokhandelen for å øydeleggja leigeverdet åt huset, som vermor hans åtte, og han skulde syta for oppseiing så forretninga kom ut or huset.

Olaf Huseby var rik på friske tiltak, serleg kom han til å knyta namnet sitt til «De tusen Hjems Bibliothek», som han først hadde tenkt å kalla «Henrik Wergelands Boghylde». Nokre hundre band kom ut av denne billege bokserien, m. a. framifrå gode omsetjingar av populær-vitskaplege og politisk radikale skrifter frå utlandet.

Til realisasjon av denne planen var Huseby så heldig å få stønad hos den radikale rikmannen, trelastgrosserar John Sørensen. Sørensen var Bjørnsonven og Knud Knudsenianar, fanatisk motstandar av nynorsk mål, ein idealist og ein svermar, men samstundes ein sjølvrådig og svært vanskeleg mann. Sørensen fann på at bøkene i De tusen Hjems Bibliothek ikkje skulde ha namna Huseby og Kristiania på omslaget, berre John Sørensen, Fagerstrand. Det var like eins John Sørensen som i eit av sine mange Fagerstrandselskap — utan å rådføra seg med Huseby — gav Chr. Krogh lovnad om at firmaet Huseby & Co. limit. skulde gjeva ut Kroghs Albertine.

Det sa seg sjølv at det mest kjøpeføre publikum gjekk hus forbi. Dei radikale greidde ikkje i lengda å halda liv i tiltaket. Samarbeidet

---

[58] «Vanvidets Dage i Vestlandsposten.» Luth. Ugeskrift 1884 I. II.
[59] Luth. Ugeskrift 1886 I.

mellom dei to namnebrørne gjekk vel heller ikkje så godt som ynskjande kunde vore. Dei låge prisane vekte motvilje hos bokhandlarane. Sidan Huseby var med i bokhandlarsambandet, måtte han ta den økonomiske støyten, medan John Sørensen sat trygg. Til dette kom at nokre av dei store skriftene forlaget gav ut, vart kverrsette, så forlaget av den grunn leid stor økonomisk skade og snart måtte gjeva opp.

Gjennom dei mange billege skriftene frå De tusen Hjems Bibliothek, spreiddest radikalisme og fritenking hos den lesande ålmenta. Mykje av omsetjingslitteraturen hadde ein vitskapleg svip, som gav han ein viss autoritet hos ålmenta. Utan dette forlaget vilde mange av dei mest radikale skriftene frå 1883 og utetter hatt vanskeleg for å få sjå dagsens ljos. — Elles hadde og eit anna radikalt prenteverk kome til: Christian Holtermann Knudsens frå 1884.

Som ventande var, prøvde dei konservative gjennom bokhandelen å hindra omsetnaden av desse åndsprodukta og med det laga stenge for radikalismen. Ikkje eingong Johan Sverdrup fann forleggjar i Oslo for sine politiske talar. Avhandlinga Om Egypternes Udødelighetstro fekk professor Lieblein ikkje ut i Oslo.[60] I sine innlegg for diktarløn til Kielland klagar Bjørnson over same lagnaden. Ingen norsk forleggjar vilde gjeva ut «hvad jeg har skrevet forat begrunde min religiøse Overbevisning». Då Olaf Huseby braut med tradisjonen og skipa bokhandel i Karl Johansgata, vart han først truga med utseiing or huset, og sidan kom han som nemnt i prosess med heile bokhandlarlauget i byen.

---

[60] Verdens Gang 1885 nr. 73.

V. UTGLIDINGAR PÅ DET MORALSKE OG DET RELIGIØSE OMRÅDET I 1880-ÅRA

1. BOHEMRØRSLA

> Bohêmen har kapitulert for Dyret i sig, jeg, min Herrer, vil kjempe for Mennesket i os. (Fr. Petersen i Ægteskab eller fri Kjærlighed, 1887.)

Ingen stad kom fritenkinga såleis på avvegar som i spørsmålet om sedskap og ekteskap.

Kvinnene hadde for lenge sidan reist seg mot «hankjønstyranniet» og den underordna stoda kyrkja hadde gjeve deim. På få omkverve var det kyrkjelege synet så gamaldags og stivt som her. Endå så seint som i 1884 minner den unge presten M. J. Færden i ein artikkel i Luthersk Ugeskrift om at kvinna må ikkje gløyma sin «Ribbensnatur». Luthersk Kirketidende skreiv jamvel redaksjonelt same året (s. 351): «Manden vedbliver saa længe Ægteskabet varer, naturlig at være sin Hustrus Hoved og Herre, uanseet om han forspilder sin moralske Ret til at være det.» At same synet rådde i det borgarlege, stadfester punkt 8 i programmet åt De conservative Foreningers Centralstyre 1884: Styret vil arbeida for «hvad der uden Krænkelse af den Kvinden ved Skriften anviste Stilling i Familien og Samfundet kan tjene til at lette hende Erhvervelsen af Kundskab og selvhjulpen Stilling.»

Det var ikkje å undrast at kvinnene i denne øsingstida reiste seg og kravde sin rett til likskap. Med «Kvinden skabt i Guds Billede» (1878) argumenterte Aasta Hansteen mot det hevdvunne kyrkjelege synet på kvinna. Diktarane tok parti for kvinnene, Aasta Hansteen er modell for Lona Hessel i Samfundets Støtter og for Gunnar Heibergs Tante Ulrikke. Men eitt var å reisa fridomskravet, eit anna var å avgrensa det.

Det naturvitskaplege synet gjorde seg og gjeldande i domen om seksualetikken. Driftene var synlege utslag av usynlege krefter i skaparverket. Moral og samvit var etter utviklingslæra produkt av perfektibilitetslova i menneska, ei lov som flytte grensa for etisk sannkjenning stendig vidare. Som alle andre tvangsråder hadde moralen verde berre til ei tid. Det høgaste åndsidealet var fridom. Moralen vart difor halden for eit stadium som mennesket skulde leggja attom seg. I staden skulde koma daning og ein utvikla venleikssans.

Bjørnson hadde som nemnt alt i 1878—79 kasta seg over utanlandsk litteratur om dette emnet. Rett snart kjende han den gamle moralen avleggs. Ja, i eit par brev til Amalie Skram[1] skildrar han ope den kristne kjønnsmoralen som fårleg og unaturleg, laga av svermarar. «Denne har skadet Verden mere end alle dens øvrige Plager tilsammen, den er Fader til Fattigdommen, Prostitutionen, Slægtssygdommene, Karakterfordærvelsen.» Fråhald held han no for helsefårleg, ikkje minst for kvinna. At dei to kjønna friskt og naturleg gjev seg til kvarandre, er eit umissande verde for kulturlivet. «Sandselighedens Kraft er tillige Modets, Fantasiens, Farvernes.» Så hermer han «hvad den fri Sædeligheds Videnskabsmænn» i utlandet lærer: Dei vil inkje ekteskap ha «uden det Parterne selv har Lyst til at holde. For dem er Hovedsagen at Kvinden har sædelig Kraft nok til intet Barn at sætte i Værden, før hun selv helt og holdent kan ernære det. Først da har hun Mandens fulde Agtelse.» Skal kvinna kunna vinna denne sedelege krafta, må heile samfundet stå ope for henne. Ho må kunna verta prest, domar, advokat, dokter, handverkar, vekseler, kjøpmann, alt det ho kan og vil.

Hos Bjørnson gjekk det like vel ikkje lenge før vitet sigra. Alt i førstninga av 1880 slo han om og tok opp striden for «beherskelsesmoralen». Med En Hanske (1883) gjekk han meir attende til det kristne grunnsynet og viser korleis sedløysa undergrev både liv og lukke. Frå no prøver han å læra kvinnene å stella krav. I Geografi og Kjærlighed (1885) gjev han ord for si sterke mistru til den frie kjærleiken. Med Engifte og Mangegifte (1887—88) tek han endå sterkare til ords for «beherskelsesmoralen».

Alt i 1881 hadde dr. Brandes i Dagbladet proklamert full etisk ansvarsfridom for den akademiske ungdomen. «Pedanteriets Tid er forbi, der gives ingen akademiske Indskrænkninger mere. Du har den fulde, ubetingede Frihed, tag den, brug den, nyd den.» Ja, så lovbunde — driftsbunde — var mennesket «at det under de faktisk forhaandenværende Omstændigheder umulig kunde handle anderledes end det virkelig handler.»[2]

Protest mot den konvensjonelle tilsløringa av det seksuelle vart på moten; med stendig større fridom og vågemod tala folk ope om seksuelle spørsmål. Trongen til uhindra livsutfalding fekk si eiga stemnelei i bohemrørsla — den siste renningen av vantrua og den naturalistiske diktinga. Rørsla er beintfram driven av trongen til å kle av seg sjølv i folkeaugo og syna seg for ålmenta i «al sin Nøgenhed».[3]

Kristendom og moral, men aller mest det livsvarige ekteskapet stod stengjande for det intense kravet om livsnyting som melde seg. For ein ungdom som litteraturen alt i førevegen hadde overtydt om at dei var gjorde til krøplingar gjennom oppseding og miljø, var just

---

[1] Kamp-Liv I s. 16, 25.
[2] Jæger, Fra Kristiania-Bohêmen. Fortale s. 3 f.
[3] Impressionisten 1887 nr. 2 f.

frigjeringa av dei driftene som kristen moral hadde freista å regulera, eit evangelium som fann opne øyro. Målet skulde bohemen nå gjennom ein livsnær litteratur, som skulde tvinga den store ålmenta «til at *leve* sig til de samme Erfaringer.»

Ei side ved bohemrørsla rann snart saman med den vaknande ansvarskjensla for sosiale spørsmål i tida: avtakinga av den legaliserte prostitusjonen. Alt i 1873 hadde spørsmålet vore lagt fram for Stortinget.[4] Folketeljingsstatistikken[5] hadde synt tal som gav grunn til stor otte. Jaabæk hadde i ei rad artiklar i Folketidende drøft dette såre emnet med vanleg frimod.[6] I Medicinske Selskab hadde professor Lochmann gjeve ei lang vitskapleg utgreiing: Prostitutionens Væsen og de veneriske Sygdomme (1880). Elles hadde osloprestane for lenge sidan sendt oppmoding til statsmaktane om å ta denne kreftsvullen bort. Fråsegner låg føre frå stadsfysikus, helseråd, politimeister og stiftsdireksjon; ei av fråsegnene gjev Den offentlige Prostitutions Historie hos os fra den katholske Tid.[7] Og medan prestane hadde arbeidt i det stille, tok Christopher Bruun saka fram for ålmenta i foredraget sitt Om Christen-Samfundets Synder. For ein gongs skuld var då og Luthersk Ugeskrift samd med Bruun: Det å legalisera «Sikkerheds-Anstalter for Lasten» var ei samfundssynd, og boteråda hadde vore verre enn sjukdomen.

I kravet om å få bort prostitusjonen stelte bohemen seg på same sida som dei kristne. Men bohemen motiverte kravet på sin eigen måte: den kristne moralen førde til umoral, ekteskapet var lurvut hyklarskap, ein vev av lygn og usanning. Prostitusjonen var just provet for dette. Samstundes hevda bohemen at seksuelt fråhald var skadeleg. Difor kravde bohemen den frie kjærleiken legalisert utan noko band i staden for dei legaliserte samlivsformene: prostitusjonen og ekteskapet. Den frie mannen utan heim og huslyd er idealet. Fekk ein bort dei seksuelle restriksjonane, skulde livet få innhald og farge. Med mest religiøs eld og intensitet forkynte bohemen det nye evangeliet. Men så sterkt og seigt stemde samfundet imot, at dei som trassa det hevdvunne moralsynet, vart utstøytte, ikkje berre «av det gode selskap», men jamvel frå stilling og samfund.

Føraren for denne rørsla i Noreg vart cand. philos. Hans Jæger (1854—1910). Han hadde levt eit svært skiftande ungdomsliv: vart tidleg far- og morlaus, for til sjøs, vart student 1875 og same året stortingsstenograf. Like omskifteleg som det ytre, var hans indre liv. Som sumarfuglen sviv frå blom til blom og hentar søte safter, såleis skulde mann og kvinne løysa opp dei gamle livsvarige former for ekteskap og knyta nye samband. Utøymd og unøgd lidenskap synest ha drive han stendig lenger. «Og videre skrider jeg — halvdød av

---

[4] Storth. Forh. 1873 VI. Indst. nr. 94 s. 262—639.
[5] 1869 C nr. 1, s. 227 og 1876 C nr. 4, s. 4.
[6] Folketid. 1877 nr. 26 (s. 302) og nr. 41 (s. 496—502).
[7] Luth. Ugeskrift 1881 I s. 90 f.

rædsel og med haarene strittende på mit hoved, men baaret frem af den fremmede, overnaturlige kraft som rinder i mit blod — frem, frem, bestandig fremover bæres jeg og efterlater paa min vei en bred gold forbandelsens stribe gjennem skoven, hvor ikke noget levende mere kan gro.»[8] Programmet hans var full seksuell fridom. Dette kravet fekk han kopla saman med naturalismen: Naturalistkunst og desperat livsføring går saman. På den eine sida siktar han på å driva den beste ungdomen ut i sjølvøyding, på den andre sida å syta for at desse øydelagde menneska vert kjende av ålmenta.

Til jul 1885 gav Jæger ut Fra Kristiania-Bohemen i 2 band. Han vender seg til den intelligente ungdomen innan borgarskapet, til søner og døtrer «av brave, pæne foreldre» om å leva seg til den røynsla at dei livshøve dei er oppvaksne i, har gjort deim til krøplingar. Samstundes manar han ungdomen til å ikkje finna seg i denne kastreringa lenger. Når dei såleis riv seg lause, vil nok mange av dei unge gå under, men Jæger gjev dei von om martyrglorien. Den ungdomen som går under, er det store utsædet for framtida, «Mændene med de store Behov — der først kan tilfredsstilles under friere, rigere og skjønnere Samfundsformer — den landflygtige, hjemløse Boheme.» Sedløysa mellom studentar var ikkje noko nytt, men at slike emne vart drøfte offentleg utan tilsløring, og kravet om at samfundet skulde godkjenna og legalisera den frie kjærleiken, det var nytt og uhøyrt.

Fra Kristiania-Bohemen var ei brutal og omsynslaus avsløring av dyret i menneskeham. Av dei to hovudpersonane som lever etter den nye moralen, vert den eine åndeleg og lekamleg nedbroten, den andre endar som sjølvmordar. Det kunstnarlege verdet åt dette arbeidet var ringt. Då Jægers vener tala til han om kor mange offer denne rørsla vilde krevja, svara Jæger: «Javisst vil der gå individer tilspille. Blodsudgydelse må der være ved enhver revolusjon. Men vi må fylle løpegravene med skyldige og uskyldige for at vi kan rykke frem over deres lik.»[9] Tonen i det offentlege ordskiftet vart meir og meir oppøst og tirrande. I vindauga til Huseby & Co. vart det julekvelden 1886 hengt opp eit slikt oppslag: «Justitsdeptm. funderer endnu paa om det skal beslaglægge Garborgs «Mannfolk» eller la det være. Man fortæller at det tør ikke — for latteren og literaterne.»[10]

Den radikale pressa var i førstninga mykje uviss om korleis ho skulde stella seg til denne nye litteraturforma. Ho venta difor med å koma med meldingar. Verre var stoda for det første radikale riksstyret landet hadde hatt. Skulde riksstyret gripa inn, måtte det gå snøgt til verks. Men med eit slikt inngrep vilde riksstyret få den radikale intelligensen mot seg og sjå si politiske framtid truga. På

---

[8] Jæger, Syg Kjærlighed. Hermt etter Festskrift for Ungdomsskulane. 25 aar. 1893—1918, s. 33.
[9] Etter Keilhau, Det norske folks liv og hist. X s. 176.
[10] Fædrel. 31. des. 1886.

den andre sida var det ikkje så lett for riksstyret å sjå heilt bort frå det trugsmålet som her var kome fram mot rett og hevdvunnen moral i samfundet. Boka vart difor av justisminister Aimar Sørensen kverrsett alt same dagen som ho kom ut. Men dei eksemplar som politiet ikkje fekk tak i, fann lesarar i tusental. Ein rein storm av harme og uvilje reiste seg no mot riksstyret mellom den radikale Oslo-ungdomen. Den 27. januar vart det halde eit stormøte i Den frisindede Studenterforening, der Jæger fekk stønad av mange kjende menn, såleis av Ludvig Meyer, Chr. Krohg og Viggo Ullmann. Ein «Afskyresolution» mot riksstyret vart vedteken. Møte etter møte vart halde med hyperradikale foredrag. Andr. M. Hansen tala om Determinisme og Moral, Gejerstam om Kvindesagen og Bjørnson: seinare heldt Arne Garborg og Margrethe Wullum innleiingsforedrag. Dei fleste gav Jæger rett: Skulde ein koma prostitusjonen til livs, var den frie kjærleiken einaste utvegen.

Til dei 300 eksemplar av første delen av verket som politiet ikkje hadde fått tak i, let forfattaren andre delen setja opp og prenta i 350 eksemplar hos Chr. Holtermann Knudsen. Heile verket vart så utgjeve med tittelen Julefortellinger af H. J. Med dette opplaget for så Chr. Holtermann Knudsen til Göteborg og Stockholm. Men der vart det kverrsett av den svenske justisministren. Med tittelen «Kristiania-Bohêmen paa Eventyr. Første Aften. En Promenade paa Karl-Johan og dens Følger» kom i februar 1886 atter ei skrift som vart kverrsett. Den svenske omsetjinga gjekk det på same måten. Då høgsterettsdomen i 1886 gjekk Jæger imot, søkte han om å verta immatrikulert ved Universitetet, men fekk søknaden avslegen. Jæger stemnde alle lemene i Det akademiske kollegium inn for forlikskommisjonen, truga dei med dagleg mulkt, og kravde å verta immatrikulert. Det vart ikkje noko forlik, og Jæger anka saka inn for domstolane. Men kollegiet vart frikjent og Jæger ilagd sakskostnad. Det var no Jæger og venene hans freista å få saka fremja gjennom Den frisindede Studenterforening. Både Ullmann og Krohg tala som nemnt Jægers sak, men fekk ikkje større stønad. Boka vart karakterisert som «En Veiledning for Ungdommen til paa korteste Maade at ødelægge sig selv.» Etter avskyresolusjonen «kom Jæger til at svimle, han blev som en ny Religionsstifter med en voksende Tilhørerskare, der sammenblande Bogens Advarsel med Jægers Liv og Levnet.» Men smått om senn drog hans næraste vener Ullmann, og serleg Sars seg attende. Etter at han fekk dom på seg, såg mange på han som «en besmittet» som ingen vilde ha med å gjera. Heller ikkje synte Jæger sers mannsmot. Då Høgsterett i 1887 dømde han til ein 150 dags arrest og ei bot på 1600 kroner, rømde han or landet. Då han i 1889 søkte om å få att referentposten sin i Stortinget, gav presidentskapet han avslag. Men òg mellom dei «store» var det dei som kjende samhug med Jæger, såleis ikkje minst Alex. Kielland. «Jeg har mer end nogen ærgret mig over dette med Jæger, fordi hans tølperagtighed bringer noget jeg tror paa, i galt spor.»

Midt oppe i Jægerstriden kom Christian Krohgs «*Albertine*».

Justisministeren valde å kverrsetja boka i samla riksstyre.[11] No slo harmen ut i reint raseri i vinstrepressa. Garborg vende seg i Dagbladet beinast til riksråd Blix. Både Garborg og andre har ei kjensle av at når det retteleg gjeld «er De den eneste Mand i hele det underlige Kollegium, som hedder den liberale norske Regjering. De maa kunne stoppe Skandalen! og hvis De ikke kan det, saa maa De som Mand, som Kirkeminister, som Kristen, ryste Støvet af Deres Fødder og gaa.» Justiministeren er utilrekneleg, seier Garborg. Verdens Gang tek endå sterkare i: «Det er Hykleriets Triumf. Det er som levde vi under den værste Reaktion. Det er en Skam som er ført over vort Land. Det er en Krænkelse af hver Borgers Ret. Det er en Voldsdaad.»[12]

Før Krohg sende boka ut, hadde han personleg vore oppe hos justisministeren og lagt fram einskilde skildringar or boka med spurnad om dei kunde «passere». Til dette hadde ministeren svart, at det vilde visa seg når boka kom ut. Albertine vart prenta i 1600 eksemplar. Alt andre dagen etter at boka var komen, vart ho kverrsett. Men føre kverrsetjinga var det i Oslo selt kring 800 eksemplar. Politiet fekk tak i berre eit par hundre, resten var seld utanbys. Kverrsetjinga vekte ein storm av nye protestar.[13]

Alle heldt fram at Albertine i staden for ei umoralsk bok, var ei moralsk, og at Garborgs Mannfolk, som nett var utkomen, heller burde vore kverrsett. Den vanlege meininga var at Krogh hadde nytta ein høgare politiembetsmann i Oslo til modell og at det var difor boka var kverrsett. Verdens Gang skreiv då òg endefram: «Ikke forat beskytte Dyd og Sædelighed, men forat beskytte udydige og usædelige Embedsmænd» var boka kverrsett.[14] I høgsterettsdom frå 1887 vart Krogh ilagd ei bot på 100 kroner, og konfiskasjonen vart stadfest. Merkeleg nok vart Garborgs Mannfolk, som kom om lag samstundes med Albertine, ikkje kverrsett. Verdens Gang gissar på at det er av di at Garborg «ingen liderlige Politifolk skildrer».

Bohemen hadde teke til ords mot prostitusjonen. Men samstundes hevda bohemane at seksuelt fråhald var skadeleg. Kristiania Forening

---

[11] Eksemplar som hadde sloppe undan politiet, vart opplesne i store og små samkomer, såleis i Østre Arbeidersamfund i Oslo i januar 1887. Forlaget, Huseby & Co., søkte 24. des. 1886 Justisdepartementet om å få utlevert 5 ekspl. av Albertine for å senda deim til Bjørnson, Ibsen, Lie og Kielland, men fekk avslag.

Dagbl. karakteriserte Albertine som «en af vor Litteraturs mest moralske Bøger». Brandes roste boka i høge tonar: Kjem boka i strid med den gjengse moralen, så står og kristendomen i strid med «moralen»!

[12] Verdens Gang 1886 nr. 151 (23/12).

[13] Protestane var dels redaksjonelle (t. d. Verdens Gang 1886 nr. 151, 153 og Dagbl. 1886 nr. 464, 466), dels frå kjende personar og med fullt namn under, såleis frå Arne Garborg (Dagbl. 1886 nr. 466, 474), Olaf Huseby (Dagbl. 1886 nr. 466), Margrethe Wullum (Verdens Gang 1886 nr. 151), Gina Krogh (Dagbl. 1886 nr. 470), Ragna Nielsen (Dagbl. 1886 nr. 470) og mange fleire.

[14] Verdens Gang 1886 nr. 153.

til fremme af Sædelighed vende seg difor til Det medisinske fakultetet og bad om ei fråsegn i dette spørsmålet. Fakultetet svara at påstandet om «at et sædeligt Liv og sexuel Afholdenhed medfører fare for Helbreden er, efter vor enstemmige Erfaring, urigtig.»

Bohemrørsla var nok serleg ei Oslo-rørsle. Dette synte seg i den økonomiske lagnaden som råka forleggjaren Olaf Huseby. Han sprengde seg økonomisk så grundig på tiltaket at han ikkje meir vann over det. Men verknaden av rørsla rakk langt utom Oslo.

At Chr. Bruun med artikkelen Den dannede Liderlighed[15] tok til motmæle mot dei rå ovringane mellom studentane, var å venta. Meir underleg er det at Bjørnson kasta seg opp i striden med *En Hanske* og med foredraget *Engifte og Mangegifte*. Han hevdar her prinsipielt det same sedskapskravet for mann som for kvinne. Bjørnson etterviser at den historiske utviklinga samlar den sedelege kjensla kring barnet; på barnet byggjer huslyden, og på huslyden atter samfundet. Denne kjensla går ikkje attende. Av tilhøva har kvinna så å seia vorte tvinga til ein mann, tilhøva vil tvinga mannen til ei kvinne — alt for barnet skuld. «Med andre ord: selv-opholdelsens evige drift har tat denne form i de mænneskelige forhold.» All ulidelegskap og utskeiing no, kjem av dei store brigde i livskår. Den gongen lovene om ekteskap vart gjevne, kunde mann og kvinne gifta seg straks dei var vaksne. I den nyaste tida har det kome eit brigde. Ekteskapet vert snart eit privilegium for nokre få. Samstundes har moralkravet stige etter kvart som det har gått opp for menneske «at på driftens vej grundlægger du ved tugt og troskab din sundhed og din karakter, æller du taper anlæggene til bægge.» Di større mishøvet veks seg mellom høvet til ekteskap og det aukande moralkravet «jo større vokser også hykleriet sig, og des vildere blir planerne til forbedring.» I foredraget hadde Bjørnson teke med både historiske, rettslege, slektshygieniske og moralske prov for monogamiet og fekk stort medhald. Bjørnson har nok meint at Kielland stod på bohemsida i dette spørsmålet: «— — dersom du læser det som en alvorlig mænneskevæn, så skal du inrømme mig, at I er ikke innenfor den historiske linje, ikke i evolutionen.» Bjørnson konkluderar: «Nej, lad os så hæller ene os om at utvide sædelighedsbegrebet, dels ved at gøre ægteskabet uafhængigere af loven, dels ved at tillate kvinne som man at lægge sig barn til uten ægteskab.»[16]

Bjørnson hadde nok vendt seg mot bohemrørsla; men det var, som ein ser, langt ifrå at dei ortodokse kunde godkjenna Bjørnsons syn. Sars kunde og straks trøysta seg og andre med at det ikkje var i namnet åt kristendomen, men i namnet åt den moderne utviklingslæra at Bjørnson hadde teke til motmæle og teke det monogame sedskapsidealet i forsvar.[17]

I artikkelen Den dannede Liderlighed saumfer Chr. Bruun både

---

[15] For Frisindet Christendom 1886 nr. 8.
[16] Bjørnson til Kielland 22. juli 1886. Breve til Alex. L. Kielland, Gyldendal 1930, s. 73 ff.
[17] Dagbl. 31. des. 1887.

boka til Jæger og dei råe ovringane mellom studentane i Den frisindede Studenterforening. Det er denne studentklikken både prestar og Luthersk Ugeskrift har i tankar når dei gjer seg opp sine meiningar om vinstre. «De lever derinde under Indtrykket af venstre-Fritenkeriet og venstre-Frækhed.» Det er dette som hjelper deim til å tala og skriva såleis om vinstre som dei gjer. Dette bed han bøndene tenkja over som ei orsaking for den politiske fanatismen dei møter hos prestane.

Religionslaus moral synte seg å vera *relativ* moral, som ein kunde tøya dit ein helst vilde. Det som hadde levt som syner og fantasi hos dei eldre diktarane, kom ei yngre ætt og praktiserte.

Bohemen syner at ei ånd som ikkje har Kristus til opphav, ikkje i lengda kan halda ut med den kristne moralen. Diktarane hadde slept inn i sin heilagdom ei ånd som var kristendomen framand, men tok samstundes med seg frå gode heimar den gamle moralen som fedraarv. Difor måtte striden verta så opprivande, ikkje berre utetter, men og innetter, så som hos Garborg.

Med artikkelen Religion og Moral[18] av Sars, Fr. Petersens svar i Luthersk Ugeskrift med same overskrifta, og endeleg Petersens artikkel Ægteskab eller fri Kjærlighed (1887), kan ein seia at dei offentlege bohemdrøftingane var slutt i bokheimen. Alt i 1886 skriv Morgenbladet: «Jæger-Begeistringen flammede op som Luerne fra et brændende Træhus. Ved hans egen og hans Sagførers Optræden er Ilden — om ikke slukket — saa i alle Fald betydelig mindsket, og paa Brandtomten rager der nu tre høie, svarte Skorstenspiber tilveirs: Raaheden, Frækheden og Ufordrageligheden.»[19]

Utan all positiv verknad var heller ikkje bohemrørsla. Ho sette større fart i arbeidet på å få bort prostitusjonen. Den 28. november 1886 vart det halde eit ålmannamøte i gymnastikksalen på festninga, der skulestyrar Søren Anton Sørensen heldt innleiingsforedrag. Han hadde alt i 1882 skrive om en Forening mod Prostitutionen og Usedeligheden.[20]

I foredraget minte Sørensen om det gamle kravet frå huseigarane om å verta kvitt denne plaga. Det underlege ved denne saka er, seier Sørensen, at medan Kriminallova set streng straff for den som held lekamen sin til fals til utukt og for å halda offentlege hus, så hadde politiet ikkje berre gjeve dispensasjon, beint imot lovbodet, men jamvel assistert trafikken. Sørensen minner om politiforordninga frå 1874. Det hadde nok gått ut nokre skriv frå departementet om å stengja slike hus, men nokor verkeleg betring var ikkje nådd. Den same klaga som ein kunde retta mot politiet, kunde ein retta mot kommunen. Etter opplysningar frå politilækjaren slukte denne trafikken om lag ½ mill. kroner om året berre i Oslo by.[21] Møtet

[18] Nyt Tidsskrift 1886—87.
[19] Morgenbl. 1886 nr. 127 (12/3).
[20] Fædrel. 1882 nr. 28.
[21] Forh. paa Massemøtet i Festningens Gymnastiklokale Søndag 28. Novbr. ang. Sædelighedssagen. Hermt etter Morgenbl. 1886 nr. 606 (29/11).

vedtok denne resolusjonen: «Forsamlingen forlanger, at de bestaaende Sædelighedslove hævdes og henstiller til Kommunebestyrelsen at foretage de i saa Henseende fornødne Skridt.» Før året var ute, var òg prostitusjonen avteken.

Hausten 1887 heldt drøftingane av sedskapsspørsmålet fram i Studentersamfundet. Gejerstam og Garborg var innleiiarar. Gejerstam var kjend for å forkynna fri kjærleik. Serleg på det møtet der Garborg innleidde, synest deltakarane, både menn og kvinner, ha ytra seg rett usjenert. Den konservative pressa karakteriserte møtet og deltakarane som «emansipert fra alle de Følelser for Anstændighed, som Dannelsen og Civilisationen har indpræget — —, ugenert og uden Sky lægger de for Dagen at alle deres Interesser dreier sig om rent seksuelle Forhold, som synes at fylde hele deres Fantasi.»

Verdens Gang derimot er stolt av at det let seg gjera for menn og kvinner å drøfta «saa ømtaalige saker med aapenhed og uden fortielse.» Dette er eit stort framsteg. Seinare heldt Garborg og Margrethe Wullum fram i Samfundet. Garborg tek Bjørnsons line: Kvinna må oppsedast til å verta jamliken åt mannen.

Dei ortodokse klaga over at Samfundet gav Gejerstam og Garborg høve til slike diskusjonar: «Vore Digtere fremstiller vor Embedsstand som fordærvet, ormædt, vore Prester som Hyklere og Kjeltringer, vore Egteskaber som fulde af Utroskab og Svig, vil de ogsaa lære os, at vor akademiske Ungdom er besmittet i Uterlighed og Raahed og har fornægtet baade Kristendommen og dens Moral?» Så vender bladet seg til studentane: «I vil dog vel ikke, at man i Frihedens Navn skal fange Eder i Syndens Trældom?»

I artikkelen De Gejerstamske og Garborgske Sædelighedsmøder held Luthersk Ugeskrift eit siste oppgjer med desse ovringane mellom studentane.[22] Bladet viser til den franske revolusjonen då kvinna samstundes med at ho la bort blygskapen, tok til å leggja kleda av kroppen. Det hermer utsegner av ei av dei kvinnene som var med i drøftinga i Studenterforeningen: Når det livsvarige ekteskapet var oppløyst, skulde landet «blomstre som en Herrens Have». Hanskemoralen hos Bjørnson og andre har L. U. lita tru på. Kravet om jamstelling vil saman med den sterke kvinneemansipasjonen på ingen måte verka til å nivellera mannen oppetter, men dreg kvinna nedetter.

Det bohemen har skrive, vilde for berre få år attende ha vore utenkjeleg, og vilde i alle høve samrøystes ha vorte avdømt som krenkjande og nedbrytande for sedskap og blygskap. No vart desse skriftene utropte som skrifter i teneste for sedskap og reinleik. Dei som ikkje var samde i dette, vart mistenkjeleggjorde og skulda for at dei vilde halda oppe sedløysa og hindra det frie ordet, skapa russiske tilhøve etc.[23]

No derimot vart den frie kjærleiken forkynt som den makt som skulde løysa verda ut. Alt som minte om blygskap, vart trakka under

---

[22] L. U. 1887 II.
[23] Fædrel. 1887 nr. 4.

fot. «Det er Dyrets Frihed man krever for Mennesket. Naturalismen stiller jo i alle Henseender Dyret og Mennesket Side om Side. Den giver dem den samme Oprindelse og den samme Ende; derfor nødes den ogsaa til i alle Henseender at lægge dem begge ind under de samme Love. Fra Dyrets Verden udleder man Lovene for Menneskeverdenen, fra Naturlivet henter man Lovene for Morallivet. Naar det naturlige Kjønsvalg og Kampen for Tilværelsen gjøres til de bestemmende Drivkrefter ogsaa for Menneskelivet, saa nødes man til at løsrive det fra de evige Aandsmagter og lægge det helt og holdent ind under Naturnødvendighedens og Naturdrifternes Lov.»[24]

Jamvel den profane litteratursoga medgjev at impulsen frå Hans Jæger langt ifrå var ufårleg. «Den rev folk overende. Svake sjæler som blev rykket op fra trygt familieliv og borgerlig indhegning, kom ofte sørgelig i drift og arbeidet — trofast understøttet av alkohol — paa sin egen undergang. Bohemens horisont var heller ikke vid... Følingen med Norge, med land og folk, var ogsaa svak. Bohemen var en blot og bar Kristiania-bevægelse.»[25]

Professor Petersens artikkel om Ægteskab og fri Kjærlighed (1887) kan ein sjå som siste innlegget frå kyrkjeleg side i denne saka. Han etterviser her den skuld diktinga har i sedløysa, tilhøvet mellom kultur, moral og arbeid, mellom kjærleik og moral, mellom fridom, moral og religion. Chr. Bruun var sers nøgd med denne skrifta: «Det henger sammen med hele Styrken i Petersens Tænkning, at han søger at indrømme sine Modstandre den Ret de har, og tillige at indrømme Feilene paa de Kristnes og det kristne Samfunds Side. Det er noget af det der kjendeligst adskiller ham fra den selvtilfredse Ugeskrift-theologi.» På det store sedskapsmøtet i 1888 vart det kravt at straffelovgjevinga skulde brigdast såleis at straffa for å krenkja sedskapen i prenta skrift vart skjerpt, at straffa skulde råka kvar den som har hjelpt til med «utugtigt Skrifts Istandbringelse eller Udbredelse», at verksame straffer vert innførde for å krenkja sedskapen eller «den offentlige anstendighed» med foredrag, skodespel, tilverking, spreiing eller utstelling av bilete o. l.

Etter kvart som dei røynlege tilhøva i Oslo vart kjende for ålmenta, synte sedskapsarbeidet seg å vera heilt naudsynt. Etter fråsegn frå presten Ecktell 25. april 1890,[26] var det i berre 6—7 gater i Vaterland 18 restaurantar, 11 hotell, 16 «Logihus», 7 «Udsalg af Øl og Brød», til saman 52 tvilsame stader.

Statsmaktene tok seg frå no meir og meir av saka. I 1892 låg det føre: 1. Udkast til Lov om sedelig forkomne og vanvyrdede Børns Behandling. 2. Udkast til Lov til Modarbeidelse af offentlig Usedelighed og venerisk Smitte. — Begge utkasta var utforma av formannen i straffelovnemnda, riksadvokat Getz.

Jamvel for dei intellektuelle stadfeste bohemlitteraturen med alle

---

[24] Ved Aarsskiftet 1887—88. Luth. Ugeskr. 1888 s. 9.
[25] Bull og Paasche, Norsk Litt.hist. V s. 165.
[26] Kristianiaforhold. Luth. Kirketid. 1892 II nr. 20.

sine fylgjer, at menneska ikkje strafflaust trassar dei mest elementære lovene i skaparverket. Ingen har karakterisert nederlaget åt bohemen betre enn Jægers ven Edvard Munch, i det portrettet han gav av Jæger i 1889: Slapp og trøytt sit Jæger i eit sofahyrne med eine handa hangande ut i lufta. På bordet framanfor seg har han pjolterglaset. Han held til i eit fatigsleg rom og endå han er inne, har han mått rusta seg med frakke og hatt. Eit skjeggut, «bebrillet» andlet stikk fram under hattebremmen. Den såre, veike munnen prøver seg fåfengt på ein skeiv smil. Eine auga er underleg levande. Det vil gjerne møta verda utan sut, men framfor seg stirer eit skadeskote menneske, ei sjel fylt av angest og uro.

Bohemen var rett nok ein verknad av det som utrue ektemenn og låke søner hadde praktisert til alle tider. Men den siste årsaka var at den vitskaplege fritenkinga gjekk over til den lystbundne fritenkinga og i Hans Jæger og krinsen hans fann ein eksponent utan alle hemjingar.

2. SEKTERISME, MIRAKELTRU, DOMEDAGSVENTING OG ROSENIANISME

Just som kyrkja stod hardast i striden mot vantru og fråfall, tok det i landet til å ovra seg trudomsrørsler av framand rot, som ikkje lenger var nøgde med den kyrkjelege forkynninga. Pendelen slo langt ut til den eine sida i kynisme og vantru.[27] Men han slo òg lenger enn vanleg ut til hi sida. Alt i 1860-åra hadde religiøse sermeiningar late seg merka, helst som uklårt misnøye med den offisielle kyrkja. Framimot 1870 tok desse sermeiningane sterkare vokster og fastare former. Mangt som ulma i folkedjupet, fann utløysing i framand sekt- og svermarmerkt omsetjingslitteratur. Noreg fekk no noko av den engelsk-amerikanske kiliasmen frå 1840-åra. Over store luter av Sørlandet og Austlandet gjekk den kiliastiske ventinga som ein epidemi og minte noko om dei hektiske 1850-åra.[28]

For sume kjendest kyrkjeskipnaden for trong og for ufri. Den skotske frikyrkja var idealet. I denne flokken møter me to statskyrkjeprestar: personellkapellånen i Arendal Paul Wettergreen (1835—1889) og soknepresten i Horten Johan Storm Munch (1827—1908). Dei gjorde i 1876 ei ferd til Skottland og granska frikyrkjeskipnaden der. Dette gjorde dei berre endå meir oppglødde enn før. Dei la ned embeta sine og gjekk ut or kyrkja. For Munch var det serleg absolusjonen utan personleg skriftemål som var den store vansken. Han prøvde å samla nattverdgjestene i heimen sin til privat skrifte. Men dette fekk han ikkje samtykke frå biskopen til. Rett nok rådde Oslo biskop prestane sine til å lata Munch få nytta kyrkjene. Like vel kjende han seg som ein utstøytt. Eit stort vonbrot for han var det òg at han fekk så lite fylgje. Etter at den første øsinga hadde lagt

[27] Bladstyrar Theodor Løvstad vart i 1880 dømd til ein 60 dags arrest for gudsspotting i to artiklar i Bakkus. [28] Luth. Ugeskrift 1888 I s. 397.

seg og det fall meir ro over han, kom han til det at kyrkja hadde både «ret Ord» og «ret Sakrament» og heller ikkje var heilt utan åndeleg liv og kraft. Han verka no i 18 år som indremisjonær i Oslo, preika jamt for fullt hus og samla folk frå alle samfundslag. Han gav ut preikesamlinga Jeg ved min Gjenløser lever (1888) og Mit Forhold til Statskirken og dens Embede.

Om lag på same måten gjekk det Paul Petter Wettergreen. Han var i unge år gripen av Lammers og hadde vore misjonær i Zulu 1861—70. I 1872 vart han personellkapellan i Risør. Han melde seg ut or kyrkja og fekk avskil i nåde i 1877. Frå den tid styrde han frikyrkja i Arendal til 1888, då han la ned dette yrket og budde seg til fara til Aust-Afrika som misjonær. Han døydde midt i denne førebuinga.[29] Men då rørsla miste Wettergreen, hadde alt ein annan stige fram på tilet. Det var den namngjetne sektføraren Aanen Reinertsen (1852—91). Han kom i 1887 heim frå Amerika. Der hadde han ei tid vore busett i Utah og vorte mormon. Han hadde og fått profetkall og hadde teke til som forkynnar. Komen til Arendal skipa han «Guds menighet», der vener og meiningsfrendar samla seg ikring han. Her kjøpte han hus. Med kvart vann han så stor makt at han fekk mennene til å fara til Amerika, og samla kvinnene kring seg. Dei flytte jamvel heim til han. Han tok no på med å gjeva ut bladet Domsbasunen, seinare kalla Tempelsvøben. Ei tid skal dette bladet jamvel ha kome i 12 000 eksemplar. Her proklamerte han seg som «Drengebarnet i Aabenbaringen» etter Openb. 12, og lasta på aller råaste måte statskyrkja som den store skjøkja. Av bladet gav han ut eit utdrag «Det Evige Evangelium eller Domsbasunen». Temaet er «Guds kirkes fald, den falske kirkes komme og dens fald; Guds kirkes komme og opbyggelse igjen», tusenårsriket og den siste store domen og oppstoda — i alt 619 tettprenta, dobbelspalta sider.[30]

God økonomisk stønad både frå Noreg og Amerika sette Reinertsen i stand til å spreia bladet og bøker gratis. Ein arbeidar i Oslo som hadde ervt 800 kr., sende straks pengane til Reinertsen!

I Utah hadde han som nemnt møtt dei store mormonførarane Joseph Smiths og Brigham Youngs polygame religion, og hadde alt då teke til å praktisera denne religionen og heldt fram etter at han var komen til Noreg. Han påstod at denne praksisen var mykje imot «jegmanden», men Herren tukta han til dette. Han åtte ei reint demonisk makt til å suggerera og forføra. Av kvinnene tok han dei strengaste lovnader og tok skræmsla til hjelp. Då tilhøva kom for ein dag og politiet greip inn, vart Reinertsen lagd inn på asyl. Denne lagnaden tok han med ro og tolmod. På den tid han skulde skrivast ut, var ikkje mindre enn 6 kvinner komne heilt frå Amerika for å ta imot han. Han døydde i 1891.[31]

---

[29] Luth. Ugeskrift 1889 II s. 309.

[30] I same lei gjekk bladet «Herren kommer», utgjeve av lærar Grønsdal i Bergen. Grønsdal gav elles ut boka Christi gjenkomst til Tusenaarsriget. Bergen 1887.

[31] Luth. Ugeskrift 1891 II s. 969.

Ei meir edru, men difor meir omfatande og djuptgripande rørsle møter oss på denne tid i Oslo, — frå 1881. Opphavsmannen var den merkelege svensk-amerikanaren Fredrik Franson (1852—1907).

Alt i sjuårsalderen var han komen frå Vestmannland til Canada med foreldra sine. Han vart omvend, vart kjend med Moody og tok til å preika. Eit år heldt han seg i Utah og skreiv «Forførelsens Kunstgreb afsløret». Før han vende heim til Sverike i 1881, var han med på det store profetiske møtet i Chicago. Frå no heldt han vekkingsmøte med stor tilstrøyming og stort motstand. Han praktiserte læking gjennom bøn. I Danmark var han elles uheppen med denne praksisen og vart straffa og utvist. I Noreg heldt han 14-dags evangeliske kurs. Han hadde gjort den røynsla at gitarspel drog folk til møta og gav på kvart kurs opplæring i gitarspel. På kursa vart det framom alt bede om evna til å lækja. Liknande kurs heldt han i Helsingfors, Berlin og Bremen.

På denne tid fekk han syn for misjonen. Alt i 1881 var han med og konstituerte ymse frikyrkjelege misjonstiltak i Det norske Misjonsforbund, i 1889 skipa han den tyske China Alliansemisjon med 10 misjonærer. Året etter for han attende til Amerika og skipa Skandinavisk Alliansemisjon og fekk sendt ut om lag 100 misjonærar til ymse land: China, India, Mongolia, Aust- og Sud-Afrika og jamvel Japan. Hans store språkkunnskapar sette han i samkvæme med folk alle stader. Men mest var det hans store menneskekjærleik som opna han vegen til mange som ikkje skjøna det aller minste av hans fransk, tysk eller engelsk.

Når han etter ei 14 dags utdaning sende ut sine evangelistar 2 og 2 med gitar, var dette bodskapen dei skulde bera fram: Alt er fritt og alt er ditt ved soninga i Jesus Kristus. Elles var temaet: «Se, jeg kommer snart». Han kunde gå gjennom Karl Johansgata og be halvhøgt, og kunde gå laus på kven som helst med sine spørsmål: «Är Ni frälst?» eller: «Får jag lov at bedja för Er?» Midt i gatelarmen kunde han bøya kne og be.

Trass i sverming og overspenning får Franson av svenske kyrkjehistorikarar ein rett positiv dom. Lindermann seier såleis: «Trots al kritik blev det tilsidst när man hörte den lilla mörka mannen med det bleka anletet, det svarta håret och den glödande blicken tala om Kristi snare tilkommelse, som om himlen i näste ögonblick kunde rämna och Kristus komma.[32]

Meir og meir måtte kyrkja tru at dissidentane i denne tida tok til å verta ei makt. I dagane 22.—25. februar 1887 samla dei seg til stormøte i Oslo. Initiativet til møtet var teke av Wettergreen og forstandar Tallaksen.[33] Det var skipa etter mønster av den profetiske konferansen i Chicago hausten 1886. Til denne mønstringa møtte det utsendingar frå den evangelisk lutherske frikyrkja, Lammersvenene, sjuandedagsadventistane og «den katholsk apostoliske Kirke». Hovud-

---

[32] Pingströrelsen i Sverige s. 26.
[33] Forstandar for «Frimenigheden i Kristiania».

tema på møtet var dette: Er Kristi tilkommelse nær? Ein av leiarane var rittmeister Hans Riddervold Guldberg (1842—96). Han var sterkt religiøs alt frå skuledagane og nytta kvar ledig stund til å forkynna Guds ord både på moen og elles. I brennande lengt venta han Jesu atterkome. Helst ferdast han i religiøse lekmannskrinsar i Oslo. Med kona si, «Guldfuglen», fekk han så stor midel at han var i stand til å gjera eit vidfemnande miskunnsarbeid og med rund hand stø både ytre og indre misjon. Han var eit mønster på ein offiser. Både det militære, det religiøse og det moralske hos mannskapet låg han på hjarta. Han var dessutan ein dugande matematikar, serleg i deskriptiv geometri. Jamvel sine matematiske kunnskapar nytta han i teneste for religionen: Han freista rekna ut esjatologiske periodar og hendingar. Så sterkt venta denne mannen på Herren sin at han kvar dag ordna alle sine gjeremål som om dagen var den siste. Han dreiv og mykje med å setja om framande religiøse skrifter: Dr. Keith, Egyptens store Pyramide eller Stenprofeten eller den sidste Tid og dens Husholdning fra 1814—1922; Vægter, hvor langt paa Natten? Eller et Midnatsraab (1887); Lots Udgang af Sodoma. Et Midnatsraab til vor Tids Troende (1888); Fremtidens Hemmelighed afsløret eller de sidste Ting.

Talet på dissidentar voks i desse åra, så det pr. 1. januar 1891 var til saman 30 685. Av desse var det 8 194 lutherske frikyrkjefolk, 8 187 metodistar, 5 095 utan noko samfund, 4 228 baptistar, 1 374 metodistar eller folk frå ymse baptistiske rørsler, 1 004 katolikkar (romersk-katolske), 600 i den apostoliske frikyrkja, 493 «kristelige dissentere», 348 mormonar, 231 kvekarar, 214 jødar, 179 irwingianarar, 156 engelsk-episkopale, 137 i andre reformerte samfund, 127 i samfund utan oppgjeve namn, 56 svensk-evangeliske, 52 greskkatolske, 8 swedenborgianarar og 1 unitar.

Auken i talet på dissidentar hadde i siste tiåret vore så sterk at kyrkja kjende det som eit problem. Det er ikkje å undrast på at den første norske prestekonferansen i 1894 sette opp som foredragsemne: Hvilke Krav stiller de sekteriske Bevægelser i vore Menigheder til Kirkens Lemmer? Kyrkja såg seg stelt framfor den oppgåva å bu seg på ein ny stridsfront. Pastor Mortenson gav i 1887 ut Fra mit Besøg hos Mormonerne. Tru på miraklet og serleg på læking ved bøn auka sterkt i desse åra. Just i denne tida var Boltzius den store mannen i Sverike. Han var nyevangelist og såg sjukdomen som eit Satans verk. Med syndetilgjevinga skulde etter hans meining fylgja læking for sjukdom. I «Helbredelsens Naadegave» såg han teiknet på at enden var nær. Både han sjølv og endå meir venene hans såg miraklet som grålysinga frå den nye sabbatsdagen: dei tusen åra då Satan og alt hans verk låg i band.[34] Denne salmen av Boltzius vart mykje sungen, og han er karakteristisk for tankegangen og kjenslemåten i desse krinsane:

---

[34] Luth. Ugeskrift 1887 II s. 115.

Vi prisa och lofva Dig
för det store Under Du gjör
i våra Nordiska Länder nu
på Världens yttarste Tid.

Rørsla synte ein tendens til å vilja gjera dei kristne til eit folk av *undergjerarar*. Ho krev at kristendomen skal syna si kraft meir i det *sanselege* enn i det *åndelege*, meir på *lekamslivet* enn på *sjelelivet*. Boltzius gjesta sjølv Noreg og vart gjennom åra vitja av mange nordmenn, såleis av Lars Oftedal i 1887. Den meininga at kristendomen skulde provast med mirakuløse lækingar, var slett ikkje avgrensa berre til dei religiøse krinsane. Jamvel hos mange av dei intellektuelle og boklærde trengde det synet igjennom at kjernen i kristendomen var miraklet. Det sterkaste litterære provet for dette, er Bjørnsons Over Ævne. Når miraklet ikkje lukkast, er det ute med kristendomen. Dette har Bjørnson just frå dissidentane i samtida.

Tilskundingane til kiliasmen var både positive og negative, både innanlandske og utanlandske. Liberalismen med realisme og naturalisme og evolusjonsidé var ei openberr fornekting av den urkristne tanken. Dr. Brandes vart halden for den reine Mefistofeles. Men kyrkja sjølv var og noko skuld i dette. Ho hadde gjennom lange tider forsømt det kiliastiske spørsmålet i si forkynning. No slo spørsmålet ned, ikkje berre hos Munch og Wettergreen, men og hos mange andre teologar, serleg hos bergenspresten Ernst Fredrik Eckhoff. Om han vert det sagt at han bokstavleg stirde mot skyene.[36]

Dissidentrørsla gjorde Johannes' openberring aktuell som vanleg. Serleg var tanken på Antikristen levande. I presten Færdens forsvar for oppropet Til Christendommens Venner[37] kjem det klårt til ords at otten for Antikristen låg attom oppropet: «For det kristelige Livssyn er Naturalismen, saaledes som den i vore Dage udfolder sig, intet andet end en Form af den Antikristendom, som Guds Ord har forkyndt skal i den nærværende Udviklings sidste Tider forsøge en Tilintetgjørelseskamp mod alt hvad der kaldes Gud og Gudsdyrkelse og som vil sette sig selv i Guds Tempel som en Gud.»[38] I sitt store verk Apostelen Paulus' Breve (1879—81), gjev professor Bugge ei utgreiing om «Antikristen», eller «Syndens Menneske» og «de lovløse Tider». Presten Færden held fram at just denne rørsla ber merket åt dyret. For naturalismen lærer at mennesket inkje anna er enn eit heldig utvikla dyr.

Den kiliastiske subjektive forkynninga hadde gode utanlandske mønster å stø seg til, ikkje minst Ghattan Guinnes' The Approaching

---

35 L. U. 1887 II nr. 10 f.

36 Heuch finn og mange teikn på at endetida nærmar seg, jfr. artikkelen Det antikristelige Moment i Nutidens Udviklingsproces (Luth. Ugeskrift 1886 I). Chr. Bruun skildrar den sterke kjensla av at endetida nærmar seg (Christelig Fremskridt. For Fris. Chrd. 1888 s. 315). Jfr. Baxter, Firti kommende Undere, omsett til dansk.

37 Luth. Ugeskrift 1883 II s. 353.

38 Jfr. 2. Tess. 2, 4.

End of the Age. Med eit stort apparat av matematiske utrekningar og historiske tabellar pressa han alle viktige historiske hende inn i openberringsboka.. Dei profetiske tala nytta han til utrekning av historiske hende, serleg av tusenårsriket og verdsens ende. Tala i profetskriftene tok han heilt historisk og ikkje profetisk—symbolsk. Såleis meinte han etter profeten Daniel at Jerusalem i 1888 skulde verta fri tyrkaråket. Mellom norske forkynnarar var det serleg Wettergreen som gjorde bruk av skriftene åt Guinnes. Det er kanskje umedvite, men det ser ut som kiliasmen med si sterke understreking av at Herrens atterkome er nær står i medviten opposisjon til den sterke innverknaden just evolusjonslæra fekk i desse åra. For dissidentane var ein vedhaldande framvokster for verda på kristen grunn noko fjernt og framandt. All venting samla seg i eit katastrofalt avbrot av utviklinga med ein dom. Domen skal skapa om dei ringe og vonde vilkår på jorda. Samstundes med at dissidentrørsla var ein sterk kritikk over kyrkja for hennar forsøming, openberra ho kor kritikklaust store krinsar i folket tedde seg andsynes alle som tala Guds ord. Sume tider og stader gjekk denne kritikkløysa så vidt at frigjevne straff-fangar med naudsynlege tale- og songgåver kunde fara over landet som høgt heidra gudsordforkynnarar.

Eit anna framandt, om enn meir konfesjonelt, innslag i 1880-åra var *rosenianismen* eller *nyevangelismen*. Carl Olof Rosenius (1816—1868) er rekna for Sverikes største lekpredikant i det 19. hundreåret. Hans slagord var: «Kom som du er!» Grensene mellom verda og Guds born vert dregne strengare enn nokon gong. Lengtande songar og melodiar nørde det oppdrivne kjenslelivet, eksegesen var ei mest styrlaus allegorisering. Kvart vers i G. T. hadde same vilkårslause frelseverdet som N. T. Rosenius styrde bladet Pietisten. Bladet var sterkt merkt av det norrlandske «leseriet». Gjennom den einsidige evangeliske presten I. G. Hedberg vart bladet sterkt farga av svensk herrnhutisme og gjennom den gåverike og ålvorlege engelskmannen Georg Scott, som på denne tid heldt seg i Sverike, av metodismen.

Rosenianismen eller nyevangelismen fekk stor innverknad på ymse religiøse lekmannskrinsar her i landet, serleg på Vestlandet. Tradisjonen veit å fortelja at norske lekpredikantar lærde Rosenius' Betragtninger utanboks og bar deim fram på oppbyggingsmøte som sitt eige. Klokkar Heggtveit seier at han sjølv mange gonger har høyrt dette.[39] Ein annan lekmann sa på eit stort indremisjonsmøte om desse preikarane: «Noget laaner de, Noget lyver de og Resten stjæler de.» Inkje var verdt å høyra som ikkje var hyperevangelisk.

Dei to mest evnerike og sympatiske målsmenn for rørsla her i landet, var Paul Gerhard Sand og Jacob Traasdahl. Sand var runnen av haugiansk rot og tok lærarprøva ved Nesset lærarskule i Romsdal. I midten av 70-åra kom han til eit religiøst gjennombrot og reiste sidan som forkynnar over store luter av landet. Samstundes styrde

[39] Heggtveit, Den norske Kirke i det nittende Aarhundrede II s. 935.

han Balberg kristelege sanatorium. Sand var og forfattar, og gav m. a. ut Hvad er Nyevangelismen. Betragtninger i Anledning klokker Jørgensens Afskedigelse (1881).

Saman med Sand verka Jacob Olsen Traasdahl (1838—1903). Han hadde funne fram med hjelp av skrifter og traktatar av Rosenius. Nest etter Bibelen var det Rosenius-skriftene han las mest. Ikkje lenge etter si omvending gjekk han over til metodistane, men vende seinare ikring 1860 attende til kyrkja — eit vitnemål om kor uklåre dei konfesjonelle grensene tok til å verta. I 4 år arbeidde han som bymisjonær i Göteborg og vart kjend med mange framståande svenske prestar. Frå 1862 vende han attende til Noreg. Traasdahl hadde grundig bibelkunnskap, folkeleg framstellingsevne, livfull fantasi og eit rikt kjenseliv. Liksom Sand kom han med åra opp i stor litterær verksemd. Saman med Sand gav han ut Livet i Guds Søn. Prædikener over Kirkeaarets nye Høimesseteksters, 2. Række. Bergen 1889. Samlinga syner at forfattarane nok er konfesjonelle, men er sterkt agressive mot kyrkja og har ingen sans for den striden kyrkja står i mot vantrua.

Det var første gongen den norske kyrkja møtte ein etter måten vidgreina sekterisme. Det 11. stiftsmøtet i Oslo 1889 drøfte difor spørsmålet: Hvilke Krav stiller de sekteriske Bevægelser i vore Menigheder til Kirken?

VI. KYRKJELEGE REFORMER — DIKTARLØNER — NYGRUNDTVIGIANISME — KONFESJONSLAUS TRUDOMSOPPLÆRING

1. KYRKJELEGE REFORMER. «INITIATIVETS OG REFORMERNES MINISTERIUM»

Store og vande reformsaker som vinstre hadde lova løysing på, hadde hopa seg saman gjennom mange år, ikkje minst på det kyrkjelege omkvervet. Statsråd Rasmus Tønder Nissen (1872—82) var nok i mange måtar ein dugande og samvitsfull mann, men for varsam og veik til å setja noko store reformer igjennom. Sers ille var det at han ikkje makta å løysa spørsmålet om absolusjonen, som skapte så store vanskar for mange unge samvitsfulle prestar, t. d. Munch og Wettergreen, men let reformkrava hopa seg opp. Elles såg han det som si hovudoppgåve å vaka over embetstilsetjingar. Dei mest endelause drøftingane av kyrkjeorganisasjonsspørsmåla stod elles som ei stendig hindring for alle mindre reformer. Og i organisasjonsspørsmålet stod folket kløyvt: Dei austlandske reformvenene med Gisle Johnson i brodden vilde organisera heile kyrkja ovanfrå. Dei vestlandske reformvenene med Sverdrup—Oftedal vilde organisera lokalkyrkjelyden («stedmenigheden») og gjeva honom hand over presteval og disposisjonsrett over kyrkjene. Endeleg heldt grundtvigianarane med Wexelsen og «europearane» med Ullmann i brodden kyrkja for «en borgerlig Indretning», ynskte ikkje nokon fast skipnad i det heile eller — om så var — ein skipnad så kantskoren for konfesjonelle konturar som berre mogeleg.

Til desse store reformkrava knytte det seg ei rad med mindre krav: om brigde i lov om ektevigsle, om å vøla eller ta bort det 200 år gamle ritualet, om å nyskipa dei geistlege domstolane, revisjon av skriftemålsordninga, nye tekstrekkjer, perikopar og kollektar, og endeleg ei stor ombot i skuleverket.

Mange av desse reformkrava var alt gamle. Men brigde var det vandt å få gjennomført. Då Rasmus Tønder Nissen i 1880 kom med framlegg frå departementet om pengeløyving til ei liturgisk nemnd, vart framlegget avvist av Stortinget. Av uvilje mot riksstyret gjorde stortingsmajoriteten bruk av streikevåpenet i løyvingssaker.

Då dei ortodokse våren 1884 såg styringa av stat og kyrkje lagd i hendene på dei radikale, var det ikkje å undrast at dei grua for kva

løysing dei kyrkjelege reformspørsmåla no vilde få. Målsmennene for den moderne vantrua, ikkje minst Nyt norsk Tidsskrift, hadde felt så avvisande domar over kristendom og kriste livssyn at ein måtte venta seg ei styring som førde beint ut i gudløysa. M. a. hadde Sars ope halde fram at dei kristne no ingen annan utveg hadde enn å vedgå at kristendomen ikkje berre vanta alle direktiv for politiske system, men han baud ikkje eingong på noko fullkome moralsk system. Ja, sa Sars, ein krev for mykje av kristendomen når han ikkje berre skal vera dominerande prinsipp i det politiske, men og skal rå for moralen. «Kristelig politik er ingenting; kristelig moral er idetringeste ikke en altomfattende; den maa suppleres med en moral, som, ialfald ifølge sin oprindelse, ikke er kristelig.»[1]

Få riksstyre har vorte møtte med slik skepsis og uvilje som Sverdrups riksstyre møtte hos dei ortodokse. Då Johan Sverdrup benka det første vinstreriksstyret kring rådsbordet åt kongen, hadde han til kyrkjeminister kåra den kloke og moderate dr. Elias Blix. Blix var den mannen i det nye styret som motparten tok imot med minst skepsis. Men for motparten var det frå første augneblinken klårt at Blix berre var skjermbrett. Inkarnasjonen av all demokratisk vilje til å gjennomføra «Menighedens Enevælde» andsynes embete og styringsmakter, var førebels gjeven rom i statsrådavdelinga i Stockholm: Det var sokneprest *Jacob Liv Rosted Sverdrup* (1845—98), 39 år gamal, ein av dei yngste mennene som i nyare tid har vore sjef for Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Han var alt då kjend som ein utrøytteleg målsmann for «Menighedsindependentismen», både gjennom Ny luthersk Kirketidende og i tinget, og han hadde elles denne reforma som farsarv etter sokneprest og stortingsmann H. U. Sverdrup. Berre om lag eitt år var Jacob Sverdrup i Stockholm. Alt i juli 1885 vart han sett til sjef for Kyrkjedepartementet i Oslo.

Jacob Sverdrup vart hos dei ortodokse møtt, ikkje berre med uvilje, men med omtale som grensa sterkt mot injuriar. Luthersk Ugeskrift karakteriserar i artikkelen Vanvidets Dage[2] tida som «Svindelens Tid», «da de vildeste Hjernefostre faar Kjød og Blod og Radikalismen sidder til Højbords i Kongens Raad». Hadde det vore spurt etter kvalifikasjonar, vilde Jacob Sverdrup falle heilt igjennom. Ille er det og verre vil det verta. L. U. hermer spådomen til Bergens Aftenblad (17. juni): Jacob Sverdrup vil få den oppgåva «at sette Religiøsitetens Stempel paa Radikalismens onde Gjerninger». Som forsvarar for «Rigsretslavningen» vantar elles Sverdrup den moralske garantien ein må krevja hos ein kyrkjeminister. No får han høve til å gjeva kyrkja i hendene på oklokratiet. Programmet er kjent frå «hans hensovede Blad». Liksom berre patent vinstresyn kvalifiserar ein mann til å verta bankadministrator, vil heretter berre patent lågkyrkjesyn opna døra til embete og stillingar i kyrkja. Han vil omskapa alle kyrkjelege krav til høvisk invitasjon. Ombytinga av det

---

[1] Nyt Tidsskrift 1882 s. 617.
[2] L. U. 1885 II.

etiske med det aritmetiske prinsippet vil no verta gjennomført. Han vil ta frå kyrkja hennar gamle rettar, og i arbeidet med å gjennomføra dette stør han seg til dei radikale og vantruande. Nyt norsk Tidsskrift kjem til å verta den teologiske tidskrifta åt riksstyret, Dagbladet vert «Kirketidende». At pietistar, grundtvigianarar og openbert vantrune menneske no går saman om desse tiltaka, er utslag av «Tidens Vanvid». Så ille som alt no er, hadde det vore betre om professor Sars hadde vorte kyrkjeminister. Då vilde alle ha skjøna tidarteiknet. Men no må kristenfolket i landet samla seg til strid, arbeida fram ein sterk opinion, skipa møte i alle bispebyane. Framom alt må folket bøya seg i anger og bot og sanna at Herren no slår folket med blindskap for deira synder skuld. I vinstrepressa vekte artikkelen Vanvidets Dage slik harme at sume kravde Luthersk Ugeskrift sakgjeven for injuriar.

I drøftingane om pensjonar og vartpengar sa Johan Sverdrup i 1885 at riksstyret var viljug til å skjøna på og ta i si teneste alle som gjorde positivt arbeid. Dei ortodokse la attåt: «til sine partiformaal eller til mindst mulig hindring for disse.» Med vakne augo fylgde dei ortodokse alt det riksstyret gjorde, serleg tilsetjingane. Det synte seg snart at tida hadde vendt seg for embetssøkjarar. Då ny bisp skulde kårast til Kristiansand bispestol, fekk soknepresten Johannes Nilsson Skaar dei fleste røystene: 130 av 180 røyster i alt og 74 av om lag 112 presterøyster i bispedømet. Men biskop Smitt, Troms, vart utnemnd. Utnemninga gav grunn til så mykje meir undring som Lov om Geistlighedens Medvirken ved Bispeembeders Besættelse frå 15. juni 1882 no var i bruk første gongen, og Jacob Sverdrup sjølv som tingmann hadde gått ihuga inn for denne lova. Smitt var dessutan nærskyld med statsråden. Ingen var i tvil om kven som var den mest dugande av biskopen og soknepresten. Men Skaar skal ikkje eingong ha vorte spurd. Dei ortodokse hadde straks årsaka på det reine: Skaar hadde vore ute etter Lars Oftedal for hans geistlege emissærreiser. Som biskop i Kristiansand var det å ottast at han vilde sett heilt bom for denne reiseverksemda. Denne uretten bøtte elles riksstyret på med å setja Skaar til biskop i Troms alt året etter.

Eit anna ankemål mot Jacob Sverdrup var at han ikkje let formannen sin på statsrådkrakken, Nils Hertzberg, få att lærarromet sitt ved Det praktisk teologiske seminar, endå Hertzberg var viljug til å skjera ned pensjonen sin med den summen han tente som lærar. Biskop Essendrop, Gisle Johnson og Caspari hadde alle røysta for Hertzberg, berre professor dr. Bang røysta for professor Munch som då var sjuk, og det med den grunngjevinga at Munch trong innkoma betre enn Hertzberg. At Jacob Sverdrup let Lars Oftedal trengja til sides prost Landstad, så Oftedal fekk St. Petri soknekall i Stavanger, vart og mykje kritisert.[3] At Walnum kom som Sverdrups eigen ettermann til Leikanger, var «ikke fordi han baade efter Kjødet og

[3] Luth. Ugeskrift 1886 II s. 273.

Aanden er Statsraadens Fætter», men av di at bygdefolket hadde sendt søknad om han. Dei ortodokse meinte at stiftskapellan Eckhoff stod nærast. Det vart og gjort merknader ved at V. A. Wexelsen fekk Overhalla og gjekk framom eldre søkjarar. Motparten meinte at dei i desse utnemningane hadde prov for at styremaktene no nytta straff- og lønsystemet i tilsetjingar. Dei gløymde berre korleis det same systemet gjennom åra hadde vore nytta, t. d. mot Fredrik Wexelsen o. a.

Framlegget til ny kyrkjeorganisasjon var sjølve storsaka åt det sverdrupske ministeriet. I lang tid hadde Jacob Sverdrup førebutt denne saka. Seinare vart ho lyst i kull og kjønn av Johan Sverdrup sjølv under titelen: Lov om Menighedsraad og Prestevalg. Framlegget la både prestevalet og disposisjonsretten over kyrkjehusa i hendene på «stedmenigheden». Med denne reforma knytte ministeriet ein stor lut av Vestlandet nær til seg. For å ikkje skræma dei radikale, var kyrkjetukta halden heilt ute, og røysterettsreglane var dei mest moderate: Kravet var berre å vera «konfirmerede og nadverdberettigede Mænd.» Eit slikt framlegg, som førde dei ålmenne vinstregrunnsetningane over frå det politiske til det kyrkjelege, måtte ha store voner om å samla dei radikale kring seg. Heuchs spådom frå 1878 gjekk no i oppfylling. I artikkelen De yderligtgaaende Reformvenner og Vantroen hadde han ettervist at reformprogrammet på det kyrkjelege området fall saman hos dei to stemneleiene: «Stat og Kirke saa løst forbundne som muligt, Lokalmenighedernes demokratiske Selvstyre uden nogen Tilslutning til Kirkens Bekjendelse som Stemmeretsvilkaar...», sivilekteskap, «menighedsvalgte Prester,... der i den Grad ere Menighedens Tjenere, at de ere pligtige til at prædike, som deres Øren kløe, eller nedlægge sit Embede...».

Alt førebuinga av saka hadde dei ortodokse god grunn til å klaga på. Utan å høyra ein einaste kyrkjeleg autoritet, knytte Jacob Sverdrup sitt eige namn og namnet åt riksstyret til framlegget, og batt seg såleis til gjennomføringa. Luthersk Ugeskrift peikar på at nokre av bispane kunde vore «Hr. Sverdrups Fædre», dei fleste lemene i det teologiske fakultetet hadde vore lærarane hans. «Var det under hans Værdighed at søge Raad og Veiledning der?» spør L. U.[4] Saka var vel den at Sverdrup her var i ei svært vand stode: Hos ingen av dei kyrkjelege autoritetane kunde han vona på stønad. Heller ikkje våga han å leggja saka fram for det store landsmøtet i 1885. Hans næraste rådgjevarar i denne saka vart då Johan Sverdrup og statsråd Jacob Stang, og seinare Wexelsen og Ullmann. Dette tolka dei ortodokse såleis at han ikkje kunde ha stor respekt for den kyrkja han arbeidde så ihuga for å gjera fri. «... aldri er vel Kirken bleven mere ironisk representeret end ved vor nuværende Kirkestatsraads Raadgivere.»

Etter Ny luthersk Kirketidende 1878 nr. 3 kravde dei vestlandske reformvenene: «Menighedsudvalgets Indstilling (til prest) bliver at tage til Følge af Kirkestyrelsen.» Mot denne bakgrunnen såg dei

---

4 Statsraad Sverdrups Forslag til Lov om Menighedsraad m. m. L. U. 1885.

ortodokse fram mot ei tid då solid dugleik og prøvd truskap måtte finna seg i å verta vraka for «overfladiske Vindmagere og uprøvede Stortalere.» Og sers ofte vil kyrkjelydane, som får den dei sjølve vil, få den presten dei nett ikkje skulde ha. Ein kyrkjelyd som er fanga i eit eller anna einsyn, treng just å få ein prest som er frigjord frå dette. Men dette er like vel ikkje det verste. Det verste er den demoraliserande verknaden dette systemet vil få på prestane. Overskrifta over ei slik lov burde vera: «Lov om Prestestandens Korruption og Leiesvendes Ansettelse i Kirkens Tjeneste.» Berre hos ein einaste konservativ teolog fann det sverdrupske kyrkjelovframlegget stønad: hos Chr. Bruun. Bruuns syn samstavar heilt med Sverdrups. «Stillingen er jo f. T. den, at Kirken ikke eier Fnug engang af Selvstendighed. Den er fuldt voldgivet Statens Godtykke. Det er Staten som indsetter dens Embedsmænd, det er Staten som skriver dens Love, det er Staten som steller dens Penger, det er Staten som giver den dens Lærebøger og dens Salmebøger, det er Staten som ordner dens Gudstjenester.»

Så løyndomsfullt eit slør som Jacob Sverdrup let kvila over førebuinga av kyrkjeorganisasjonsframlegget, var det ikkje å undrast at dei ortodokse freista på motråder. Den 12. mars 1886 sende Oslo presteskap — etter initiativ frå Heuch — ein søknad til konge og storting om å kalla saman eit ekstra kyrkjemøte. Samankallinga var motivert med omsynet til «de mange i det kirkelige Samfundsliv dybt ingribende Lovforslag, som ere eller ville blive fremsatte for det nu forsamlede Storting.» Dei meinte det var urett at kyrkja ikkje vert høyrd i saker «som for en Del indeholder i sig Spiren til vor Statskirkes Opløsning som evangelisk luthersk Kirkesamfund.» Til denne søknaden hadde 156 svara ja og 8 nei av prestane i Kristiania bispedøme, 68 ja og 2 nei i Hamar, 105 ja og 7 nei i Kristiansand, 80 ja og 5 nei i Bergen, 69 ja og 4 nei i Trondheim, 55 ja og 4 nei i Troms bispedøme. Nyt norsk Tidsskrift finn ut at folket «er lysrædd og fordomsfuldt, uvidende og ved Hjelp af denne Lysrædsel skal der nu styres frem mod en Tilstand svarende til den skotske for endel Menneskealdre siden, en slags protestantisk Kirkestat eller republikansk Præsteregimente.»

Den 17. juli s. å. fall det kgl. resolusjon for at «ingen Forføininger bliver at træffe» med tilføre av søknaden. Like vel fekk denne meiningsytringa frå prestane mykje å seia, ja vart eit hende med avgjerande verknad både for den einskilde saka og for riksstyret. Søknaden hadde med tanke på dei framtidige sokneråda i kyrkja målbore ynske om at representasjonen av kyrkja ikkje måtte verta lagd i hendene på slike «som i Ord eller gjerning fornegter dens Bekjendelse». Då framlegget frå Sverdrup vart gjort til kgl. proposisjon, vart dette atterhaldet teke inn, og dessutan vart det sagt at den som i liv eller lære gav årsak til offentleg forarging, skulde strykast i det kyrkjelege manntalet.

Men just dette tillegget gjorde organisasjonsframlegget heilt usmakeleg for «europearane» i tinget, og det vart opphavet til kløyvinga mellom dei radikale. Same hausten hadde det kyrkjelege landsmøtet drøft organisasjonssaka. Deira framlegg vart så vedteke av ting-

mennene Hertzberg og Saxe. Grundtvigianarane, som var misnøgde med den kgl. proposisjonen, kom med sitt serframlegg: Forslag til Lov om udvidet Adgang til Brug af Kirkerne, om Sognebaandets Løsning og om Valgmenigheder. Bak det sistnemnde framlegget stod Wexelsen, Ullmann, Bentsen og W. Konow. Då det frettest at Jacob Sverdrup stod vensamt til dette reformkravet frå grundtvigianarane, minte Luthersk Ugeskrift om Sverdrups ord: «Det religiøse Grundlag, hvorpaa Grundtvigianerne bygge, er Punkt for Punkt saa stridende mod Kirkens Tro, at vi ikke kunne ønske det Fremgang hverken i eller udenfor Skolen, ligesom det ogsaa i det kristelige Menighedsliv i vort Land vil møde bestemt Modstand.»[5]

Tri ulike framlegg låg såleis føre då saka kom opp i tinget i juni 1887. Etter at dei 2 andre framlegga var nedvoterte, fekk den kgl. proposisjonen — regjeringsframlegget — 1 røyst. Denne eine som røysta for, var Jakob Andersen. Prost Andersen har seinare fortalt om denne episoden: «Jeg var netop kommet ind paa tinget og kjendte ikke til hvorledes saken laa an. Jeg blev derfor høist overrasket da jeg opdaget at jeg var den eneste som hadde reist mig. Hadde jeg kjendt stillingen, vilde jeg ikke ha hat moralsk mod til at stemme for forslaget.»[6]

Den største saka riksstyret hadde å bera fram, var fallen. Verknaden var først virvar, sidan strid og kjekl og til slutt kløyving i «rene» og «moderate» vinstre. Ingen av partane hadde vunne, og nederlaget var så grundig at ingen hadde større hug på å halda fram med reformsaka. Skulde ein seia at nokon hadde vunne, måtte det vera dei ortodokse, etter di ingen ting hadde hendt. Ingen konservativ kunde lenger ta ansvaret med å fremja organisasjonssaka, av di ein kunde få sokneråd der dei radikale, ja, fritenkjarar var i fleirtal. Røystingane i dei kyrkjelege organisasjonsspørsmåla i juni 1887 var ei utlading av den uversskya som lenge hadde svive over kyrkja. Dei radikale hadde ført folket fram til makta. Førarane hadde tenkt seg reformer, ikkje berre av politisk, men og av kyrkjeleg og kulturell art. Men utanom dei politiske sakene hadde målsmennene for folket synt seg uventa konservative og tradisjonsbundne.

Avgjerdene i organisasjonssaka førde vinstre inn i ein lang og opprivande indre strid som førde riksstyret Sverdrup til fall 12. juli 1889.

Gjennomføringa av jurydomstolane kom og på ein vital måte til å røra ved dei kyrkjelege interessene. Gjennom prosterett og konsistorialrett hadde kyrkja gjennom tidene halde oppe disiplin og tukt mellom sine eigne tenarar og ei vedkjenningstru styring med ord og sakrament. Då jurylova vart drøft, heldt Jacob Sverdrup fram som si meining at det var prinsipielt rett at alle reint religiøse spørsmål, t. d. lærespørsmål, «afgjøres udelukkende af det Samfund hvortil han [den sakgjevne] hører.»[7] Sverdrups konklusjon vart like vel heilt mot-

---

[5] Grundtvig og de danske Folkehøiskoler. Folkev. XIX s. 126.
[6] G. O. Kløvstad, Provst Jakob Andersen. Norv. Sacra 1922 s. 286.
[7] Luth. Ugeskrift 1887 I s. 384 f.

sett. Odelstingsvedtaket i saka sa at alle straffespørsmål, som ikkje anten vert avgjorde utan søksmål eller av krigsrett eller riksrett, skulde avgjerast etter reglane for jurylova. Utan at kyrkja eingong var nemnd, eller gjord merksam på det, var med jurylova den eldgamle kyrkjelege jurisdiksjonen stroken ut. Dei ortodokse peika på at den kjærleiken Stortinget har til sjølvstyret, i alle høve ikkje rekk til kyrkja. Kyrkja er no fråteken den retten som det ringaste dissentarsamfund har: retten til å døma i sine eigne læresaker. Ikkje minst i åtferda mot dei geistlege domstolane såg dei konservative prov for at for Jacob Sverdrup er statskyrkja «en Krænkelse af Kirkens rette Væsen», «— en Opgivelse af det kirkelige Ideal». Det er frikyrkja han har teke standpunkt for i arbeidet for kyrkjelege reformer. No er han komen så langt at han har teke standpunkt for den grundtvigianske kyrkjetanken: at statskyrkja er berre ein borgarleg skipnad.[8]

Revisjonen av kyrkjeritualet trengde meir og meir på. Det 200 år gamle ritualet hadde former som ikkje lenger let seg praktisera. Samstundes vanta det liturgiske former for kyrkjetenester som kyrkja etter nyare lovgjeving *måtte* fullføra. Skriftemålet hadde i ritualet avgjort karakteren av *privat*skrifte. Skriftebarnet skulde «indstille sig for Presten i Skriftestolen». Men å skrifta kvar einskild nattverdgjest i ein stor kyrkjelyd, var praktisk umogeleg. Etter nyare lovgjeving plikta kyrkja å signa borgarleg ektevigsle, men ritualet kjende berre kyrkjeleg vigsle og hadde ingen formel for borgarleg vigsle. Då prestane Munch og Wettergreen av samvitsgrunnar ikkje vilde stå i ei kyrkje, der ritualiet ikkje var til å praktisera etter presteeiden, la dei i 1875 ned embeta sine. Så stort var fråstandet mellom ritualet og nyare kyrkjelege rettsreglar, at kyrkjestyringa i staden for å mana prestane til å fylgja ritualet, tvert om måtte setja forbod mot å praktisera det på ymse punkt. Dette førde så atter til at det gjennom praksis og sedvane voks fram nye reglar som sakna heimel både i ritual og i lov. I andre stykke av ritualet hadde det vorte gapande hol: Såleis hadde både syndevedkjenninga, doksologien og apostolikum falle ut or høgmessa, eller var avløyst av song. Då departementsframlegget om løyving til ei liturgisk nemnd var vraka, tok prestane W. K. Hesselberg og Gustav Jensen på seg friviljug å gjera framlegg til liturgi for høgmessa.

Begge hadde gjort eit grundig liturgisk studium og åtte sers sans for venleik og harmoni. Deira framlegg ligg i det aller meste til grunn for den «Høimesse-Liturgi» som vart tillaten med kgl. res. frå 8. januar 1887. I staden for at kyrkjelyden før mest hadde vore «et lyttende Auditorium», vart det no på kvart punkt skapt ein levande skifteverknad mellom prest og kyrkjelyd. Ein stor veikskap var det at kyrkjestyret overlet innføringa til kvar einskild kyrkjelyd. Men alt med resolusjonen om ny altarbok frå 14. februar 1889 vart den nye høgmesseliturgien gjord obligatorisk i alle kyrkjer. Altarboka

[8] Vor Kirkestyrelse og de kirkelige Domstole. Luth. Ugeskrift 1887 I s. 388.

vart autorisert i stor hast just som det nye stortinget kom saman. Autorisasjonen vart gjeven endå før altarboka var prenta. Truleg vilde Jacob Sverdrup tryggja seg at arbeidet hans ikkje vart stogga eller skipla av eit nytt rikssstyre. Alt 30. august 1888 var det gjeve «Regler for Lægmænds Opbyggelser i Kirkerne.» Endå korkje det nye høgmesseritualet eller altarboka var lagd fram for dei kyrkjelege autoritetane til fråsegn, vart bøkene stort sett mottekne med velvilje frå ortodoks side og.

At radikalismen lenge kunde halda seg så raud og glødande som i valåret 1882, var ikkje å venta. Til valet i 1885 er voksteren stogga. Vinstre fekk 1 tingmann meir enn i 1882, 84 — mot 30 høgremenn. Men valet i 1888 kom med omslaget, og det med slik tyngd at det var knusande: 76 høgre og moderate og berre 38 vinstre. Tida for ettertanken var komen. Radikalismen både i Kiellandsaka, bohemrørsla og kyrkjeorganisasjonssaka og den konservative kritikken hadde hatt sin verknad. Underleg og tragisk var det at den mest hyperradikale saka åt riksstyret Sverdrup — kyrkjeorganisasjonssaka — vart den bøygen som sprengde den radikale majoriteten. Saka var ein betre lagnad verd. Det var utenkjeleg at kyrkjelyden sjølv inkje skulde ha å seia i si eiga kyrkje. Idéen måtte i si tid få si løysing.

Etter nederlaget i kyrkjeorganisasjonsspørsmålet fylgde ei låk og lei tid for riksstyret med idelege kriser. Då riksstyret fall i 1889, skreiv Luthersk Ugeskrift: «Ligesom en Yngling, der ved Foreldrenes Brøde er født med en ulægelig Sygdom, hjelpeløs synker i en tidlig Grav, saaledes er det sverdrupske Ministerium, denne Frugt af tøilesløse Agitatorers Magtbegjær, denne Rigsrettens Førstefødte, ynkelig omkommet i sin Alders 5. Aar.»

Like vel sette Jacob Sverdrup med sitt initiativ igjennom ei rad med indre reformer som var sterkt påkravde. Dei foraldra formene for gudstenestelivet og kyrkjetenestene var komne i samsvar med nyare kristen kjensle og tenkjemåte, og lekmannsinnslaget var opna tilgjenge. Det demokratiske organisasjonsframlegget hadde lide nederlag. No tok demokratiseringa til innanfrå. Trass i all kritikk gjorde Jacob Sverdrup den norske kyrkja store tenester. Rett nok hadde han gode førearbeid å stø seg til. Men initiativet er like vel hans.

Ved årsskiftet 1887—88 er det merkande at radikalismen er på sterk retur. Alle stader der radikalismen stod fram med umogne framlegg, var dei ortodokse ute med analyse og kvass kritikk. Ikkje minst Heuchs kritikk synest ofte vera «ubillig». Men just i ein bolk då radikalismen mest var utan nokor hemjing, var ein slik kritikk meir naudsynt enn nokon gong.

I 1887 gjekk elles Nyt Tidsskrift inn. Morgenbladet skreiv med tilføre av dette: «Den aabenbare Gudsfornegtelse og Antichristendom formaar vort Folk endnu ikke at fordøie. Ogsaa her kræves der et Skraaplan, et Overgangsstadium, forat Folket kan forlige sig

med de nye Tanker.»[9] Eit slikt skråplan har ein no, etter det bladet meiner, fått i Vor Tid, utgjeve av Anker, Ullmann og Konow.

Teologiske pennar tek atter opp teologiske og filosofiske emne: determinisme, liberal teologi osb., men ein merkar og ei sterk interesse for nye, moderne samfundsspørsmål som kvinnesak, fråhaldssak og praktisk kyrkjearbeid. Etter den kvasse striden om kyrkjelovene fylgde ein bolk med trøyttleik og åndeleg sløskap. Dei kyrkjeoppløysande planane som «ny-grundtvigianarane» og «europearane» hyste, var vraka. Men samstundes hadde dei vestlandske reformvenene mått gjeva opp «menighetsindependentismen», forlika seg med tanken på ein organisasjon av heile kyrkja.

2. STRIDEN OM DIKTARLØNENE

Man raaber paa Baand
og man raaber paa Tvang.
Man skriger paa Magtsprog og Rænker.
Og nypudset klinger den ældgamle Sang
om Oprør mod Trældommens Lænker.
(Kr. Randers, Frie Ord. Politiske Epigrammer. Chra. 1883.)

Atter og atter hadde dei radikale vissa både seg sjølve og ålmenta om at dei hadde heile folket attom seg, ikkje berre i det politiske, men i heile sitt livssyn.

Like vel skulde det rett snart syna seg at dei radikale i livsens djupaste spørsmål ikkje var ein så homogen masse som valstatistikken synte og som førarane gav det utsjånad av. Som av ei lune hos sjølve lagnaden vart den radikale stortingsfylkingen alt i 1887 stelt framfor spørsmålet om statsløner til diktarar som for den kristne ålmenta tedde seg som nedbrytarar av kristen tru og moral. For dei mest radikale var dette ikkje anna enn eit spørsmål om ekte politisk frilynde eller ekte politisk bakstrev. Men for dei meir moderate gjekk dette spørsmålet mykje djupare enn til den politiske overtydinga. Her var det spørsmål om eit livssyn. Og her skulde det syna seg at radikalismen ikkje hadde trengt inn til sjølve folkemergen.

Alt medan Jæger-saka stod på, hadde sume av dei radikale førarane synt tendens til å draga seg attende. Riksstyret med justisminister Sørensen hadde, mot det dei radikale venta, gått i brodden og gripe aktivt inn mot råskapen, eller — etter bohemsyn — mot ånds- og ytringsfridomen. Då det kom til stykket, vart Jæger skammeleg sviken av sjølve den radikale kulturføraren J. E. Sars, og både riksstyret og Sars vart alt no skulda for å ha falle i armane på reaksjonen. Avgjersla i spørsmålet om diktarløner skulde syna at det politiske frilyndet ikkje strakk til, så det kunde tolerera alle slag åndsleier.

Alt drøftinga av Arne Garborgs søknad i 1882 om ferdastipend var eit ilt varsel. Garborg kunde visa til fråsegner frå mange dugande

[9] Luth. Ugeskrift 1888 I s. 46.

menn. Men han hadde halde foredrag om Den religiøse Erkjendelse beint imot kriste grunnsyn. Han hadde samanlikna framgangsstrevet og ortodoks teologi og sagt at framgangsstrevet var mange gonger meir verdt enn all Heuchs statskyrkjeteologi. Den 17. juni 1882 fekk Garborg søknaden sin avslegen. Ein ung vinstrerepresentant, Nils Skaar, motiverte avslaget sitt ut fra rein ortodoks-religiøs synsstad: Han vilde heller vera med å ofra eit stort geni, ein framifrå givnad, enn å vera med å skapa «bekymring, ængstelse og uro» i hjarto åt ein stor lut av kristenfolket. Garborg hadde enno ikkje skrive «Mannfolk», så ein ser kor varnæm opposisjonen var. Så blinde for verdiane og dei verkeleg positive sidene ved den moderne litteraturen som motparten — serleg Verdens Gang — vilde ha det til, var dei kristne ikkje. Dei både såg og medgav at den naturalistiske litteraturen hadde avdekt og drege fram i dagen mang ein folkeskade «til gavnlig Ydmygelse og Selverkjendelse». Dei medgav òg at den radikale litteraturen hadde tvinga mange sløe og dorske menneske til å tenkja meir ålvorleg over livsspørsmål som dei før ikkje hadde ansa på og dermed hjelpt deim til å leva eit rikare menneske- og åndsliv. Men jamsides denne vedgåinga brenn otten for at den nye diktinga like vel verka meir nedbrytande enn oppbyggjande.

I februar 1885 søkte Bjørnson og Lie i samlag om diktarløn til Alexander L. Kielland. Dei viste til at skal bokmennene i eit lite folk leva for og makta oppgåva si, må dei ha utkome til å søkja åndeleg utvikling og ha råd til å hevda livssyn og meiningar som går hopen imot. Difor treng dei offentleg hjelp.

Med denne søknaden hadde dei to diktarane kveikt ein brand i norsk åndsliv som ikkje slokna på mange år. Kva skulde tinget, kva skulde serleg vinstre gjera? Dei hadde då fått makta for å brøyta veg ut or den gamle ufridomen. Og 1885 var dessutan valår. Skulde dei våga å setja godkjenningsstempel på ei dikting som, etter det dei aller fleste veljarane meinte, sumtid tilsløra og sumtid ope preika vantru og fritenking? Her var mange skjer å koma framom: omsynet til veljarane, til partiet og endeleg til eiga overtyding. Men eit åndeleg spørsmål måtte no få si avgjersle gjennom eit fleirtalsvedtak.

Fleirtalet i Gage- og Pensionskomitéen innstilte søknaden til avslag. Fleirtalet fann det «betænkelig» om staten skulde stø og med godkjenning stempla ei forfattarverksemd «som i alfald tildels formenes at staa i Modsætning til de inden Nationen herskende moralske og religiøse Begreber.»

Fleirtalet i komitéen måtte høyra dryge ord om «Dumhed, Bornerthed, Uretfærdighed, religiøs Fanatisme, Trællesind etc.» I denne striden om diktarløn til Kielland var det å venta at Lars Oftedal, som no var tingmann og som så ofte hadde laupe spissrot i Kiellands dikting, vilde ta sin mon att. Ein annan ny tingmann drog i denne striden åtgaumen sterkare åt seg. Det var klokkar Liljedahl frå N. Bergenhus.

Liljedahl har stor vyrdnad for skaldekunst. Men i Kiellands dikting er det «lidet af Kjærlighed, lidet af Tro, lidet af virkelig

Begeistring og endnu mindre af det som kan sone. Han fører en skarp Pen og en utifra fin Form. Han har derhos et skarpt Øie, men han ser mørkt.» Lyte og feil ser han kvar han stirer: i kyrkje, i stat, i religiøse og sosiale tilhøve. Og slik han ser det, dreg han det fram og set det i spegel. — «Men naar han gjør dette, saa maa han ikke — det mener jeg — gjøre det saa, at han bryder ned og ler ud det, som altid har været og endnu er det Kjæreste for vort Folk, — vor Kristenmoral og Kristentro. ... Han er en Doktor, som ikke blot skjærer Vildkjødet bort, men ogsaa tager det friske med; der er Gift paa Pennen hans.»

Oftedal karakteriserte Kiellands dikting med desse orda: «Sagen er den, at hr. Kielland ikke blot straffer Hykleriet, Farisæismen og ugudelige Præster, men han gjør Kristendommen selv ansvarlig for disse Skader i Samfundet, og opstiller i Modsætning til den kristelige Moral en ny, der lægger Tyngdepunktet i Menneskets egen Viljekraft og Selvbestemmelse —. Hyklerske og farisæiske Præster kan revses, uden at den Gjerning, som Gud gav dem, behøver at spottes og udlees, Hulheden i Ægteskaber kan blottes, uden at der gives Anvisning paa at løbe fra hinanden, og uden at Selvmordet endog glorificeres. — Et Arbeide, som efter hele min Livsbetragtning ikke kan andet end skade og fordærve vort Folk — i Sandhed, jeg baade kan og vil overfor et saadant Arbeide øve Tolerance til det yderste; men glæde mig over det, statsbelønne og ære det, — nei, det kan jeg aldrig.»

Med 60 mot 49 røyster fall framlegget i 1885. Etter avgjersla nytta Dagbladet slike ord at både Jaabæk og Liljedahl fann det naudsynt i sjølve Stortinget å gjeva bladet «en Tøraf». Liljedahl minte om dei blada som ikkje så sjeldan hadde skrive om frilyndet hos den norske bonden. «Jeg aspirerer ikke til at faa Ros i saa Henseende, men det er merkelig til Omslag i Tone og Udtryk. Nu var det blit Trællesind. Det er ikke frit for at de truer, men de kan være ganske rolig, det er Ingen som bliver ræd.»

I søknad dagsett Paris 23. januar 1886 tok Bjørnson opp att søknaden. Og no sette han myndig Stortinget stolen for døra: Anten skulde Kielland ha diktarløn, eller Bjørnson sa frå seg si eiga. Dermed vart «Kiellandsaka» i 1886 storsaka på tinget så mykje meir som det var ei intern vinstresak, som høgre la seg mindre oppi. I mellomtida hadde det vore stortingsval, og «Kiellandsaka» var gjord til politisk merkesak. Just som bokheim og bokmenn var mest sprengde av Jægersaka, kom Kiellandsaka opp til drøfting i tinget i mai 1886. Plent liksom året før stod dragkampen i saka no og mellom bondevinstre og det akademiske vinstre. Mellom dei siste merkar ein seg Konow (H), Ullmann og Steen. Serleg la Konow seg i selen for Kielland. Hovudopponenten på den andre sida var atter Liljedahl. Og denne gongen stod Liljedahl sterkare enn året før. Han kunde visa til Fra Christiania-Bohemen og, og visste han hadde god stønad utanom tinget, såleis i Chr. Bruun, som stod tvilande andsynes diktarløn i det heile, aller mest til naturalistiske diktarar. Bruun hadde alt 14. april 1886 skrive artikkelen: «Den dannede Liderlighed» i For Frisindet Christendom. I sin namngjetne Tale til Norges Bønder i og udenfor

Salen heldt Liljedahl fast ved det han hadde sagt året før. Men han hadde ikkje då tenkt seg at han så snart skulde sjå fruktene av Kiellands dikting. Kielland må så gjerne spotta og gjera narr av det som fortener spott, anten det så er gøymt under prestekjolen, eller under statsrådhatten, anten han finn det hos grosseraren eller professoren eller amtmannen, anten det løyner seg i kyrkja eller palasset. For dette skal ingen klandra Kielland.

Men når han gjer dette, må han ikkje gjera det såleis at han bryt ned og ler ut «det, som altid har været og endnu er det Kjæreste for vort Folk — vor Kristenmoral og vor Kristentro.» Men dette kan Liljedahl ikkje ta Kielland fri for å ha gjort. Auka vekt kunde Liljedahl gjeva innlegget sitt med å visa til boka Fra Christiania-Bohemen. Han meiner ikkje at Kielland har skrive noko så stygt eller samtykkjer i slik skriving; «men jeg mener at han og hans Jevnbyrdige har banet Vei for en slig Bog, og deres Standpunkter og Forfatteren til Fra Christiania-Bohemen er i væsentlige Punkter af samme Slaget og fører til samme Maal. De hylder alle den naturalistiske Retning og den Retning er bygget paa Fritænkeriet.» Liljedahl enda innlegget sitt med denne mektige tiraden: «Fram Bønder, fram nu som før! Men — — — var dig Bonde! Var dig paa din Vei for den falske Aandsretning, den er ikke til dit Bedste! Var dig for den for Landets Skyld og for din egen Skyld og for dine Børns Skyld!» Til Chr. Bruuns ord la Liljedahl sine: «Den Aandsfrihed som har til Særmerke at gjøre sig fri og løsrive sig fra det Guddommelige, men paa samme Tid er bunden af Naturens Kræfter, den kalder jeg ikke Aandsfrihed. Det er Aandens største Vesaldom og Nedværdigelse.»[10] Søknaden vart atter avslegen, med 60 mot 49 røyster.

Beinveges gjekk det ikkje å få målsmennene for folket til å yta statsløn til Kielland. Venene hans gav då saka ei onnor form: «Erstatning for Tab paa Grund af manglende Beskyttelse for den litterære Eiendomsrett». I denne forma gjekk så saka igjennom med 57 mot 57 røyster, med di president Sivert Nielsens dobbeltrøyst avgjorde utfallet. Men vederlaget vart ikkje oppattnya i 1887.

Det var bøndene innan vinstre som reiste seg mot den nye åndsleia i bokheimen. Det var berre rimeleg at menn som Arne Garborg gav bondefylkingen sitt skottsmål.[11] Framom andre var Nils Skaar ein rein heimføding og undermålsmann. Bøndene får endeleg ein gong arbeida seg såpass opp at dei ikkje sender slike menn til tings. Andre, som Chr. Bruun, tykte det var tappert av den vesle bondefylkingen å ta striden opp med all intelligensen i vinstre: Konow, Ullmann, Steen og alle dei andre.

Gjennom mest heile den radikale pressa gjekk det eit hyl om «Intoleransens Seier», om «den sorteste Klerikalisme», om «Sammenstød mellem Aandsfrihed og Klerikalisme». Dagen etter avgjersla i tinget gjekk Den liberale Forening og Den private liberale Klub i

---

10 Etter Bull og Paasche, Norsk Litt.hist. V s. 68.
11 Fedrah. 1886 nr. 39.

Oslo saman om ein nasjonalsubskripsjon til Kielland — ein demonstrasjon mot stortingsvedtaket. Verdens Gang skreiv spottande om Johan Sverdrup som sjef for Jacob Sverdrups ministerium.

Avgjersla i Kiellandsaka hadde slege fast at kristendom og politikk ikkje hadde noko med einannan å gjera, men rett nok på ein annan måte enn Sars og fleire hadde venta. Rett nok slo utfallet høgre or hendene eit av deira beste stridsvåpen i den politiske striden. Men hardaste slaget hadde like vel råka vinstre sjølv. Det var ikkje lenger mogeleg å samla partiet under *ein* mann, og krise etter krise melde seg. Kiellandsaka openberra ein djup sprekk i vinstre og gav den nervøse, utolmodige, forlesne europearklikken i vinstre ein dugeleg smikk på fingrane. Dei radikale hadde kalla folket til hjelp. No synte det seg at «folkets kårne» nytta makta til stagga og avgrensa radikalismen — folket var fengt av ovtru og ljosredsle.

Den drøfting og verdsetjing av bokavlen som Kiellandsaka hadde ført med seg, samla seg til slutt i det eine problemet: «Naar faar vi en ny Litteratur?»[12] Kva har diktarane i desse åra gjort anna enn å «berøve, foruden at revse og kræve?» Det diktarane hadde å gjeva, tyktest dei kristne meir enn ringt. Då Bjørnson i Det flager og Ibsen i Rosmersholm vilde gjeva svar, vart det for Bjørnson ikkje til anna og meir enn nye krav: meir naturkunnskap i skulen, meir kunnskap til å røkta seg sjølv og sitt avkjøme, og for Ibsen berre til «Møllefossen» i Rosmersholm. Dei norske diktarane i 1880-åra var innlevde i dei kristne moralkrava, men dei freista i sin diktarheilagdom å introdusera ei framand ånd. Striden syner at ei ukristen ånd ikkje i lengda kan halda det ut med den kristne moralen.

Frå vinstrepressa og det reine vinstre var det etter dette ikkje måte med skjellsord og sjikane over Jacob Sverdrup og Lars Oftedal. Dei var hyklarar og svikarar. Chr. Bruun kjende det naudsynt å ta Oftedal i forsvar. Om Oftedal er ein hyklar, veit han likså lite som han veit om Skrefsrud og Francke er det. Men Bruun held seg til gjerningane. «Og de siger ikke andet, end at Lars Oftedal er noget med den største Kraft, som Norges Kirke for Tiden eier. Og da jeg aldeles ikke synes at vor Kirke har nogen Overflod paa slige «Kræfter», saa kan jeg ikke godt lade være at holde ham høit og i Ære.»[13]

Bruun hermer Bjørnsons vakre ord om Skrefsrud:

> «Jeg ærer ham, fordi han er forkastet,
> Men følger Kaldet og har Seier havt.
> Jeg ærer ham, fordi han endnu lastet
> Med Undre svarer af sin Tro, sin Kraft.»

Då vinstre var sprengt på saka om dei kyrkjelege reformene og diktarlønene, trong partiet ein «Prügelknabe». Og ein slik var det

---

[12] Chr. Bruun i For Fris. Christendom.
[13] For Fris. Christendom 1887 s. 49 f.

lett å finna. Jacob Sverdrup fekk skulda for alle misgrep som farbroren Johan Sverdrup hadde gjort. Det var Jacob som hadde gjeve han den tanken at religiøsitet skulde vera slikt grunnlag for folkekraft og folkelukke, idéen om «menighedsraad» (som Jacob Sverdrup hadde gått med i 20 år), og som fekk han inn på den bigotte forfylging av dei nye sedskapsreformatorane. Jacob Sverdrup hadde i det heile gjort farbroren «clerikal».

3. NY-GRUNDTVIGIANISMEN. SAGATUNMØTET 1886.

Jægersaka hadde synt fram den store sprunga i vinstrepartiet når det galdt reint åndelege spørsmål. Saka hadde delt partiet i to stridande flokkar: Det moderate vinstre med ein liten kjerne av kristne, «oftedølene», stødde seg helst til høgre. På den andre sida stod det radikale vinstre med ein annan kristen kjerne, dei «ullmannkristne» eller «ny-grundtvigianarane». Til den eine flokken høyrde Chr. Bruun med For Frisindet Christendom. Til hin ytterfløyen høyrde Ullmann og Vor Tid. Ullmann hadde i striden stendig stått på ytste vinstre vengen i alle åndsspørsmål. Han hadde late seg velja til formann i Den frisindede Studenterforening i Jægerstriden. Men Ernst Sars, som framom andre hadde stått fadder til det nye moralsynet, hadde i tide drege seg attende, av di han såg det bar gale i veg. Beisk og harm skuldar Jæger med rette Sars for å ha svike «europeismen» i norsk åndsliv.

Som stoda no var er det råd å skjøna at dei radikale kjende seg fumlande og utrygge i sitt eige læger. Denne kjensla voks av det at dei radikale kjende seg visse om at dei moderate i løynd hadde planar om å skifta deim ut, så snart som høvet baud seg. Trongen til klårlegging og konsolidering var stor.

I august 1886 bad difor grundtvigførarane inn til eit stort ålmannamøte på Sagatun. Alle som heldt på åndsfridomen, vart innbedne, utan omsyn til religiøst syn. Programmet var å drøfta brennande tidsspørsmål. Som emne var sett opp: Om Moralens Forhold til Religionen; Evolutionismen; Aandsfrihedens Vilkaar hos os; Kristendom og Skrifttheologi; Determinismen og den fri Vilje. Ernst Sars hadde lova å innleia om det siste emnet. Professor Lieblein var og innbeden. Men i siste liten melde begge forfall.

Referata i Dagbladet frå dette møtet er noko uhjelpelege. Men dei konservative såg møtet så viktig at Luthersk Ugeskrift ofra heile 4 artiklar på drøftingane. Dei grovaste mistaka vart elles retta av Ullmann.

Det er karakteristisk for dette møtet at den hyperradikale danske grundtvigpresten Georg Valdemar Brücker var innbeden som talar. Han gjekk inn for å få presteeiden avteken og for ei heilt fri stode til skrifta, og var så radikal at jamvel grundtvigianarane i Danmark hadde slege handa av han; han vart avsett som prest i 1885. Både Brücker og Ullmann tona så reint flagg på møtet, at dei vekte ikkje

berre undring, men beintfram støkk mellom dei konservative.[14] Men og eldre grundtvigvener, t. d. Fredrik Wexelsen, delte støkken med dei konservative. Brücker var, etter referatet, den djervaste. Han heldt nok Bibelen for «Bøgernes Bog», men han las Bibelen som ei onnor bok, t. d. eit drama av Bjørnson. Ullmann tok opp tråden og gjekk om mogeleg nokre strek lenger: Han las Bibelen på same måten som han las Jægers bok. Fullt så ille som referatet gjev inntrykk av, har orda venteleg ikkje falle. Men begge dokumenterte sin fulle fridom andsynes bibelautoriteten. Ullmanns syn er, at før ein får kristendomen bort frå det autoritetsbundne og får gjort han til eit fritt personleg tilhøve, vil det gå attende med kristendomen og frametter med vantrua. Til dette målet førde berre eit middel: «at slaa hele den gamle dogmatiske Theologi ihjel». I staden vil Ullmann ha ein historisk teologi, som «efterspored Udviklingen og gav Sandheden Ret.» Han rette no handa til alle fritenkjarar med ideell trong, om å vera med «at slaa en Pæl gjennem det gamle Spøgelse». Elles meinte Ullmann med fritenkjar ikkje ein Kristusfornektar. Det var mykje i fritenkinga som var meir i ætt med kristendomen enn teologen var det.

Etter dei utsegner som var framkomne på Sagatunmøtet, meinte Luthersk Ugeskrift at ein ikkje lenger kunde tidfesta reformasjonen frå 1517, i Wittenberg, men frå 1886, frå Sagatun. Med rette skulda bladet Sagatunmøtet for å gjera Kristus til ein sosial reformator. Det sosiale draget ved Frelsaren var òg sterkt understreka, ikkje minst av A. M. Arctander. Jesus «inbød alle dem, som led under den i Livet og Samfundet raadende Uretfærdighed og Urenhed, Løgn og Had til at slutte sig om hans Person i Tro og Tillid, at han vilde gjøre dem til det rensende Salt for det henraadnende Menneskeliv.» Til alt det spør L. U.: Når fritenkjarane og diktarane no har rudt kristentrua ut or folket, kva har dei så å svara når «Kommunismens og Socialismens vilde Horder» ropar: «I har frarøvet os Himmelen, nu kræver vi Jorden til Erstatning»?[15]

Sagatunmøtet sette eit djupt skilmerke i soga åt grundtvigianismen i Noreg. Frå no har rørsla mist den aller siste resten av religiøst sermerke og renn ut i ein konfesjonslaus, mest konturlaus sosial kristendom, som samlar seg om sosial forsorg, kvinnesak, fråhaldssak, fredssak og ålment opplysningsarbeid.

Med all sin radikalisme hadde Ullmann syn for det evige i kristendomen. I artikkelen Troens Kjendsgjerninger og Teologiens Hypotheser[16] hevdar han at kyrkjelæra står i same tilhøvet til «Troens Kjendsgjerninger», som vitskapshypotesane til naturtilhøva. «Lad Videnskaben gaa sin Gang, den gjør ingen tænkende Kristen nogen Skade, men lad den bare ikke indbilde sig eller nogen anden, at den kan rive Troen ud af de Troendes Hjerte. Og lad den heller ikke

---

[14] Luth. Ugeskrift 1886 II s. 205.
[15] L. U. 1886 II s. 253.
[16] Vor Tid 1887 nr. 7.

indbilde sig at den er ufeilbar. Og lad os blive af med den Theologi som skyr Videnskabens fulde Dagslys for en forstenet Ortodoksis Skyld.»[17]

Som motvekt mot radikalismen i Vor Tid skipa Chr. Bruun same året bladet Framgang med Matias Skard, T. Jørstad og Ingv. Bøhn attom. Bladet vilde utvikling på heimsleg og kristeleg grunn «under strengt Hensyn til vort Folks tarvelige Kaar.» Framgang «misbilliger den i Bladene saa gjængse agitationiske Skrivemaade, der paakalder Fordommen og de mindre ædle Drifter, og det vil derfor efter Evne søge at holde sig fri for den, men derimod lægge Vind paa rolig og saglig Fremstilling.» Innbedinga er dagsett Gudbrandsdalen i oktober 1886.

Ullmanns synsmåtar og ferd vart, ikkje berre av ortodokse, men og av meir frilynde kristne, såleis av Chr. Bruun, vakta med angest og uro etter Sagatunmøtet. I eit oppgjer med Luthersk Ugeskrift noko seinare gjev Ullmann opp mest alle dei sentrale punkt i kristenlæra: forsoninga, trieiningslæra, Kristi guddom og Andens guddom. Innlegget vekte sorg i vide krinsar, ikkje minst hos Chr. Bruun: Det stemplar Ullmann som fritenkjar. Han står nok enno på «Troens Grund» (av di han held fast ved truvedkjenninga). Men han står «paa den aller yderste Pynt af den. Et eneste Skridt videre, og han faldt ud.»

4. KONFESJONSLAUS TRUDOMSOPPLÆRING

Skule og oppseding var dei omkverve der ein måtte venta at radikalismen vilde setja inn all si makt for å få sjå sine ideal realiserte. Kvar hovudstraum innan den radikale rørsla møtte elles med sine serkrav: naturalistane med krav om meir opplæring i naturfag, grundtvigianarane med krav om større rom for det levande ordet, dei meir nasjonal-demokratiske og dei ortodokse med sine. Eit krav samla like vel om lag alle radikale under ein hatt: Pontoppidans forklåring måtte bort. Endeleg såg ein fraksjon fram mot ein konfesjonslaus skule. Rett nok var denne flokken liten. Men til vederlag var han sterk og målmedviten.

Alt i midten av 1870-åra er konservative blad merksame på den veksande radikalismen i skulen. Den «Talemaade, at Skolen skal staa paa kristelig Grund, er den huleste Frase i Verden.»[18] I mange år hadde Jaabæk i Folketidende brunne for å skilja stat og kyrkje. Dette var for Jaabæk «en Hovedbetingelse for Skolens Trivsel». Aldri vart han trøytt av å ettervisa korleis den geistlege administrasjonen hadde øydelagt skulen. Men mykje meir enn Jaabæks beiske innlegg fekk det å seia, at diktarane i samtida alle saman gjekk inn for nye skule- og oppsedingsideal. Ikkje minst såg Bjørnson seg harm på at ortodoksien

[17] Lidt om Bibelkritiken. Vor Tid 1887.
[18] Fædrel. 1875 nr. 41.

hadde makta å stempla ålmugeskulen i sitt bilete. Ofte vart det peika på at andre land hadde konfesjonslaus skule. Verdens Gang vissar lesarane om at det så visst ikkje er likesæle, men just ihuge for gudslivet som har ført til konfesjonslaus skule i Amerika.[19] Den amerikanske skulen nyttar skrifta til oppbygging, men tolkar ikkje, legg ikkje ut, og slår difor ikkje fast læresetningar. Ymse radikale lag, såleis Samtalelaget i Oslo, gjorde samrøystes krav om konfesjonslaus trudomsopplæring. For mange mellom dei radikale var Paul Berts lærebok i moral idealet. Eit stykke i denne boka hadde til overskrift: Det ein ikkje veit, og enda med deklarasjonen om menneskerettane frå 1789. Elles nøgde dei radikale seg ikkje med å markera at skulen ikkje lenger var ein føregard til kyrkja, men ein kommunalborgarleg institusjon. Difor vilde dei framom alt ha skore av det administrative sambandet mellom skulen og kyrkja: ta bort den gamle retten for kyrkja til å ha formannsombodet i skulestyret og avgrensa det geistlege tilsynet til berre trudomsfaget.

For dei kristne stod det klårt at ingen stad hadde fritenkjarane så godt høve til å koma kristendomen til livs som i skulen. Den første større samanstøyten om konfesjonslaus trudomsopplæring kom elles då det skulde drøftast ei ny dissentarlov. Dei luthersk konfesjonelle var viljuge til å gjeva dissentarane alle rimelege rettar når det galdt skulen: fullt sjølvstyre i eigne saker, fritaking for skatt til det kommunale skulestellet, fritaking for konfesjonelt tilsyn. Men med alt dette var den radikale fylkingen i Stortinget ikkje nøgd. Her hadde dei eit høve til å koma den lutherske konfesjonalismen til livs. Kvifor så ikkje nytta høvet? Den radikale tingmannsflokken gjekk no lenger i sine krav enn dissentarane sjølve hadde gjort: dissentarar skulde ha rett til å vera lærarar i alle fag, så nær som i trudomsfag. Argumentasjonen var, at skulen ikkje lenger var ein kyrkje-, men ein kommunalskule, der det måtte stå alle fritt å arbeida. Dei konfesjonelle såg dette som ei utlevering av deira born til ein representant for eit framandt trudomssamfund, ja, som ei utlevering av borna «til fri Behandling i Skolen af Baptister, Methodister, Katholiker, Jøder og Fritenkere».[20] Dei såg det og såleis at når det ikkje var spørsmål om religiøs overtyding i andre fag enn trudomsfaget, hadde skulen i det store og heile ikkje noko med trua å gjera.[21]

Då saka kom til drøfting i tinget, fall det sterke ord frå radikal side. Steen stempla motstandet mot dissentarar i folkeskulen som intoleranse. Skulen kjem ikkje kyrkja ved, men berre borgarsamfundet. W. S. Dahl fann ut at dei konfesjonelle synsmåtane høyrde heime i mellomalder og barbari. Andre viste til at for det eine var talet på dissentarar så lite, og for det andre såg skulestyra deim berre ugjerne som lærarar.

Atter kom vinstreprestane i tingsalen i ei svært lei stode. Vinstre-

[19] V. G. 1883.
[20] Arnesen, Nogle Ord om Radikalismen i Folkeskolen (1884) s. 25.
[21] Klaveness, Det radikale Parti og Vantroen. 1883.

pressa hadde då nytta desse prestane til å roa samvitet åt det kristne vinstre andsynes klagemåla for vantru. Kva skulde Oftedal, Jacob Sverdrup og andre gjera i denne saka?

Merkeleg nok braut dei her med partiet. Sverdrup heldt fram kor vanskeleg det vilde vera med ein dissentar som lærar, t. d. i soge. Vilde det vera mogeleg for ein katolikk å skildra Luther annleis enn som ein erkekjettar? Oftedal viste til den øsinga det vilde verta ute i folket, om det vart kjent at menn med ein annan konfesjon kunde verta lærarar i barneskulen. Folket held av skulen og den lutherske vedkjenninga. Difor skal ein ikkje i utrengsmål fikla med desse sakene. Å gjeva dissentarar høve til å verta lærarar, er og etter Oftedals meining å gjera skulen religionslaus, endå om ein tek trudomsfaga undan. Røystinga i Lagtinget gav det radikale framlegget siger med 23 mot 6. Men i Odelstinget fall det med 44 mot 36.

I bygder der dissentarane var etter måten mannsterke, såleis i ymse bygder i Jarlsberg, hadde lærarane fylgt levande med i denne forpostfektinga om konfesjonslaus skule. For desse lærarane var det konfesjonelle ein røynleg vanske. Den jarlsbergske frikyrkja hadde åndsfrendar i mest alle desse bygdene. For berre 10—15 år attende hadde denne flokken ført ein reint fanatisk strid mot P. A. Jensens lesebok og mot dei verdslege faga. Sven Aarrestad var på denne tid lærar i Sande i Jarlsberg og stod midt oppe i desse vanskane. På amtslærarmøtet i Tunsberg 1885 tok han emnet fram i eit foredrag. Det synte seg straks at emnet var aktuelt for mange. Etter referatet i Verdens Gang har Aarrestad vist til drøftingane i tinget. Han etterviser kor stor ei vinning det vilde vera om opplæringa vart konfesjonslaus. Foredraget til Aarrestad gav tilføre til mykje skriving. For mange stod det så at den unge læraren hadde gjort seg til målsmann for religionslaus skule. Det vart jamvel klaga til bispen, som like vel ikkje fann grunn til gripa inn på annan måte enn med å gjeva Aarrestad ei påminning om «at undervise og opdrage Skolens Børn i vor lutherske Kirkes Bekjendelse».

Imedan vart det 14. november 1885 sett ned ei nemnd til å revidera lovgjevinga i skulen. Mange kjende og dugande menn var med: rektor Steen (som vart formann), sokneprest A. H. K. Balchen, gardbrukarane C. G. Fougner og L. O. Hektoen, lensmann L. K. Liestøl, lærar og kyrkjesongar E. A. Liljedahl, postekspeditør S. E. Nielsen, instituttstyrar fru Rosing, folkehøgskulestyrar V. Ullmann og klokkar O. C. Vollan. Bortsett frå to, Balchen og Vollan, var det liten grunn for dei konservative til å ta imot nemnda med tiltru. Ikkje minst var det å venta at dei to skulemennene Steen og Ullmann vilde gjera sitt syn sterkt gjeldande.

Medan nemnda sat med arbeidet sitt, kom det ut eit lite hefte: Vor Folkeskole efter Johan Sverdrups Program. Heftet vart lagt fram på det nordiske skulemøtet i Oslo. Det klaga over eit visst parti «som i afskyeligt Overmod tror sig eneberettiget til at være og kaldes Kristne» og tala om at det syner seg sterke tendensar til å avkristna skulen. Fædrelandet syner seg å vera betre orientert

denne gongen enn vanleg.[22] Bladet trur at dei radikale etter dei siste mælingane har funne ut at folket er vel lite førebutt til å ta imot alt det nye på ein gong. Helst trur bladet at dei radikale no overlet heile saka til grundtvigianarane — ei åndslei som er «et vigtigt Tilknytningspunkt for det moderne Fritænkeri.» Kyrkjemennene fylgde med levande spaning både drøftingane og arbeidet. Nemndframlegget var ferdig 23. november 1887. Framlegget kom, som ein kunde venta, med sterke klagemål både over lærebøker og opplæringsmåtar i trudomsfaget, «navnlig Undervisningens dogmatiske Karakter.» Skuld for dette fekk presteskapet og Pontoppidans forklåring. Radikale blad hermde Ingersolls ord: «Det var en Tid da Bibelens Moral tilfredsstillede de Mænd som styrede Tankens Verden, men den Tid er ikke mere.» Alt i førebuinga i nemnda hadde det vorte ålment kjent, at soknepresten ikkje lenger skulde vera sjølvskriven formann i skulestyret.

I stortingsseta i 1888 spela skulelovframlegget åt Steen same rolla som kyrkjelovframlegget åt Sverdrup i 1887. Dei konfesjonelle roa seg noko med at det nye stortinget ikkje var så innstilt på å riva skulen laus frå kyrkja som det førre hadde vore. Noko vog vel og den oppmodinga som det kyrkjelege landsmøtet gjorde i mars 1887, om at ingen måtte tilsetjast i full lærarpost eller vera med i skulekommisjonen utan å høyra statskyrkja til.

Då så det nye skulelovframlegget kom, var det mot alt ein hadde venta merkeleg tamt og varsamt. Jamvel dei ortodokse måtte medgjeva at framlegget heldt fast ved den kristne tru og sedelære etter den evangelisk lutherske vedkjenninga. Det einaste dei fann grunn til å klaga over, var at tilsynet var teke frå kyrkja. Og då lova kom, tok jamvel Luthersk Ugeskrift vel imot henne. Bladet medgjev at det i denne overgangstida for kyrkja ligg ei freisting til å sjå feil og gripa feil. «Overgangen vil føles av Geistligheden, særlig af den ældre Del af denne, som en temmelig ufortjent Tilsidesættelse og som et Udslag af Utaknemmelighed mod den norske Geistlighed.» Bladet meiner at det ligg nær for dette standet å seia: «Til Løn for den trofaste Pligtopfyldelse i Skolens Tjeneste, til Løn for under vanskelige Vilkaar at have løftet de tungeste Tag i Fremgangsarbeidet i Folkeskolen, søger den nye Skolelov at rive Ledelsen saa meget som mulig ud af Præsternes Haand, ret som disse skulde savne baade Evne og Vilje til ogsaa for Fremtiden at arbeide for Folkeskolens Fremme.»[23] Men prestane må skjøna at berre som ein kyrkjeskule kunde folkeskulen ikkje lenger halda fram. Den nye lova har slett ikkje sett kyrkje eller presteskap utanfor. Bladet gled seg elles over at det i lova er sett «et bestemt og et fyldigt Maal for Undervisningen i Kristendom», medan det i andre fag er overlate skulestyret å fastsetja målet. Endeleg er det overlate til kongen å autorisera lærebøker.

---

[22] Fædrel. 1885 nr. 102: Hvilken Stilling skal Kristendomsundervisningen faa i vore Folkeskoler efter Statsminister Sverdrups Forslag?

[23] Geistligheden og den nye Skolelov. Luth. Ugeskrift 1891 II s. 69.

VII. STRIDEN MELLOM TRU OG VITSKAP STILNAR

Enno etter 1890 heldt nok striden fram. Like vel er det liksom ikkje lenger den gamle fanatismen i han. Tilhøva i store framande land gjorde sitt. Kulturstriden i Tyskland hadde lagt seg. Dei ledige bispeembeta stod ikkje lenger tome. Prestar og ordensbrør hadde vendt attende og teke opp att arbeidet sitt. Dei økonomiske verde staten hadde kverrsett — berre i Preussen 16 mill. mark — var gjevne attende. Tidene tok til å roa seg. Men enno då han melde Kreutzersonaten av Tolstoi,[1] heldt Garborg fram at moralen, som alle tvangsmiddel har hatt si tid og sitt verde. Men høgaste idealet for mennesket er fridomen. I staden for moral vil han ha daning — «skønhedsbehersket frihed». Dette skal etter Garborg vera siste ordet i framtidsetikken. Den gamle tankeføringa held såleis enno fram.

Då det første riksstyret Steen sat med makta (1891—93), kom den tida Ullmann hadde lengta så sårt etter: tida då teologien kunde verta utrudd. V. A. Wexelsen var kyrkjeminister. Alt medan dissentarlova vart drøft, hadde han vekt kritikk hos kristenfolket av di han var meir dissentarvenleg enn dissentarane sjølve. Han hadde gjeve Ullmanns friseminar eksamensrett, utan søknad hadde han auka Bjørnsons diktargasje og sett den radikale Georg Fasting til styrar for Asker seminar. I 1893 drog stortingsfleirtalet inn løyvinga til det gamaltestamentlege professoratet etter Caspari.

Men så omsynslaus var Ullmann at nett på professor Johnsons gravferdsdag (1894) gjorde stortingsfleirtalet etter tilskunding frå han framlegg om å draga inn Johnsons professorat. Ikkje å undrast at Luthersk Ugeskrift skreiv om «Storthingsflertallets tyranniske Tilbøieligheder». Då Caspari gjekk bort, var dr. Michelet den næraste til å ta romet etter han. Men dette embetet og drog stortingsfleirtalet inn. Michelet hadde vore så uheppen at han i eit privatbrev hadde slege frampå om at det stod russiske rublar bak vinstrepolitikken. Utan hans vilje og vitende hadde så brevet vorte prenta i Trondhjems Adresse.[2] Resultatet vart ein kvass pressestrid med nokre rettssaker, og Michelet vart ikkje professor denne gongen.

Mange og underlege utslag kunde striden enno få. I 1890 var det

---

[1] Samtiden 1890 s. 405—16.
[2] 30. juni 1892. N. biogr. leks. IX s. 200.

klokkarskifte i Uranienborg. E. A. Liljedahl, som i 1889 hadde vore statsråd, søkte, men vart sett til sides for ein Holt. Men serleg var det nygrundtvigianarane med Ullmann i brodden som freista halda striden ved lag. At Ullmann i 1887 hadde vorte dømd for di han sjølv delte ut nattverden, synest ha kvest uviljen hans til det reine raseri. Rett nok hadde Bonnevie, den første ikkje-teologen som var kyrkjeriksråd, prøvt å gjera Ullmann mildare med å gjeva statsstønad til førebuingskurset hans for lærarar. Då Wexelsen var kyrkjeminister, tok han siste steget og gjorde førebuingskurset til sjølvstendig seminar med eksamensrett.

Frå 1. september 1894 hadde det teologiske fakultetet berre 3 teologiske professorar og ingen ekstraordinær. Av dei 3 hadde professor Munch i lang tid vore sjukleg og arbeidsufør. I eksamenstida i vårsemesteret 1894 hadde fakultetet berre ein arbeidsfør professor. Luthersk Kirketidende skriv difor ikkje med urette: «Man kunde være tilbøielig til i Storthingsflertallets Adfærd at se de indledende Skridt til Theologiens Fordrivelse fra Universitetet.» Bladet legg til at dette i så fall vilde falla heilt saman med Ullmanns program: å knusa teologien. Det var ikkje å undrast at Heuch i si mektige ordinasjonspreike enno ein gong drog hardt i veg mot alle opprørstendensar i tida.

Likevel markerar 90-åra omslaget. Kiellandstriden tok til å gjera sin verknad. «Vantroens Hovedorgan» — Nyt Tidsskrift — gjekk inn med årgangen 1887. For heilt reindyrka europeisk radikalisme var det såleis ingen jordbotn. Med Vor Tid (1887—91) prøvde Ullmann, Anker og W. Konow å gjeva dei radikale eit vederlag. Dei konservative såg Vor Tid som formidlingsorgan mellom tru og vantru, kristendom og kultur. Bladet er organ for nygrundtvigianismen, som med eine foten stod på dåpspakt og truregel og med den andre i nyrasjonalismen. Men flokken kring Vor Tid vart heller ikkje stor. Anten var fritenkjarane ikkje mange nok, eller dei var ikkje overtydde nok til å halda oppe ei slik skrift. Same lagnaden råka òg Chr. Bruuns For Frisindet Christendom. Dette siste syner på hi sida at heller ikkje den kristne gehalten i vinstre var sers stor. Strid og kløyving hadde gjort folket religiøst indifferent, som så ofte. Just på det omkvervet der vinstrepolitikken aller mest trong til forsvar, det moralske, hadde Bruun vore den utrøyttelege klagaren og det vonde samvitet åt partiet.

Bladfolk, publisistar og diktarar hadde elles fram imot 1890 sagt sitt siste ord i striden. No kom tida for dei eigenlege vitskapsmennene. Smått og varsamt kom dei til ords, og verka først som båredøyvarar — seinare som mellommenn mellom tru og viting. Samstundes voks ei ny teologætt fram, ei ætt som var mindre bunden til parti og konfesjonelle omsyn. Målsmennene for vitskapen ytte verdfulle tilskot til avspenninga. I sit posthume verk: Populære Opsatser (1891), seier professor Lochmann som sitt avskilsord i den lange striden han hadde stått oppi: «Den moderne Naturvidenskab er i Virkeligheden en fortsat og vidunderlig Kommentar til den første

Troesartikkel om Skabelsen og Opholdelsen, ingen Theolog har skrevet den fyldigere.» Professor Theodor Kierulfs Digte og Sange vart same året utgjevne av Hartvig Lassen. Mot slutten hadde Kierulf nokre fragment om geologien og skrifta: «Det er ikke Videnskaben der fører vild, men de af Videnskaben hovmodige og opblæste Menneskesind... Det gaar den psykologiske Forskning med det Ondes Begyndelse, ligesom den geologiske Forskning med Jordens Begyndelse, denne viger stedse lengere tilbage.» Professor dr. Gustav Guldberg gav på same tid ut Om Darwinismen og dens Rækkevidde, der han hermer Laplaces ord: «Ce que nous savons est peu de chose, ce que nous ignorons est immense.» Verkelege vitskapsmenn synte heilt annleis måtehald og varsemd enn skribentar og bladfolk med sin andrehandskunnskap hadde gjort.

Teologane ytte og sitt til avspenninga. Jamvel Gisle Johnson tok utviklingstanken opp i systemet sitt. «Kun ved at følge Gjenstanden i dens reale Genesis, dens egen organiske Selvudvikling vil man kunne bringe den til et System, som ikke er Gjenstanden vilkaarlig paatvunget.»

Dr. E. F. B. Horn gav ut Naturvidenskab og Kristendom. Ein ung danske, Hansen, fekk i 1890 Københavnuniversitetets gullmedalje for avhandlinga Religion og Videnskab. Forfattaren etterviser, at når fritenkjaren skal skaffa moral til vegar, klikkar heile systemet hans. «Moralen redder han ikke og Videnskaben spolerer han.» Prisløna kan ein kan henda sjå som eit merke på at universitetet ope tok parti mot brandesianismen. Smått om senn vart det og klårt at dei nye ideane gav rom for andre tolkingar enn dei som dagspressa hadde kome med i dagsens hete. Andre tilhøve verka med til avspenninga. Men største æra for avspenninga har den unge teologætta som no tok førarskapen. Før hadde denne ætta vore for ung, eller vorte halden nede av eldre, meir stridsføre brør. Men alt lenge hadde unge teologar henta inspirasjon frå nye utanlandske rørsler eller menn. På denne ætta fall det no å gjeva den boklærde norske ålmenta orientering og innføring i dei nye teologiske landevinningane, noko som kyrkja burde ha gjort for ein mannsalder sidan. Desse unge prestane stod i rapport med både protestantisk og reformert teologi, av tysk, engelsk og amerikansk opphav. I stigande mon fekk dei to einslege, Fr. Petersen og Chr. Bruun, fylgje av J. J. Jansen («Røkenpresten»), Gustav Jensen, Thorvald Klaveness, Otto Jensen, dr. Horn og fleire. Alle kom til å setja djupe og varige merke etter seg.

Alt i 1882 hadde Jansen i artikkelen Kristendom og Videnskab vore inne på utsoning. Men han vart teken kvast i skule av Heuch. Først i 1887 var Jansen frampå att med same tanken i artikkelen: Hvor meget tror vi? Den unge generasjonen kjende heilt annleis enn den eldre trongen til å ikkje berre visa av eller løysa opp, men koma til botnar og i dei problema som fritenkinga hadde reist — serleg gjeld dette utviklingslæra. Naturvitskapleg studium vart drive sterkare enn på lange tider. Chr. Aug. Bugge (1853—1928) hadde først stått ved Heuchs side, ikkje minst i det å avdøma den naturalistiske diktinga. Men med åra vart han påverka av Wundt, Kattenbusch, Baldensperger,

Comte, Eucken o. fl. På det store nordiske møtet i Elverum i 1892 slo han så heilt om at han stelte seg ved sida av Bjørnson og snart måtte ut med «Redegjørelse».

Ole Bugge Asperheim (1846—91) var ein rett kritisk teolog med sterke systematiske interesser. Med avhandlinga Darwinismen eller Evolutionen og Evolutionsteorier (1887) prøver han å gjeva mangmannen ei orientering i emnet. Så lenge det gjeld det organiske livet, let han evolusjonsteorien stå, han godkjenner «en zoologisk Darwinisme», endå han ikkje held alle påstand for å vera prova. Men utnytta på teologien held han evolusjonslæra duglaus, og verknaden på etikken har vore såleis at «vestigia terrent».

Med dr. E. F. B. Horn tok norsk teologi til å arbeida seg bort frå det formal-juridiske. Han gav rettferdiggjeringa ei sterkare etisk understreking. I dette fann han stønad hos både Bugge og Otto Jensen. Horn krinsa sterkt kring utviklingstanken og vart rekna for landsens mest originale teolog i samtida. Med stor oppgløding hevdar han i sitt siste verk, Tro og Tænkning, retten og romet åt intuisjonen. Otto Jensen hadde teke imot sterke impulsar frå Hegel, Kant og Kierkegaard. Han var meir syntetikar enn analytikar, var ein livsnær, aktuell, truvarm, mandig, kjenslerik og folkeleg forkynnar. Han er den første i vårt land som introduserar ritschlianismen.

Oftare og oftare utigjennom 80—90-åra hadde kyrkjemennene mått spørja seg sjølve: Kva er det som vantar, sidan forkynninga ikkje rekk lenger ned i folkelivet? Preikeemna var sentrale, forkynnarane var truande og dugande menn. Like vel sat folk og keia seg.[4] Prestemøtet i Trondheim i 1886 hadde sett opp spørsmålet: Stiller vor Tid særegne Krav til Ordets Forkyndelse i Menigheden og hvilke ere i saa fald disse? Innleiaren, den unge presten O. Olafsen, stelte desse krava til forkynninga: Ho må vera bibelsk, vedkjenningstru, klår og realistisk. Ho må dessutan ta opp emne som er aktuelle for kyrkjelyden og stella deim inn under ljoset frå Guds ord. Innleiaren minner sine embetsbrør om at det er mange som har store vanskar med å få tak i forkynninga åt prestane, både for den framande målforma skuld og for det abstrakte innhaldet skuld.

Både Heuch og Jansen skapte på sin måte «skule» i forkynninga. Med Jansen sigra den realistisk—psykologiske preikemåten. Jansen representerte intimt ynde, men var samstundes med å svinga forkynninga bort frå den tradisjonelle, høgtidlege preikestilen og inn i den daglegdagse uttrykksmåten («Hverdagsprædikener»). Teologisk var han målsmann for ei sameining av kristendom og humanisme. «Alt mit Aandsliv og Aandsindhold har udmundet i Prædikenen. Det er blevet opsuget og assimileret af Prædikenen. Taget i Tjeneste af det religiøse Tankearbeide, hvoraf Prædikenen bliver til.»[5] Meir og meir vart han viss på at denne måten var den rette. Utan å missa høgd og

---

[4] Jansen, Forkyndelsen s. 3 f.
[5] Religiøse Foredrag og Prædiken. Luth. Kirketid. 1897 nr. 16.

vyrdnad, la han både emne og mål nærare kvardagslivet. Omsynet til omdøme og ære skuva han til sides og spurde berre etter det eine: Korleis forkynna evangeliet såleis, at menneska med dei vilkår dei eig, kan gripa evangeliet som eit gledebod? I 1893 gav Jansen ut «Personlig Kristendom». Emna og drøftingane her har fri kåseriform, t. d. «Stengrund» med motiv frå ei bok som professor Helland nett hadde gjeve ut: Jordbunden i Norge, «Indvendinger» med motiv frå Garborgs Trætte Mænd, og «Telefoner!».

I den gjennomkristna kulturpersonen Gustav Jensen møtte samtida ei sameining av det djupe etiske ålvoret i haugianismen og det djupe menneskelege vidsynet i grundtvigianismen. Jensen var «kultursentrets kristelige sjel i en tidsepoke», alltid ved føtene åt Meisteren, like vel alltid vaken og dagsaktuell, den fødde mellommannen mellom den historiske, kyrkjeleg fastlagde framstellingsmåten av kristendomen og den levande religiøsiteten i samtida.

Thorvald Klaveness (1845—1915) har sjølv gjeve ei levande skildring av korleis han tok avskil med det gamle: «Jeg smettede ud af Mørkloftet straks Dørene blev aabnet saavidt paa Klem, at jeg fik Øie paa Strømmen som glitrede i Solskinnet og kastede mig ud i den». Klaveness vart tidleg merksam på at religionen ikkje kan formast i adekvate omgrep, at ein ikkje kjem lenger enn til førestellingar som let mennesket skimta det evige. For alt nytt som ovra seg i tida, var Klaveness reint uvanleg varnæm. Med sin klåre, knappe og konsise stil, utan tome frasar og retorisk oppblåsing, og med sin djervleik og fart reiv han lydarane med og førde deim inn i dei nye tankestraumane i samtida, bygde bru mellom kristendom og kultur.

Hans varme kristentru og ljose livssyn, det uredde motet og den klåre tanken saman med den sterke skapande viljen, gjorde han til sjølvskriven førar og vegvisar for mange i den kristne samtida. Gleditsch seier om Klaveness at han var «den salte havstraum», ja, «plogskjæret i det norske ulænde». Både teoretisk og praktisk sette Klaveness djupe merke etter seg. Hans lærebøker er ikkje mindre enn eit nybrottsarbeid. Han skar bort dei gamle teologiske faguttrykka, som hadde vore til så stort stenge i barneskulen. Då både Oslo og Bjørgvin skulestyre hadde rådt til å føra inn katekismeforklåringa hans, reiste bispane hardt motstand og avdømde både boka og dei skulestyra som hadde gjeve tilrådinga. Like vel vart denne boka til 1894 innført i 12 sokner berre i Nidaros bispedøme. Men enno på ein visitas i 1900 — kan forfattaren hugsa — stod biskop Skaar med denne boka i kordøra og sa: Dette er en daarlig «Baag».

Både Janson, Gustav Jensen og Klaveness stod religiøst dei vakte krinsane så nær at dei vakte rekna deim for deira eigne.

Ein av dei unge teologane verka heilt konfesjonelt oppløysande, det var Kristofer Janson. Han var påverka serleg av anglikansk teologi og tenking: Channing, Clarke, Parker og Emerson. Her fann han den åndelege rørslefridom som han sakna så sterkt i ortodoksien. Han gjekk seinare heilt over til unitarismen, så den verknaden skriftene hans fekk på teologar og ålvorlege kristne, var heller liten. Men han

var ein søkt foredragshaldar i ungdomslag og arbeidarakademi, mest for si makelause form og sin åndfulle framstellingsmåte. Han gjorde stutte og lange talarferder, såleis i 1893 på Vestlandet, der han tala om: Hvad bør den opvoksende intelligente Ungdom kunne fordre af Religionen? Han gjorde åtak på kyrkjelæra med «en Renegats hele Fanatisme». Ofte var provføringane hans det aller flataste fornuftsresonnement. Ein stor lut av den intelligente opplysningstyrste bondeungdomen, og mange lærarar førde han bort frå all konfesjonell kristentru. I 1883 gav Janson ut ei salmebok, der Grundtvig var sterkt representert.

Janson gav i 1886 frå Minnapolis ut «Har Ortodoksien Ret?» Der vende han brodden mot den gamle soningslæra. Boka fekk sterke lovord i Dagbladet;[6] men den unge vinstreteologen A. M. St. Arctander kom med eit motlegg.[7]

I 1890 gjorde Chr. Bruun ei foredragsferd til Vestlandet og tok til på Sunnmøre. Føremålet var å opna synet for det menneskelege i vekkingskrinsar.[8] Mykjen ungdom på Vestlandet tok imot sterke inntrykk frå desse foredraga.

Det norske presteskapet heldt sitt første landsmøte i 1894. Meir enn noko anna syner foredragsemna korleis interesser og arbeidsoppgåver har skift for kyrkja på berre nokre få år. Men dei syner òg at kyrkja no ikkje lenger står avdømande, men er i fullt arbeid med å orientera seg og ta positiv stode til det nye. Emna var: Om den nytestamentlige Bibelkritiks nuværende Stilling (Otto Jensen), Om Troens Pietetsfølelse og det videnskabelige Fremskridt (G. Jensen), Præstens Forhold til de sociale Spørgsmål (Chr. Knudsen), Om den gammeltestamentlige Bibelkritiks nuværende Stilling (Michelet), Om Inspirationen (M. J. Færden). Som ein ser er ingen av lemene i det teologiske fakultetet med. Til konferansen møtte ikkje mindre enn 290 prestar. Det foredraget som vekte mest åtgaum, var Michelets. For Luthersk Kirketidende var det nok sårt å kjenna den kritikken og sundleminga som råka det gamle testamentet. Men bladet held det like vel nyttig å verta orientert i arbeidet åt kritikarane. Mange prestar som hadde sett Welhausens populære Israels Historie i boksamlinga åt lærarane, gledde seg over å høyra den utgreiinga Michelet gav om dette vande, men brennande emnet.

Smått om senn gjekk det opp for dei meir filosofisk innstilte fritenkjarane at det var uråd å få livet inn i teoretisk—vitskaplege former. Ein av desse var Garborg: «Intet system, ingen teori, ingen læresetning eller formel, som søger en «mening i livet», kan bestaa. Den opløser sig ubarmhjertigt i tomhed. .... Livet staar der. Aldeles umotiveret, fuldkommen fornuftstridigt; et blot og bart postulat som vi ikke kommer forbi. Et postulat saa overlegent, at det forsmaar at begrunde sig. .... dette liv, som er os en modsigelse og en daarlighed,

[6] Fædrel. 1886 nr. 104 (9/9).

[7] «Bibelens oprindelse», populære foredrag. Gjenmæle mod Kr. Jansons angreb paa den hellige skrift. Bergen 1886.

[8] Handeland, Vaarløysing II s. 202—205.

men som er sterkere end al fornuft, og som ikke lader sig hverken forklare eller bortforklare, — det maa *alligevel* have en grund, hvorfor det vil leve. Det maa *alligevel* have et maal. Dette maal ... maa, som for tanken utilgjængelig, bli religiøst at fatte. Tilværelsen maa have sine rødder dybere end nogen menneskehjerne har tænkt.»[9] Mellom dei sanningssøkjande fritenkjarar var såleis ei ny stemnelei merkande.

Chr. Bruun hadde i verste bohemstriden spurt: Naar faar vi en ny Litteratur? Førstninga av 90-åra gav svaret. Ein åndsstraum så grumsut og urein som den frå 80-åra kunde ikkje halda seg lenge. Gjørma samla seg og sokk atter til botnar. Mange som i ung, stormande yrsel hadde late seg riva med, delte lagnad med den bortkomne sonen. Dei fekk nok stetta det glupske, grådige livskravet. Men metting og overmetting skapte tomleik. No kom snunaden. Realismen tok til å kjennast som kvalme for bringa, som noko nærsynt. Han hadde gått med jordvende augo, rota i alle slag dy og dike og stirt på dette gjennom lupe for å koma til botnar i tilværet. Men tilværet var ikkje berre jorda; det var og himmel, med stjerner, fuglesong og drivande skyer. Trongen vakna til å lata lupe og avfall liggja og atter gjeva akt på venleiken i liv og skaparverk. Berre til ei tid gjekk det å leva på estetikk, erotikk og positivistisk filosofi. Berre til ei tid gjekk det å avsetja Gud frå tanke- og kjensleliv. Kritikken og vanvyrdnaden i presse og bokheim vende seg frå prestar og kyrkje til politikarar og samfundsbøtarar. Diktinga såg andre oppgåver enn før. Problemdebatten hadde trøytta debattantane ut. Diktaren kjende seg ikkje lenger kalla til å tena eit parti eller partiføremål. Oppgåva var no fritt å falda ut sin sergivnad, finna sine personlege interesser og emne, syna fram mannehugen i alle sine ovringar og rike former. Parolen var ikkje lenger å «sætte Problemer under Debat», men kunsten for hans eiga skuld. Bokmennene hadde trøytna i leitinga etter det som ingen syntest finna. Dei hadde òg vorte trøytte av å rota i sjukt og rote sjeleliv. Ei draging mot religion og mystikk melde seg.

Autoriteten åt byråkratiet var broten. Den moderne demokratiske statsskipnaden var gjennomført. Diktarane hadde gjort seg sjølve uturvande som samfundsreformatorar og politiske folkeførarar.

At det eldre diktarlauget hadde vanskar med å koma med i det nye straumdraget, er berre å venta. Enno i 1890 legg Bjørnson Tuft[10] desse orda i munnen: «At lægge frem Evolutions- eller Fremgangslæren ogsaa i det religiøse, var en Mission værd og han tænkte at tage den paa sig. De forrige Tiders lille Dogme-Gud og hans Præster maatte overvindes som Hedningernes Mirakelmagere og Afguder. Og hadde han senere i theologisk Velmagtsfølelse drømt om at blive Bisp, nuvel, her stod et farligt Bispedømme — af let forklarlige Grunde — ledigt i Norge.» Men frå 1890 møter oss ein norsk bok-

---

[9] Garborg i Samtiden 1895 s. 9, 12, 14.
[10] Paa Guds Veje, kap. 12.

heim med eit sterkt antiintellektualistisk drag og med skjerpt mistru til den vitskapen som hadde lova løysing på alle problem.

